

BIBLIOTEKA  
Instytutu  
Bałtyckiego  
w Sopocie

Wydział Skandynawski

S0265 III

Td 104 2


# SKRIFTER

UTGIT AV

## VIDENSKAPSSELSKAPET

## I KRISTIANIA


### 1914



II. HISTORISK-FILOSOFISK KLASSE

2. BIND

SV 03



KRISTIANIA  
I KOMMISSION HOS JACOB DYBWAD

A. W. BRØGGERS BOKTRYKKERI A/S

1915

# VESTNORSKE MAALFØRE

FYRE 1350

---

## II. SUDVESTLANDSK

### 1. RYGJAMAAL

AV

MARIUS HÆGSTAD

MED 5 FACSIMILIA

(VIDENSKAPSELSKAPETS SKRIFTER. II. HIST.-FILOS. KLASSE. 1914. No. 5)

---

K&B

KRISTIANIA

I KOMMISSION HOS JACOB DYBWAD

1915

Fremlagt i den hist.-filos. klasses møte den 15de mai 1914.

## Fyreord.

Denne boki held fram med aa granska dei »Vestnorske maalføri fyre 1350«, som etter ei Innleiding um »Latinsk skrift i gamalnorsk maal« (1906) byrja med »Nordvestlandsk« (1907). Dette arbeidet um »Rygjamaalet« er daa fyrste bolken av »Sudvestlandsk«. Sidan er det meiningi at det skal koma ein bolk um dei hordske, serleg innhordske, og dei egdske maalføri (»Indre Sudvestlandsk«), ein bolk um islandsk og ein um færøymaalet.

Som ein snart vil sjaa, er det i denne boki teke med meir av millomnorsk og av nynorske maalføre enn i utgreidingar fyrr. Likevel er skipnaden i det store og heile mykjegodt den same.

Ord fraa livande maalføre er i regelen skrivne med ljoskrift. Ho er i det heile den same som er nytta fyrr i slike bøker fraa same hand; men klanglaus *l, m, n* og *r* er her skrivne *l̇, ṁ, ṅ, ṙ* (fyrr *hl* osfr.), og halvt klangfør *b, d, g* er skrivne *ḃ, ḋ, ġ* (fyrr *B, D, G*). I slike høve som berre gjeld ordfanget, t. d. s. 92—102, og som gjerne krev tilvising til ordbøker, er likevel av praktiske grunnar bruka same skrivemaaten som hjaa ordbok-forfattarane.

Men baade dette og anna som kjem dette arbeidet ved, lyt eg drygja med aa gjera greida for, til dess verket hev skride til ende. Her berre ein skyldig takk til den arnamagnæanske samling i Kjøbenhavn, som gjenom dr. Kr. Kålund med vanleg beinsemd hev utlaant til bruk i norsk riksarkiv upphavsbreve til 5 av dei maalprøvorne, som er prenta i slutten av denne utgreidingi. 3 av deim er autotypera sist i boki.

Mars 1915.

M. H.

## Innhald.

	S.
Sudvestlandet og tilstandet med fornbrevi fraa denne landsluten . . . . .	1
A. Maalføre med endingsvokalar <i>a, e, o</i> . Rygjamaal (etter fornbrevi) . . . . .	7
§ 15. 1—2. <i>u</i> -ljodbrigdet . . . . .	11
3—5. <i>e</i> -ljodar og ljodbrigde ved <i>i (j)</i> og <i>u</i> . . . . .	17
6. <i>han, hat</i> osfr. . . . .	20
7. Det privative præfiks . . . . .	21
8. Halvljoden . . . . .	23
9. Tviljodarne . . . . .	24
10. Endingsvokalar . . . . .	25
11. Adjektivartikelen . . . . .	29
12. <i>þ</i> og <i>ð</i> . . . . .	31
13. <i>fu</i> og <i>mu</i> . . . . .	33
14. <i>g, gh</i> . . . . .	34
15. <i>ft, pt</i> . . . . .	34
16. Former av ymist slag . . . . .	35
(Ijodbrot 38. Vokallengjing 38. Vokalstyting 43. Ymse vokalhøve 51. Vokalburtfall 52. Vokalinnskot 55. Konsonantvergangar 56. Konsonantburtfall 65. Konsonantinnskot 75. Konsonantlengd 76. Ymse konsonanthøve 77).	
17. Ordformer . . . . .	78
(a. Substantiv 78. b. Adjektiv 80. c. Pronomen 81. d. Talord 84. e. Verb 84. f. Adverb 88. g. Konjunktionar 88).	
§ 16. Skilmerke for rygjamaalet . . . . .	89
§ 17. Um ordfanget . . . . .	92
B. Onnor minneskrift paa gamalt rygjamaal . . . . .	102
1. Hom. III a . . . . .	102
2. Runeinnskrifter fraa Rogaland . . . . .	110
Stutt utsyn . . . . .	113
Maalprøver og skriftprøver . . . . .	119
a. Rygske brev fraa millomnorsk tid . . . . .	119
b. Skriftprøver . . . . .	126
Rettingar og tillegg . . . . .	127

## Avstyttingar.

Dei same avstyttingar er bruka som i Innleidingi til „Vestnorske maalføre fyre 1350“ (Vidensk.selsk. skrifter 1906) og i „Nordvestlandsk“ (Vidensk.selsk. skrifter 1907). Her er nemnande:

Agd., Agder; A Agd. (Aust-Agder) = Nedenes amt; V Agd. (Vest-Agder) = Lista og Mandals amt.

Austl., Austlandet i Norig; austl. = austlandsk.

Ba., Bamle.

Dal., Dalb., Dalarne sorenskrivardøme i Rogaland (Stavanger amt).

De Fine, Beskrivelse over Stavanger Amt 1745, prenta i Norske Magasin, Kr.a 1869 Band III.

Fær., Færøyarne; fær., færøysk.

ght., gamal-høgtysk.

gsv., gamal-svensk.

Kn, kvendenamn.

Larsens oversigt, Oversigt over de norske bygdemaal af dr. Amund B. Larsen, Kr.a 1897.

Li., Lista (futerike).

Ma., Mandal (futerike) paa Vest-Agder.

Mld, lærar Torkel Mauland.

Mn, mannsnamn, karnamn.

mnl., middel-nederlandsk.

mnt, middel-nedertysk.

Nbm, Norske bygdemaal ved Hans Ross (Vidensk.selsk. skrifter 1905—1909).

Ngn, Norske gaardnavne af O. Rygh.

Noreen<sup>3</sup>, Altisländische und altnorwegische grammatik von Adolf Noreen. Dritte auflage. Halle 1903.

Norske Elv., Norske Elvenavne samlede af O. Rygh. Kr.a 1904.

Norvegia, tidsskrift for det norske folks maal og minner. Kr.a 1884, 1902, 1908.

nyr., nyrygsk.

pgd, prestegjeld.

Rbg., Robyggjelag (innlandet i Aust-Agder).

Rog., Rogaland (Stavanger amt).

Ross, Norsk Ordbog ved Hans Ross.

Ryf, Ryfylke (futerike).

Røld., Røldal.

Shl., Sunnhordland.

Sk., Skattemanntal; Sk. 19 er prenta i Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16 Aarhundrede ved H. J. Huitfeldt-Kaas, B. III no. 4, Chr.a 1898, og Sk. 20 i B II no. 3. Chr.a 1894. Citati er etter Ryghs materialsamling til norske gardnamn i riksarkivet.

Stav., Stavanger by.

utl., utferdar (av brev), ogso = utferda v.

Vestl., Vestlandet i Norig.

## Sudvestlandet og tilstanden med fornbrevi fraa denne landsluten.

§ 1. Med Sudvestlandet i Norig er i denne utgreidingi meint desse landsluter: 1. Sogn, 2. Sogn futerike — so nær som dei ytste prestegjeldi Hyllestad, Sulen, Gulen, og Lavik sokn saman med Brekke sokn av Lavik prestegjeld, og dessutan Jostedal i indre Sogn, som altsaman er rekna til Nordvestlandet i maalvegen (sjaa NVestl. § 4). 2. Voss. 3. Hardanger (Hard.) med Røldal, som i maalvegen gjeng mest saman med Ryfylke. 4. Nordhordland (Nhl.). 5. Sunnhordland (Shl.). 6. Rogaland (Rog.) = Stavanger amt; dette umfatar Ryfylke (Ryf.), Jderen (Jedr.), og Dalarne (Dal.) eller Dalbygderne (Dalb.). 7. Vest-Agder (V Agd.) = Lista (Li.) og Mandals amt (Ma.). 8. Aust-Agder (A Agd.), her bruka um Nedenes futerike (Ned.) og Setesdalen (Set.), so nær som Bykle sokn av Valle prestegjeld. Dei indre bygder av A Agder er ofte kalla Robyggjelag (Rbg.). 9. VBamle (Ba.), det er dei bygderne av Bamle futerike, som ligg vestanfor Langesundsfjorden. 10. Sudbygderne i Vest-Telemark (SV Tel.), det er aa segja prestegjeldi Fyresdal (Fyr.) og Nissedal (Niss.) med Vraadal sokn av Kviteseid prestegjeld<sup>1</sup>.

§ 2. Sudvestlandet i den meining som er nemnd i § 1 — avgrensa etter maaltilstanden i vaare dagar — vert daa det same som det gamle Gulatinglag sunnan for Firdafylke, naar me tek undan Hallingdal og Valdernes og dei ovanfor nemnde bygder i Y Sogn og so Bykle, men legg til dei nemnde bygderne i Telemark, og Bamle (No. 9 og 10).

§ 3. Som det sidan vert paavist i denne utgreidingi, er der ikkje lite som tyder paa, at i tidleg gnorsk tid hev dei øvste fjellbygderne paa austsida av Langfjelli fylgt Sudvestlandet i maalvegen, som dei enno gjer

<sup>1</sup> Bygderne fraa no. 8—10 er stundom citera under samnamnet A Agd.

det i mangt og mykje. Samstundes eller i endaa eldre tid hev vel maalgrensa ogso paa sjølve Vestlandet gjenge lenger nord. I so maate kann det verta tale um eit Sudvestland i vidare meining.

§ 4. Det er aalkjent at Gulatinglag — og serleg fylki paa Sudvestlandet — i vikingtidi i mange maatar var den merkelegaste landsluten i Norig. Det var dei bygderne som stod i næraste sambandet med Vesterlandi, og det er — etter det som sogja melder — fraa Sudvestlandet at dei norske nybygderne i Bretland og Irland og paa øyarne i Vesterhavet (Island, Færøyarne, Hjaltland ofl.) hev fenge mesteparten av folkesetnaden sin. Stutt veg hadde ogso mange sudvestlandske bygder til dei næmaste landi sunnanfor Norig. Paaverknaden utanfraa baade fraa vest og sud maa daa ogso i dette forne tidebilet ha vore sterkare her enn paa dei fleste andre stader i landet, og det er paa fyrehand trulegt at han ogso hev sett merke etter seg i maalvegen.

§ 5. I den kristne millomalder var Bergen fast bispesæte fraa slutten av 11 hundr., og Stavanger i alle fall fraa fyrstningi av det 12 hundr. Ved desse bispesæti hev der sjølv sagt alt fraa den eldste tidi vore skular til opplæring av prestar. — I Bergens bispedøme finn me ogso mange kloster. Soleis i sjølve byen: St. Mikals kloster eller Munkeliv, skipa umkr. 1110, Nonneseter umkr. 1146, Jønsklostret umkr. 1200, Predikebrødre-klostret (*út at brøðra*, ell. *út til brøðra*) 1230—1240, Berføttbrødre-klostret (*inn at* ell. *til brøðra*) umkr. 1240. I Sunnhordland laag Lysekloster (dotterkloster til St. Maria kloster de Fontibus — Fountain — ved York i England) fraa 1146, Halsna fraa det 13 hundr. eller kanskje fyrr. — I Stavanger bispedøme veit me ikkje um andre kloster enn St. Laurentii kloster paa den eldegamle kongsgarden Utstein. Kor gamalt det er hev me ingi opplysning um; det vert fyrste gong nemnt umkr. 1280. Men i dette bispedøme var der 4 kongelege kapell: paa den gamle kongsgarden Agvaldsnes, paa Saurbø (paa Rennesøy), Huseby (i Vanse paa Lista), og i Eikersund (det gamle Eikundarsund).

§ 6. Mange stormenner i millomalderen aatte heima i denne landsluten paa gardar som Stedje, Kvaale ofl. i Sogn; Rogn og Finne paa Voss; Spaanheim og Aga i Hardanger; Stødle og Gjerde i Sunnhordland; Heimnes, Hestbø, Tolga, Eidsa og Sole paa Rogaland.

§ 7. Det gamle Egdafylke (Vest-Agder, Aust-Agder med Robyggjelag) maa — liksom V Telemark og SV Telemark — i eldre tider ha vore meir tunnrendt enn andre stader. Agder hev si historiske stortid i vikingtidi. I den tidi hev det vore baade kongar og storhovdingar i desse bygder — Harald den granraude, Vikar, Kjølve, Øksna-Tore —, og millom landnaamsmennerne paa Island er det nemnt mange stormenn fraa Agder. Etter

kristendomen var innført, høyrer me lite um tilstandet i denne landsluten<sup>1</sup>, og i millomalderen finn me korkje byar eller kloster paa denne kanten av landet, so der hev knapt vore andre kultursæte enn kongsgardarne paa Troma og Nidarnes. Likevel synest folket i Egdafylke — liksom i Telemark — gjenom alle tider ha havt meir sans for aandsarbeid, serleg for diktning, enn folk annarstad i landet. Setesdal og vestluten av Telemark, som me ogso i denne samanhengen til deils kann taka med, er den dag i dag den beste heimen for norsk folkediktning. — Det næmaste lærdomsæte som dei i desse bygderne kunde søkja i den eldre millomalder, var Stavanger. For austbygderne laag Skien næmare, men denne byen er lite umtala fyre 1300; i nærleiken laag Gimsey benediktin-nonnekloster (fraa umkr. 1150). I kyrkjeleg veg høyrde Egdafylket til Stavanger bispedøme.

Av Telemarki, som paa grunn av maalføretilstandet i vaare dagar for dei sudvestlege bygder sitt vedkomande her er rekna til Sudvestlandet (sjaa § 1, 10), høyrde Fyresdals prestegjeld — liksom Kviteseid og mesta heile Nedre Telemark — i millomalderen til Oslo bispedøme; hit høyrde ogso Bamle. Nordaust-Telemark (Tinn, Selgjord, Hjartdal, Laardal, Vinje, og Litleherads sokn i Nedre Telemark) høyrde til Hamar fraa 12 hundr. I 1537 vart heile Telemark lagd til Oslo bispedøme. I 1631 vart Øvre Telemark utskild og lagd til Stavanger bispestol, som i 1682 vart flutt til Kristianssand. Fraa 1863 høyrer heile Telemark til Kristianssands bispedøme.

§ 8. Med umsyn til maalføri paa Sudvestlandet i vaar tid vil opplysningar verta gjevne etter som utgreidingi skrid fram. Her skal berre nemnast at desse maalføri er mykje vokalske og hev ei sers greid ljodføring (artikulation). I dei indre bygder er der ikkje lite tviljoding av gamle vokalar. Alle hev dei det vestnorske kjennemerke, at gnorsk *a* i open utljod vert handsama paa same maaten etter gamall lang staving som etter stutt. Fraa og med Sogn til og med Lista held denne *a* uppe sin *a*-klang — liksom paa Island og Færøyarne — (*drøyma*, *fara*), men lenger aust vert han *e* eller *ø* paa lag liksom paa Nordvestlandet (*drøyme*, *fare* Set.). Endingar paa *i* og *u* (eller *o*) umfram *a* finn me mange stader. Ljodutjamningar etter jamvegtslogi, soleis som i austnorsk, er i det heile ukjende anna som undantak i nokre einskilde høve. *j*-fengen eller mouillera uttale av gn. *ll* og *nn* — av gn. *nn* og *rn* — soleis som paa

<sup>1</sup> Paa Olav den heilage si tid er umtala ein megtig mann Eyvind urarhorn fraa Aust-Agder. Professor Magnus Olsen meiner at han er skyldt med den Eyvind, som er nemnd i den forvitnelege runeinskripta paa Otrenessteinen; sjaa sprogl. og hist. afhandl. viede S. Bugges minde, Kr.ania 1908, s. 8 flg.

Nordvestlandet og i mange austnorske bygdemaal er sameleis ukjend aa kalla. Sume stader er uttalen *ll* og *nn*; men mange stader hev gn. *ll* vorte *ddl*, her skrive *dl* (*kalla* > *kadla*) — berre nord i Nordhordland *dl* —, medan gn. *rn* hev vorte *ddn*, her skrive *dn* (*horn* > *hodn*) liksom paa Island og Færøyarne, men i Norig med klangfør *dl* og *dn*. Kakuminal uttale av gn. *l* (*l*) finst berre austlengst i maalvaldet fraa og med Dybvaag til Langesundsfjorden; gn. *rð* vert allstad uttala *r* eller *ɹ*, so nær som paa eit lite strok i den øystre luten av Bamle, der uttalen er *l* (i bøyging *rd*: *spurde*). Mange av dei ljoðhøvi, som sermerkjer maalføri paa Sudvestlandet, finn me ogso paa Island og Færøyarne. Med umsyn paa ordbøyging hev dei sudvestlandske maalføri fylgt maavokstren annarstad i landet. Substantivi hev soleis paa dei fleste stader ingi kasusbøyging. Berre i eit par bygder inst i Sogn, og so i Nordhordland, paa Voss og i Valle i Setesdal hev maalet enno serskilde former for dativ. Ordfanget paa Sudvestlandet er rikt og ber mange merke etter gamall kultur<sup>1</sup>.

§ 9. Av upphavlege fornbrev, fraa den eldste tid til og med 1350, er der i Dipl. Norv. fraa heile Sudvestlandet — byarne Bergen og Stavanger medrekna — 278. Umfram desse er her medteke 7 bokstavrette avskrifter og ein upphavsvariant til II 77<sup>2</sup>. Tilsaman 286 brev<sup>3</sup>. Av desse er 121 fraa bygderne, og 165 fraa dei tvo nemnde byarne. I sume brev stend det ikkje kvar dei er utferda; i dei fleste slike høve syner innhaldet heimstaden, og elles er det gjenge fram etter rimelegt skyn.

Fraa Sogn — sjaa sid. 1 ovanfor — hev me 29 brev; det eldste er skrive i 1307—1308 (D. N. II 92).

Fraa Voss er der 43 brev, det eldste fraa umkr. 1300 (D. N. II 60). Millom desse brevi er ogso rekna vokstavlorne fraa Hoprekstad umkr. 1300 (D. N. XIII 2), og sameleis D. N. VI 167 fraa 1343 (Schnabels avskrift), som synest paalitande.

<sup>1</sup> Upplysning um sudvestlandske maalføre i vaar tid finn ein i: Norske bygdemaal ved Hans Ross (Nbm) i Vid.selsk. skrifter, Kr.ania 1905—1909, serleg bolk XIII—XVII. Stuttare yversyn i Oversigt over de norske bygdemaal af Dr. Amund B. Larsen, Kr.ania 1897, s. 61—79; Norsk Grammatik af Ivar Aasen (Aasen gr.) § 362—367. Einskilde maalføre er skildra i: Prøver af Landsmaalet i Norge af Ivar Aasen, Chr.a 1853. Her citera etten „Anden udgave“ ved Dr. Amund B. Larsen, Kr.a 1899. Oplysning om Bygdemaalene i Søndhordland af Chr. Vidsteen, Bergen 1882; Oplysn. om Vossemaalet af d. s., Bergen 1884; Oplysn. om Bygdemaalene i Hardanger af d. s., Bergen 1885; Maalet i Søgne, eit egdsk bygdemaal, ved Peter Lunde, Oslo 1913.

Fraa mesta alle bygdemaali hev eg sjølv gjort uppteikningar eller hev uprenta maalprøver, som innfødde hev skrive.

<sup>2</sup> Alle citat som byrjar med romartal og hev vanlegt tal baketter, gjeld i utgreidingi um norsk sudvestlandsk Diplomatarium Norvegicum, naar ikkje onnor kjelda er nemnd.

<sup>3</sup> Vidisse, som fylgjer eit hovudbrev, er saman med hovudbrevet rekna for eit brev.

Fraa Hardanger er der 11 brev; av deim er det eldste fraa 1293 (D. N. IV 6). Millom desse brevi er der ei arnam. avskrift etter opphavs-brev (D. N. II 112, 1312).

Fraa Hordaland hev me 11 brev, derimillom eit fraa 1343 (D. N. XVIII 15), avskrive av A. Christie<sup>1</sup>.

Fraa Ryfylke hev me 19 brev; det eldste er fraa 1301 (D. N. IV 50).

Fraa Jederen og Dalarne er der berre 2 brev, det eldste fraa 1307 (D. N. IV 71). Eit tridje brev II 286 (Ogna 1347, utferda av stavanger-bispen Guttorm) er rekna til stavangerbrevi.

Fraa Vest-Agder (Lista og Mandal) hev me 2 brev, det eldste fraa 1292 (D. N. I 81). Eit tridje brev I 291 (Sygne 1344, utf. av stav.bispen Guttorm) er rekna til stavangerbrevi.

Fraa Aust-Agder og Setesdal er der 4 brev, noko tvilsame med umsyn paa heimstad.

Fraa VBamle og SVTelemark er der ikkje noko brev fraa gnorsk tid. Fraa Telemark elles er der 7 brev, det eldste fraa 1317 (D. N. I 152). Dei er ikkje medrekna her, og heller ikkje brevi fraa fjellbygderne Numedal, Hallingdal og Valdars — etter fylgd 2, 4 og 30<sup>2</sup> brev.

Umfram dei nemnde 121 brev fraa sudvestlandske bygder hev me brevi fraa Bergen og Stavanger. Etter alt som fyreligg, kann det i desse byarne ikkje ha laga seg til noko serskilde bymaal fyre 1350 eller i gnorsk tid; men folket der hev venteleg tala ymse bygdemaal. Fraa Bergen hev me 89 opphavs-brev fraa gnorsk tid og 2 arnam. avskrifter etter opphavs-brev, tils. 91 brev, det eldste fraa 1280 (II 69, eit norsk stykke i eit lat. brev). Umfram desse 91 brevi er der elles ogso eit fraa 1266 (II 13), men det er utferda av stavangerbispen Torgils og er difor rekna til Stavanger. Brevi fraa bergensbispen Haakon (1337—1341) er ikkje medrekna.

Fraa Stavanger by reknar me der er 72 opphavs-brev og 2 arnam. avskrifter, tils. 74 brev. Medrekna i dei 74 er D. N. II 13 (Bergen 1266, utf. av stav.bispen Torgils) I 291 (Sygne 1344, utf. av stavangerbispen Guttorm) og II 286 (Ogna 1347, utf. av d. s.) og endeleg II 77b (upphavsvariant til II 77).

Fraa byen Skien er der 13 brev, og det eldste av deim er skrivne 1303 (D. N. I 95). Men desse vil det høva betre aa umhandla i ei utgreiding um austlandske maalføre.

<sup>1</sup> Avskrifti, som er paa Bergens museum, er bokstavrett og maa i det heile vera paa-litande. Men avprentet i Dipl. Norv. hev mange villor.

<sup>2</sup> Til valdersbrevi er ogso rekna XIV 4 (1340), der skrivemaaten *Stæidi* (σ: *Sted(i)* i Slidre) hev freista utgjevaranne til aa leggja brevet til Stedje i Sogn.

§ 10. Som ein ser av § 9 hev me ikkje her mykje gamle brev aa byggja etterrøknaden paa. Det eldste av alle brevi er det fraa 1266 av Torgils, bisp i Stavanger. I dette brevet ber skrifti tydeleg vitnesburd um trøndsk paaverknad; men skrivaren hev bruka latinsk *v* for ags. *ʋ*, som var vanlegast i trøndsk. Med umsyn paa maalet i dette brevet er paaverknaden mindre; *hafum* er fulla ei trøndsk form, men elles er *u*-ljodbrigdet av *a* gjennomført; millom endingarne *e*, *o* (*i*, *u*) og vokalen fyreaat er der for det meste ljodsamhøve; men dei mange merkelege undantak i det stutte skrivet — *enge*<sub>12</sub> *sender*<sub>1</sub> *verit*<sub>14</sub> *lendom*<sub>2</sub> *legiom*<sub>10</sub> *sitiom*<sub>10</sub> *byskop*<sub>1.6</sub> *monnom*<sub>4</sub> (soleis hds., ikkje *monnum* som i D. N.) *stadfesto*<sub>14</sub> (ikkje *stad-* som i D. N.) *vorum*<sub>5</sub> (ikkje *vorom* som i D. N.) — syner at regelen for ljodsamhøvet hev vore framand for skrivaren, og at hans eige maalføre, som me sidan skal sjaa er rygsk, hev trengt seg fram rett som det er. Noko det same som med dette brevet er det med mange andre fraa Sudvestlandet. Den trøndske maalttype hev ikkje vunne slaa seg heilt fram her. Den største hindringi var visseleg at trøndskan vanta *u*-ljodbrigde av *a*, som maa ha vore gjennomført i alle vestlandske maalføre aa kalla<sup>1</sup>. Det maalmynstret som hev største romet i mesteparten av dei gnorske vestlandsbrevi, er det nordvestlandske. Orsakerne til dette skal me koma næmare inn paa i utgreidingi um dei sudvestlandske maali utanfor Rogaland. Her fær me nøgja oss med aa nemna at der var eit sterkt samband millom Nordvestlandet og Bergen, at etter maaten er dei fleste gnorske bergensdiplomi paa nordvestlandsk, og at det sjølvsgatt maa vera um (via) Bergen, hovudstaden paa Vestlandet, at dette maalmynstret hev breidt seg utyver. At nordvestlandskan av alle vestlandske maalføre stod nærast trøndskan hev vel ogso verka med. I slutten av det 13 hundr. vart det, helst i det kongelege kancelli, der klerkarne fyrr hadde skrive kvar sitt maalføre, ei stemna burt fraa dei reine dialektmynstri til ei samform, som for tidebilet 1323—1350 er skildra i Kong. s. 8—10 for kongebrevi sin part. Denne formi, som ein kunde kalla gnorsk kancellimaal, ligg imillom trøndsk og nordvestlandsk, og skil seg ut fraa baae mest ved det at ho hev partielt *u*-ljodbrigde av *a*. I mange vestlandske brev maa maalet næmast reknast til kancellimaal. I det heile er det dei tvo skriftmynstri — nordvestlandsk og kancellimaal — som rikjer i stormengdi av dei sudvestlandske fornbrevi. Men mykje sjeldan hev desse mynstri vore nøgje fylgde. Former fraa det eine blandar seg stundom inn i hitt, og former fraa maalføre, som til deils kann skjera heller sterkt ut fraa mynstri, spregjer seg ofte inn imillom. Av denne grunnen kann det høva aa tala

<sup>1</sup> Um undantak vert gjeve opplysning sidan, mest i utgreidingi um Indre-sudvestlandsk (ISVestl.).

um eit vanlegt vestlandsk diplommaal som eit samnamn paa dei mange dialektflekkute avbrigde av opphavleg nordvestlandsk eller kancellimaal. Det er sjølsagt at me ogso i dette slag brev kann finna verdfulle opplysningar um sudvestlandsken, med di me maa tru, at ordleiding, underlag av ordfang og mange ordformer ogso i desse brevi eig heima paa Sudvestlandet. Men noko heilt og klaart bilæte av den gamalnorsk, som maa liggja til grunn for maalføri no, gjev desse brevi ikkje.

§ 11. Til lukka for maalsoga er likevel ikkje alle brevi skrivne etter slike meir aalmenne mynster. Der er ogso skrivarar som vik ut fraa storvegen og brukar maalformer som paa ein so merkeleg maate høver saman med bygdemaali i vaar tid paa desse kantar av landet, at det kann ikkje vera tvil um at me i desse brevi hev for oss gamle sudvestlandske maalføre.

Det er daa slike brev som i dette samanheng for oss fær det største verd og som maa verta lagde til grunn for etterrøknaden, medan former fraa andre brev ogso maa medtakast, naar dei kann vera til opplysning.

Som denne utgreidingi vil visa, er den maaten som endingsvokalarne *e* og *i*, *o* og *u* vert bruka paa, eit av dei fremste kjennemerki til aa skilja ut maalet i desse brevi fraa dei maalføri som til dessa hev vore emne for vaar gransking — maali i Trøndelag og paa Nordvestlandet. I det store og heile er regelen i dei typiske brevi fraa Sudvestlandet den, at desse vokalarne ikkje jamnar seg til etter (stomn)vokalen i fyrevegen, men er jamnaste eins, anten *e* eller *i*, anten *o* eller *u*. Og endaa um me her finn typiske skrifter, der *e* og *i*, eller *o* og *u* regelrett skifter i endingar, hev dette ljodskifte sin grunn i tilhøve, som ikkje hev noko aa gjera med vokalen i stavingi fyreaat, men lyder andre loger. Med andre ord: her er ikkje ljodssamhøve millom endingsvokalar og vokalarne i stavingi fyre — naar me tek undan nokre yvergangsmaal, som kann hava det i sume høve, men ikkje gjennomført i alle.

Me vil daa fyrst taka for oss dei maalføri, som er heilt utan ljodssamhøve.

#### A. Maalføre med endingsvokalar *a*, *e*, *o*. Rygjamaal.

§ 12. I den arnamagnæanske samlingi i Kjøbenhavn finn me millom dei gamle pergamentbrevi fraa Stavanger eit dokument som er utferda i tvo opphavs brev, baae dagsette den 26 januar 1305: Am. fasc. 30, no. 10 og 11.

Ei samanlikning i maalvegen millom desse brevi er forvitneleg og opplysande um maaltilstandet paa denne kanten av landet umkr. 1300.

Me vil difor setja deim hit. No. 10 (77 b) er prenta etter ei avskrift eg tok av upphavsbrevet i 1905; no. 11 er avprent av D. N. II 77 (77 a), samanhald med eit fotogram (i norsk Riksarkiv) av upphavsbrevet. Uppløysningar er prenta med antiqva.

Am fasc. 30, no. 11 (= 77 a):

*Jn nomine domini amen. Ek Ingímundur korsbroðer j stawangre hafande alla mína samvitzku þa sem guð hefir gefit mer | <sup>2\*</sup> sua sem þa er ek være heill z vsúker. gerir ek mitt testamentum guðe til lofs z dyrðar heilagre kirkuu til vírðingar sialfum | <sup>3</sup> mer til synda aflautna z salo hialpar. fyrst at ek gæf guðe salo mína j walld. z kys ek mer þar læghstað sem mín vírðu | <sup>4</sup> læghe herra ketill biskup j stawangre z korsbróðr gera rað firir. gæf ek til kumunsens i stawangre sex monaðar matabol. z tua lute | <sup>5</sup> halfs monaðar<sup>a</sup> mata bols i hamre j hysfyrði. sex spanna bol smors z næfra byrði j steinslande a fatt nesí. J barka sua | <sup>6</sup> mykít sem ek a j.<sup>b</sup> ok skolu mínir ærfingiar löysa barka afr mj fullum aurum. tolf aurum brendom huert monaðarmatabol ef þeim | <sup>7</sup> líkar. skolu korsbróðr j stawangre hallda vpp firir þetta solempniter mína ártíð. Asmundar broðor mins. þorallda. sigurðar ok | <sup>8</sup> þorgeirs allar a éinn dagh z j éinum salotíðum. valentíní messo dagh skolu þær halldast z lata klyckía éinni klocko til salo | <sup>9</sup> tíða. let ek þessa mína gíof z skípan læsa firir mínum vírðulæghum herra katle biskupi i stawangre, z henni samþycki ek firir honom. | <sup>10</sup> vil ik at mín herra biskup j stawangre z herra*

\* Her byrjar 2 radi i upphavsbrevet.

Am fasc. 30, no. 10 (= 77 b).

*Jn nomine domini amen. Ek íngímundur korsbroðr j stawangre hafande alla mína samvitzku þa sëm guð hefer gefæt mer sua sëm þa | <sup>2\*</sup> æn æk være heil z vsúker gerer mit testamentum guði til lofs z til dyrðar heilagre kirkuu til vyrðingar. sialfom mer til syn | <sup>3</sup> da aflausna z hialpar. fyrst at æk gæf guði sal mína i. vald. z kys æk mer þar lægstað sëm mín vyrðu ulæger<sup>a</sup> herra | <sup>4</sup> kethal byskop i stawangre z korsbróðr gera rað fire. Gæf æk til kummunsens i stawangre sæx manaðarmatabol z tua lutí | <sup>5</sup> halfsmanaðarmata<sup>b</sup> bols i hamre j hysfyrðe. ví spanna bol smers z næfra byrðe i steinslande. a fathnese | <sup>6</sup> j barka sua mykýt sëm æk a. i. z skolo míner erfingia löysa barka apter mæðr fullum aurum xii aurum brændom huert manaðarmata | <sup>7</sup> bol æf þeim líkar. Skolo korsbróðr<sup>c</sup> j stawangre halda vp fyrer þetta solæmpniter mína artíð. osmundar broðor míns | <sup>8</sup> þorallda sigurðar z þorgeirs allar a ein dagh. z i einom<sup>d</sup> salotíðom. valentíni mæssa. dagh. skolo þær haldast. z | <sup>9</sup> lata klykkýra éinne klocko til salotíða. Let æk þessa mína gíof z skípan. læsa fyrer mínom vyrðulægom herra kathle | <sup>10</sup> byskope<sup>e</sup> i stawangre z henne samþykte æk fyrer honom vil æk at mín herra byskop j stawangre. z herra*

\* Her byrjar 2 radi i upphavsbrevet.

abote *j vtsteiní æða annar huar þeira ef eíghí mægho bader j hía vera, æða* | <sup>11</sup> *talmast j nokorom lut, fullgeri þetta mitt testamentum til æwenlægrar æignar komuneno j stawangre m<sub>3</sub> þuilkú* | <sup>12</sup> *skulorðe sem aðr var sagt vndír þeirí pínu sem pawanner hafa vidr lagt z heilagher fæðr hafa samþykt* | <sup>13</sup> *j kirkíu loghunum þeim sem eíghí halda þat er huer gerír a sínóm síðaztum daghum af sínu goðo firir saal sína. gerð ek* | <sup>14</sup> *þetta mitt testamentum j stawangre. þa er lidit var fra burðar tíð wars herra ihū xpí m. vættra ecc vættra z fim vætr* | <sup>15</sup> *daghen nesta eftir conuersionem sancti pauli. þessom monnum hía verandom síra Jone blandu. síra onnulfé. baarde brent-sylfr* | <sup>16</sup> *síra þorgylse, symone spæng, albírni a sunde, z þorgeírí gardara syní z morghum oðrum goðom monnum ok til* | <sup>17</sup> *sanz vítnisburðar at engom se æfazæmd a þessare minní gíof, skípan, z samþykt þa settí ek firir þetta bref mitt* | <sup>18</sup> *Jnsíglí m<sub>3</sub> Jnsíglum firirnæmfndra manna.*

<sup>a</sup> Soleis hds. (diplomataret hev *manadar*).

<sup>b</sup> Soleis hds. (í diplomataret er *j gløymt*).

abote *i vtsteine* | <sup>11</sup> *æðr annar huar þeira æf eígi mægo baðr. i. hía vera. æðr talmazst. i. nokorom lut. fulgere þetta mit testamentum kummuneno i stauang* | <sup>12</sup> *re til æfenlegrar eignar mæðr þuilkú skulorðe sæm aðr var sagt. vndr þeire píno sæm pawanner hafa vidr lagt. z* | <sup>13</sup> *heilager fæðr hafa samþykt i kirkíu logonom þeim sæm eígi halda þat er huer gerer. a sínóm síðozstum doghom af síno goðo fyrer* | <sup>14</sup> *sal sína. Gerða æk þetta mit testamentum, i. stawangre þa er lidit var fra burðar tíð vars herra ihū xpí m. vætra z ecc* | <sup>15</sup> *z fim væter. daghen nesta epter conuersionem sancti pauli þæssom monnom i. hía værandom síra íone blondo síra onnolfe. barðe* | <sup>16</sup> *brænt sylfr. síra þorgylse. símone speng. albinne a sunde z morgom oðrom goðom monnom z til sanz vithnisburðar at* | <sup>17</sup> *ængom<sup>t</sup> se íuazæmd a þæssare míne gíof skípan z samþykt. þa<sup>g</sup> sætta æk fire þetta bref mit ínsíglí* | <sup>18</sup> *mæðr ínsíglom fyrernæmpdra manna.*

<sup>a</sup> *vyrðulægæger* hds. <sup>b</sup> *halfmananadar* hds.

<sup>c</sup> *korsbæðr* hds. <sup>d</sup> *eínom* hds. <sup>e</sup> *bpe* hds. <sup>f</sup> *at ængom* er í hds. skríve tvo gonger. <sup>g</sup> Framfor þa hev hds. *þtta*, som er underpríkka (skal gaa ut).

Ogso skrifteikni er til deils ulike. 77 a skriv *þ, r, z* (ok); 77 b: *þ, r, y*. Baæ breví gjer skilnad millom *f* og *s*, *r* og *i*, som det her ikkje er teke umsyn til.

§ 13. Me ser straks at no. 11 fylgjer det umrødde vanlege mynster í vestlandske brev fraa denne tídi og frametter med t. d. partielt *u*-ljodbrigde av *a* (*morghum, monnum, oðrum*, men *daghum, Blandu*), *ft* í ord som *aftr, eftir*, vanlege former som *sigurð-, æða, firir, þa er* konj., og ljodsambøve millom *e* og *i*, *o* og *u* í endingar líksom í trøndsk og nordvestlandsk. *u*-ljodbrigdet er elles gjenomført noko vidare enn vanleg; me kunde venta *aðrum* fór *oðrum*. Ljodsambøvet er heller ikkje stöðig gjenomført, med di skrivaren m. a. hev *e* etter *y* í stavingi fyreaat í *þor-*

*gylse* og etter *u* (*gude*, *lute* ofl.). Uvanlegt er *monadar* gsg. Maalformi i no. 11 vert soleis aa rekna til kancellimaal, men paaverka (flekka) av eit maalføre som maa ha havt meir *u*-ljodbrigde og som med umsyn paa endingsvokalar maa ha havt *e* etter *u* (*e* 5 gg.; *i* 1 gg.) og *y* i fyrre staving, og soleis ikkje vanleg trøndsk ljodsamhøve. No. 10 skil seg tydeleg ut. Her er *u*-ljodbrigdet av *a* gjennomført, jfr. t. d. *a sidøzstom doghom*<sub>13</sub> med *a sidaztum daghum* i no. 11. Her er ogso ljodbrigde av *á* i *osmundar*<sub>7</sub> (i no. 11 *asmundar*); her er former som *sygurð*<sub>7</sub> *æðr*, *fyrer*, *þa en* kj. Med umsyn til palatal og guttural endingsvokal vik no. 10 ut fraa alle dei maalføre me fyrr hev umrødt. I staden for ljodsamhøve hev me her regelrett *e* og *o*. Nokre undantak er der sagte: *hðt*<sub>14</sub> *vathnsburðar*<sub>16</sub> *ergí*<sub>11.13</sub> og underleg nok *gudí*<sub>2</sub> (2 gg.) og *lutí*<sub>4</sub>, der no. 11 likso uventande hev *gude* og *lute*, men desse avvik er ikkje anna enn fylgja av svaging millom ulike former som paaverkar kvarandre innbyrdes; merkande er det at baae brevi hev *e* etter *u* i det heimslege namnet *sunde*<sub>16</sub>, gardsnamn i Ryfylke. Men i det heile er endingsvokalarne *e* og *o* i no. 10 so vel gjennomførde at det saman med det stødt gjennomførde *u*-ljodbrigde framfor halden *u* gjev maalformi i dette brevet ein heilt annan svip enn no. 11 hev. Der er ogso millom maalet i no. 10 og maalet i no. 11 fleire andre skilmerke<sup>1</sup>, som sidan skal verta umrødde paa sitt rom i utgreidingi; men det som ovanfor er nemnt, serleg um *u*-ljodbrigdet og endingsvokalarne, er nok til aa syna oss at me her hev for oss eit vestlandsk maalføre av eit anna slag enn nordvestlandsken.

Um me ikkje hadde meir minneskrift atter i dette maalføre enn brevet no. 10 fraa Stavanger, vilde det likevel vera rimelegt aa draga ut, at det syner fram eit maalføre i det gamle Rogaland eller Rygjafylke. For maalføret i vaare dagar i Ryfylke, paa Jederen og sumstad i Dalarne (til deils ogso i Hordaland)<sup>2</sup> viser nettupp burt paa ei gamall maalform som i det

<sup>1</sup> *monadar* gsg i no. 11 er utvilsamt ei rygsk maalføreform, sjaa nedanfor § 15 Merkn. 7. Me ser her korleis ei sermerkt maalføreform kann koma fram ogso i eit brev paa vanlegt diplommaal. Denne opplysningi finn me ikkje i no. 10, som hev *manadar*, ei form som venteleg hev vore i bruk jamsides med *monadar*.

<sup>2</sup> Dalarne (eller Dalbygderne som det heiter paa Jederen) hev vel i gamall tid liksom no havt eit yvergangsmal millom rygsk og egdsk. Ross legg maalet i vaar tid til egdamaalet, men segjer at det vestlegaste av Ognå og Bjerkreim talar i mange stykke eit jederbumaal, sjaa Nbm XIV s. 64. Sunnhordland hev i vaar tid eit yvergangsmal millom rygsk og nordhordsk. Baade Aasen og Ross reknar det til „stavangermaali“. Dei synste bygderne (Sveen pgd, Fjelberg og Ølen sokner av Fjelberg pgd, Etne pgd, Skonevik pgd) eller SShordland gjeng ogso for det meste saman med NRyfylke. Som det nedanfor skal verta paavist, tyder likevel mykje paa at det er rygjamaalet som i seinare tider hev breidt seg nordyver, og at maaltilstandet eller maalgrensorne hev vore noko annarleis i gnorsk tid. Sjaa „Yvergangsmalføre“ i IS Vestl.

heile ikkje hev havt andre endingsvokalar enn *e* og *o*, umfram *a*. Det er dei same utljosdvokalar desse maalføri i vaar tid hev (*o* stundom opna til *å* eller ofte kome nær *ø*, *ø*).

Til større stadfesting finn me fleire gamalnorske brev fraa desse bygdene skrivne i same maalføre som no. 10. Slike brev er: D. N. II 78 (Stavanger 1305; upphavsm. Ingemund korsbroder); IV 114 (Halsna 1316; upph. Hallgeir prest paa Skaare, og Nikolas prest i Bø); II 131 (u. s. 1318; upph. Sigurd Ormsson); I 168 (Avaldsnes 1322; upph. prestarne Hall og Jon ofl.). Det sistnemnde brevet er elles ikkje so lite paaverka av kansellimaalet. — II 13 (utferda av stav.bispen Torgils, Bergen 1266) ligg mykje nær desse brevi i maalvegen, men hev for mange regelrette endingsvokalar etter ljodsamhøvet til aa kunna reknast med her.

§ 14. Lat oss skoda paa maalførerne i dei nemnde fem brevi. Me vil byggja utgreidingi vaar paa deim og festa oss ved slike høve, som helst syner fram det sermerkelege i dei gamle norske maalføri og som er uppstelte fyrr i G. Tr., N Vestl. ofl. Me vil fylla ut med opplysningar, som andre brev fraa Ryfylke, Jderen og Stavanger<sup>1</sup> kann gjeva oss.

§ 15. I dei fem hovudbrevi finn me daa:

## 1—2: u-ljosbriget.

1 a. *u*-ljodbriget av *a* er gjennomført — forutan framfor burtfallen *u* eller *v* — ogso framfor halden *u*.

<sup>1</sup> Dei 19 brevi fraa Ryfylke er: IV 50 (1301) IV 55 (1302) IV 56 (1303) V 50 (1305) V 55 (u. st. 1310) IV 107 (1314, med vid. IV 90) IV 122 (1318) II 134 (1318) IV 145 (1320) IV 156 (1322) I 168 (1322) IV 162 (1324) IV 174 (1328) IV 197 (1331) IV 227 (1336; austl.) III 190 (1336) IV 306 (u. st. 1346) XVI 6 (1341) VI 190 (1349).

Dei 2 brevi fraa Jderen og Dalarne er: IV 71 (1307) IV 272 (1343).

Dei 74 stavangerbrevi er: II 13 (1266) I 63 (1270) X 4 (1272—76) III 43 (1277—1303) I 70 (1286) V 16 (1286) II 24 (u. st. 1288) II 31 (1292) I 80 (1292) II 35 (1295) I 84 (1296) II 39 (1297) IV 18 (u. st. 1297) II 48 (1299; vid. av eit brev fraa Oslo, men utferda av ryger) II 54 (1299) IV 45 (1299) IV 49 (c. 1300) IV 54 (1302) IV 59 (1305) II 77 a (1305) II 77 b (1305, no. 10) II 78 (1305) IV 67 (1306, m. vid. IV 63) VII 35 (1306) II 80 (1306) IV 70 (1307) IV 72 (1307) IV 74 (1308) IV 76 (1308) III 89 (1310) IV 85 (1310) IV 86 a (1310) IV 86 b (1310) II 107 (1311) II 109 (1311) II 115 (1313) IV 106 (1313) IV 108 (1314) IV 109 (1315) IV 117 (1316) IV 118 (1316) IV 119 (1317) IV 120 (1317) II 131 (1318) IV 127 (1318) III 116 (1319) IV 129 (1319) IV 147 (1321) IV 152 (1322) III 132 (1322) IV 155 (1322) IV 167 (1325) IV 169 (1326) I 192 (1327) I 193 (1327) IV 178 (1328) IV 263 (1342) V 162 (1343) I 291 (1344) V 180 (1345) IV 288 (1345) IV 289 (1345; m. vid. IV 189) IV 294 (1345) XIV 6 (1345) IV 304 (1346; m. vid. IV 295) IV 308 (1346) II 286 (1347) IV 323 (1347) I 305 (1347) I 311 (1348) IV 331 (1348) IV 335 (1348) IV 340 (1348) IV 344 (1349).

Um II 13, II 286 og I 291, som er rekna til stavangerbrevi sjaa sida 5 under Bergen, Jderen og VAgder.

Av dei mnorske brevi høyrer til Rogaland I 580 (1402), i D. N. datera Voss, men det skal vera Hjelmeland.

Høvi er: *blondo* II 77 b<sup>1</sup><sub>15</sub> *doghom* ib.<sub>13</sub> II 78<sub>25</sub> *grof* II 77 b<sub>9</sub>.<sup>17</sup> *vphofð* nsf IV 114<sub>58</sub> *hofðo* 3pi IV 114<sub>18</sub> (4 g; *hofðu*<sub>40</sub>) *hofudlin* II 78<sub>7</sub> *messo okul* ibid.<sub>6</sub> *krofðo* 3pi IV 114<sub>52</sub> *log(h)onom* II 77 b<sub>13</sub> II 78<sub>24</sub> *tilloghu* IV 114<sub>33</sub>.<sup>37</sup> *monnom* II 77 b<sub>15</sub> (2g) II 78<sub>17</sub> IV 114<sub>1</sub>.<sup>12</sup> II 131<sub>1</sub> (*monnum* I 168<sub>12</sub>.<sup>13</sup>) *morgom* II 77 b<sub>16</sub> *Random* IV 114<sub>45</sub> II 131<sub>2</sub> *Faxstodom* IV 114<sub>21</sub>.<sup>29</sup> *Hundvoku* IV 114<sub>45</sub> *vorðu* 3pi IV 114<sub>68</sub> *Ions uoku* I 168<sub>8</sub> *Vollom* IV 114<sub>45</sub> *odrom* II 77 b<sub>16</sub> *Ogmund(r)* IV 114<sub>16</sub> (2g) II 131<sub>7</sub> I 168<sub>5</sub> *oktom* 1pp IV 114<sub>47</sub> *ollo* IV 114<sub>29</sub> *ollom* IV 114<sub>1</sub> (3g) II 131<sub>1</sub> *onnolfe* II 77 b<sub>15</sub>.

Undantak: *bázsto* II 78<sub>7</sub>; men elles berre i det sterkt paaverka brevet I 168: *fyrsgahðo*<sub>27</sub> *allu*<sub>2</sub> *allum*<sub>12</sub>.

*Awalsznese* dat. 168<sub>9</sub> er ogso ei uvanleg form og visst ikkje den upphavlege i dette maalføre. I Otra (Am 310 qv.) vert ordet skrive *augvallnesi* 64<sub>14</sub> 66<sub>5</sub>, i Fm. IX 14 *Avaldsnes*, og i D.N. V 40<sub>3</sub> fraa 1299 finn me *Agvallness*; no er uttalen *avelsnes* (til deils *avesnes*, Rygh). Mannsnamnet *Agvald*, *Avald* finst ikkje sjeldan i rygske dokument fraa 17de og 18de hundr., helst i Dalbygderne, og vert ogso skrive *Ougvald*, 1701, *Augvöld* og *Ovald* ofl.<sup>2</sup> som peikar paa gammal ljodbrigda fyrste staving *Og* —.

Um stommvokalen i *halfo*, *Halsno* og *sialfom* sjaa nedanfor i denne § under 16 f.

Merkn. 1. Av dei 19 gnorske brev fraa Ryfylke som er nemnde s. 11, er I 168 umhandla ovanfor som hovudbrev. IV 174 høyrer til ei onnor sudvestlandsk maalgrein (innhordsk-egdske) og vil sidan verta umrødt; IV 227 er skrive paa austnorsk maalføre. Av dei andre 16 hev 12 gjenomført *u*-ljodbrigde. 2 brev, V 50 og VI 190, hev sameleis gjenomført *u*-ljodbrigde, so nær som i fyrste ordet *Allum* i formelen *Allum monnum*; at formi med *A* her er vald hev fulla mest sin grunn i grafiske umsyn, med di *A* er ein staselegare initial enn *O*.<sup>3</sup> Endeleg er der 2 brev med desse undantak: II 134 *hafum*<sub>3</sub> 1pp, IV 145 *hafuum*<sub>14</sub> *fyrsgahðo*<sub>16</sub>.

<sup>1</sup> Med II 77 b er heretter meint Am fasc. 30 no. 10, som er prenta her ovanfor s. 8. Tilvisingarne er til raderne i handskrifti. I avprentet av brevet er *i* skriven paa same maaten som i opphavsbrevet, snart *z* og snart *i*, og sameleis i citati. Dei andre hovudbrevi er jamførde med opphavsbrevi, og mislesingar er retta, men dei er citera etter Dipl. Norv. med *i* i alle høve. Upphavsbrevi hev *z* og *i*, men utan skilnad millom stutt og lang vokal. Aa setja prikk yver *i*-teiknet var ikkje skiikk i gnorsk. Han er heller ikkje i andre land paavist fyrr enn i 1327 i ei Wiener-urkunde (W. Wattenbach: Anleitung zur lat. palaeogr. Leipzig 1886). Hjaa oss hev eg funne *i* blanda med *z* og *i* i brev fraa midten av 1370-aari (t. d. II 440, Tunsb. 1375, sjaa Pal. Ny ser. 51; I 446. Vestfold 1377; XI 64, Bergen 1378, og gjenomført i IX 177, Hadeland 1382). Fraa Island er *i* uppteikna fyrste gong 1429 (Dipl. Isl. IV, 412).

<sup>2</sup> Etter opplysning fraa lærar Torkel Mauland, som ogso elles hev gjeve meg mange opplysningar um maalet paa Jederen og der omkring.

<sup>3</sup> Dette synest ofte ha vore grunnen til *A* i *Allum* i fyrstningi av vestlandske brev. Sumtid er denne fyrstebokstaven teikna slik at han hev ein svip baade av *A* og *O*; soleis t. d. i I 134 (Bergen 1312), der han ved fyrste augnekast likjest mest ein *O*, men vel er *A*. I I 244 (Voss 1337) les eg fyrste ordet *Ollum*, medan diplomataret hev *Allum*. At *A* i dette høve ofte berre hev grafisk grunn lyser fram av det, at sume brev, som byrjar med *Allum*, paa andre stader hev *ollum*, t. d. I 219, I 321.

Av dei 2 gnorske brevi fraa Jederen hev IV 272 gjennomført ljobbrigdet, medan IV 71 hev undantaket *hafum*<sub>8</sub>.

I det heile er soleis *u*-ljobbrigdet av *a* i det her umrødde høvet vel gjennomført i dei gnorske bygdebrevi fraa Rogaland, endaa i deim som elles i det meste fylgjer det vanlege diplommaalet.

Av dei 74 stavangerbrevi er 3 brev II 77 b, II 78 og II 131 hovudbrev og umhandla ovanfor. I 80 (1292, kgbr.) er skrive av Gabriel Klerk etter trøndsk mynster, og I 84 (1296, kgbr.)<sup>1</sup> av Bjørn paa Markum paa eit sudaustlandsk maalføre; dei er umhandla i Kong. s. 5 og 7. 2 brev. IV 74 og IV 169 er skrivne paa eit indre-sudvestlandsk maalføre og vert umhandla sidan. III 132 (1322) stend liksom fleire av Baard Peterssons brev nærmast nordvestlandsk<sup>2</sup>. Av resten — 60 brev — er det ikkje faa som hev gjennomført *u*-ljobbrigdet; men mesteparten av dei brevi som hev døme, hev gjerne undantak som *allum*, *hafðu*, *hafum* (av *hafa*), *fyrri-saghðum* odl. Sumtid er der, som ventande kann vera, utstøda t. d. IV 54 (1302): *hafðu*<sub>20</sub> *hofðu*<sub>22</sub>; IV 59 (1305): *Faxstodum*<sub>8</sub> *Faxstadum*<sub>9</sub>; II 115 (1313): *vafnfastu*<sub>20</sub> *jola fostu*<sub>22</sub>.

I akronom II 48 (1299) *akrom* II 54<sub>9</sub> (1299) maa *a* ha vore lang, jfr. *Aakrom* IV 288<sub>3</sub> (1345); *stafunne* dsg IV 152<sub>9</sub> (1322) synest framandt, for det hev elles alltid *o* i fyrste staving i rygske brev; *a* *Leirangrom* IV 67<sub>20</sub> (1306).

Merkn. 2. Alt i gnorsk tid er der teikn til uregelrette former, framvaksne ved jamlaging etter andre former i bøygiingsmynstret. Soleis *all* (av *allr*) npn III 43<sub>5</sub> (1277—1303); *forsognar* (for *forsagnar*) gsg IV 117<sub>31</sub> (1316) etter nom. sing. *forsogn* (no *fårsegninn* Ryf.); *hallæne* (av *holl*, *hallar*) IV 197<sub>9</sub> (1331); *malavexstom* dpl (for *málavæxtom*) IV 117<sub>21</sub> (1316) etter dsg *málavæxte*. — I mnorsk tid vert det meir og meir av slike former. Me nemner: *j steinðu hallenne* IV 473<sub>6</sub> (1368) *j steinðu haall* IV 508<sub>7</sub> (1378) *j steindahallena* akk. sing. IV 525<sub>7</sub> (1384); *j joola hallonne* I 493<sub>1</sub> (1385); *fal* adj. nsf III 648<sub>11</sub> (1419); *Carmth* IV 804<sub>9</sub> (1417), og *Kormt* IV 806<sub>8</sub> (1418); *kyrlagh* pl. IV 825<sub>3</sub> (1424), *j margh aar* IV 881<sub>21</sub> (1441).

Merkn. 3. I maalføri paa Rogaland no er der mange merke etter det gamle *u*-ljobbrigdet. Umfram ljobbrigda former framfor burtfallen *u* som *bodn*, *læmm*, *votn* Jedr. *ænd* f. (and, fuglen), *læjen*, namn paa Suldals-elvi, < *Logrinn*, N Ryf. *åksl*, *åsp*, *fånn* Ryf. (*gjøv* f. portion, Dal. *gråv* (grav). *Maar* Mn (de Fine)., *mærk*, *næv*, *rånn*, *såks* f. *stånn* Ryf. < gn. *born*, *lømb*, *votn*, *ond*, *øxl*, *osp*, *fønn*, *giøf*, *grøf*, *Mørdr*, *mørk*, *nof*, *rønd*, *søx* n. pl. *støng* ofl., finn me soleis fraa Rogaland: *ommon* (-unn N Karmt) Mn, *ånnædl*, *odnog'a*, *håvø*, *jugædl*, (*bor*-)stæpædl, *stød'l* (i b. f. *stød'l*) < gn. *Qgmundr*, *øngull*, *ønnugr*, *høfod*, *økull*, *stopull*; *ånnør* pron. f. Finnøy (andre stader *annår*, *annør*), *hålvø* adj. dsn, *lån'gå* adv. < gn. *ønno*, *hølfø*, *lønno*; tvostava kvendkynsord med endingi *-a*: *åska*, *bjydla* (< *bjødla* < *bjodla*) (*munnn*)hårpa, *pådda*, *snåra*, *tvåra*, *vågga* med *u*-ljobbrigda stommvokal etter dei gnorske oblike former *osko*, *biollo*, *hørpo*, *pøddo*, *snoro*, *þuro*, *voggo*; *fjæra* (fiøre IV 1035<sub>9</sub>, 1492, < *fiora*), *s(t)jødna* med vokal fraa gn. *fioro*, *stiorno*. Gn. *-øð-*, som oftaste vert *ø*: *løa*, jfr. gn. *hlødo*, um inkje av eit \**hløda*? *støog'a* < gn. *stødugr* — hev vorte *ou* i *støua* v. < gn. *støðva* og *vøudl* < *vødull*; *støyg'a* adj. Suld. er vel kompromis millom *stødugr* og ei form paa *-igr*, og sameleis kanskje *Boiel*

<sup>1</sup> I avprentet i Dipl. Norv. stend i lin. 5 *høyra*, men hds. hev *høyvæ*; i l. 25 hev Dipl. Norv. *håfe*, men hds. hev *håfer* (*håfs*).

<sup>2</sup> Det er helst i dei kongebrevi Baard Petersson hev skrive i Oslo, at han jamnar maalet til eit slag kancellimaal; sjaa t. d. I 91.

Mn (de Fine) millom *Bødolfr* og ei yngre form med palatal vokal i andre stavingi \**Bøðill(-ell)*. Med omsyn til dei linne kvendkynsord er det elles merkande at der i sume ord og paa sume stader i maalføret er lagt den gamle nominativ til grunn i notidsmaalet. t. d. *fjæra* Suld. < *fiara*; *hana* Ryf. < *hadna*; *sjeðna* Finnøy, < *stiarna*: *svala* Finnøy, < *svala*. — Paa Jederen ogi Dalarne er det mykje sameleis som i Ryfylke, soleis *obmunn* og *ommunn* Mn Dal. *volsunne* (stor dokka) Dal. < gn. *Qgmundr*, \**volsungi*; *svola*, *toga* (hustak) etter gn. *suolu*, *þoku*. Mannsnamnet *as'sar* (og *as'sor*), som hev vore mykje i bruk i maalvaldet og liver enno (skr. *Asser* t. d. Eikers. Matr. 1906), maa i denne formi vera innkome utanfraa i sein tid (*Adzsor* II 638<sub>2</sub>, 1416); den rygske formi maatte vera *øssor*; det er ogso skrivne *Osser* 1614 Dal., *Aaszer* 1664 Time, *Aadser* 1701 Aardal.

Den ljodbrigda vokalen, som alt i 13 hundr. her som mange andre stader i landet maa ha nærra seg eller til deils (sjaa Merkn. 5) falle saman med *o* i uttalen, er no i Ryfylke oftast *å* (i indre Suldal *o*), i Dalarne *o*, paa Jederen *å* og *o* (i sud). Mannsnamni *ølvær* (*Oluer* II 107<sub>3</sub>, 1311) og *Sørve* — det sistnemnde ofte i Dal., ogso hjaa De Fine — er i-ljodbrigda former av gn. *Oluer* og *Sorue*. Maalføri hev ogso *ø* i *øl*<sup>1</sup> n. (< gn. *øl*) og *ørn* (Suld. Jedr.) som elles i landet. Formi *øl* kann ha kome upp i i Bergen; sume bygder omkring i Hordaland hev havt *ö* (skr. *o*) i gamalnorsk tid, og vokalen kann ha fenge studnad fraa svensk og dansk (*öl*); *ørn* er vel jamlaag etter ord som *bjørn* (sjaa 5 c her nedanfor), men med lang *ø*, fordi vokalen stend fyrst i ordet, sjaa Merkn. 82 her nedanf.

Merkn. 4. Fraa hovudbrevi: *skolo* 3pp II 77 b<sub>6</sub>. 7. 8. Fraa andre brev: *scolo* X 417 (Stav. umkr. 1274) *skolo* I 70<sub>8</sub>. (Stav. umkr. 1286) II 24<sub>20</sub> (u. s. 1288) o. m. fl. dipl., nyn. *sko* (og *sku*) inf. Ryf. *sku* SJedr. I impf. er *skildi* den vanlegaste gnorske formi; *skilde* *ver* i pki IV 49<sub>15</sub> (umkr. 1300); men ogso *skyldo* 3pi IV 90<sub>13</sub> (1311; vid. 1314), og *skuldi* 3 si VII 35<sub>12</sub> (Stav. 1306, austnorsk form), no jamnast som infin., men *sje* (< *skilde*) Dal.

Merkn. 5. Som ein ser av dei oppreka høvi ovanfor, vert den ljodbrigda vokalen i hovudbrevi skriven *o*. Sameleis er det jamnast i dei andre brevi; no og daa, men i det heile sjeldan, finn me *au*, t. d. *audrum* dpl. (for *ødrum*) D. N. III 43<sub>10</sub> (1277—1303) *Aupudale* IV 85<sub>15</sub> (1310) *laudu* cas. obl. av (*hlada* II 54<sub>17</sub> (Stav. 1290) *Waulom* ibid.<sub>2</sub> *þorkautslu* IV 147<sub>19</sub>. 26 (Stav. 1321) *faudur* ibid.<sub>26</sub> *tilkaullu* ibid.<sub>32</sub> *aa sidasta daughum* IV 294<sub>29</sub> (Stav. 1345) *budaruaurd* I 311<sub>9</sub> (Stav. 1348) *laughdu* ibid.<sub>12</sub> *Suiphunsuauku* ibid.<sub>3</sub> *Viuilstaudum* ibid.<sub>11</sub> *vista tauku* ibid.<sub>7</sub> *laugh* npl IV 344<sub>17</sub> (Stav. 1349) *Gunfuaur* (< *Gunnur*) ibid.<sub>6</sub> *Inghibiaurghu* ibid.<sub>8</sub>; — *Niardarlav* dsg II 24<sub>9</sub><sup>2</sup>.

Ogso i den mnorske tidi vert skrivne *o*, sjeldan *au*. t. d. *aullom* IV 819<sub>7</sub> (1423), og endaa sjeldare *ø*, t. d. *øllungis* I 493<sub>13</sub> (1385) *Wørster* IV 927<sub>8</sub> (1451).

**1 b.** Av tristavingsformer finn me *kloppaðo* 3pi (av *klappa*) I 168<sub>23</sub> *komandom* IV 114<sub>12</sub> *værandom* II 77 b<sub>15</sub>; av adjektivformer i superlativ: *sidozstom* II 77 b<sub>13</sub> II 78<sub>25</sub>; substantiv *þionosto* I 168<sub>6</sub>. I *kloppaðo* er *-aðo* fulla ikkje anna enn den trøndske endingi som skrivaren hev kjent fraa

<sup>1</sup> Rimar paa *føl* (< gn. *fyl* n.) i eit lausvers fraa Ryf. som byrjar:  
*ol'a, mass'ola, han brygðo gått ol,*  
*dæ danstø i kannå såm blakkastø føl.*

<sup>2</sup> Um dette ordet sjaa Magnus Olsen: Det gamle norske ønavn Niardarløg. Chr. Videnskapss. forh. 1905, no. 5, s. 3—9.

skrift og sett mekanisk inn i staden for *-odo*, som maalføret maa ha havt, sidan stommstavingi *klopp-* hev ljodbrigda vokal: jfr. *fægnado* og dilike former i nordvestlandsk skrift (N Vestl. § 25, 1 b).

Merkn. 6. I andre gnorske brev fraa desse kantar er sameleis som i hovudbrevi *a* den vanlege vokal i andre stavingi i tristavingsformer, t. d. *verandom ok vidrkomandom* IV 167 (1325) ofl. br. *skodadom* IV 156<sub>13</sub> (1322). Men me finn ogso her og kvar tristavingsformer med *o* i andre stavingi: *kolloðu* ver II 35<sub>18</sub> (Stav. 1295) *reiknodozst* 3 pi IV 288<sub>9</sub> (Stav. 1345), *sidoztum* dpl IV 162<sub>6</sub> (1324). Denne formi hev halde seg heilt inn i mnorsk tid, t. d. *stadhfestodho* 3 pi IV 421<sub>7.10</sub> (Ryf. 1361) *eftirkomondum* V 357<sub>12.13</sub> (Skjold 1393) *eftirkomondom* IV 883<sub>15</sub> (1442).

Merkn. 7. *monadom* IV 267<sub>8</sub> (Stav. 1325) ofl. br. hev visst vore ei livande form ved sida av *monodom* IV 55<sub>6</sub> (Utstein 1302) og i mnorsk brev *tolfmonodhom* IV 846<sub>17</sub> (Stav. 1431); me finn enno i sume maalføre *mona* (t. d. Setesd.) for *mána(d)*; den upphavlege formi hev sjølv sagt vore *mónodr* < *mónodr*: jfr. *monade* dsg IV 122<sub>5</sub> (1318).

Merkn. 8. Ved jamlagning og burtfall av endingar er slike tristavingsformer som ovanfor er umrødde, burtkvorvne i nynorsk.

**1 c.** I hovudbrevi fær particip paa *-adr* i nsf *-ad*: *kallad* IV 114<sub>19</sub>; sameleis hev *hundrad* i plur. *hundrat* I 168<sub>8</sub>. Brevi hev mannkynsord paa *-adr*, t. d. *kostnad* IV 114<sub>49</sub> og kvendkynsord paa *-an*: *skipan* II 77 b<sub>9</sub>.

Merkn. 9. Ogso hine gnorske brev hev substantiv paa *-adr* og *-an*, t. d. *mistrunadr* II 131<sub>2</sub> (1266) *skipan* ibid.<sub>11</sub> *ætlan*, *husanar* gsg, *scipan* X 45.23.25 (Stav. 1272—76) *reiknan* IV 50<sub>1</sub> (Ryf. 1301) *skotan* IV 90<sub>46</sub> (1311; vid. 1314); men at *hundrad* hev havt ljodbrigde i plur. syner *hundrod* i IV 129<sub>5</sub> (Stav. 1319) o. fl. br.

Merkn. 10. I desse maalføri no endar perf. ptc av *a*-verb i alle former paa *a*; *kadla*, *kasta*, liksom i mesteparten av landet; men i *þoröll* n. pl. Ryf. *þoroll* Jedr., som i sing. heiter *þerall* (< gn. *kerald*), er der enno merke etter det gamle ljodbrigde (*kerold*); *hundrad* heiter *hundrø* S Jedr. baade i sing. og plur. Merke etter ord paa *-an* er *våga* f. Ryf. *vågan*. Endingi *-nadr* er enno i bruk i formi *-na*: *buna*, *lēsna*, *spūrna*, *støna* (studnad) o. fl. I Ryfylke hev *dugnad* gjerne vorte *dōgnə* m., liksom *vanə* m. (skade) vel er eit gamalt *\*vanadr* m. = *vanan* f., jfr. *vanadyr* n. (ugagnsdyr) Ryf. Jedr. < *\*vanadardyr*; *lovaþörþa*, i Suld. um *Røldals-kyrkja*, som dei gjorde lovnader til, < *\*lofaðar-kyrkja*. I Suld. *dugna* m. (*tokədugna*, tekkjedugnad, sjaa Aasen). I Dal. og paa Jederen hev sume av dei gamle ord paa *-nadr* gjenge yver til kvendkynsord: *dūgna*, *tāgna*, *lāgna*, *lēsna*, *sjilna*, Jedr.

**2 a.** *u*-ljodbrigde av *á* er der i *Osmundar* II 77 b<sup>7</sup> II 78<sub>12</sub>, men ikkje i *sal* (sjæl) II 77 b<sub>3</sub>, og heller ikkje naar *u* er halden i næste staving, t. d. *bado* 3 pi IV 114<sub>51</sub> *kuadozst* ibid. 60 *Skaro* dat. ibid. 2 *salotidom* II 77 b<sub>8</sub> *varom* 1 pi IV 114<sub>4</sub>, jfr. *sue(f)ðe* 3 sik (til *suáfo*) IV 114<sub>59</sub>, men framfor nasal *køme* 3 sik (til *kōmo*) I 168<sub>24</sub>, *vono* (av *vón*) IV 114<sub>26</sub>.

Merkn. 11. I dei andre brev finn me fleire former med *u*-ljodbrigda *á*, naar *u* er burtfallen i næste staving, t. d. *Osloar* gsg IV 18<sub>8</sub> (1297; men *Aslo* IV 49; 1300, IV 54<sub>18</sub> 1302); *Osmund* II 31<sub>5</sub> (1292) o. fl.

br. (*Asmundar* II 77<sup>a7</sup> 1305); *wor* pron. apn IV 117<sup>33</sup> (1316) ofl., men oftast *uar*, *var*, *vaar*, t. d. IV 49<sup>17</sup> (umkr. 1300). — Naar *u* (*o*) er halden i stavingi etter, er der sjeldan *u*-ljodbrigde utan etter *v*, t. d. i *voro* 3pi IV 340<sup>9</sup> (1348), i *uá* framfor nasal konsonant: *kuomo* 3pi IV 90<sup>21.42</sup> (Stav. 1311, vid. fraa 1314) *akuomo* cas. obl. ibid.<sup>85</sup> (4 g; *akuamor*<sup>71</sup>), og i *á* framfor nasal konsonant: *monodóm*, sjaa ovanf. Merkn. 7. Oftast finn me former som *baro* 3pi, *varom* 1pi, *sam* ell. *saom* 1pi, *sumarnattom* dpl IV 152<sup>20</sup> (1322).

Merkn. 12. I mnorske brev: *Oon* Mn nsg II 370<sup>3</sup> (1362), som svarar til isl. *Qnn* og *An* og synest i formi *On* helst eiga heima paa S Vestlandet og Austlandet, men finst i 14 hundr. spreidt vidt omkring i landet; *Osulfuer* finn me ofte i mnorske brev, t. d. I 476<sup>6</sup> (1383; jfr. *Asollfuer armadr* V 162<sup>2</sup> 1343).

Merkn. 13. Merke etter *u*-ljodbrigde av *á* er der i maalføri no i *kro* f. (kraa) Ryf.; *inþæ nom'mo næræ* (ikkje naame nær, langt fraa inkje) Jedr., *nom'mo* dpl (< *nómom*) til *nám*; *no<sup>utt</sup>* (< gn. *nótt*) Dal. *nott* S Jedr. I Suld. *nátt* Ryf.; *osmunn (-onn)* Mn Ryf. Jedr. Dal. < *Osmundr*, liksom me i eldre nyn. fraa Rogaland finn: *Osbiörn* Ryf. 1664 (oftare skr. *Asbjörn*, *Asbiödn*); *Oskjær* (< gn. *Ósgeirr*) hjaa De Fine, oftare skr. *Asgjær*, *Asgeir* 1732<sup>1</sup>); *Osmund* (*Ossmund*, *Aassmund*); *Ossel* (< *Ósolfr*) 1634, i 1632 skrive *Aassel* og sidan *Aadsel*. *Aassulf*, *Assoll*; *Osvald* 1752; men *Asgaut* (og *Asgoud*); *Aszgrimb* (< *Asgrimr*) 1632 *Asgrim* 1654); *Askel* (*Askil*, *Askild*); *Athlack* 1664 (og *Atlak*, *Atlag*, Dal. *Aslak* Ryf.); *Asbiörg* (*Ashjör* 1651) Kn, og sameleis *Asgjær* (*Asgjerd* 1645, jfr. *asgarþi* akk. Kleppsteinen), *Aashild* (*Aasel*); *Atlov* (< *Aslaug*) De Fine, ogso skr. *Allaug*, *Allauff*, *Adlau*; *Atleiv* (< *Asleif*), ogso skr. *Adtleff* 1626, *Atleif* 1619, *Aatleiv* Suld. 1804; *Aasni* De Fine. *Asni* Suld. 1808 < *Asny*; *Astrid*, *Astri*. I nymaalet no er det i slike namn mest *as-*: *asbjödn*, *asgaut*, *askjel* (og *-edl* Suld.), *aslak* (*atlak*, *atlag* Jedr.), som etter Norg. matr. alle er i bruk. Fleire dømme paa ljodbrigdet i nrygsk er *spon* m. (gn. *spónn*) Jedr. Dal., *sá'spo* (s: sagspon) Suld., der dei brukar formi *spóna* f. for spon elles; *von* f. (< gn. *vón*, *ván*) aalm. Derimot heiter det *á*, *tá* (< *á* f. *tá* f.), alle stader med *á*, sameleis *sál* (< gn. *sál* f.) hjaa eldste folki i Ryfylke. Umfram dei fyrrnemnde former er ogso upp-teikna fraa Jedr. og Dal. *krá* og *spán*, men *krá* hev i plur. *kröd'næ* (jamsides med *kræd'næ*) Jedr. og *kröd'nan* Dal. som fyreset *kro* i sing. Jfr. *Raabyggia loghom* IV 842<sup>9</sup> (Stav. 1430), skr. *Robyggia loghum* i eit brev fraa Aust-Agder IV 636<sup>2.8</sup> (umkr. 1393).

Fleirtalsformer i imperfekt er no avlagde i desse maalføre; paa Jederen hev dei vore i bruk inn i det 19 hundr., so eldre folk enno minnest orde-lag som *me säga*, *dei kámæ heimtæ*, og i ei gaata heiter det:

*dei ädä ä drukkä, ä injjen fekk mad;*

*dei reväst (< rifust) ä slost, ä injjen fekk slag.*

Merke etter *u*-ljodbrigda former i dette høve er ikkje funne.

**2 b.** Av ymse serskilde ordformer som *u*- og *v*-ljodbrigdet plar hava innverknad paa, er merkande i hovudbrevi: *nokors* II 78<sup>15</sup> *nokorom* II 77 b<sup>11</sup> *nokot* IV 114<sup>55</sup>. — *honom* II 77 b<sup>10</sup> IV 114<sup>18</sup>. — *hon* pron. I 168<sup>16</sup>. — *gera* II 77 b<sup>4</sup> ofl. — Ordet for *bisp* er alltid avstytt *b̄p̄* (me skulde

<sup>1</sup> Fraa manntalet 1701 nemner Mauland: *Asgeir Jonsson* paa *Stangeland* — Avalsdsnes — studiosus 40 aar gamall. Det er den islandske handskrivaren aat *Tormod Torveson* (*Torfæus*). Sjaa Syn og Segn for mai 1913, s. 217 (19. aarg).

venta *byskop*, sjaa nedanfor s. 25 note<sup>2</sup>. — *myken*, *myklo* IV 114<sup>25</sup>.<sup>40</sup> *myket* II 78<sup>10</sup> ofl. *mykyt* II 77<sup>b</sup>. — *mellom* IV 114<sup>59</sup>. — *Syгурð*. II 77<sup>b</sup> 8 78<sup>12</sup> 131<sup>1</sup> IV 114<sup>5</sup> (*Sighurðr* I 168<sup>3</sup>). — *Syia* gpl. I 168<sup>2</sup>. — *ymísom* I 168<sup>13</sup> (soleis hds.: *ymísom*) med *y* fraa *ymsom* < *ímsom*.

Merkn. 14. Av former i dei andre brevi, serleg fraa gnorsk tid er merkande: *nokor*, *nokot* er det vanlege, men me finn ogso *nokuor* nsm. D. N. IV 90<sup>25</sup> (jfr. *nokvat* IV 538<sup>15</sup>, eit mnorsk brev fraa 1387). — *honom* er det vanlege baade i gnorsk og mnorsk tid, sjeldan *honum* IV 147<sup>35</sup> (1321) I 291<sup>23</sup> (1344). — *hon* er vanlegt, men *hun* finst no og daa baade i gnorske og mnorske brev: III 190<sup>9</sup> (Ryf. 1336) IV 393<sup>7</sup>.<sup>10</sup> (Jedr. 1358) IV 505<sup>26</sup> (1377). — *gordom* ipi IV 189<sup>12</sup> (Jedr. 1329; vid. 1345); elles er former med *e* dei vanlege. — *Mikiállsmosso* IV 86<sup>a</sup>.<sup>18</sup> (1310) < *-messo*. — *my*. i *myket*, *mykill* er vanleg skrivemaate alt fraa 1295 (II 35). — For *millom* finn me oftast *millim*, *j millim*, t. d. IV 85<sup>7</sup> (1310) II 107<sup>9</sup> (1311) II 134<sup>1</sup> (1318), men ogso *mellim* IV 54<sup>22</sup> (1302); dessuten sjeldan *j millom* II 35<sup>9</sup> (1295) *millum* III 43<sup>11</sup> (1277—1303) (*j*) *mellom* IV 189<sup>21</sup> (1345) *mellum* I 291<sup>10</sup> (1344) *mællom* IV 272<sup>7</sup> (1343) *mellum* 335<sup>23</sup> (1348); i mnorsk jamnast *mellum*, *mellom*, *mellium* og jamvel *j meillium* IV 959<sup>11</sup> (1465). — *kvikv* adj. dsn I 63<sup>15</sup> (Stav. 1270). — *kyrt* adv. IV 90<sup>111</sup> (Stav. 1314). — *suzemnhusi* IV 308<sup>21</sup> (Stav. 1346). — *Swittuns*, *Suithuns* gen. med *ui* eller *vi* er dei vanlege former fraa den eldste tidi til inn i det 16 hundr. t. d. *Swithuns* II 131<sup>0</sup> (1266) *Swittuns* IV 55<sup>5</sup> (Utstein 1302) *Suithuns* IV 56<sup>3</sup> (c. 1302) *Suipthuns* IV 156<sup>3</sup> (1322) *Switthuno* (Finnøy 1430) *Swictuns* IV 1075<sup>7</sup> (Jedr. 1518), men ogso (sjeldan) *Syptuns* IV 340<sup>3</sup> (Stav. 1348). — *tuttughu* oftast, men ogsaa *tyttughu* IV 167<sup>5</sup> (Stav. 1325).

Merkn. 15. Fraa maalføri no: *nåken* m. *nåko* f. & n. Suld. *nogøn* m., *noga* f. *nogø* n. SJedr. — *honom* er allstad utdøytt med dativbruket; i eldre nyn. finn me *hono(m)* VI 782<sup>19</sup> (Stav. 1554). — *hu* Ryf. (NRyf. Finnøy), Jedr. Stavanger by. *ho* (ho<sup>a</sup>) Dal. — *ðera*, *ðera* aalm. — *glögg'ø* Suld. (men *glygg'ø*, *snygg'ø* Finnøy). — *öks*. — *møhø* N Ryf., elles *møje*, *møje*; indre Suldal: *myke*. — *mössa*, *myssa* Rog. — *medlām* (< gn. *mellom*) Jedr., *i mjødlā* (< gn. *i mellom*) Ryf. Jedr. *i mjodlo* (< *i mellum*?) Suld., *mödlā*, -o (< *millom*) Jedr. — *kvek'ø*, *kurr'ø* Sand, Suld. i Ryfylke, *kürt* Ryf. Jedr. < *kuikr*, *kuirr*; — *svifta* v. SRyf. *svipta* Jedr. *söfta* Suld. — *söftosok* I Suld. *syftasök* Finnøy, *syftasok* Jedr. — *framfömt* adj. og *hømsleg* (lærnam) Ryf. — *svæva* v. tr. Ryf. Jedr. *svøva* Dal. — *svöbn* Ryf. Jedr. *svævn* Ryf. (Sand) *svöbn* Dalb. — *kuø*, tjuge.

2 c. Døme paa etterljodbrigde ved konsonantisk *u* (eller *v*) er ikkje uppteikna fraa hovudbrevi.

Merkn. 16. Fraa andre brev er nemnande: *so* IV 446<sup>22</sup> (Stav. 1365) 457<sup>53</sup> (Tolga 1366) < gn. *suð*, nyn. *så* og *so* i desse maalføri: *saa* ovrar seg i mnorsk IV 912<sup>12</sup> (1449), 949<sup>16</sup> (1461), men *swa(a)* vert skrive no og daa radt til burtimot nyn. tid, t. d. IV 916<sup>7</sup>.<sup>13</sup> (1450) 1008<sup>7</sup> (1490) I 975<sup>13</sup> (1492). — *huozst* 2si IV 288<sup>15</sup> (Stav. 1345) for *kuazt* kann hava vokalen fraa plur. *kuōðo*; jfr. nyn. *kost* (o: sagdest) Shl. — Fraa nyn. kann nemnast *voo-*, *vovaver* n. varigt styggvør Ryf. (Imsland) < gn. *vādavedr*.

### 3—5. e-ljodar og ljodbrigde ved *i* (*j*) og *-R*.<sup>1</sup>

3 a. *i*-ljodbrigdet av *a* vert mesta alltid skrive *e*. Soleis utan undantak i II 131, t. d. *setta* (*ek*), *segir*; i I 168 er det einaste undantaket *openbærlægha*<sub>22</sub>. I det lange brevet IV 114 finn me desse undantaki: *fram-*

<sup>1</sup> I utgreidingi her i boki umhandla under *i*-ljodbrigde.

*færd*<sub>30</sub> (*ferd*<sub>47</sub>) *kær*<sub>17</sub> *kæren*<sub>49</sub> plur. (jfr. den mnorske skrivemaaten *kopar kier* VI 550<sub>8</sub> 1455); i II 77 b *sætta*(*æk*)<sub>17</sub>, og i II 78 *skynsæmd*<sub>2</sub> *juazsæmd*<sub>26</sub> *fæder*<sub>23</sub>, *sætta* (*æk*)<sub>26</sub>.

Med *e* ogso det ubundne pronomen *huer* nsm II 78<sub>24</sub>; soleis i alle dei hovudbrevi som hev ordet, so nær som i II 77 b<sub>13</sub>, som hev *huær* (men *huert*<sub>6</sub>).

Merkn. 17. Ogso dei eldste av dei andre brevi hev former med *e*, til deils *æ*, i *huerr*. Fyrsta i 1307 finn me *huarn sunnudagh* IV 70<sub>16</sub> (utferdar bispen Ketil), *huan pening* asg III 190<sub>7</sub> 1336. Formi med *a* — *huarr* —, som er mykje sjeldsynt i det 14 hundr., men finst no og daa, t. d. umfram paa dei nemnde stader ogso: *huar* nsm IV 90<sub>107</sub> (1311, vid. 1314, paaverka av austl. ogso i andre maatar) *huarn* IV 499<sub>7</sub> (1371), *kwart* IV 616<sub>22</sub> (1392), synest ha fenge yvertaket i Ryfylke umkr. midten av 15 hundr., um me skal døma etter diplom. Til *huar* høyrer ogso *hwossun* adv. IV 550<sub>14</sub> (Eidsa 1388) < *huarsu*(n).

Merkn. 18. I notidmaalet heiter det spyrjande pronemen *kenn*, *kinn* Ryf. *kenn*, *kvønn* Jedr. < gn. *huern*. Det ubundne pronomen heiter *kwær* i Ryf. (Sand, Karmt, Suld.); jfr. *inkvan* m. *inkor* f. *inkwart* n. Suld. (Roldalkvam) av gn. *einnhuerr*, men *kwær* (og sameleis *kwærandrø*) paa Jderen og i Dalarne, jfr. *æinkvæn* Dal. *kwær* synest vera ei austlandsform, som venteleg paa ferdslvegen yver Suldal eller sjøveges er komi til Ryfylke.

**3 b.** *e*-ljod, oppkomen av *ei* i mykje gamall tid vert ogso skriven *e*, t. d. *engom* pron. II 78<sub>25</sub> *engo* IV 114<sub>64</sub> I 168<sub>20</sub> *flester* npm I 168<sub>23</sub>. Undantak er *ængom* II 77 b<sub>17</sub>.

**3 c.** I dei tri brevi IV 114, II 131, I 168 vert opphavleg *e* skriven *e*. I det fyrstnemnde og lengste brevet er der ikkje undantak fraa denne regel; døme er *edr*<sub>1</sub> ofl. ef<sub>29</sub> *pegar*<sub>56</sub> *gefa*<sub>46</sub> *leset*<sub>51</sub> *vettr*<sub>4</sub> *vettra*<sub>3</sub>; i det andre finn me *æ* berre i *ædr*<sub>1</sub> *væter*<sub>4</sub> (men *vettra*<sub>3</sub>); i det tridje stend *æ* i: *ædr*<sub>24</sub> *þæss*<sub>14</sub> *þæggar*<sub>25</sub> *vætr*<sub>8</sub> *vætra*<sub>8</sub> (3g).

Men i II 77 b og II 78 er der mykje svaging i dette stykke, og det vert oftare skrive *æ* enn *e*, soleis t. d. i II 77 b: *ædr*<sub>11</sub> (2g) *æk*<sub>2</sub> pron, (9g; *Ek*<sub>1</sub>, *E* initial) *gæf*<sub>3</sub> 1sp, *læsa*<sub>9</sub> inf. (legere) *mægo* 3pp II 77 b<sub>11</sub> *vætter*<sub>15</sub> *sæx*<sub>4</sub>; i II 78: *æk*<sub>3</sub> (12g; *Ek*<sub>1</sub>, *E* initial) *ædr*<sub>20</sub> (2g) *væra*<sub>21</sub> inf.

Merkn. 19. Fraa andre brev *æk* IV 156<sub>2</sub> ofl. (1322), IV 162<sub>3</sub> (1324).

Merkn. 20. I vaare dagar er i desse bygder dei fleste gamle stutte *e*-ar utan umsyn til opphav lægde til *æ* eller *ē*: *bera*, *eg* ell. *æg*, (*g*)*jera*, *hest*. Dei tvo brevi II 77 b og 78 viser at denne yvergangen maa vera gamall i dette maalvaldet.

**3 d.** Opphavleg lang *e* (*ē*) vert i brevi skriven *e*: *mer* pron. dsg II 77 b ofl. br. *her* IV 114<sub>11</sub> *Petar* I 168<sub>5</sub>; det einaste undantaket i hovudbrevi er *fæk* 3si I 168<sub>20</sub> (*fek* IV 114<sub>36</sub>).

Merkn. 21. I andre brev finn me ikkje so reint sjeldan *æ* for *ē*, soleis framfor *r* i *hær* adv. X 423 (1272—76), *mær* pron. npl VII 339<sub>3</sub> (1404; jamvel *mæir* ibid.<sub>12</sub>) *vær* 1pron. npl II 35<sub>5</sub> (1295; diplomataret uretteleg *veer*); *þær* 2pron. npl IV 178<sub>1</sub> (1328) II 233<sub>24</sub> (1339, vid. fraa 1347), medan

det vanlege er *þer*. Sameleis finn me *æ* i *fæk* I 63<sup>20</sup> (Stav. umkr. 1270) II 35<sup>13</sup> (1295) ofl. br. *gæk* 3si I 193<sup>27</sup> (1327) IV 189<sup>19</sup> (1329).

Merkn. 22. No hev maalføri oftast *ē* og *e* for gnorsk *é*, t. d. *kne*; men der er undantak, t. d. *fækk*, *jækk* (av gaa) *tætt* adj. Ryf. *fekk*, *jekk*, *titt* Jedr. < gn. *fekkk* (-*é*), *gekk*, *þéttr*; paa Jedr.: *hikk* < gn. *hëkk*, *hilt* < *hëlt*, *sitt* < *sët* (til *sjá*). Dei sistnemnde 4 former synest fyresetja eldre *tiett*, *hiekk*, *hielt*, *siett*. *hër* adv. lyder no *her* Ryf. (Suld.), Jedr. *hør* Dal.

4. *i*-ljodbrigdet av *á* vert jamnast skrive *æ* i hovudbrevi; i IV 114 ogso *e*, t. d. *beðe*<sub>41</sub>. Undantak er berre *frenda* II 78<sub>19</sub>, *mette* 3pki IV 114<sub>63</sub> (men *mette*<sub>29</sub>) *nesta* II 77 b<sub>15</sub> IV 114<sub>4</sub> *kerom* 1pp ibid.<sub>13</sub> (men *akæro*<sub>28</sub> *kærðo*<sub>43</sub>) *settara* gsg ibid.<sub>60</sub> *settara* apm ibid.<sub>58</sub> (men *sættazst*<sub>56</sub>) *hette* dsg ibid.<sub>64</sub> (av *hátr*) *sue(f)de* 3pki ibid.<sub>59</sub>. Som ein ser av høvi er det mest naar det er dentalar i nærleiken at der stend *e* for *æ*.

Merkn. 23. Ogso i dei andre gn. brevi er *æ* det vanlege teiknet for *i*-ljodbrigdet av *á*, men no og daa raakar me ogso paa *e*, t. d. *heda* v. (< *hæða*) II 48<sub>21</sub> (1299). Til nyn. *æ* svarar *e* i *pera* f. utnamn (Aslacr *pera*) IV 90<sub>7</sub> (1311, vid. 1314), um det er = ags. *pere* (lat. *pirum*), nyn. *pæra*, som ikkje sjeldan i nyn. er bruka til utnamn og som skjellsord;<sup>1</sup> jfr. *næpa* utn. IV 45<sub>12</sub> (Stav. 1299): *Styrkar klerkr næpa*; ogso dette utnamn er bruka i nyn.<sup>2</sup>

Til gn. *æ* svarar i desse bygdemaali ogso i vaar tid oftast *e*, *æ*, t. d. *feræring* m. (baat med 4 aarar = *føræbaat*), *åttæring* ISuld.; *hædl*, *hëdl* m. (< gn. *hæll*) *læde* n. (< gn. *læte*) *svæva* v. (< gn. *suæfa*) Ryf. Jedr.; *læra* (< gn. *læra*) Ryf.; *hæja* v. (< *hæða*) Jedr.; *ræa* f. (< \**ræða*; jfr. gn. *ræða* adj. od) lauslyndt kvende, Jedr. Dal.; (likevel *ner* adv. Jedr. < gn. *nær*).

5 a. *i*-ljodbrigdet av *ó* vert skrive *ø*, t. d. *brøðr* IV 114<sub>47</sub> (1316). *Surdølom* ibid.<sub>38</sub>. Sjaa elles nedanfor under 16 h β.

5 b. Av tviformer med grunn i *i*-ljodbrigdet og *æ*-ljodbrigdet finn me *bazsto* II 78<sub>7</sub><sup>3</sup> og *bezsto* ibid.<sub>18</sub>; *ørskurðr* I 168<sub>24</sub> og *oskurðar* gsg IV 114<sub>42</sub>.

Merkn. 24. Fraa andre brev er merkande *einkanlega* II 24<sub>26</sub> (1288 ell. fyrr) *æinkanligha* II 233<sub>19</sub> (1339; vid. 1347); *Kettle* Mn dat. IV 71<sub>1</sub> (1307), og *Katle* IV 147<sub>12</sub> (1321) liksom i hovudbrevet II 77 b<sub>9</sub> (*kathle*), ofl. br. *þurt* II 35<sub>16</sub> (1295) *þurro* IV 84<sub>018</sub> (1429) *tyrro* IV 84<sub>218</sub> (1430) VI 55<sub>012</sub> (1455).

<sup>1</sup> Annarleis Kahle i Ark. XXVI s. 246.

<sup>2</sup> Soleis kann ein i Ryfylke høyra finnøybuen i skjemt verta kalla „fynnøy næpa“ (-*næba*). Slike skjementnamn paa folk fraa dei ymse bygder er der i Ryf. ikkje faa av: *jælsalegg* (for jelsabu(e)), *erfjorkråka*, *sjydnaröymort*, *hjelmelansgamp* ofl. Desse skjementnamni er karakteristiske nok, for dei er henta fraa slike umstodor, som sermerkjer bygderne, helst fraa næringsvegane.

<sup>3</sup> I ei barneregla fraa Dalbygderne um kobben, som velter seg uppaa eit skjer i uværet med ungarne sine, heiter det:

*Han (g)jer dei de te lyste bast  
han led sine orða sua fast.*

Er *bast* her det same som *best*? mnorsk:

*Hann gejr þeim þet til losta bastan,  
hann lætr sina unga súga fastan.*

Eller *lyste-bast*, *bast*, som er godt aa suga paa etter borni sin smak (jfr. *lystemat*).

Merkelegt er *klokku staupare* IV 473<sub>3</sub> (Stav. 1368).

Merkn. 25. Fraa maalføret no: *ijår* (igaar), men *ijær kvæll*, Ryf.; *turr'a* S Jedr. *torr'a* Ryf.

**5 c.** Etterljodbrigde ved *j* (kons. *i*) finn me i hovudbrevi berre i *Ingielder* II 131<sub>4</sub> (jfr. *Ingialdr.* I 291<sub>23</sub> Sygne 1344; utf. stav. bispen Guttorm).

Merkn. 26. I hine brevi fraa denne landsluten er der nokre fleire dømme paa dette ljodbrigdet, og kann me døma etter deim, er det grunn til aa tru at det maa ha teke til aa trengja seg inn sumstad i Ryfylke og paa Jederen alt ifraa umkr. 1300. Dømme er: *Hiærande*, *Arnbjærnar sun* VI 190<sub>14</sub> (Ryf. 1349) *Jedre* dat. IV 49<sub>6</sub> (Stav. umkr. 1300) *Jædre* dat. IV 227<sub>9</sub> (Hestbø 1336) *jærdr skiptis* VI 190<sub>13</sub> *kiællara maðr* IV 152<sub>5</sub> (Stav. 1322) *kællara maðr* IV 167<sub>28</sub> (Stav. 1325); *Biörn* Mn IV 994<sub>4</sub> (Stav. 1483; men *iø* umkr. 100 aar eldre, um ikkje meir); *fioghura* gpl I 305<sub>4</sub> (1347) < *fioghurra* IV 374<sub>9</sub> (1355) for det vanlege *fiug(h)ura*, t. d. II 115<sub>10</sub> 1313; *giøf* II 13 (Bergen 1266; upph. stavangerbispen Torgils), *snønam* II 351<sub>6</sub> (1295); *j Strønssodum* IV 393<sub>3</sub> (1358), jfr. 524<sub>10</sub> (1384), < *Strion-* IV 393<sub>12</sub> (1358), no *strømmsta* (skr. Strømstad matr. no. 38 i Helleland; skr. *j Straumstadha* 1405, *Strumsta* 1563); *Siønarhøy* (o: *Siønnaarøy*) VII 520<sub>5</sub> (1500) < \**Siørnarøy* for *Siarnar-*, med *o* fraa *Siørn* na.

Merkn. 27. *å* synest fyrsta i mnorsk tid vera paverka av denne *i*: *diekn* V 694<sub>3</sub> (1440?) < gn. *diacn* IV 18<sub>9</sub> (1297) *diaknom* IV 374<sub>16</sub> (1355), *deekn* IV 861<sub>18</sub> (1436) er vel innkome utanfraa; *friædaghen* IV 610<sub>12</sub> (1392) < *friadaghen* IV 156<sub>3</sub> (1322), *frielz* IV 745<sub>8</sub> (1405) < *friåls*, (til *saala*) *hielpar* (< *-hialpar*) IV 846<sub>8</sub> (1431), *seælfwer* nsn (< *siålfr*) V 422<sub>10</sub> (1402) *siælf* nsf ibid.<sub>9</sub>, *seæ* (< *siå*) IV 764<sub>1</sub> (1407) er vel austn. og sameleis *siæ* IV 869<sub>1</sub> (1438).

Merkn. 28. I maalføri no er dette ljodbrigdet gjennomført i det store og heile som i mesteparten av landet. Dømme er: *bjedne* Sauda (*Bjedne* De Fine) < gn. *Biarne*, *bjelke* < *biålke*, *bjærkrei* og *bjarkrei* gards- og soknenamn (*Biarkreims* gen. 1388, *a Bierkreime* 1403) Dal., *fjædl* (mn. til *fiels* XIII 94<sub>10</sub> 1428) og sumstad i Ryf. *fjædl*; *fjæra* f.; (g) *jedna* < *giarna*; *hærrann* Mn. < *Hiærande*; *jerta*, *jarta* < *hiarta*; *enjel* Mn Ryf. < *Ingielder* < *Ingialdr* — med umsyn paa *e* (*e*) i *ey*-jfr. *engvall* Mn Ryf. Dal. < *Ingvadr* —; *jælsa* grdn Ryf. (*Hielsse* Sk. 19, *a Jalsa* 1345); *jedn* (< *iarn*), i Suldal *jadn*, *jodn*; *jær*(*ø*)n, *te jærs* (< til *Iadars*); *Gedvard* (i Norg. matr.) *Iatvardr*; *njærei* grdn Jedr. < *Niærdarheimr*, skr. *a Nærdheme* 1445; *njædl* Mn < *Niål*; *sjellå*, -o < *sialdan*; *sjæl* (< *siålfr*) Dal., medan *sjøl* i Ryf. Jedr. er fraa dei ljodbrigda formerne *siolf*, *siolfom*; ? *Skilli* Mn De Fine < *Skjelgjen* 1644 (Mld) < *skjelgje* < *Skiålge*; *sjelva* v. (*skialfa*); *døv* f., »portion«, Dal. — *jødel* Mn (< *Liøtolfr*) Jedr. Dal. (? *Njøl* Mn De Fine < *Ljøl* — ved dissimilation — < *Liødolfr*); *jøsæn*(*fjor'n*) < *Miøsund*?; *sjø* m. < *siør*, men i Ryfylke *sjoarveg* ofl. smn. med *sjoar-*, sjaa Nbm XV s. 108; *snø* m. < *sniør*; *Tjøn* Kn (Varhaug 1679, De Fine ofl.) < *þiødunn*.

**6.** Hovudbrevi hev berre former med *a* i *þan*, *þat*, *þar* t. d. IV 1145·54·55. (*þingat* ibid.<sub>41</sub>).

Merkn. 29. I hine gnorske brevi er formerne med *a* dei vanlege i desse ordi. I bygdebrevi stend soleis alltid *a*, so nær som i IV 227 (Hestbø 1336), der me finn *þæt* og *þer*; men i dette brevet, som hev austnorsk maal, er ikkje anna aa venta. I eit stavangerbrev fraa 1345 stend *þer* (for *þar*) og *þæt* jamsides med *þat* (IV 295; vid. av 1346), men elles hev ogso stavangerbrevi jamt *a* i desse ordi. Av andre nærskyldte ord

finn me i desse brevi: *þatta* asn I 63<sub>16</sub> (Stav. 1270) *þadan* IV 90<sub>82</sub> (Stav. 1314) *þædan* IV 109<sub>18</sub> (Stav. 1315) IV 156<sub>17</sub> (Sand 1322) *þedan* IV 147<sub>33</sub> (Stav. 1321); *þegatt* II 54<sub>27</sub> (Stav. 1299, jfr. *hengat* V 55<sub>8</sub>, 1310); *þaghar* IV 263<sub>5</sub> (Stav. 1342) for *þeg(h)ar*, som ogso her er det vanlege. — Um at for *þat*, sjaa Merkn. 54.

Merkn. 30. I desse bygder er formerne no *den(n)* eller *den(n)*, *dæ*, *dær*, *der* (*dør* Dal.). *e* synest elles ikkje vera mykje gamall her i dette høve. Det er fyrsta umkring 1400 at *e*-former kjem noko større upp i brevi, og *a*-former raakar me paa endaa etter 1450; jamvel i 1554 hev eit brev fraa Stavanger *thann* asf. (VI 78<sub>28</sub>). — *þegat* heiter no *dega* (= dit) Ryf.; *hega* (< *hegat*) I Suld.

Merkn. 31. Eit par andre ord, som i brevi fraa Rogaland skifter med *a* og *e* i stommen, kann umtalast her. *val* adv. (vel) X 411 (1275), ogso *vel*, *uèll*, som det oftast heiter. I staden for *verðr* 3sp (av *verða*), som ogso i brevi fraa dette maalvaldet er det vanlege, stend *warder* IV 927<sub>14</sub> (Setberg i Aardal, Ryf. 1451) *wardher* IV 952<sub>12</sub> (Stav. 1463). Baae brevi er so sterkt paaverka av austnorsk at me ikkje av deim torer slutta at *warder* hev vore vanleg bruka eller i det heile bruka i rygsk tale i det 15 hundr. Naar det i vaare dagar heiter *vårta* for *verta* m. st. i Ryfylke (t. d. Finnøy, Karmt, Suldal) liksom i SSunnhordland og Røldal, medan Dalarne og SJederen hev *verta*, hev dette visseleg mest sin grunn i ein utbreidd rygsk yvergang *e* > *å* (høg *a*) framfor *r* + konsonant, t. d. *årta* for *erta*. Kor gamall denne yvergangen kann vera, er enno ikkje paavist, men det er ikkje utenkjelegt at han er likso gamall som dei umrødde tvo brevi med *warder*.<sup>1</sup> At *warder* i desse brevi ikkje hev noko med det nyrygske *varta* aa gjera, er ogso klaart av den grunn at det berre er i infinitiv at der i Ryfylke og dei fyrrnemnde bygder er *a*, medan præs. indik. — so vidt det er kjent — allstad hev *e*, t. d. *vertə* Suld. *varta* hev soleis svipen av ei tiljammingsform, liksom *vårå* paa dei same staderne for *vera*. I den eldste austnorsk er det derimot nettupp 3pers. sing. præs. som hev *a* (gtrøndsk *vardr*), medan *varda* i inf. ell. 3pers. plur. ikkje er paavist fyrr enn i tidleg mnorsk (sjaa Kong. s. 26, Hild. s. 96 under *vara*, G. Tr. s. 67). Ogso i nytrøndsk finn me *a* berre i præs. sing. *vat*. Det er likt til at det i austnorsk er i dette høvet (*verðr* > *vardr*) at yvergangen hev byrja i dette ordet umkr. midten av 13 hundr. Det som her er sagt, gjeld ikkje formerne av *verða* i Setesdalen, som skal verta umhandla sidan i denne boki.

7. Det privative præfiks er i hovudbrevi *ú-* (*v-*), men der er ikkje meir enn tvo døme *vsjuker* II 77<sub>b2</sub> II 78<sub>3</sub>.

Merkn. 32. I dei andre brevi fraa gnorsk og mnorsk tid finn me ogso oftast *ú-*, men ender og daa *ó-*, soleis i nokre gamle stavangerbrev: *onada* II 54<sub>20</sub> (1299) *olæifuis* adv. IV 306<sub>24</sub> (1346) *olydni* III 434 (1277—1303).

Merkn. 33. I bygdemaali i Rogaland og yver heile Sudvestlandet fraa Sogn til Langesundsfjorden er det privative præfiks i vaare dagar *u-* (ell. *u-*, *eu*) baade ute med havstrandi, i fjordarne og i fjellbygderne i Kristiansands bispedøme.

Likevel er der merke etter *ó-* i eldre tider ogso i denne landsluten. Dei gamalnorske brevi kann dessverre ikkje gjeva fullnøgjeleg opplysning,

<sup>1</sup> I Ark. f. n. Fil. XXVIII (1912) s. 219—256 hev stipendiat Olai Skulerud i ein artikel „Om pronomenet *kuar* i norske maalføre, færøisk og islandsk, og i forbindelse dermed om lydovergangen *æ* > *a* i vestnordisk“ gjeve mange verdfulle opplysningar um denne yvergangen i norsk.

med di dei hev for faa dōme paa bruket av partikelen. Men det er like fullt merkande, at endaa um hovudregelen for heile Sudvestlandet etter brevi er *ú*, finn me daa ogso *-ó* i nokre bygdebrev fraa gnorsk tid, soleis i 2 brev fraa Lustr i Sogn D. N. II 146 (1322) og I 174 (1324), i 5 brev fraa Voss V 61 (1315) III 157 (1330, *ó*- og *ú*-) I 219 (1332, *ó*- og *ú*-) I 304 (1347) I 321 (1350) og i eit brev fraa Dalarne IV 71 (Soknedal? 1307). Fraa Bergen er der ikkje faa brev med *ó*, fraa Stavanger ogso nokre (sjaa Merkn. 32), og fraa Skien, byen for Telemarki, hev 3 gnorske brev *ó*-. D. N. I 116 (1308) II 123 (1315) II 156 (1325). Stormengdi av desse bergensbrevi og nokre av deim fraa Voss og Sogn er fulla skrivne paa nordvestlandsk, og sume andre er paa vanlegt kancellimaal eller næmast trøndsk, so dei kann hava lite eller inkje aa tyda. Men det vert likevel nokre atter, t. d. D. N. III 157 (Voss), IV 71 (Dalarne), II 123 (Skien, d. e. her = Telemark), og sameleis i fraa Hardanger, ein liten grand yngre (VI 249, Aga 1361), som alle hev so mykje av dialektmerke elles at dei tilsaman gjer det trulegt at der omkring 1300 hev vore nokre flekkjer med *ó*- her og der paa Sudvestlandet, i dei indre bygderne i Bergens og i Stavanger bispedōme og i Telemark. I diplom i fraa tidi etter 1350 eller i millomnorsken finn me mykje av denne *o*- fraa mest alle kantar; men i denne tidi kom den svenske paaverknaden attaat, og det vert slik maalblending at det er raadlaust aa byggja paa skrifti i dette stykke. Meir hev det aa segja at me finn *ó*- ein hende gong her og der i eldre nynorske uppteikningar fraa eit par stader paa Sudvestlandet. Soleis i den sunnhordske visa *I rykande over aa fykande vind*, i Gamle norske folkeviser ved Sophus Bugge fraa Eidsberg i Telemark (*óvin* s. 24 i visa um Huga-ball), og sameleis i Landstads folkevisor fraa Telemark (*ólik* s. 433; *óven* s. 226 < *óvinr* ofl.). Um ei yvergangstid med samanblending av *ú* og *ó* i denne stoda synest enno nokre ord her og der i sume maalføre aa bera vitne. I Telemark — der partikelen no er *u* — hev dei i sume ord ogso *u*- for *ov* (= gn. *of*), der *ú*- maa vera framvaksen av *ov* paa den maaten at *v* hev falle bort og at *o*- deretter hev slege lag med det privative præfiks i andre ord og vorte *u*-, t. d. *uhymen* adj. (Moland) morsk, vond, (= *hynen*) < *\*ohynen* < *ovhynen*; *umisjavn* adj. (= *misjavn*) av *\*omisjavn* < *ovmisjavn*; *us(k)jyvar* adj. (= *skyver*) < *ovskjyvar*, jfr. gn. *búskylfr*. Paa Jederen *ukunale* adv. (= *kunale(ge)*) < *\*ofkunalega*, ovleg. I Hordaland *uhiren* adj. (= *hiren*), og *usein* (= *sein*) < *ovsein*. Med det siste dōme kann ein samanlikna *osein* (= *sein*) < *ofseinn* paa Sunnmøre, der det privative præfiks er *o*-.<sup>1</sup> Skulde det privative præfiks paa Sunnmøre eingong gaa yver til *u*, kann det knapt vera tvil um at *osein* ogso der vilde verta *usein*. Svagingi i uttalen av *óskedaude* m. (= *uskaddaude* Aasen), i Hard.: *o<sup>u</sup>skadæue*, i Tel. *óskedaue* og *uskedaue* synest ogso hava sin grunn i villræde fraa ei slik yvergangstid, so tvo ord vart samanblanda.

Som det sidan vil verta utgreidt, høyrer maali paa Færøyarne og Island til denne same sudvestlandske maalgreini. Paa Færøyarne er den

<sup>1</sup> Visa um Steinnfinn Fefinson byrjar so hjaa Landstad s. 39:

*Deð var einom komu manne  
kom sá seint um kveldi.*

Avbrigde hjaa Landstad til *einom komu manne* er *eino kono (manne)*, *ein av komu manne*, *ein okono manne*, *einom koma manne*. Moltke Moe (Norvegia 1902 s. 64 og 68) hev dessutan *ein av kámonnmanns* og *kómenmann*. Ugreida torer hava sin grunn i forvansking og mistyding i yvergangstider av ei opphavstekst: Det var *ein okunnugr* (o: ukjend) *maðr*. Avbrigi *ein okono mann's*, som er det beste, og *eino kono (mann'e)* — der songaren hev skilt ordi gale og gjort *ó*- (i *okonnug*) til ending i artikelen (*ein-o*) fyreaat — peikar paa eldre *ein okonnug mann'e*.

privative partikel *ó*, baade i dei gamle diplom i og i uttalen (*ou*) der no. Paa Island er det like eins i vaare dagar *ó*-, og skal ein døma etter dei eldste handskrifter, hev det ogso i det 12te hundr. vore *ó*-; naar me raakar *ú*- i islandske skrifter, synest det vera paaverknad av norsk skrift, som sidan, i utgreidingi um islandsken skal verta paavist. Av dette dreg eg ut: Det privative præfiks *ó*-, som me lyt tenkja oss i fyrstningi, straks etter yvergangen fraa *un*-, paa grunn av ymislege aksenttilstand hev tevla med *ú*- mange stader, hev i vikingtidi (t. d. umkr. 900) havt et stort, kanskje det største, raaderom ved sida av *ú*- paa Sudvestlandet, men hev sidan vike undan for *ú*-, som fekk studnad austanfraa. Alt i det 13de hundr. hev *ú*- havt yvertaket i bygderne fram med havsida, der samferdsla var størst, medan *ó*- sumstad i dei indre fjordbygder og fjellbygder heldt seg lenger, so der endaa til finst merke etter honom i eldre nynorsk. Paa Island og Færøyarne var dei utanfor den nemnde paaverknaden austanfraa; her fekk derimot *ó*- studnad fraa Nordvestlandet, Trøndelag og Haalogaland, som enno for det allermeste hev *ó*-. Um Shetlandsmaalet sjaa Hild. s. 71, 7.

Eit godt bilæte av den gamle tevlingi hev me endaa sume stader i landet, t. d. i Sunnfjord, tett nordanfor den noverande *ú*-grensa; der hev sume grender *ó*- og sume *ú*-.

8. Halvljoden i hovudbrevi er *e*, som me kann sjaa av det, at same avstytingsteiknet ofte vert bruka for endingi *r* etter konsonant som for ljodbandet *er*. Soleis i II 77 b: *sylfr*<sub>16</sub> *vsuiker*<sub>2</sub> nsm, og *míner*<sub>6</sub> npm; umsnutt vert stavingi *er* ofte teikna med berre *r*, t. d. *fyrernemdr* npm IV 114<sub>57-60</sub>. Full og klar klang hev halvljoden likevel ikkje havt, med di me ogso finn honom skriven i gong *u* i *yður* dpl IV 114<sub>3</sub>. Eit par gonger finn me *a* i *Petar* I 168, II 131<sub>7</sub> (*Petr* IV 114<sub>18</sub>); men dette kann vera ei gammal sjølvstendig tvostavingsform paa den tid det her gjeld.<sup>1</sup>

Merkn. 34. Halvljoden ovrar seg fyre 1300; soleis *videren* nsg (for *vidrenn*) II 39<sub>12</sub> (Stav. 1297). Umfram halvljoden *e* finn me i andre gnorske diplom fraa desse kantar ogso — men sjeldan — *a*, t. d. *okkar* (< *okkr*) IV 71 (Soknedal? 1307), *brødarner* XIV 6<sub>17</sub> (1345; Am avskr.), og *u*, t. d. *korsbrødunner* IV 335<sub>4</sub> (Stav. 1348) = *brødenner* III 116<sub>11</sub> (Stav. 1319).

Merkn. 35. I den mnorske tid vert det meir med døme paa halvljoden, og daa vert det ogso meir med *a* og *u*. Etter alt aa døma er det likjende til at der hev vore *u* i sume indre bygder i Ryfylke, som serleg nokre diplom kunde bera vitne um (XVI 44 paa eit nærskyldt maalføre fraa 1402, XV 55 fraa 1426), og sameleis er det rimelegt at der hev vore *a* i Dalarne (IV 548, 1388); ogso *o* kann me finna, t. d. i XVIII 38 (Eikers. 1399, vid. fraa 1469): *ockhor*, *okor*, *merchor*, *þorolffvor*, *Roaldhor*. Endaa so seint som umkr. 1400 er det likt til at halvljoden sumstad ikkje hev havt klar sjølvstendig klang, men hev jamna seg etter vokalen i fyrevegen, t. d. *var þad min domor fullur ok aller* V 419<sub>12-13</sub> (1402). Umkring 1400 tek elles *r* til aa falla burt i nom. sing. av substantiv og til deils i andre

<sup>1</sup> *Petar* er ikkje sjeldsynt i norske brev i tidi etter 1300; det finst ogso no og daa i eldre sudvestlandsk. I Sunnhordland liver det enno i *petarteigen* (o: *teigen*) grdn paa Stord (skr. Peterteigen Matr. no. 62, Ngn XI, s. 146). Formi kunde synast innkomi fraa austlandsk, der halvokalen er *a*, og for dette talar einstavingstonelaget, som det nemnde gardsnamnet (etter Rygh) no hev. Men der er ogso ei gammal tvostavingsform av ordet, som me finn alt umkr. 1200 i islandsk: *petar*, *petax* Eluc. 578:9 Homil. 2338 ofl. st., lenge fyrr halvokalen hev vorte til. Og dei eldste formerne paa *-ar* i norske brev kann likso snart høyra dit.

høve, medan halvljoden stundom kann halda seg, t. d. *stemfnodagh* nsg IV 60<sub>48</sub> (1392); *Brinildæ* nom. IV 806<sub>13</sub> (Eik 1418; jfr. *Brinniller* nom. IV 804<sub>7</sub> Eik 1417); *Eivinde* nom. IV 818 (Ryf. 1422); *okko* pron. for *okkor* (< *okkr*) IV 968<sub>8</sub> (Bø 1469; no *okkø* Jedr.); *silffue skal* IV 987<sub>14</sub> (1478); *ffornemdo* ptc nsm VI 684<sub>4</sub> (1523); *Odhe* (< *Oddr*) IV 1081<sub>8</sub> (Jedr. 1522).

Merkn. 36. Burtimot 1500 vert nominativformer som *Tormodh*, *Eivindh*, *Tordh* vanlege; men i mange andre høve, helst i visse substantivformer i fleirtal, i verb og adjektiv held halvljoden seg den dag i dag, og er i Ryfylke og paa Jederen *ø*, som her kann vera gamall *e*, *o* ell. *u*: *bøk'ær*, *bøg'ær* Ryf. *bøg'ø* Jedr. *ligg'ø*, *sjug'ø* < gn. *bøkr*, *liggr*, *siükr*. I indre Suldal hev eg høyr't *odd'ø* Mn. (< gn. *Oddr*), men ikkje i noko anna namn eller substantiv i eintal. I Dalarne er halvljoden *a* i former som *bøg'a*. Ord som *vägl*, *sökn*, *äkr*, *vatt* vert enno uttala som reine einstavingsord i Aakre og Ferkingstad paa Karnt.

**9 a.** Dei fallande tviljodarne vert i hovudbrevi skrivne *au*, *ei*, *øy*, t. d. *raudø* II 78; *Steinslande* ibid.<sub>9</sub> *Røykianese* ibid.<sub>17</sub>. Undantak er *þæira* I 168<sub>24</sub>.

Merkn. 37. Soleis og i hine brevi fraa gnorsk tid; sume hev likevel *æi* for *ei*; eit av dei allereldste brevi hev *ey* for *øy* (I 63, 1270); eit anna hev *øi* (II 35, 1295) og 2 hev *xy* (IV 54, 1302; IV 340, 1348).

Merkn. 38. I mnorske brev finn me ogso for det meste *au*, *ei*, *øy*, stundom *æi* for *ei*, ender og gong *ou*, *ow* for *au*: *lowk* 3 si IV 518<sub>12</sub> (1380) *howgh* IV 877<sub>24</sub> (1440) *loupaa's mæssø* II 748<sub>13</sub> (1442) *Owstha* (ø: Austad) IV 1081 (1522), *ey* for *ei*: *steynen* for *steinen* asg IV 877 (1440), *ey* for *øy*: *heyrt* I 476<sub>12</sub> (1383), *xy* for *øy*: *hæyra* IV 806<sub>1</sub> (1418), ogso *øi* for *øy*: *høiræ* IV 1008<sub>1</sub> (1490) *høira* IV 518<sub>1</sub> (1380).

Merkn. 39. No er uttalen av tviljodarne mest *öu* (*øu*) *ei*, *øy*: *röu'ä*; *steidn*; *röyg*, m. Jedr. SRyf.<sup>1</sup>. I Sand og Suldal nærare *au*: *räu'ä*, *häuk*, i Dalarne *öu*: *höu'ä* (< gn. *haukr*); og i Suldal *äi* for *ei*: *stüindulp* (steindolp) *häiadnø* (mesta *häiadnø*), og *oy* for *øy*: *oyadn(ø)*; fraa Dalarne er uppteikna *oy* og *øy*: *röyna*.

**9 b.** Stigande tviljodar er i hovudbrevi *ia* (*ja*), 1 gong *ie* (*Ingielder*) *io*, *iu*, t. d. *sialfom* II 77b<sub>2</sub> *jarðr* II 78<sub>11</sub> *hia*, *giof*, *vsinker* II 78. Merkande er *klykkyna* (med *ya* for *ia*) II 77b<sub>9</sub> og *Sifuean* (med *ea* for *ia*) I 168<sub>5</sub>.

Stigande tviljodar som byrjar med *u*, vert skrivne *ua*, *ue* osfr. t. d. *huar* II 77b<sub>11</sub> *huerium* I 168<sub>22</sub> *þuilkø* II 77b<sub>12</sub> *sue(f)de* IV 114<sub>59</sub>.

Merkn. 40. Soleis for det meste ogso i dei andre brevi. Likevel vert ikkje sjeldan skrive *ea*, *æa* for *ia*, *iü*: *frealses* gsg II 233<sub>24</sub> (1339, vid. 1347) *sea* (ø: *siä* v.) IV 63<sub>1</sub> (1306) ofl. dipl., ogso *sæa* IV 122<sub>1</sub> (1318), jamvel *sæia* IV 197<sub>1</sub> (1331) ofl. diplom; *rokea* v. II 48<sub>19</sub> (1299). For *io*, *iö* finn me ein hende gong *eo*: *Greothæimi* V 162<sub>9</sub> (1343), og no og daa *yo*: *Myothusi* I 70 (umkr. 1280). Triljoden *iau*, t. d. i *siautian* (IV 288<sub>13</sub>, 1345) vert ogso skriven *æau*, t. d. *sæautian* IV 120<sub>6</sub> (1317) *sæau* IV 117<sub>14</sub> (1316). I dei tvo eldste brevi I 63 (1270) og X 4 (1272—76) vert skrive *va*, *ve* osfr.: t. d. *sua*, *sveinn*, *tveggia*, *kviku*.

<sup>1</sup> Ordet svarar paa desse kantar i tyding baade til gn. *reykr* og til *hraukr*, liten hop, t. d. *tårvröyk*, liten torvstakk; jfr. *Røykjanes* (g) grd paa Ombo (*Jælsa-ombo*).

Merkn. 41. Som det er vanlegt annarstad i landet hev desse tviljodar ogso paa Rogaland vorte *ja, je, va, ve* osfr. I Suldal i Ryfylke hev eg likevel til deils høyrte ein uttale, t. d. av *fjædl, bjelke, spjell*, som er nær-mare *fiædl, bielke, spiell* (< *spiald*), der ljoden fyre *e* smakar meir vokal (*i*) enn konsonant (*j*). Noko det same kann ein høyra paa Island.

**10 a.** I staden for det vanlege ljodsamhøve millom endingsvokalarne *e* og *i*, *o* og *u* og stavingsvokalen i fyrevegen, som me kjenner fraa trøndsk og nordvestlandsk, er endingsvokalarne i desse hovudbrevi, som det fyrr er vist for II 77b, *e* og *o*, kva slag vokal det so stend i stavingi fyreaat. Soleis i II 78: *minne, Utsteine, kirkiunne, fyrer* (fullt utskrive fleire gonger i hdskr., men eit par gonger avstytt til *fyr<sup>s</sup>*, som i D. N. med urette er oppløyst *fyrir*) *einom, salotidom*; i IV 114: *fiske, þurfte, myken, kyse, þeire; misso, syslo, fylgðo*; i II 131: *lidet* ptc, *insigle, vithnesburðar, Baustom*; i I 168: *deghe, lydne, Sundaleiðe, engom, ymisom, setto* 3pi.

Undantaki fraa denne regelen — umfram nokre avleidings-endingar, som skal verta umrødde nedanfor, er desse:

i II 77b: *lidit<sub>14</sub>* (ptc) *insigli<sub>17</sub> vithnisburðar<sub>16</sub> guði<sub>2,3</sub> luti<sub>4</sub> eigi<sub>11,13</sub>*; *fullum aurum<sub>6</sub> kirku<sub>2,13</sub>*.

Av 56 tilfelle som i vanleg nyislandsk hev endingsvokalen *i*, endar her berre 7 paa denne vokalen, medan 49 endar paa *e*, og av desse er der 18 mot alle reglar for ljodsamhøve.<sup>1</sup> Av 40 tilfelle som i islandsk hev *u*, endar her 36 paa *o*, derav 19 mot reglarne for ljodsamhøvet; —

i II 78: *deghi<sub>13</sub> insigli<sub>27</sub> gudi<sub>3,5</sub> luti<sub>9</sub> eigi<sub>20,24</sub>; kirkiu<sub>24</sub> kunnu<sub>15</sub> hofuð<sub>7</sub>-okul<sub>6</sub>*. Av 47 tilfelle hev 40 endingsvokalen *e* (derav 21 mot ljodsamhøvet), og av 32 tilfelle hev 28 vokalen *o* (av deim 16 mot ljodsamhøvet); —

i IV 114:<sup>2</sup> *heimilis<sub>14</sub> vithnisburðar<sub>68</sub> Munkklifi<sub>41</sub> insigli<sub>69</sub> fiskinne<sub>10,34,67</sub>* (men *fiske<sub>28</sub>* ofl.) *eigi<sub>42</sub> þeiri<sub>67</sub>* (men *þeire<sub>10</sub>* ofl.); *miduiku<sub>4</sub> buðu<sub>66</sub> brutu<sub>17</sub> skutu<sub>65</sub>* (men *vndo<sub>23</sub>*) *kirkiunna<sub>20</sub> asg, sundrþykkju<sub>58</sub> nyu<sub>67</sub> (nyo<sub>38</sub>) hofðu<sub>40</sub>* (*hofðu<sub>23</sub>*, 4gg), *vorðu<sub>68</sub>* 3pi (av *veria*), *tilloghu<sub>33,37</sub> Hundvoku<sub>45</sub>*. Av 138 tilfelle hev 129 i dette brevet, som er det lengste av alle hovudbrevi, endingsvokalen *e*, av deim 62 mot reglarne for ljodsamhøvet; av 102 tilfelle hev 90 endingsvokalen *o*, av deim 35 mot ljodsamhøvet; —

<sup>1</sup> Præpositionen *fi<sub>4,17</sub>* med tvissam oppløysing (*fire?*) er ikkje medrekna paa nokor sida.

<sup>2</sup> Avprentet i D. N. hev *biskup<sub>61</sub>*, medan ordet i hdskr. liksom i alle desse brev i avstytt *bþ*, som etter maalføret sin bygnad skulde vera oppløyst *byskop* (jfr. D. N. II 131 fraa 1266, der hdskr. hev *Th(orgils) m<sub>3</sub> guðs miskunn byskop i stavangre*); *byskop* og *biskop* er dei vanlegaste former i ryggjamaalet; *bysscop* finn me endaa i nyn. tid (VI 7331 1537), og *biskopen* hev vorte nyrugsk *bispen* eller *bespen* (alt i 1533 skr. *bespen* VIII 639). Diplomataret hev ogso *eigu<sub>19</sub>*; hdskr. hev her *eign*; *fyr<sup>s</sup>* er i D. N. oppløyst *fyrir*; men med di brevet aldri hev *i* etter *y*, men alltid *e*, (*myken, lyke*), og etter di brev med same maalform skriv *fyrer*, naar ordet er heilt utskrive, maa det verta oppløyst soleis (*fyrer*) ogso her. Sameleis maa *eft<sup>s</sup>* i hdskr. verta oppløyst *efter*; D. N. hev *eptir*.

i II 131: *Ingimundr*<sub>7</sub> *segir*<sub>10</sub> *oyri*<sub>5</sub> *Sunniu*<sub>9</sub>. Ogso i dette brevet er *fyr*<sup>s</sup> uretteleg uppløyst *fyrir* i diplomataret. Av 16 tilfelle hev 13 *e*, av deim 9 mot ljodsamhøvet; av 9 tilfelle hev 8 *o*, av deim 4 mot ljodsamhøvet; —

i I 168: *lidi*<sub>7</sub> *insigli*<sub>26</sub> *sinni*<sub>26</sub> *vitni*<sub>15·16·18</sub> *vitnisburdar*<sub>26</sub> *vndir*<sub>19</sub> (men *vnder*<sub>21</sub>); *allu*<sub>2</sub> *allum*<sub>12</sub> *huerium*<sub>22</sub> *settum*<sub>26</sub> *sinum*<sub>1</sub> *vitnum*<sub>16</sub> *fluttu*<sub>11</sub> *skylldu*<sub>17</sub> *hoyrdum*<sub>9</sub> *Ionsuoku*<sub>8</sub> *monnum*<sub>12·13</sub>. Dette brevet hev *f*<sup>s</sup> 4 gonger for *fyrer*; diplomataret hev her uppløyst *firir*(!). Paa grunn av den sterke avstyting er dette ordet ikkje her medrekna millom tilfelli. Av 49 tilfelle hev 41 *e*, av deim 13 mot ljodsamhøvet; av 34 tilfelle hev 22 *o*, av deim 7 mot ljodsamhøvet.

Endingsvokalarne i undantaki syner at det er paaverknad fraa det vanlege ljodsamhøve i trøndsk og nordvestlandsk skrift som er grunnen til deim, med di dei alle gjeng inn under reglarne for dette ljodsamhøve. Naar det vert skriva *i* eller *u*, er det alltid i slike høve at det etter regelen for ljodsamhøvet skal vera so, medan me i desse brevi ikkje finn til dømes *i* etter *a*, eller *u* etter *o*.

Merkn. 42. Av dei andre gnorske brevi fraa dette maalvaldet hev nokre regelrett utljodsvokalarne *i* og *u* i staden for *e* og *o*. Desse vert umrødde sidan i denne boki. Men stormengdi av brevi etterliknar, som det alt ovanfor er nemnt, det vanlege kancellimaal og dermed det vanlege ljodsamhøve (skifte av *e* og *i*, *o* og *u*). Etterlikningi vil likevel ikkje alltid lukkast vel, sjaa t. d. II 13 (1266) I 63 (umkr. 1270) X 4 (1272—76) II 54 (1299).

Merkn. 43. I dei mnorske brevi er der gjerne mykje *e* og *o* i endingar; men i den tidi finn me yvergang til *e* og *o* i endingar i ei mengd med brev ogso fraa andre kantar av landet, visseleg paa grunn av innverknad fraa svensk og dansk.

Merkn. 44. Som det alt ovanfor (s. 10—11) er nemnt, er den gamle endingsvokalen *e* i dette maalvaldet enno for det meste *æ* eller *e*. I Ryfylke og paa Jderen er han helst *æ*: *husæ*, *timæ*, *beþjednæ*. I Suldal, VKarnt («Siramaalet» millom Sandve og Veavaagen) og paa S Jderen er han ikkje ejaldan *e*, helst i tvostavingsord og framfor konsonantisk utljod: *husæ*, men *time* (*timē* Siramaalet), *braþe* m. (eine, Juniperus) I Suld.; *spenedl* m. sjaa *Spene* Aasen) *bendedl* (endaa *strendedn(æ)* I Suld.). I Dalarne er han ofte *e* i utljod (*hus'e*, *time* Heskestad, Helleland ofl.) og *i* framfor nasal utljodskonsonant: *støln* (Hellel.), *timn*, *holmn* Bjerkr. Heskest. Hell.

Endingi *o* i maalføret no stend oftast for gn. vokal + burtfallen nasal konsonant, og er sume stader *å* og sumestader *o*, *o*, sjaa Merkn. 135 her nedanfor. Den gnorske endingi *o* i utljod hev i dei fleste høvi vorte *ø* (eller *e*).

**10 b.** Utanfor hovudregelen um *e* og *o* i endingar stend i hovudbrevi:

*a.* substantiv med endingarne *-ill*, *-ull*, *-ingr*, *-ingi*, *-ing*. Der er elles berre faa døme paa slike endingar i brevi: *Ketil* IV 114<sub>27</sub> *kethul* II 77<sub>b4</sub> *messu okul* II 78<sub>6</sub>; jfr. E.isl. *ketill* i Rm 11<sub>26</sub>. — *vyrðingar* II 77<sub>b2</sub> *Faxstøð*.

*ingia* IV 114<sub>51</sub> -*inga*<sub>43</sub> (jfr. *Faxstøðengom* i brev med ljodsamhøve IV 51, Sand 1301, og *Haddengiadal* dat. V 55<sub>7</sub>, 1310) *erfingia* npl II 77<sub>b6</sub>. Jfr. Hom. IIIa, t. d. *brotning* 202<sub>7</sub>, og Rm I som hev *helfrunge*<sub>9</sub>. — Av substantiv paa *-ungr* hev hovudbrevi berre ordet for »konge«, som dessverre jamt vert avstytt; men dativen *könge* I 168<sub>2</sub> er vel *kononge*.

*-ulfr* som siste samansetningsled i mannsnamn hev *o* i *onnolfe* dat. II 77<sub>b15</sub>.

*-mundr* i sisteleden av samansette mannsnamn hev *u* i *ingimundr* II 77<sub>b1</sub> 78<sub>1</sub> *osmundar* gen. II 77<sub>b7</sub> *Ogmundr* IV 114<sub>16</sub> ofl.

Merkn. 45. I vaare dagar hev maalet i Rogaland substantiv paa *-edl* (*-édll*, *-ædl*), *-el* (*-il*, *-æl*), t. d. *kvervedl* m. (< gn. *kverfill*); *løfedl*, *løjedl* m. (< gn. *lykill*) heiter *lykédll* i den inste kverven i Roaldkvam i Suldal, liksom det der er *bendédll*, *jukédll* osfr.); *råunæsjevedl* m. skjeven kjepp av raun, Roaldkv; *anjil* m. tein paa greip, < \**angill*. Mannsnamnet *Ketill* er enno vanlegt i Rogaland, skr. *Ketil*, *Kittil*, uttala *ketedl* Suld. *kedl* Gjestdal, *kēdæl* Jedr.; *Eiel* (i eldre nyn. skrift) < *Egill*; *enjedl* Mn (< *Engill*) Suld. Endaa *i* i det gamle *-hildir* i kvendenamn hev vorte til *e* i desse bygder: *horjella* < *Borghildir*, *maynella* < *Magnhildir*, *ragnella* < *Ragnhildir*, alle dømi fraa Suldal; *gonel* (< *Gunnhildir*) Dal., men *gonill* Karmt (*gonla* Jelse); jfr. skrivemaatar fraa nyn. tid som: *Bodel* 1742, *Bodild* 1676 < *Bóthildir*, *Brynell* < *Brynhildir* ofl. Gn. *-ull* hev sameleis vorte *-edl*, *-ædl* osfr., t. d. *angnedl* m. (< *ongull*) *ijedl* m. (< *igull*) *ståbedl*, *ståbæl* m. (< *stopull*) *tenedl* m. (< *finull*) *våndedl* m. (< *vondull*) Ryf. — Substantiv paa *-ing* og *-ong* (< gn. *-ungr*): *gamling* m. *kering* f. *spinning* f. *sigling* f. *horing* m. (< gn. \**hirdingr* = *hirdingr*) Ryf.; *gronning* m. (< *grunningr*) *kuvong* m. (< gn. *kufungr*) *tomlong* m. (< *þumlungr*) Ryf. Jedr.; *vinterstøing* m. (sjaa *Vetrstöda* Ross) Jedr.; sumstad *-onje* Suldal, eller *-unje* Dalarne: *áronje* m. (aarsgamall øyk), *vettronje* m. (aarsgamal rein ell. kalv) Suld., gn. *vetrungr*; *veddrunje*, Dal. *volsunje* m. (stor dokka) Dal. < \**volsungi*. I samansetning *-ong*: *áronngs- áronks-*: *áronngsfole* m. (aarsgamall hest) *áronngsfylja* f. (aarsgamall merr), *tionngsfrons* f. (kviga som er 3 aar gammal, jfr. *Tidung* hjaa Aasen og *Frum*s f. hjaa Ross), *vetronngs frons* f., kviga som er 2 aar gammal, Suld.

Merkn. 46. I andre gnorske og mnorske brev fraa Rogaland er *-olfr* vanleg i sisteleden av mannsnamn, t. d. *Osolfuer* IV 331 (1348) *Asolfuer* V 162 (1343) *Botolfs* I 193<sub>20</sub> (1327) ofl. br. *Gunnolfuer* IV 152 (1322) *Letholfuer* XIII 93 (1429) *þiostolfs-* IV 609 (1392) *þorolffur* IV 335 (1348) ofl. br. *Veikolfs-* I 311 (1348). Men stundom er der *-ulfr*: *Biorghulf* IV 331 (1348) *Bergulfs-* X 187 (1446) *Berghulfuer* IV 869 (1438); jfr. med *-olfr*: *Börggolf*, *Börggol* IV 957 1465); *Botulfuer* IV 446 (1365) *Gvinnulff-* IV 1061 (1513) *Heriulfs-* IV 943 (1459); *Øyiolffuer* IV 512<sub>17</sub> (1379), jfr. med *-olfr*: *Øyiolfr* IV 84<sub>13</sub> (1430).

Til desse endingar svarar no *-æl* i *kjöstæl* Ryf. *kjystæl* Jedr. (foraldra) < *þiostolfr*. Av dei ymse ulike skrivemaatar i eldre nynorsk tid maa me slutta, at der umfram det vanlege *-olfr* (*-ólfr*) ogso hev vore *-ulfr* i gnorsk tid sumstad i maalvaldet, venteleg i Dalarne og Nordaust-Ryfylke. Det sistnemnde namnet vert i eldre nynorsk tid skrive *Þiostolf* (< gn. *þiostolfuer* II 370 1360), men ogso *Þiostu* (< gn. *þiostulfs* II 596 1407), umfram *Kjostel*, *Tjostel* De Fine, *Kjöstel*. Av skrivemaatar for *-olfr*, *-ulfr* fraa skrifter i nynorsk tid er elles nemnande: *-aal*: *Odnaal* 1624 (jfr. *Onnolfe* dat. II 77<sub>b</sub>) < gn. *Ornolfr*; *-el*: *Brynjell* < *Bryniolfr*, *Leiel* < *Leidolfr*, *Ossel* < *O'solfr*, *Reggell* (Karnt 1662) < *Rikolfr*? *Tjøel*

< *þiodolfr*, *Torrell* < *þórolfr*; -o, -ol: *Toro*, *Torol* < *þórolfr*; -u: *Bjønnu* De F. < *Biørnulf*, *Reiu* Dal. < *Reiðulf*, *Guu* 1632 < *Gudulf*? *Steinu* < *Steinulf*; -ull: *Steinull* < *Steinulf*; -ulf: *Thorulf*, *Brynjulf*, *Randulf* Jedr. 1908; -uf: *Gunnuf* De F. < *Gunnulf*, *Reiuf* Dal. < *Reiðulf*. Vandare er det aa avgjera um *Hallou*, *Ljödou* 1627 er aa rekna til samansetningar med -olfr (-ólfr) eller med -ulfr (-úlfr). Um handsamingi av konsonantarne i desse endingar, sjaa Merkn. 136 nedanfor.

-mundr hev paa dei fleste stader i maalvaldet gjenge yver til mon(n): *gudmonn*, *omonn*, *ommonn* (gn. < *Qgmundr*), i Suldalen -mun(d): *Injemun ossmun(d)* (*ossmonn* Jelsa). Jfr. *Roamund* (< *Rámundr*) De Fine, *Vermund* i skrifter fraa nyn. tid, og *Rosemunda* Kn (1617).

Merkn. 47. Sisteleden i gn. *verold* sig i mnorsk tid ned til eit suffiks, som snart vert skrive -uld, t. d. *værudd* IV 753<sub>9</sub> (Stav. 1405), og snart -old, t. d. *værudd* IV 756<sub>9</sub> (Stav. 1406); i maalføret no *vær*, mest i b. form *vær o* (-å, -e). Jfr. *Fjorold* f. (m?), *Geirolld* m. hjaa Aasen og Ross. For *capitulum* finn me i gsg den norskare formi *capitols* III 627<sub>17</sub> (1416).

β. I hovudbrevi er der eitt adjektiv paa -igr og eitt paa -ugr: *kunikt* IV 1143<sub>13</sub> ofl. *skylldugha* I 168<sub>6</sub>.

Merkn. 48. Baade -igr og -ugr er i bruk enno i maalvaldet. -igr hev vorte -ig(ə): *fē'rigə*, *mēk'tigə* Ryf. Jedr. *ā'vigə* (blandingsform av *ofugr* og *afigr*) Ryf. Dal. -ugr er no -og(ə) i NARYfylke, t. d. i Sand og Suldal: *al'drogə*, *fē'rogə*, *le'ogə* (< *liðugr*). *min'nogə*, *rei'ogə* (< *reiðugr*) *vet'oge* (< *vitugr*) Sand, Suld., men i SRYfylke -äg(ə), som svarar til gnorsk -ogr, t. d. *le'ägə*, *min'nägə*, *skol'lägə* (< *skuldogr*), *sve'nägə* (< *svefnogr*) Karmt, Finnøy. Yvergangen til -äg syner seg alt fyre nynorsk tid i *syndaghe menniske* pl. IV 1074<sub>12</sub> (Stav. 1517), nyn. *sönnägə* Ryf. Fraa Jederen (Time) er uppteikna -og(ə) og -öu(ə): *skul'logə* (-u'gə?) skyldug, pliktug, og *sjyl'löuə*, skuldig, i gjeld; fraa Dalarne -og(ə) og -öu(ə): *leo'gə*, *vedogə* ell. -öuə.

γ. Hovudbrevi hev adjektiv paa -legr og -lægr: *vyrduleghr* IV 114<sub>15</sub> *æuenlægrar* ibid.<sub>60</sub> *æfenlegrar* II 77b<sub>12</sub> *vyrdulægom* ibid.<sub>9</sub> *vinattosamlegha* adv. IV 114<sub>60</sub>.

Merkn. 49. Av former fraa andre gnorske brev er serleg merkande *ællagar* adv. IV 117<sub>27</sub> Stav. 1316; denne formi synest eiga heima lenger aust.

Merkn. 50. I maalføri no er endingi -legə (-legə) Ryf. (*einslegə* Sand); -ligə i Suldal (*udømelig* adv.), Røldal; -ligə Kormt (*trivligə*); -le Jedr. (*ævele*, *sörjele*), -ligə Dal., men i vest -le som paa Jedr.

δ. Den etterhengde substantivartikelen hev i hovudbrevi mesta alltid vokalarne e og o, t. d. *daghen* II 77b<sub>15</sub> *stadarens* II 78<sub>6</sub> *leghenom* IV 114<sub>34</sub> *jordena* I 168<sub>12</sub> *eignena* ibid.<sub>25</sub> *klaustret* IV 114<sub>13</sub> *klaustrsens* ibid.<sub>52</sub> *loghpingeno* I 168<sub>9</sub> *lutena* apl. IV 114<sub>55</sub> ofl. Uvanleg er berre *fiskinne* IV 114<sub>10</sub> (3gg), *kirkiunne* II 78<sub>16</sub>, *kirkiunna* asg IV 114<sub>20</sub>, der i og u ikkje høyrer med til artikelen, men likevel er uregelrette; i bøyngningi av *fiske* finn me ogso e i *fiskena* asg IV 114<sub>22</sub>.

Merkn. 51. I dei andre gnorske brev rettast endingsvokalen seg etter stommvokalen som i kancellimaalet, t. d. i II 24 (1280 eller fyrr): *spitalsens*<sub>11</sub> *skyldina*<sub>14</sub> asg. I mnorsken kjem det sjølvsgagt meir uppatt av e og o.

Merkn. 52. I bygdemaalii no hev den etterhengde artikelen i mannkynsord og i inkjekynsord vokalen *e* (ə) i Ryfylke og Nord-Jederen: *stav'en*, *sko'jen*, *hai'jen* (< *hagenn*) *ba'hjen*, *ta'njen* (Skutnes), *nöustə*; i Time paa Jederen er der svaging millom *e* og *i*, *skojen*, men *ta'njin*, og i Dalbygderne *sko'jan*, *dahn*, *holman*, *ba'hjin*, men *fjed'le*. Med dette kann ein samanlikna dei nyryske former for dei gamle bøygningsendingar *-erner*, *m.* og *-ernar* f. i plur. av substantivi: *dren'jedn(ə)* *tuftedn(ə)* Ryf. *dren'jedn(ə)*, *sönnédnə* IRyf. (Roaldkv.), *dren'jin*, *tuptin* Dal. Dalarne held her fylgje med maalføri lenger aust.

ε. Det refleksive pronomer vert i hovudbrevet I 168<sub>19</sub> skrive *sek*. Akk. sing. av 1 og 2 personlege pronomer finn me ikkje døme paa i hovudbrevi. — Namnet paa landet er skrive *Noregs* gen. I 168<sub>1</sub>.

For endingsvokalen *e* vert skrive *æ* i *Magnusæ* dat. I 168<sub>1</sub> (i diplomataret *-e*).

Merkn. 53. I dei andre gnorske brevi finn me *sæk* refl. pron. XIV 6<sub>10-13</sub> (1345), men elles jamt *sik* II 13<sub>14</sub> (1266) 54<sub>10</sub> (1299) ofl. br. *mik* V 55<sub>12</sub> (umkr. 1310) II 109<sub>12</sub> (1311). Fraa mnorsk tid er uppteikna: *sek*, *segh* XIII 95<sub>15-18</sub> (1428) *segh* I 975<sub>4</sub> (1492) *seg* IV 1082<sub>16</sub> (1522), men ogso *sik* IV 616<sub>14</sub> (1392) *sigh* IV 803<sub>12</sub> (1417); *mek* X 187<sub>11</sub> (1446) ofl. br. *mik* I 476<sub>8</sub> (1383) *mig* V 419<sub>7</sub> (1402). No med open *e*: *mæg* osfr.

Namnet paa landet, som me helst finn i genitiv i desse andre brev fraa Rogaland, vert skrive snart *Noregs*, t. d. IV 51<sub>1</sub> (Sand 1301), og snart *Noræghs*, t. d. III 190<sub>14</sub> (Karmsund 1337), i mnorsk tid ogso *Norigs* IV 532<sub>4</sub> (Jedr. 1386) *Norigs* IV 531<sub>13</sub> (Jedr. 1386) IV 550<sub>4</sub> (Ryf. 1388) *Norighe* dat. ibid.<sub>5</sub> *Nories* IV 777<sub>4</sub> (1409) *Norig* IV 804<sub>5</sub> (1417)<sup>1</sup>. Formi med *i* er helst innkomi fraa maalføre med regelrett endingsvokal *i* for *e*, jfr. *Norigs* XV 22<sub>12</sub> (Lista 1364), og er kannhenda ogso paaverka av *-rike* i sisteleden av ord som *Sviariki*.

No vert namnet uttala *nåri* Ryf. (Sand, eldste slegt); *Norrig* De Fine 236. Um opphavet til landsnamnet, og um uttalen av det i maalføri i vaar tid, sjaa Norvegia II, s. 1—7.

11. Adjektivartikelen er heller sjeldsynt i hovudbrevi; me finn 1 gong *et: sua et sama* I 168<sub>17</sub> og eit par gonger former av *sá sú þat: fiskinne þeire forno* IV 114<sub>10</sub> *þeire same fiske* ibid.<sub>40</sub> *af þeiri nyu fiskinne* ibid.<sub>67</sub>. Aldri *hinn* eller *inn* i desse brevi.

Merkn. 54. Ogso i eit av dei allereldste av hine brevi fraa denne landsluten — med noko uregelrett ljodsamhøve — D. N. I 63, Stav. 1270, les me *kv ena fimtu*<sub>19</sub> og *af þi eno kvika fene*<sub>22</sub>; sameleis *eno* XV. *are* X 4<sub>1</sub> (Stav. 1272—76), *Suiþhuns vokudagh æn ofra* IV 156<sub>3</sub> (Sand 1322) *Suiþhunsuauku æftan en sidare* I 311<sub>3-4</sub> (Stav. 1348); samanstillingi her tyder paa høg alder.

I dei andre brevi fraa dette maalvaldet er umfram *sá* — t. d. *j þeim sama stad* IV 294<sub>6</sub> (1345) *þan sama dagh* IV 306<sub>12</sub> (1346) — *hin(n)* den vanlege artikelen. Alt i 1266 finn me *hins hælga Swithuns* II 13, utferda av stavangerbispen Torgils; like eins *hins hælga anda* I 70<sub>1</sub> (umkr. 1286). Jamsides med *hin* finst ogso *in*, men sjeldan, t. d. *jns helgha Blasvi* II 80<sub>3</sub> (Stav. 1306) *manadr matar bol itt stinna* II 107<sub>6</sub> (Stav. 1311). Den siste samanstilling ser mykje gamall ut, men *in* i denne landsluten høyrer vel eigen-

1 *Norges*, 1 gong i eit noko forsvenska brev fraa Hestby 1384 (IV 523<sub>14</sub>), er ei saman-dregi form av *Noriges*, laga etter *Norighe* dat., som dette same brevet hev i l. 2.

leg til eit maalføre som i det heile hev lika beter *i* enn *e* i stavingar utan ettertrykk; *enn* hev likevel vore bruka i baae desse slag maalføre. I staden for det nemnde ordelaget *itt stinna* er der ogso i same samanheng skrive *hit stinna* IV 120<sub>10</sub> (Stav. 1317) og *at stinna* II 109<sub>10-11</sub> (Stav. 1311) = *itt stinna* II 107<sub>6</sub> 1311), og med *e* i artikelen: *þess ix manadarmata bols en stinna* IV 147<sub>13</sub> (Stav. 1321). Um ikkje *at stinna* i dette gamle ordelaget stend for *þat stinna*, som vel ikkje er umogelegt (jfr. *at* konj. < *þat*, *an* konj. < *þan*, nyn., 'ot Smaal. < *det*), kann dette ordelaget jamførast med *at somu* = *hit sama*, som sumtid hev ført til samblandingi *hit somu*, sjaa NVestl. s. 38, noten under teksti. I det næstsiste av dei ovannemnde dømi (*bols en stinna*) kann skrivaren ha kome til aa utelata *s* i *ens*, fordi næste ordet (*stinna*) byrja med *s*, eller me hev eit døme paa ei ovring, som me ogso elles kann raaka paa, at former av *sá* og *hin* hev i dette maalføret stundom eit ubøygelegt *en* etter seg, naar dei er adjektivartiklar. Soleis t. d. *j maalstofunni þeiri en meiri* IV 147<sub>10</sub> (Stav. 1321), same brevet som i l.<sub>13</sub> hev *þess -en stinna*; likeeins i IV 129 (Stav. 1319) ofl. brev; *j sætzstofunni hinni en nyiu* IV 308<sub>7</sub> (Stav. 1346); jfr. *j malstofonne þeirri er (en) meiri* IV 117<sub>8</sub> (Stav. 1316).<sup>1</sup>

Det er mest likt til at jamsides med det eldegamle *sá* hev *en(n)* i fyrrlitterær tid vore den vanlege adjektivartikel i dette maalføret, soleis som t. d. *kv ena fimtu* i brevet fraa 1270 syner. Men so hev *en(n)*, *en*, *et*, naar substantivet slik som i det nemnde døme kom til aa staa straks fyre artikelen, lett vorte yverført paa substantivet og vakse saman med det til ei ending. Eit *manadarmatabol et stinna* maatte paa den maaten verta *manadarmatabolet stinna* som det ogso er skrive IV 129 (1319) 147<sub>18</sub> (1321), der berre den linne bøyging av adjektivet stend att som merke paa bundi form. At ein slik tilgang hev hjelpt til eller kanskje endaa er det næraste opphavet til framvokstren av ein etterhengd substantivartikel i norsk — og vel i alle norderlendske maal — synest lite tvilsamt, endaa um vokstren ikkje allstad hev byrja med *enn*-formi av artikelen. Men ved denne tilgangen maatte det snart reisa seg krav um aa gjeva adjektivartikelen *meir* ljodfang; og dermed hev dei tvo andre ord, som kunde vera artiklar, *sá* eller *hin(n)*, i dette maalføre vorte sette framfor *en(n)* jamvel fyrr det gjekk heilt yver til etterhengd substantiv-artikel, og baae ordi (*sá* og *enn*, *hinn* og *enn*) hev ei tid vorte bøygde i denne stoda soleis som i *þi eno kvika fene* i same brevet fraa 1270. Sidan — venteleg umkr. 1300 — hev *en* i denne samanstellingi fyrst mist bøygingi og vorte *en* i alle høve, og endeleg falle burt. I sume ordelag som *et sama*, (*Gudrunu Andorsdottor*) *en yngre* IV 957<sub>6</sub> (Jedr. 1465) o. fl. — sjaa dei her ovanfor nemnde dømi — hev det gamle bruket og yvergangsbruket halde seg lenger. Det er dessutan sjølv sagt at yvergangen hev gjenge for seg seinare i nokre bygder enn i andre. Jfr. um artikelen i islandsk lenger ute i boki.

Merkn. 55. Den bundne adjektivartikel er i Rogaland i vaare dagar alltid *þen*, *de*, *dei*, framvaksne av gn. *þen* (*þan*), *þet* (*þat*) *þeir*. Det dem. pron. *sá* synest ha fenge yvertaket yver *enn* og *hinn* alt i andre mannsalderen av 14 hundr. I 15 hundr. raader *sá* eller rettare *þen* aaleine utanfor visse faste ordelag, t. d. *a þes helghæ concilij weghnæ* IV 866<sub>13</sub> (1437) *fra þeiro storo hellonne* IV 877<sub>23</sub> (1440) *þa ranghæ afhefðh asg* IV 881<sub>20</sub> (1441) *then nyæ weden* (den nye veiti) IV 99<sub>427</sub> (1483). Fraa 16 hundr.: *the godhe forscriffne helgene* IV 107<sub>440</sub> (1517). Det er elles aa merka at adjektivartikelen sers ofte er utelaten baade i gnorsk og mnorsk.

<sup>1</sup> *er* og *en* vert bruka mykje um kvarandre i brev fraa denne landsluten, naar dei er relative pronomen; men her maa *er* vera misskrift eller misbruk.

12. *þ* vert skriven i framljod, *ð* i innljod og utljod, i det heile som i trøndsk. I II 78<sub>11</sub> stend *th* i namni *Thoralda* og *Thorgeirs* gen., som i II 77<sub>78</sub> vert skrivne med *þ*.

Med umsyn paa bruket av *ð* er der i dei 4 eldste hovudbrevi so god skipnad at dei truleg gjev oss eit paalitelegt bilæte av maalføret. Skrivaren kann nok ein hende gong gløyma striket i *ð*, so der kjem til aa staa *gud*, *kallad*, *sue(f)de* for *gud*, *kallad*, *sue(f)de*; men han skriv aldri *ð* for *d*. Der som me i desse brevi finn *ð*, torer me difor gaa ut ifraa at det ligg spirantisk uttale til grunn for skrivemaaten. Me finn daa:

*ð* i den vanlege stoda etter vokalar: *aðr* II 77<sub>b12</sub> *rað* II 78<sub>6</sub> *kostnad* IV 114<sub>9</sub> ofl. *yðr* II 131<sub>2</sub>;

*ð* etter *f*, *g*, *lg*, *m* og *r*: *krafðe* IV 114<sub>31</sub> *fyrersagðer* ibid.<sub>30</sub> *nøgðezst* ibid.<sub>43</sub> *fylgðo* ibid.<sub>18</sub> *juazsæmð* II 78<sub>26</sub> *burðar* II 77<sub>b14</sub> *førðo* IV 114<sub>41</sub>. Endingi *-sæmð* vert eit par gonger skrivi med *-d*, som kann tyda paa at *-ð* i dette høve hev vore paa yvergangen til *d*. — Korleis det hev vore etter *ng* kann me ikkje sjaa av desse brevi. I I 168 vert det fulla skrive *þyngðr*<sub>13</sub>; men dette brevet skriv ogso *Odz*<sub>10</sub> (for *Odds*) og *fyrnefnðr*<sub>13</sub> og hev altfor ofte *d* for *ð*. — Etter *l* er der ikkje døme. Etter *n* er der ikkje andre døme enn *vndo* 3pi IV 114<sub>23</sub> *synda* II 77<sub>b3</sub> II 78<sub>4</sub>.

Merkn. 56. Or andre brev er merkande: *fiolda* dsg II 39 (Stav. 1297, *-ð* vert ikkje bruka for *d* i brevet); *dømd* II 54<sub>21</sub> (Stav. 1291, — *ð* vert ikkje brukt for *d* i brevet). I I 63 (Stav.? 1270) vert *d* etter vokal bruka for *dd*: *greide*<sub>14-18</sub> 3si, *greidi*<sub>1-11</sub> 3si.

Merkn. 57. *þ* vert skriven i brev fraa Ryfylke til 1459 (IV 944), i Røldal endaa til 1462 (VIII 375); men *þ* maa ha vore burte i talen fyre den tid, med di *þ* og *t* vert forbytte i skrift, ikkje berre *t* for *þ* (*samtykkendom* XIII 95<sub>10</sub>) 1428, men ogso *þ* for *t* i 1446 (IV 898, Hinderaa: *þolgho*<sub>3</sub> for *Tolgo*). I ryfylkebrevi finn me elles *th* for *þ* i eit brev fraa 1384 IV 523<sub>10</sub>: *ther*, og *th* for *t* i fyrstningi av ord i eit fraa 1418 (IV 805: *thunum*<sub>5</sub>, *thuttum*<sub>6</sub> < *tuptum*). Men i det fyrste høvet er det eve-laust berre skrifteiknet *þ*, som hev vike i eit ord for det nye innforde teiknet *th*; og i det andre brukar brevskrivaren alltid *þ* i framljod, naar det etter gnorsk skal vera *þ* (t. d. *þeim*, *þui* ofl.), og alltid *th*, naar det etter gnorsk skal vera *t*, so nær som i *til*<sub>9</sub>. Baae ljodarne er soleis enno vel skilde i desse brevi. Det er fyrsta etter 1450 at *th* og *t* vert vanlege for *þ*, og at det vert skipling. I pronominale ord vert skrive *d* for *þ* fyrste gong i *der* adv. I 1022 (1507). — I brev fraa Jederen og Dalarne er der *þ* til 1442, daa me etter *at* konj. finn *t* i eit pronom: *at tough* (< *at þau*) II 748<sub>9</sub>. Slik tiljamning kann likevel vera gamall; i andre høve stend *þ* alt til 1475; paa denne tidi maa *þ* og *t* ha vore samanfalne til ein ljod, med di det vert skrive *þuennom* (II 895<sub>4</sub>) for *tuennom*. Alt i 1417 finn me elles her i eit brev *th* og *t* for *þ* (IV 804<sub>1</sub>), men dette brevet er skrive etter svensk mynster, og i andre brev er den skrivemaaten ikkje vanleg fyrr enn etter 1450. — I brevi fraa Stavanger er der *þ* til 1487 (IV 1002<sub>13-16</sub>); men alt i 1430 vert skrive *j wato oc tyrro* IV 842, i 1441 *tratnemdar* apf IV 881<sub>15</sub>, i 1445 *tolomodhe* dsg I 792; *th* for *þ* i

<sup>1</sup> Me ser her burt fraa *Th* for *þ* i propria, som me kann finna alt i dei eldste brev fraa alle kantar av landet etter latinsk mynster.

*thetta* IV 909<sub>1</sub> (1449; *peim*<sub>1</sub>). I 1451 vert skrive *pil* for *til* prp. (I 817), so ljodarne daa maa ha falle saman. Etter dette synest den klanglause spirant *p* ha teke til aa gaa or bruket i talen i Rogaland i mannsalderen fyre 1450.<sup>1</sup>

For *d*, som i denne landsluten kann paavisast i skrift gjenom heile det 14 hundr. aa kalla — t. d. *ædr* IV 548<sub>2</sub> (Dal. 1388) *gudes* IV 572<sub>2</sub> (Ryf. 1389) *godër* IV 606<sub>8</sub> (Stav. 1392) —, finn me *d* no og daa alt fraa tidi fyre 1300 — med II 13<sub>1</sub> (1266; stav.bispen Torgils) *kærde* II 3<sub>4</sub> (1292) —; men vanleg vert ikkje *d* i dette høve fyrr enn omkring 1360 eller noko fyrr. Umkring 1380 — i eit einskilt brev fraa Helgøy i Ryfylke alt i 1361 (IV 421: *hafdhe*<sub>12</sub> *ordh*<sub>5</sub>) — vert *d* til deils avløyst av *dh* (msvensk), t. d. *ædher* IV 525<sub>2</sub> (Stav. 1384) *biodha* IV 572<sub>13</sub> (Ryf. 1389) *andh* IV 531<sub>13</sub> (Jedr. 1386). I det 15 hundr. er *dh* det vanlege. Den spirantiske uttalen hev truleg halde seg likso lenge som *p* der som ljoden ikke fall heilt burt.

Merkande er skrivemaaten av *þórr* i sisteleden av nokre mannsnamn: *Bærgþors* I 63<sub>5</sub> (Stav. 1270) *Berþorsson* IV 605<sub>3</sub> (Stav. 1392) *Berdorson* IV 374<sub>1</sub> (Stav. 1355); namnet hev halde sig inn i nyn. tid med tvo former *Bertor* og *Berdor*. *Andor* IV 569 (1389) < gn. *Arnþórr*, skr. *Andoor* IV 840<sub>2</sub> (1429) ofl. br., nyn. *andor* Ryf. (Suldal). *Halldor* I 70<sub>16</sub> (1286) ofl. br. *Haldor* IV 902<sub>5</sub> (1314) ofl. br., nyn. *haldor* Ryf.

For *d* som fyrsteljod etter eit ord, som endar paa vokal, finn me i gnorsk, men mykje sjeldan, *d*: *ryfi dom* II 352<sub>6</sub> (1295) *j dagh* IV 72<sub>5</sub> (1307).<sup>2</sup>

Um *ð* > *t* og *ð* > *r* i 2 pers. plur av verb sjaa Merkn. 118.

Merkn. 58. I det nye maalføret hev *ð* jammaste falle burt der han i gnorsk stod etter vokal eller *r*, t. d. *góð* < *góðr*, *li'a* v. < *liða*, or n. < *ord*; jfr. slike namn hjaa De Fine som *Gar*, *Thor* < *Gardr*, *þordr*; *Thor-gjer*, *Siri* < *þorgerðr*, *Sigríð*. Dette burtfallet finn me merke etter so tidleg som fraa slutten av 14 hundr.: *Endrier* Mn (< gn. *Eindriðr*) IV 518<sub>3</sub> (Hestbø 1380); nyn. *endre* Ryf. ofl. *Anastovm* grdn (< gn. *A'nastodum*) IV 569<sub>3</sub> (1389; brev paa eit nærskyldt maalføre); *boruidar* gsg (< *borðvidar*) IV 525<sub>30</sub> (1384). *reetlingar* gsg IV 70<sub>15</sub> (1307) for *rettleidingar* er vel missskrift. At burtfallet i det store og heile hev vore gjenomført fyre nynorsk tid, torer me slutta av skrivemaatar som: *Owstha* IV 1081<sub>6</sub> (1522) grdn i Høyland paa, Jederen, matr.no. 35, no uttala *öüesta* < *Audastadr*? *Jærenn* III 1119 (Hestbø 1529) < *Jædrenom* dat.; *Liffuer* Mn IX 390<sub>5</sub> (Suldal 1484) skr. *Ledwarder* IV 909<sub>3</sub> (Stavanger 1449) < *Liduardr* IV 272<sub>2</sub> (Jedr. 1343), no uttala *levar*, Jedr. *levar* Suld.; *sie ryff* (sidebein) IV 1074<sub>25</sub> (1517); *skey* f. (< *skeið*) VI 684<sub>7</sub> (Ryf. 1523); *Haugskeine* grdn IV 849<sub>10</sub> (Hausken i Rennesøy 1431) < *Haugskeideno* dat., jfr. *Hauskeidhe* *ibid.*<sub>6</sub>; *beskelig* adj. IV 1035 (1499); *ffæm tölther bouer* (o: fem tylfter bord) III 1119<sub>11</sub> (1529); *Sivr* (< *Sigurd*) IV 1058<sub>6</sub> (1512). Jfr. ogso *gus* (< *guds*) II 920<sub>4</sub> (1482), no *guss*. Usemjá millom tale og skrift er grunn til villræde, so *d* kann koma inn der han ikkje skal vera, t. d. *Rydefylke* IV 1075<sub>5</sub> (1518), *þordhs-daghen* IV 799<sub>13</sub> (1415), no *tösdag* Ryf. (Karmt.).

No og daa finn me døme paa at *ð* etter vokal i nymaalet hev gjenge yver til *i* eller *u* og saman med vokalen vorte tviljod. Soleis gn. *að* til *ai* i *skailann* grdn (< *Skadland*), no skr. *Skailand*, matr.no. 39 i Heskestad; gn. *að* > *ou* i *döura* v. (< *dadra*) Ryf. — gn. *oð* > *ou* i *stöua* v. (< *stödua*) Ryf., paa Jederen *stövda*, i Dalarne *stobda* (metatese); *vöul* m.

<sup>1</sup> Naar Dipl. Norv. i eit stavangerbrev fraa 1311 hev *fuëggia* (II 109<sub>11</sub>) for *tueggia*, er dette missskrift av avskrivaren eller misprenting: for opphavs brevet Am fasc. 31, no. 2 hev *tueggia* so tydeleg som det kann skrivast.

<sup>2</sup> D. N. IV 500<sub>1</sub> (Stav. 1371) hev *Det* (?) som er rangt; hds. Am fasc. 36, no. 2 hev *þet*.

ell. *vöul*, snøslups, Dal. *vöudl* Ryf. (< *vöðull*); *vöule* grdn ymse stader, t. d. i Bjerkreim i Dalarne (skr. Vaule, matr.no. 56), gn. *öð* > *oy* i *hoyna* f. (ung geit) Dal. < \**höðna* med *o* etter gn. obl. *höðno*, i Ryf. *hana* med *a* fraa gn. nom. *hadna*. — I eit brev fraa 1529 stend der *tiill neyer ffaylss* III 1119<sub>15</sub>, venteleg uttala *til neiarfalls* (til nedfalls), men baade yvergangen *eð* < *ei* (*neyer* < *nedr* < *nidr*) og den palatale *ll* er framand for rygia-maalet (sjaa Merkn. 116).

Etter gn. *au* vert *ð* paa Karmt i NRyfylke (liksom i Sunnhordlands havbygder) til *g*: *döugä*, adj. *röugä*, adj. *söug* m. *böug* v. impf. < gn. *dauðr*, *rauðr*, *sauðr*, *hauð*. Merke etter denne yvergangen er ikkje funne i gnorske diplom. Det rimelegaste er difor at tilgangen er mnorsk og yngre enn burtfallet av *ð*; etter dette burtfallet hev det daa vakse fram ein *g* av *au* (sjaa Merkn. 140). I sume ord held *ð* seg enno som *d*: *bidigä* adj. *trödnavar* m. Ryf. Jedr. *röudleittä* Ryf. Jedr. ofl. Sjaa Nbm. XV, s. 102.

13. Um maalføret hev havt *fn* eller *mn* er ikkje lett aa sjaa berre av hovudbrevi; det einaste døme er i grunnen *malemfne* I 168<sub>11</sub>. I dei andre høvi me fin, kjem der *d* eller *t* etter: *fyrernæmpdra* II 77<sub>b18</sub> *iamt* II 131<sub>6</sub> *nemdr* IV 114<sub>6</sub> *fyrernemd(e)r* ibid.<sub>38-51</sub> ofl. *fyrnefnðr* I 168<sub>13</sub>. Ser me burt fraa den sistnemnde formi, som helst berre er litterær, dreg me ut at maalføret hev havt *m* framfor *d* og *t* i slike ord. Sjaa Merkn. 60.

Merkn. 59. I dei andre gnorske brevi er *mfn* (jfr. *malemfne* her straks ovanfor) det vanlegaste, sjeldare *fn*, og endaa sjeldare *mn*; framfor *d* stend oftast *mf*. Døme: *æmfni* III 43<sub>9</sub> (1277—1303), *iamfnan* IV 76<sub>17</sub> (1308) ofl. dipl.; *namfne* I 70<sub>1</sub> (umkr. 1280), III 89<sub>8</sub> (1310); *fyrnemfda* IV 85<sub>27</sub> (1310) *fyrnemfndir* IV 63<sub>8</sub> (1306), *-nemfdom* II 115<sub>35</sub> (1313), *nemfnazt* ibid.<sub>15</sub> *-nemfdir* VII 35<sub>10</sub> (1306), *nafns* IV 85<sub>11</sub> (1310) *adrnefnðo* VI 190<sub>11</sub> (1349), men ogso *nemndir* IV 18<sub>6</sub> (1297), *-nemdre* IV 72<sub>10</sub> (1307)<sub>0</sub> *-nemðr* IV 152<sub>15</sub> (1322); *stæmfñ* imper. II 39<sub>11</sub> (1297) *stæmfdom* 1 pi I 193<sub>1</sub> (1327); *jamvell* IV 294<sub>18</sub> (1345), *iamvissa* IV 288<sub>15</sub> (1345), men ogso *jamfnlegða* IV 109<sub>17</sub> (1315). Merkande er *hælmning* asg II 54<sub>18</sub> (1299) *stæpnðo* 3 pi ibid.<sub>28</sub>. — I mnorsk tid ikkje sjeldan *mp* eller berre *m* framfor *d*, t. d. *fyrnempd* apn IV 550<sub>11</sub> (1388) ofl. *optnemd* IV 748<sub>15</sub> (1405) ofl.

Merkn. 60. Fraa maalføri no: *hävñ* (og *hävñ*, soleis Sand) *nävñ*, *svävñ*, *hevñu*, *nevna*, *evnə(-e)* Ryf. (NKarnt, Sand) < gn \**hafñ* (o: *hofñ*) *nafn*, *svefñ* osfr.; *häbn*, *näbn*, *räbn* < (*h*)*rafñ*, *stäbn* < *stafñ* Ryf. (SKarnt); *sähna*, *nebna*, *jabñä* adj. m. *ebñä* Ryf. (Finnøy); *svēñ* og *svebn*, *svebnogä* Ryf. (I Suld.); *näbn*, *svebn*, *svebnöüä* (< *svefnugr*) *jabñä* Jedr. (Time); *kvabna* v. *svöbn* Dal., som elles no hev mest *mn* (*namn*) og soleis i dette stykke skil seg ut baade fraa maalføri vestanfor og fraa VAgder, som jamnast hev *bn*. Sjaa Ross: Nbm XV, sid. 78<sub>10</sub>. Framfor *d* og *t* hev *vn* som sedvanleg i norske maalføre vorte *mn*, og sidan hev *n* falle burt: *nemðä* imperf. *jamt* adj. n. I *fn* (*vn*) hev vel *v* vore bilabial; skrivemaaten *mfn*(*n*) i gnorsk tyder paa det.

Etter dette maa gamalnorsken i Ryfylke og paa Jederen ha havt *fn* (o: *ðñ*) i det her umrødde høve; *hibnaleidä* paa Jederen maa soleis vera eit gnorsk \**hifnaleite* for \**himnaleite*. I I Suldal vert enno — som ein ser av dømi ovanfor — sagt baade *svēñ* og *svebn* (*svävñ* Sand).

Yvergangen fraa bilabial *v* (*ð*) + *n* til *b* + *n* er lett forklarleg fonetisk; at Nord-Ryfylke hev *vn* kann hava sin grunn i det, at *ð* her hev

gjenge tidlegare yver til denti-labial *v*, som ikkje so lett saman med *n* vil verta *bn*.<sup>1</sup>

**14.** Spirantisk *g* vert i II 77b skriven *gh* berre i former av *dagr*: *dagh*<sub>8</sub> *doghom*<sub>13</sub>, i II 78 og i *loghonom*<sub>24</sub>, og i IV 114 ogso etter *l* og *r*: *fylghia*<sub>11</sub> *berghet*<sub>49</sub>. Me finn *gh* i alle hovudbrevi, men sparsamt.

Merkn. 61. Av dei andre brevi hev dei 2 eldste opphavsbrevi fraa Stavanger (umkr. 1270 og 1286) *g*, som upplyst i Innl. s. 13; sameleis II 13 (1266), som vel er skriva i Bergen, men utferda av stavangerbispen Torgils i eit blandmaal med rygsk svip, og sameleis X<sub>4</sub> (Stav. 1272—76) ei arnamagnæansk avskrift, som synest paalitande. Sidan trengjer *gh* inn i brevi — III 43 (1277—1303, 1 gong *gh*: *morghen*) V 16 (1286) — og kjem meir og meir i bruk. I staden for *gh* vert stundom (sjeldan) i mnorsk tid skriva *ch* i utljod, t. d. *nich* pron. IV 523<sub>10</sub> (1384) *aldrich* IV 994<sub>16-19</sub> (1483). Jfr. nyisl. uttale av *g* i utljod etter vokal.

Merkn. 62. I det nye maal er der ikkje spirantisk *g*. Anten hev han vorte eksplosiv, t. d. i *saga* v., eller ogso hev han falle burt. Paa dei fleste stader i maalvaldet fell han soleis burt etter *au*, t. d. *höu* m. < *haugr*; *löua* v. < *lauga*. I NV Ryfylke held han seg i denne stoda: *höug*, *öuga* n. NKarmt. (*äua* I Suld.). Millom *ü* og *a* hev ogso *g* falle burt i nokre ord her og kvar: *sua* v. (< *süga*) Jedr.; *trua* v. Ryf. < *þrúga*. Sameleis hev *g* i sume høve falle burt etter *r*: *ammjör* Kn (< *Arnbiörg*) *torbjör* (< *þorbiörg*) *herbor* (< *Herborg*), alle dømi fraa Suldal. — Burtfallen *g* syner seg i sume høve alt i slutten av 14 hundr. Soleis *Sivrdhs* gen. I 522<sub>11</sub> (1390), jfr. *Sewather* nom. (< *Siguatr*) IX 390<sub>2</sub> (1484) — *femtiu* akk. IV 86<sub>18</sub> (1436) *Norries* (< *Noriges*) IV 777<sub>4</sub> (1409; av dativen *Norige*); *faliæ* v. (< *fylgja*) XV 91<sub>7</sub> (1467; no *följa*, *fylja*); *sillæ* f. (< *sylgja*) IV 987<sub>38</sub> (1478, no *sölja*, *sylja*).

Det er slikt burtfall som er grunnen til samandragingi av gnorsk *doggordr* (-*urdr*) m. til *dor* (og *dur*), *Digradale* dat. II 54<sub>2</sub> (1299) til *dirdal* grdn. (matr.no. 78 i Fossan, skr. *Dirdal*) ofl.

**15.** *ft* og *pt* vert bruka noko um kvartanna i brevi. I II 77b er skriva *apter*<sub>6</sub> og *eptter*<sub>15</sub><sup>2</sup>; i IV 114: *aptr*<sub>22</sub> *efter*<sub>23</sub> (5gg);<sup>3</sup> II 131 hev *aftan*<sub>10</sub>; I 168 hev *gipt*<sub>18</sub> ptc nsf. Denne ustøda hev vel noko sin grunn i det at *f* i *ft* hev vorte uttala bilabialt og difor hev lege mykje nær *p*. Men det er heller ikkje utenkjelegt at det alt i mykje gamall tid hev vore som det er enno paa desse kantar (sjaa Merkn. 64), at sume bygder hev havt *ft* og sume *pt*.

Merkn. 63. Av dei mange andre gnorske brev, som hev døme paa det ljodlaget som er nemnt i **15**, hev halvparten *pt*, og noko yver ein fjerdepart *ft*, og resten *ft* og *pt* i blanding; *pt* hev soleis i det heile yvertaket. I den mnorske tidi er det ogso mykje svaging i dette stykke. Merkande er former som *happt* ptc (< *haft*) IV 505<sub>27</sub> (1377) *loggippter* ptc nsm. (< *loggiftr*) IV 525<sub>15</sub> (1384).

<sup>1</sup> Gn. *ofn* (omn) heiter no *ogn* Ryf. Dalb. Jedr. liksom paa Vest-Agder; i NRyf. *ögn*. Eldre dansk og svensk *ugn*; jfr. got. *auhus*. I mnorsk er ordet bruka i Asl. Bolts jordebok, der maalet er paaverka av svensk.

<sup>2</sup> I sume av brevi, t. d. 77b, er *f*, *p* og *þ* (ags. *v*) so like kvarandre i skrifti at det sumtid er vandt aa skilja deim fraa einannan.

<sup>3</sup> Avprentet i diplomataret hev uretteleg *eptir* alle gonger.

Merkn. 64. I vaare dagar hev dei *ft* mest i NAust-Ryfylke, t. d. Hjelmeland, Nerstrand, Suldal; fraa Sand hev eg soleis uppteikna: *kraft*, *hæft*, *låft*, *tuft*, *tåfta* (< *þofta*), *julafta* (*julaftan* ISuld.) b. f. Sameleis er det paa Finnøy; men straks sunnanfor — paa Rennesøy — fær *pt* yvertaket og er det vanlege paa Jederen og i Dalbygderne, t. d. fraa Time: *hæpt*, *lopt*, *tupt*, *sjipta*, *julapta*; fraa Dalbygderne: *lopt*, *julapta*, *æptelann* grdn i Bjerkreim (matr.no. 7, skrive Efteland) *hæstupt(d)al* i Helleland (matr.no. 46, skrive Hustoftdal). Paa Karmt segjer eldre folk *pt*: *lerept*, sjeldan *lopt* (tyder no lukt, medan »luft« heiter *lokt* eller *loft*, og *låft* tyder andre høgdi i eit stovehus), *opta* (sjeldan), *sjipta*, *tupt* (ell. *topt*) *tåpta*, dei yngre *sjipta* osfr.

For *ft* (ell. *pt*) i *aftr* og *efter* hev desse maalføri no *tt*: *att'a* og *et'te* eller *it'te* liksom alle nynorske maalføre. *et'te* og *it'te* er til deils bruka med tydingsskilnad: *gå it'te gūt'n* (∴ gaa aa henta guten), *gå et'te gūt'n* (∴ gaa baketter guten) N Ryf (Karmt); *it'te* hev sterkare ljodtrykk enn *et'te*, og hev kanskje ikkje nett same opphavet (sjaa Merkn. 89).

Denne yvergang finn me i millomnorsk tid i fyrstningi av 15de hundr.: *ettir* IV 820<sub>8</sub> (Ryf. 1425) XV 5510 (Ryf. 1426). Yvergangen i sudvestlandsk maa elles sumstad vera eldre, sjaa nedanfor under Indre-Sudvestlandsk tilsv. st. I brev fraa bygderne lenger sud i Vest-Agder er der fleire slike former: *etter* VI 386<sub>8</sub> (Valle 1413) *ætter* VI 434<sub>11</sub> (Bjelland 1430) *attr* II 758<sub>14</sub> (Henanger 1444).

Fraa Ryfylke hev eit brev denne yvergangen ogso i *thuttum* (for *tuptom*) IV 805<sub>6</sub> (Vikadal 1418). Jfr. hermed dei mange, helst mnorske skrivemaatar for den heilage Svitun: *Swiptwn* V 580<sub>4</sub> (Borde 1427) *Syp-tuns* IV 340<sub>3</sub> (Stav. 1348), og endaa *Swictuns* IV 1075<sub>7</sub> (Sel 1518), i eldre tid: *Swittun(s)* IV 55<sub>5</sub> (Utstein umkr. 1302) ofl. *Swithun(s)* IV 56<sub>3</sub> (u. st. 1302) ofl.; i dette ordet hev *pt* (og *kt*) vakse fram av *tt*; ags. *Swiphun*.

Paa same maaten som her i Ryfylke i mnorsk tid hev ogso paa Island no *tópt* (= gnorsk *topt*, *tupt*) ofte uttalen *to<sup>tt</sup>*, og uttalen *atyr* for *aptr*, og *ettir* for *eptir* er mykje vanleg. Ogso i fær. *attir*, *ættir*. Sjaa I S Vestl. Fær. og Isl. paa tilsvarande stader nedanf.; Hild. § 66, 2.

Merkn. 65. Baade i Ryf. og Dal. og paa Jedr. hev maalføri no *ps* for *fs*: *lepsa* f. *ops* ell. *ups* f. *repsa* (< *rejsa*) *öpsta*, og *happsoyne* grdn i Eikersund herad (skr. Hafsøen) for *Hafs*-. I brevi vert skrive *ofstom* V 16<sub>3</sub> (1286) *ofsta* IV 272<sub>7</sub> (Jederen 1342) *oppsta* IV 393<sub>12</sub> (Haa paa Jedr. 1358) *öpsta* (∴ *öpsta*) II 575<sub>16</sub> (Dal. 1403) ofl. br.

## 16. Former av ymist slag.

**a.** Fyrenordisk ljodskifte *e* og *i*. Her er i hovudbrevi merkande *juazzæmd* II 78<sub>23</sub> (*juazzæmd* II 77 b<sub>17</sub>). (*setta*) *tigh* dsg I 168<sub>19</sub>.

Merkn. 66. I andre brev finn me *jwan* IV 56<sub>7</sub> (1302) *ifwadzsæmd* IV 162<sub>8</sub> (1324), men ogso former med *e*: *æfazsæmd* II 77<sub>30</sub> (1305) *æfatæmd* IV 72<sub>15</sub> (Stav. 1307). For *en* konj. men, er uppteikna *in* V 55<sub>8</sub> (1310). *tuinnum* dpl. II 233<sub>14</sub> (1339, vid. fraa 1347). Fraa mnorsk *selæ* m. apl, hesteselar, IV 825<sub>4</sub> (1424).

Merkn. 67. I bygdemaali no *iwa seg*, *ivast*, kvida seg, Jedr. *yvast* Ryf. Jfr. *forøven* Ryf. — *jista* v. *gjesta*, ISuld. < gn. *gista*. — *sele* m.

**b.** Fyrenordisk ljodskifte *o* og *u*: *sun* IV 114<sub>5.16</sub> II 131<sub>2.7</sub>, medan I 168<sub>5</sub> hev *son*; *hertoghe* IV 114<sub>16</sub>; for »konge« finn me berre avstytte former, sjaa *iob a* her ovanfor. — Med opphavleg lang *o* (ó): *Bø* dsg IV 114<sub>2</sub>; *oskurðar* (for *ór*-) gsg IV 114<sub>42</sub> *ørskurðr* I 168<sub>24</sub>.

Av andre ord i hovudbrevi er merkande *klokko* cas. obl. II 77<sub>b</sub>, II 78<sub>14</sub>.

Merkn. 68. I dei andre gnorske brevi er *sun* den vanlege formi fyre 1300: I 63 (1270) X 4 (1272—76) I 70 (1286) V 16 (1286) IV 18 (1297) II 24 (1298) IV 54 (1302), *son* berre i eit brev fyre 1300: II 39 (1297). Etter 1300 er *son* det vanlege, men ender og daa raakar me paa *sun* t. d. IV 122 (Ryf. 1318) IV 71 (Dal. 1307), endaa i mnorsk tid, t. d. XIII 94<sub>2</sub> (Suldal 1428); *hertogen*, *hærtoga* II 35 (Stav. 1295; utan tvil skrive av ein stavangerklerk) *hertogen* II 39<sub>6</sub> (Stav. 1297) *hertoga*, gsg IV 18<sub>6</sub> (1297); *ærtoghum* II 233<sub>15</sub> (1339), jfr. *ørtogh* IV 457<sub>53</sub> i eit mnorsk brev fra 1366; *kunungs* IV 491<sub>4</sub> (1300) og same form fraa mnorsk tid II 575<sub>5</sub> (1403), tiljammingsformer av *konungs*; *j morghen* III 43<sub>7</sub> (1277—1303) *i morghon* I 192<sub>8</sub> (1327); *morghuninn* IV 306; *Hakon* aalm., men *Hakunar* II 109<sub>3</sub> (Stav. 1311; austl. paaverknad?); *oxa* cas. obl. IV 117<sub>15</sub> (Stav. 1316) *oxastut* asg I 631<sub>9</sub> (1270). *stufuo* asg IV 894<sub>8</sub> (1445) for det vanlege *stofu* er vel her fraa austnorsk; *yfrin* adj. nsm (nogleg) IV 51<sub>16</sub> (1301). Med upphavleg lang vokal: *hiuna* gpl. IV 122<sub>13</sub> (1318) *hiununum* (ɔ: *hiununum*) XIV 61<sub>7</sub> (1345); *jola* gpl. IV 122<sub>5</sub> (1318), i mnorsk tid *jula* gpl. I 426<sub>3</sub> (1374) og *jull* IV 896<sub>22</sub> (1445), men ogso *iola* gpl. II 748<sub>1</sub> (1442); — *hins koronada* IV 76<sub>5</sub> (1308) *kronor* plur. (mynt) IV 870<sub>8</sub> (1438); *or* prp. II 12<sub>0</sub> (1266) ofl. dipl.; *oor* XIV 78<sub>11</sub> (1449; utf. i Bergen av 2 lagrettemenn fraa Ryfylke). *klokka* II 241<sub>5</sub> (1288) ofl. dipl. *klokkare* IV 451<sub>2</sub> (1299).

Merkn. 69. No i maalføri: *sån* (< *son*) Ryf. *sånn* (< *sun*?) Karmt; *son* I Suld., S. Jedr.; *hågå* og *håká* Ryf. *mårå* < *morgon*; *åksa*- i smn. *åksahåva*, *åksahånn* ofl. < *oksa*-, men elles er *stut*, *stud* det vanlege ordet for ukse (umfram *for* < gn. *þjórr*), jfr. *oxastut* her ovanfor. Med upphavleg lang o (ó): *bø* er her som elles paa Vestlandet vanleg form for gn. *bør* eller *býr* i gardsnamn, anten det er bruka aaleine eller i smn., t. d. *husabø* (Høle i Ryf.) *nerabø* (Bjerkreim i Dal.) *sörbø* ell. *sörbe* (Høyland paa Jedr.). Merkeleg nok finn me likevel i matrikelen (og i uttalen) 2 namn paa *by*: *Hesby* (matr. no. 15 paa Finnøy i Ryf.) og *Byberg* (matr. no. 25 i Haaland paa Jederen). Av desse hev den namngietne garden *Hesby* (= Hestbø) i dei eldste gamalnorske skrifter i andre samansetningsled alltid *-bør* (i Cod. Fris. *-bær*); formi med *-by* møter me fyrst i eit brev fraa 1336 (D. N. IV 227), som er skrive paa austnorsk, og eg held det mest trulegt at det er storætti paa garden sjølv som hev teke upp denne skrivemaaten etter mynster austanfraa. Sidan 1336 hev dette gardsnamnet — naar me tek undan 1 gong i 1661 — alltid vore skrive *-by*, og denne formi hev ogso trengt inn i uttalen som no er *hös'by*<sup>1</sup>, medan det elles i alle andre namn av dette slaget i same herad heiter *-bø*: *vesbø* (ɔ: Vestbø) *nörbø* ofl. For *Byberg* (no utt. *býbör*) paa Jederen hev me ikkje eldre skrivemaatar enn fraa 16de hundr. med *By-*, *Bö-* og *Bi-*. *þonlik* adj. »*däi va þonlika*« I Suld. (sjaa Ross: *hjonstik*). — *jul* Ryf., med *u* (eller *u*) allstad; at dette ordet for ikkje rett lenge sidan hev havt *o* paa Jederen er der likevel god grunn til aa tru<sup>2</sup>.

*kläkka* aalm. < *klokka*.

Av andre ord som plar skifta med *o* og *u* er nemnande fraa dette maalvaldet: *fora* f. Jedr. < *\*fora*, furetre, jfr. *fårånes* grdn, skr. Furenes

<sup>1</sup> Skrivemaaten av fyrsteleden i ordet svagar millom *hes-* og *hest-*: *Hæsbaer* (Stav. 1300) *Hesbaer* (Stav. 1302) *Hestbaer* (Cod. Fris.) *Hæstby* (1336). Jfr. *Hæssby* i Sem i Vestfold (matr. no. 38—40), der *Hæss-* etter tidlegare skrivemaatar synest vera *Hest-*.

<sup>2</sup> Etter opplysning fraa sokneprest Ludvig Solheim hev han høyrst sagt paa Orre paa Jederen „Todlaksmössdagen“ — 23 desbr. — um morgonen: „*Nottaa ei, Dagane tvei, saa lenje e de te Jole*“, og sameleis fraa Høyland: *Tollag* (ikkje *Todlag*) *Spole, Nott og Dag te Jole*“. De Fine s. 210 hev: *Gud gi os no et godt jol*.

i Høyland. matr. no. 7, og *fårøhålmén*, skr. Fureholmen i Høle, matr. no. 26; *floga* f. Ryf. (*flua* Jedr.) < gn. *fluga*; *fålgá*, *kárgne*, *stáva* < \**folga*? *konongr*, *stofa*; jfr. isl. *fålgá*, og sjaa § 17 a her nedanfor under *forloghu*.

Ordet *fugl* er her uttala *fugl* S Jedr. ofl. (*fuglafleþá* m. fugleflokk, helst snøfuglar, Suld.), *fogl* Ryf. Merkelegt er *fålavijá*, skr. Fugleviken, matr. no. 156 i Haaland, skrive *Fulavik* IV 145<sub>10</sub> (2g; 1320), sjaa O. Rygh: Gamle Personnavne i norske Stedsn. s. 77; *fåglest* (i Ogne matr. no. 28) vert skrive *Ffogelstad* Sk. 19, no skr. Fuglestad; *gudd* N Karmit (frra Koparvik og nordetter); Dal. S Jedr.: *godl*, *gödl* Ryf. (< gn. *gull*); gn. *topt*, *toft* maa liggja til grunn for *tåpt* og *tåft* i gardsnamn i Ryfylkefjordarne nordanfor Aardalsfjorden som *husstápp*, skr. Hustoft i Vikadal og Nerstrand, *tåpnes*, *tåftöyná* i Nerstrand, og *husatåft* i Skjold; men gn. *tuft* ligg til grunn for *topt* og *tuft* i gardsnamn i Dalarne som *hestuoft* Bjerkr., *toptin* ell. *tuftin* Helleland mtr. no. 25. For appellativet er uppteikna: *topt* og *tuft* Karmit, *tuft* Strand, *tuft* Sand, *tuft* Jedr. (Time).

Lang *u* (u) er der i nyrýgsk *kruna* (ogsø *krona*) og *skule*.

Merkeleg er (*i*)ø for *iu* i verbi *droba*, *fjoga*, *roga* ofl. Ryf. Jedr. Dal. < *driúpa*, *fiúka*, *riúka*, venteleg etter jamlaging med *brióta*, *nióta* osfr.

c. Frumnordisk *aiw* hev vorte *æ* i *fræs* gsg av *fræ* n. II 78<sub>18</sub>.

Merkn. 70. Fraa andre gnorske brev er merkande *snønam* (< *sníónám*) II 35<sub>16</sub> (1295); *sio* asg IV 85<sub>25</sub> (1310) *sioon* asg IV 156<sub>8</sub> (1322).

Merkn. 71. Fraa mnorsk tid *sion* asg. XIV 78<sub>12</sub> (1449) *siowar* gsg ibid.<sub>13</sub>; *æ* (alltid) IV 499<sub>13</sub> (1371) ofl. dipl.

Merkn. 72. I maalføri no *fræ* (til deils *frē*) Ryf. *frætt* Dal.; og hertil *frædd* adj. (»*frætt egg*«); *snø* < *sníör*; *sjø* < *siör*, i smn. enno ofte *sjoar-*, i gard- og folknamn *sæ-*, t. d. *sæbø*, *sæmunn*, *-onn*. Af andre former som høyerer hit, er nemnande: *slæ* adj. (< *slær*), Ryf., og hertil *slæskodd'æ* (um hest) Suld. = *slettskodd'æ*, *slitt-* Jedr. Dal. ved samanblanding med *slett* (tysk *schlicht*); *mjá* adj. (< *mjár*) Rog., og hertil *mjárygg* m. og *mjávatn'e* propr. Dal. *mjalann* grdn i Fossan i Ryf.; men formi *miör* ligg til grunn for *mjov* adj. (slunken) Ryf. og vel ogsø for *jø-* i *jøsønfjor'n* (< *Míósund-*)<sup>1</sup>.

d α. Endingi *-ende* eller *-ynde* er der ikkje døme paa i hovudbrevi.

Merkn. 73. I andre gnorske brev finn me oftast *-ende*: *lunnendom* II 115<sub>10</sub> (Stav. 1313) *rangenda* gpl IV 71<sub>4</sub> (Jedr. 1307?) *sannenda* III 190<sub>10</sub> (Karmtsund 1336) IV 331<sub>13</sub> (Stav. 1348) *sanenda* IV 272<sub>9</sub> (Jedr. 1343) *þarfvænda* X 4<sub>22</sub> (umkr. 1275); ogsø, men sjeldan, *-onde*, *ynde*: *r(et)tönde* IV 59<sub>14</sub> (Stav. 1305) *sannynda* II 286<sub>8</sub> (Ogna 1347). Stavangerbrevi hev oftast *-ende* i gn. tid; *erinde* IV 108<sub>8</sub> (umkr. 1314) er ranglese for *eruiðe*, som hds. hev (og samanhenget krev). Mnorsk *till sannanda* IV 797<sub>12</sub> (1414) er vel her tiljammingsform, sjaa Merkn. 103. Um *a* og *e* i *val* adv. sjaa Merkn. 31 her ovanfor.

Merkn. 74. Fraa maalføri no: *eren* < *erende*, *höyen(d)* < *hogende*; *lemende* I Suld.; *lymmæ* ell. *lömmæ* n. Jedr. (Time) < gn. *lómunde*? *velendæ* m. Suld. < *velende*, jfr. isl. *vælindi* og *vjelindi* (utt. *vailindi*, *vjelindi*). For *sannende* vert sagt *sanninng*, som kjem upp i sein mnorsk tid (*sanninghen* I 1022<sub>8</sub> 1507; *sanningh* IV 1061, 1513); for gn. *þarfende* (Merkn. 73) vert i Ryf. sagt *tarveller* pl. f. (sjaa Ross: *tarvelda*); det vanlege nyn. *vegende* heiter *veie* n. I Suld.

<sup>1</sup> Skjor (Corvus pica) heiter *sjør* ell. *sjiv* I Suld.; ogsø i smn. *skogasjer*.

β. Hovudbrevi hev *-igr* og *-ugr* i *kunikt* og *skylludugha*, umrødde ovanfor i **10** b β; jfr. Merkn. 53.

Merkn. 75. Fraa andre brev er merkande *heimold* f. I 311<sub>11</sub> (1348) liksom *heimollt* adj. n. IV 335<sub>14</sub> (1348) ofl. dipl. —

Adjektiv paa *-ótt*r hev hovudbrevi ikkje dømme paa. Maalføri i vaar tid hev *-att*(t)ø: *steinatø*, *krokætø* (*steinettø* Time paa Jederen).

e. Ljodbrot er gjennomført paa vanleg vis, ogso i *Biorguin* IV 114<sub>32-61</sub>, tvilsamt i *gera* IV 114<sub>56</sub>.

Merkn. 76. Fraa andre brev i gnorsk og mnorsk tid er her nemnande: *miols* III 116<sub>12</sub> (1319) *miolfue* dsg I 311<sub>7</sub> (1348); *smørs* IV 77<sub>15</sub> (1308) II 107<sub>8</sub> (1311) o. fl. br. *smiorfue* dsg I 311<sub>7</sub> (1348); *prof ok skial* IV 538<sub>8-15</sub> (1387); *vspellad* npn IV 117<sub>28</sub> (Stav. 1316); *Ingebergo* nom. IV 818<sub>19</sub> (1422) *Ingebørgh* nom. (< *Ingeberg*) IV 913<sub>5</sub> (1449) *Ingibiorgh* nom. I 193<sub>22</sub> (1327) *Ingebiorga* nom. XII 283<sub>7</sub> (1516); *Bergulfer* IV 877 (1440) ofl. br., men ogso *Biorgulfuer* II 370 (1362), og fraa gnorsk tid *Biorghulfs-* IV 331 (1348); *helpe* inf. IV 1082<sub>10</sub> (1522). — Serleg merkande er *berg* sing. i *Rannabærg* I 70<sub>17</sub> (c. 1286) a *Randaberghe* IV 117<sub>10</sub> (1316) ofl. dipl., men *biorg* plur. i a *Røynibiorgom* I 63<sub>8</sub> (1270); den fyrstnemnde garden heiter no *rannabærg* (Hetland, matr. no. 51), den andre *røynøbær* (Haaland, matr. no. 35). — *Biorgvin* II 23<sub>3</sub> (umkr. 1280) *Biorghuin* IV 323<sub>8</sub> (Stav. 1347) ofl. *Biorghwiniar* gen. IV 119<sub>10</sub> (Stav. 1317); i den mnorske tidi ogso den trøndske formi *Berghuin* (V 419<sub>17</sub>, 1402), alt um Bergens by. — Um ljodbrotet i *Stughurðr* < *Sigurðr*, *Svugwater* < *Sigvatr* sjaa Merkn. 93 her nedanfor.

Merkn. 77. Av former fraa det livande maalet no nemner me: *jēdna* Dal. *jēdna* Ryf. (< *giarna*) *jalk* m. (jarke; jfr. nyn. *ilk* m.); *jokædl* Ryf. (Sand) *jogædl* Jedr. *jugædl* Ryf. (Finnøy); *me'urt* f. mjødurt I Suld. *mjilk*, *milk* Ryf. *mjellk* Jedr.; *smera* v. (smeikja) Dal. (= *smjadra* Set); *spjelka*, *spilka* (= *spjauka* Hard. Sogn) Ryf. Jedr. — *berga*, v. for gn. *biarga*; *eta* f. (hestekrubba) Suld. *eda* (smalekrubba) *eda* Jedr. Dal. < gn. *eta* (ogso *iata*).

Um eit nyare ljodbrot av *y* (eldre *i*) > *ju* i sume høve framfor *rð* og *ls* (*sjūr'ð* < *styrðr*), som knapt høyrer eigenleg heima i rygsk, sjaa Merkn. 92 her nedanfor.

## f. Vokallengjing.

α. Framfor *l* + *f* og *l* + *s* hev hovudbrevi aldri *u*-ljodbrigde av *a*. Høvi er desse: *halfuo* I 168<sub>11</sub> *halfo* IV 114<sub>27</sub> (3 gg) *halfuom* I 168<sub>18</sub> *sialfom* II 77 b<sub>2</sub> *Halsno* IV 114<sub>5</sub> (8 gg)<sup>1</sup>. Brevet IV 114 er mykje langt, og alle tvostavingsord i dette brevet med *a* i stomnen og *o* i endingi hev *u*-ljodbrigde so nær som dei her nemnde. I desse brevi sitt maalføre hev soleis *a* vore lengd framfor *lf* og *ls*. Korleis det hev vore framfor *l* + *p* eller velare konsonantar, kann me ikkje sjaa av brevi, for der er ikkje slike dømme; men med di dette slag vokallengjing elles jamt raakar *l* + labial eller guttural, kann me fulla gaa ut fraa at det hev vore so her ogso.

<sup>1</sup> I DN IV 114<sub>14</sub> stend . . . *korsbrøðr a klaustret*, medan hds. hev . . . *korsbrøðr j halsno a klaustret*.

Merkn. 78. I hine gnorske brevi fraa Rogaland finn me liksom i hovudbrevi regelrett former utan *u*-ljodbrigde av *a* framfor *lf*, endaa um detta ljodbrigde er gjennomført i alle andre høvi i brevi. Og desse former ovarar seg ikkje berre framfor halden *o* (ell. *u*) i endingi som t. d. *halvo* II 35<sup>10-19</sup> (1295) *halfo* II 48<sup>22</sup> (1299) ofl. br. *halfu* IV 117<sup>26</sup> (1316) *halfum* IV 72<sup>14</sup> (1307) *sialfu* IV 294<sup>11</sup> (1345) *sialfom* IV 54<sup>14</sup> (1302) *sialfvm* II 24<sup>24</sup> (1288), men ogsø framfor burtfallen *u* som *half* nsf I 63<sup>9</sup> (1270). Det einaste undantak som er uppteikna fraa gnorsk tid, er *holv* nsf i eit stavangerbrev IV 167<sup>7</sup> (1325); fraa tidleg mnorsk tid sameleis *friols* nsf IV 499<sup>16</sup> (Stav. 1371), men det er ikkje eldre enn at samanblanding av *o* og *å* er mogeleg (sjaa Merkn. 99). Saman med nokre skrivemaatar fraa mnorsk tid som *Aalfs dottor* IV 512<sup>5</sup> (Stav. 1379) *haalfft* I 817<sup>13</sup> (Stav. 1451) *Koolfuer* XIII 94<sup>26</sup> (Ryf. 1428) viser dette at vokallengjing framfor *lf* og *ls* i slutten av 13 hundr. og framigjenom til inn i 15 hundr. maa ha raadt i alle fall yver ein stor part av maalvaldet.

Namnet paa den kjende klosterøyi Halsna i Fjelberg pgd i Sunnhordland, no kalla *klöster*, er i oblik form skrive *Halsno* IV 59<sup>5</sup> (1305; jfr. *halfo*<sub>10</sub>), *Haulsno*, *Haulsnu* i bisp Ketils brev (1305—16). Saman med andre skrivemaatar som *Hosnv* IV 74<sup>8</sup> (1308, i eit nærskyldt maalf.), *Hausnu* IV 90<sup>7-8</sup> (Stav. 1311, vid. 1314) tyder dette paa lang vokal i fyrste staving framfor *ls*; *au* kann syna diftongisk uttale av *å*.

Øyi Talge, no utt. *taljə*, i Finnøy pgd, finst i brevi fraa gnorsk tid berre i obl. form *Tolgo* IV 54<sup>2</sup> (1302) *Tolgho* IV 177<sup>9</sup> (1328) ofl. br. *Tollgho* IV 109<sup>2</sup> (1315) 174<sup>3</sup> (1328, i eit nærskyldt maalføre), alltid med *o* i baae stavingar. Eit brev paa norsk-islandsk maal fraa 1467 hev *Talgu* (I 877<sup>0</sup>), og eit norsk fraa 1500 hev *Tholgu* (VII 520<sup>9</sup>). Skrivemaaten i dei eldste brevi peikar paa gnorsk nom. *Tolga* < *Tälga*? Ein nom. *Talga* vilde i brevi med ljodsamhøve skrivast i obl. form *Tolgu*, og ein nom. *Tälga* vilde gjeva *Tälgo* (jfr. *halfo*), men slike former er ikkje funne. Ordet minner um vokaltilstandet i ordet for »talg« i nyn. maalføre. Vanleg nyn. form er *talg*, men *tälg* V Agd. *täg* Set. *tolg* (med open *o*) Voss, Gbr., *tölg* (< *tolg* med open *o*) Va. *tölg* Isl., i gnorsk vestl. *tolg*, sjaa Gno. Jfr. ogsø gn. *talga* v., nyn. *tolga* (*taljə*) Gbr. Aasen.

Merkn. 79. I vaar tid er der ikkje mange merke etter vokal-lengjingi framfor *l* + labial kons. osfr. i vanlege ord i desse maalføri. Soleis heiter det allstad i Ryf. og paa Jedr. *halvə* og *sjəl* pron. (i Dal. ogsø *sjæl* av *själfr*). Framleides heiter det i Ryfylke *halm*, *hals*, *golv* (ell. *gälv*), *hålmə*, *stälpə* for gn. *hålmr*, *håls*, *gölf*, *hötme*, *stölpe*. Umskiftet hev knapt teke til fyrr i siste helvti av 15 hundr., um me skal døma etter diplomti, og det hev visst teke ymse mannsaldrar, fyrr det vart gjennomført som i vaar tid. I fyrste helvti av 18 hundr. hev maalet i dette stykke vore som no etter det me ser av prøvorne paa maalet i Ryfylke hjaa De Fine, som skreiv i 1745. Grunnen til umskiftet maa vera paaverknad utanfraa gjennom samferdsli. Denne paaverknaden kann ikkje vera komen fraa grannebygderne i sud og aust som V Agder, Setesdal eller V Telemark, for der er lange vokalar i den nemnde stoda den dag i dag. Den nye taleskikken maa ha kome sjøveges, venteleg baade sunnantil fraa norske austbygder, fraa Sverige og Danmark, og nordantil, der me veit at Nordvestlandet alt umkr. 1300 (og fyrr) hadde lite eller inkje av denne lengjingi. Bergen med sin blanda folkesetnad, ikkje minst av folk fraa fjordarne nordanfor og av allslag utlendingar, hev vel med sitt forretningsliv og sine mange samband i sud som i nord vore eit midpunkt for maalskiftet baade i dette og andre stykke. Etter kyrkje-umboti i det 16 hundr. hev dei nye danske skular i Bergen og Stavanger hjelpt til med umskiftet i byarne, som sidan fekk etterliknarar i bygderne.

Likevel finst der i dette maalvaldet enno nokre ord, som paa grunn av sitt mindre bruk utanfor sjølve bygderne syner oss den gamle lengjingi. Soleis *dälka* v. (valka; søla til) Dal., andre stader *dalka*; *skälp* m. (bryne-stokk) Ryf. Jedr. Dal., hjaa Aasen skrive *skolp* (o'), men Setesdal hev *skäppē* < gn. *skälpr*; *skälv* impf. (av skjelva) Ryf. kann ogso høyra hit (*skalv* Jedr.). — I Ryfylke (Skutnes) vert sagt *häv'sletta* för *halvsletta*, snöblandat regn. Det heiter *häv'slette* ogso i V Tel. og Set., men det er lite rimelegt at dei ute ved havsida skulde ha laant namnet paa slik ei vanleg naturovring fraa dei nemnde fjellbygderne. Ogso *hätfr* synest enno liva i Time paa Jederen i ordlaget (*tena*) *hälvo stunno* (< *hälfo stundo*) *tena* (den) halve tid, *tena* ei vika og vera sin eigen herre næste vika (Mld.); *golv* vert her uttala *golv*. — Paa grensa millom Rogaland og Agder vert sagt baade *fjåga* v. (< *fiålgä*) og *fjelga* (< *fialga*) med same tyding: friska upp, og *fjåg* adj. *fjågna* v. verta fjaag, glad, er brukt baade paa Jedr., Dal. og Ryf. Vil ein døma um slike former berre etter maaltilstandet som det er no, er det fulla lettast aa forklaara deim som innförde fraa Agder eller Teljemark, der maalet enno hev *å* i so mange slike høve. Men ser ein deim i det ljøset som dei gamle diplomti spreider yver maaltilstandet i Rogaland i eldre tid, er det likso rimelegt at i alle fall sume av deim sit att i maalet fraa gamle dagar, um endaa eitkvart einskilt ordet kann ha kome inn austanfraa i gamall eller ny tid.

Merkande er ogso nokre gardenamn: *ämmdal* i Dal. (no skr. Aamdall lille, matr. no. 31 i Sokndal, ogso i Heskestad og Helleland) < *Ämmdalv*, der *l* i siste staving kann ha verka med til burttallet av *l* i fyrste; *ältädal* (no skr. Oltedal øvre, matr. no. 13 i Gjestal paa Jederen, skr. *Optedal*, *Optedal* i 16 hundr.) < *Alptadalr*; *sjævelann* (no skr. Skjæveland, matr. no. 52 i Høyland paa Jederen, skr. *a Skialfualande* 1329) < *Skialfaland*; *halsnø* (no skr. Halsne, matr. no. 22 i Fister) finn me fyrsta uppteikna i 16 hundr., men sume av skrivemaatarne som *Hasne*, *Hotsnö* tyder paa eldre *Hålsna*.

Meir tvilsamt er det um ein hev lov til aa slutta noko i same stemna som ovanfor av personnamn som *Saave* Ryf. De Fine (no *salve*), *Fokje* d. s. (< *Fölke*), *tov* Jedr. (< *Tölfr*). Desse namni kann lett ha kome austanfraa, liksom t. d. *vraal* Mn Ryf. (ogso hjaa De Fine), som utvilsamt eig heima i Tel. og Rbg., medan den rygske formi er *roal(d)*. I Dal. finn me umkr. 1700 stundom i skrift *Uvel* Kn < *Ulfhildr*, skr. *Uvilldr* X 418 (1272—76). Fleire døme nedanfor i Merkn. 138.

β. Lengjing av vokal framfor *rn* er ikkje paaviseleg i hovudbrevi.

Merkn. 80. Framfor *rn* maa der i dette maalvaldet liksom i alle andre sudvestlandske maalføre ha vore vokal-lengjing alt i gamalnorsk tid i mannsnamnet *Arne*, som me finn skrive *Aarna(son)* D. N. II 286<sub>2</sub> (Ogna 1347), *Aarnas(son)* IV 881<sub>2</sub> (Stav. 1441); jfr. nyn. *ädnanes* grdn i Strand (matr. no. 58, skr. *Aarnes* 1602, *Odenes* 1610). No vert mannsnamnet uttala *ädne*<sup>1</sup>. Det er elles merkande at me i eit brev fraa Saurbø (IV 1743. 1328), som er skrive i eit nærskyldt sudvestlandsk maalføre, ogso finn eit mannsnamn *Aatne*. Med di dette namnet ikkje er funne annarstad, korkje i heimenorsk eller islandsk, er det ikkje umogelegt at det berre er ein skrivemaate for uttalen *ädne* av *Arne*, endaa dette fyreset ein yvergang av *rn* til *dn*, som ikkje elles er paaviseleg so tidleg. Baade eit eldre *Aatne* og eit eldre *Aarne* vilde i desse maalføri i vaar tid verta *ädne*.

<sup>1</sup> Sjaa Nordvestl. s. 19, Merkn. 39, og her nedanfor under Indre sudvestlandske maal paa tilsv. st.

Gamalnorsk *barn* finn me i mnorsk i eit svensk-flekkut brev skrive *baarn* apl. D. N. I 493<sub>11</sub> (1385); no er det uttala *bādn* i sing. og *bodn* (*bādn*) i plur.; gn. *hiarn*, *hiārñ* n. isskorpa paa snø, liver kanskje(?) enno i Ryfylke i ordelaget *væra paa jād'nā*, vera forkava med arbeid (= isl. *væra ao þæðne*), der *jād'nā* kann vera dat. sing. < mn. *hjārnen* < gn. *hiārnen* (jfr. mn. *skālen* f. > nyn. *skāl* à Ryf.)<sup>1</sup>; gn. *iarn* er no *jarn* Sand (*jadn*, *jödñ* Suld. *jodn*(?) a. st.), paa Jederen *jedn* av gn. *iarn* ell. *iārñ*. Framfor eldre *nn* av gn. *rn* hev vokalen venteleg, som det skal verta næmare paavist sidan under konsonantvergengar (Merkn. 124), vore lang yver heile maalvaldet aa segja i stomnen av ord (*hönn* av *horn*), i Ryfylke ogso i endingar (*prestänner* av *prestarner*). Denne vokallengd kann vera nedervd fraa lang vokal framfor *rn* i sein gnorsk tid.

Merkn. 81. Av eldre lengjingar kann nemnast: Merke etter gamall lengjing av *o* framfor *rm* er der i uttalen med trong *o* av *orm*, m. Jedr.; jfr. *örsta* grdn. i Klepp paa Jederen (matr. no. 9, skr. i *Ormstodum* I 70<sub>7</sub>, umkr. 1280, *Ormstader* IV 25<sub>39</sub>, 1298; no skr. Orstad). Ogso andre vokalar kann til deils verta lengde framfor *rm*, t. d. *ārm* m. *hārma* v. (herma) Jedr.

Den lengjingi me finn av vokalen i ryfylkemaalet i vaar tid framfor *-rt* og *vn*, er fulla ikkje mykje gamall, t. d. *sjürt*, *svärt*, *rābn*, *svevn* odl. < gn. *stirt*, *suart*. *rafñ*, *svefn*.

Framfor *ng* vert gnorsk *a* til *ā* i Ryfylke: *lāngg'a*, *rāngg'e*, *āngg'a* v. < *langr*, *rangr*, *anga*; sjeldan framfor *nk*, t. d. *tāngg'a* N Karmt. Jfr. gardsnamn som *lāngg'alann* i Vikadal (matr. no. 90, skr. Langeland). Paa Jederen og i Dalbygderne *lāngg'a* osfr. Denne yvergangen syner seg alt i mnorsk tid<sup>2</sup>, daa me finn *allān þan til fongja* (av *tilfangi*, m.) IV 799<sub>5</sub> (1415) *Thongalande* V 694<sub>7</sub> (Gond 1440) = *Tāngalande* ibid.<sup>9</sup> *mongha* apm I 1035 (1512), no *māngg'a* Ryf. *manje* Jedr. Fraa den eldste nynorske tid er uppteikna *longhe veyæ* X 681<sub>14</sub> (1535). Sume andre stader i det norske maalvaldet synest det ha vore lengjing i dette høvet alt i gnorsk tid. Sjaa lenger ute i boki under I S Vestl. tilsv. st.

Um *e* til *ei* framfor *ng* sjaa Merkn. 116.

Merkn. 82. Ein vokal som byrjar ordet synest det alt i gamall tid ha vore ein tilhug til aa lengja utanfor dei vanlege høve (jfr. *Arne* < *Arne*, sjaa Merkn. 80 ovanf.). Gn. *akr*, no allstad i Rogaland *āk'er* ell. *ākr*, maa soleis alt i gamalnorsk tid ha havt lang vokal, um me skal døma etter skrivemaatar som *Aakrom* IV 288<sub>3</sub> (1345) og *Akrom* IV 50<sub>10</sub> (Karmt. 1301). Det sistnemnde brevet hev gjennomført *u*-ljodbrigdet av *a* og hev ljodsamhøve; var vokalen stutt *a*, vilde der stade *okrum* (eller *akrum*). Gn. *al-* (av *allr*) i fyrste samansetningsled heiter no *āl-*: *āl'kent* Dal. *āl'menta* Jedr. *āl'svart* (og *ālsvart*) Ryf.; denne lengjingi finn me alt i gnorsk *aallsattum* dpl, IV 189<sub>16</sub> (1329; vid. 1345) *aallsætte* n. (semja) ibid.<sup>11</sup>, og i mnorsk *aalsaather* (< *alsätter*) IV 881<sub>32</sub> (1441); jfr. gn. *aalmaghadalausa* asf IV 122<sub>10</sub> (1318), der *aalmagha* for resten er uppkome av *āmālga* ved metatase. Gn. *at* prp. er skrive *aath* I 817<sub>10</sub> (1451), no *āt*, *ād* Ryf. Jedr., i Dal. enno *ad*. Um den lange vokal i nyn. *ørñ* sjaa ovanfor Merkn. 3 (slutten).

Merkn. 83. Den vanlege lengjing av dei gamle stutte vokalar i ljodsterk staving framfor stutt konsonant, som no i det heile er gjennomført i desse maalføri liksom for det meste i norsken elles, er der nokre merke

1 Annarleis Ross under *jarn*; *væra paa jöd'n'o* Suld. talar for Ross si meining, liksom me skulde venta at gn. *hj* vart *ķ* i dette ordet i Ryf.; men elles er ei samanblanding av tvo ordelag med næstan same meining her tenkjeleg.

2 Um *vidrgongh* asg D. N. IV 117<sub>9</sub> (1316) sjaa § 17 nedanf.

etter i diplomi fraa omkring 1400. Soleis *faallt* adj. n. (falt) IV 572<sub>12</sub> (1389) av *falr* (fal), *daag* IV 777<sub>3</sub> (1409); fraa seinare mnorsk: *maalweegh* (proces) IV 877<sub>18</sub> (1440) *weel* adv. II 718<sub>11</sub> (1434; vid. 1475). Lengjingi maa her ha gjenge hand i hand med læggingi av vokalen som skrivemaaten *somer netter* IV 919<sub>11</sub> (1450) syner. I det 15 aarh. maa dette ljoskiftet ha vore i full gang i denne landsluten. Sjaa her nedanf. Merkn. 99. Merke etter det eldre tilstand med stutt vokal + stutt konsonant finst likevel endaa i maalet, sjaa Merkn. 121.

Merkn. 84. I eit mnorsk brev fraa Suldal (X III 95<sub>11</sub> 1428) stend *gamaal* for *gamall*; denne lengjingi er no or bruk i desse maalføri (*gammadlʷ*, *abadl* N Ryf. *gamadl*, *abadl* Dal.), men eig heima i bygdemaal lenger aust. Merke etter lengjingi finn me likevel enno i *einåra* (< gn. *einardr*) Ryf. *hædler* Dal. *hadler* Suld. < *hellir*, m. Sjaa IS Vestl.

Merkn. 85. Aksentar vert ikkje skrivne i hovudbrevi. Sumtid vert lang *a* skriven *aa*, som stundom er samanskreven *ai*, t. d. i *vaars* pron. IV 114<sub>3</sub> II 131<sub>3</sub> (diplomataret *vars*) og i *mal* I 168<sub>23</sub>.

I dei andre brevi er aksentar ovleg sjeldsynte: *sætt* IV 105<sub>10</sub> (1313) *á* III 116<sub>16</sub> (1319) *skrá* v. III 132<sub>12</sub> (1322) *áltid* ibid.<sub>15</sub>. Yver *mæra* komp. I 63<sub>23</sub> (umkr. 1270) stend aksenten yver *e*, samandregen av *ei* (*meira*). Dubbeltskriving av lang vokal er derimot ikkje uvanleg, jamvel i dei eldste brev, t. d. *saal* (*sál*) I 63<sub>13</sub> (1270): *veetto* dsn (*rétto*) IV 85<sub>23</sub> (1310); *γ* *Reinliid* IV 232<sub>20</sub> (1338); *moot* (*mót*) IV 109<sub>15</sub> (1315).

*γ*. Yvergang fraa lang vokal til tviljod kann ikkje paavisast i hovudbrevi. Um *e* (stutt) > *ei* framfor *ng* i *feinge* (< *fengi*) 3pki IV 114<sub>22</sub>, sjaa nedanf. Merkn. 116.

Merkn. 86. I dei mnorske skrifter fraa denne landsluten finn me stundom tviljodar framvaksne av gamle lange vokalar utan innverknad av vokal som fylgjer etter. Dette slag tviljoding, som er vel kjent paa mange andre stader paa Sudvestlandet i vaar tid, er ukjent i dei rygske maalføre no utanfor Dalarne, og det er difyr ikkje umogelegt at tviljodarne av dette slaget i ymse rygske diplom hev sin grunn i paaverknad fraa slike bygder med tviljoding, og ikkje hev vore bruka i sjelve Rogaland utanum Dalarne. Likevel er det samhøvelegt med den spraaklege tilgangen i heile taket aa ganga ut ifraa det at tviljodingi hev vore utbreidd noko vidare i eldre tider enn no. Dei høvi eg hev uppteikna er, som ein vil sjaa, for det aller meste fraa millom-norsk tid. Soleis finn me:

gn. *á* < *au*, *ao*: *Haufwarder* IV 898<sub>6</sub> (1446); skr. *Hafwarder* IV 294<sub>16</sub> (1345); um *Haulsno* sjaa ovanf. Merkn. 78; *pao*, *aor*, *raodmen* ofl. i eit brev fraa tidleg nynorsk tid VI 791, Stav. 1558, er visst berre skrivemaatar for *paa*, *aar* osfr.

gn. *é* > *æe*, *æi*, *ei*, *ey*, *eæ*, berre framfor *r* i pers. og reflex. pron.: *mæer* < *mér* (= *vér*) IV 572<sub>3</sub> (Ryf. 1389) IV 650<sub>1.15</sub> (Jedr. 1395) *sæer* < *sér* (sibi) ibid.<sub>9</sub>; *mæir* (= *vér*) VII 339<sub>12</sub> (1404); *meir* dsg IV 903<sub>6</sub> 1448) IV 927<sub>12</sub> (1451); *meyr* pl. (= *vér*) IV 949<sub>4</sub> (1461); *mæer* pl. II 575<sub>3</sub> (1403).

gn. *í* > *yi*: *syin* pron. (= *sín*) IV 949<sub>8</sub> (1461).

gn. *ý* (ø'?) > *øy*: *bøy* m., by VI 680<sub>8</sub> (Stav. 1520).

Merkn. 87. I Dalarne hev mange gnorske lange vokalar vorte tviljoda: *í* < *ei* (*eis* m. < *íss*) m. st., *ó* > *ou* (*to<sup>u</sup>ǰ* < *tók*), *ú* > (*s<sup>e</sup>ua* v. < *súga*), *ý* > *yy* (*s<sup>y</sup>ða* v. < *sýta*) m. st., og maalet der hev i dette stykke som i sume andre meir likskap med egdamaalet enn med rygjamaalet. Sers merkelegt er *bu<sup>y</sup>* ell. *bu<sup>i</sup>*, *bu<sup>i</sup>ǰ* n ub. form (buskap) — liksom i Agder,

Setesdal og V Telemark — framvakse av den bundne gnorske form *búiit* ell. *búiid*, kanskje paaverka av den gamle dativform *búi*, som me ikkje so sjeldan finn i diplom; *j bui ok hestom* IV 457<sup>58</sup> 1366) *j buj* IV 1002<sup>10</sup> (1487). I Telemark sumstad *bu*, men i bundi form *buj'e* (Høydalsmo ofl.), andre stader *buytt*, men i bundi form *buytt'i*; jfr. *nett* n. (< gn. *knē*) V Tel., i bundi form *netti*. — Med *buy* kann ogso samanliknast *moy* ell. *māy* grdn i Lund i Dalarne (matr. no. 27, skrive *Moy* 1563, *Moj* 1606, no skr. *Moi*), sameleis *moy* grdn i Bjerkreim i Dalarne, < gn. *Moi* (*Moe*).

g. Vokal-stytting. *brot* adv. IV 114<sup>66</sup> *hennar* I 168<sup>15</sup>, kanskje ogso i siste samansetningsled i *brefalusner* (for *-lausner*) IV 114<sup>47</sup> (diplomataret hev uretteleg *-lausner*). I *falags kona* I 168<sup>15</sup> for *fēlags kona* kunde ein helst vilja taka *a* i fyrste staving som misskrift for *ē*; men daa tridje handi i Didr. av Berns saga 2 gonger hev *falagi* (hds. bl. 89<sup>23</sup> 92<sup>b4</sup>) og former som *falag*, *falags*, *falaghi* er reint vanlege i ei avskrift av landslogi (Gulatingslog) Am. 307 fol. t. d. bl. 21 b, 25 b (fleire gonger paa same sida), 26 b, 30 a, er der ingen grunn til aa tvila paa at ei slik form hev vore i bruk sume stader i sudvestlege maalføre. *ē* kann fyrst vera stytt til *e* og sidan tiljamna etter vokalen i næste staving — jfr. *heilaga* > *halaka* i austlandsk —, eller ha gjenge yver til *æ* og sidan vorte *a*, — jfr. færøysk *fæa* < gn. *fē*. I *fēnaðr* > *fænar* > *fanar* og *fana* i sume andre nynorske maalføre (endaa i Nhordl. *fanar*) hev me den same yvergangen.

Merkn. 88. Det syner seg her og der i dei andre gnorske brevi fraa maalvaldet — til deils ogso i dei mnorske, der svensk og dansk paaverknad hev hjelpt til — ein tilhug til aa draga saman opphavelge tviljodar til einskilde vokalar. Soleis *Kolbinn* (for *Kolbeinn*), *mēra* (ɔ: *meira*) I 63<sup>15-23</sup> (umkr. 1270); *Witsteni* IV 55<sup>2</sup> (1302) *Ewindr* II 109<sup>3</sup> 131<sup>11</sup>) *Ewindr* IV 107<sup>2</sup> (1314), *vede veell* (for *veidevell*) IV 156 (1322) *Hinrik* (< *Heinrekr*) IV 840<sup>4</sup> (1429) *þeim* (*þeim*) IV 870<sup>17</sup> (1438) *Anstin* IV 904<sup>2</sup> (1448) *Æistins* ibid.<sup>10</sup> *brott* adv. ofte, t. d. II 54<sup>29</sup> (1299), *nustinu* dsgr (for *nausteno*) V 357<sup>3</sup> (1393) *loghurdagh(en)* IV 624<sup>5</sup> (1393) *logerdagen* VI 563<sup>3</sup> (1467?) *siotiande* num. XV 55<sup>13</sup> (1426) *hørdhum* 1 pi IV 883<sup>4</sup> (1442). Dette draget — i propria kann vel skrivemaatarne vera paaverka av latiniserte former — hev likevel ikkje vunne framgang.

Merkn. 89. Dei nye maalføre i Ryfylke og paa Jederen held fast ved dei gamle tviljodar. Umfram dei same faa ordi, som i mesteparten av landet hev mist tviljoden: *brø dāp kōp* (men eit gott *kānp*, *kānpkāl*, *kānpfok* Suld.) *lōn* < gn. *braud*, *daup*, *kaup*, *laun*, er berre uppteikna fraa desse kantar: *jog lōrdag* og *him. jog* er gnorsk *iawr. lōrdag* Ryf. Jedr. < mn. *loghurdag* (sjaa nett ovanfor); her er *lor-* < *loghor-* (jfr. *dor* Ryf. < *dogord*) < gn. *laugur* —, enno i 1454 *laughurdaghen* IV 936<sup>24</sup>, som vel er eit anna ord enn gn. *laughardaghen* IV 76<sup>5</sup> (1308), sjaa Noreen<sup>8</sup> § 151. *hīm* (ɔ: *hīm*) m. *hīm* adv. *hīma* adv. vert bruka i N Ryf.<sup>1</sup> *heim*, *heima*, som

1 I Suldal (Roaldkv) er det *hāim*; „eg ska hāim te Nes“ segjer dei i Roaldkvam og Bleskestad, naar dei skal *ut* til Nes. Men er ein paa Nes, heiter det „*im te Roalkvamm*“, ikkje „*hāim te Roalkvamm*“, endaa um ein hev heimen sin der. Nes hev vore utgangsstaden.

ordet ogso heiter i sudkanten av Ryfylke — fraa og med Strand og Tolga — og paa Jederen. Formi *him*, *hima* er ogso i bruk sume stader austanfjells (t. d. Heidm. Austf.), men paa Vestlandet er ho ukjend utanum Ryfylke og S Shl. (÷ Skonevik), som venteleg hev fenge henne fraa Ryfylke, og V Agder. Det er vel det rimelegaste at *him* paa sume av dei nemnde stader kann hava sitt opphav fraa *heim* i ei stoda utan ettertrykk, t. d. fraa andre samansetningsled i gardsnamn paa *-heim* eller fraa orde-lag som *ganga heim* (med ettertrykk paa *ganga*). Men i Ryfylke maa det — um ettertrykket i yvergangstidi hev lege paa fyrste stavingi — hava ein annan grunn, med di *heim* i andre samansetningsled held paa *ei*, t. d. *kalseim* grdn (matr. no. 55 i Nerstrand) *nešeim* grdn (matr. no. 114 i Skjold), medan gardsnamnet Heim hev vorte *him* (matr. no. 30 i Sand), og Heimnes (skr. a *Heimnesi* I 70 umkr. 1286, *Himness* Sk. 20) hev vorte *hibnes* (matr. no. 13 i Jelsa); *hibnes* ell. *hivnes*, matr. no. 29 i Skutnes, hev truleg same opphav. Samandraget av tviljoden hev difor her visst byrja framfor eit lag av fleire konsonantar, der *ei* hev vorte stytt til *i*, t. d. i ord som *Heimnes*, *heimslegt* (no *håmslikt*, Karnt). Jfr. hermed *issø* grdn, skrive Idse, av gnorsk *Eidso*, matr. 63 i Strand), og *himpt* asg (o: *heimt* f.) V 438<sub>3</sub> (Otrenes 1404); isl. *hvimleiddyr* (< *hueimleiddr*) og *kvemleia* f. Ryf. av eldre *\*kvimleida*, person som er *hvimleiddr*; *tyssvør* (Ryf.) *\*tissvør* < *\*titsfør* < *Teitsfyrdē* dat. (*Teizfiordar soln* IV 894<sub>1</sub>, 1445); jfr. ogso *jngho* pron. dsn (< *eingo*) IV 819<sub>9</sub> (Ryf. 1423), og det nyrygske *it te* prp. (ljodsterkt) av *eipttir* IV 451 (1299). Fraa slik stoda kann daa *him* vera yverført til grunnordet *heim*. At det austlandske *him* og *hima*, som me finn alt i fyrstningi av det 14 hundr. i Cod. Tunsb. (*hima* Hirdskr. 28<sub>25</sub>) skulde hava nokon samanheng med det vestlandske synest ikkje mykje rimelegt. Utenkjelegt er det likevel ikkje, for det er kome sume former paa sjøvegen fraa austlandsbygder til sjøbygderne paa det sudlege Vestland.

## h. Ymse vokalhøve.

### a. Runding av vide vokalar.

*e* > *o*, eller *æ* > *ø* er der ikkje dōme paa i hovudbreivi.

*i* < *y* framfor *lf*, *ls* og *rd*: *sylfr* II 77 b<sub>16</sub> *þorgylse* ibid.<sub>16</sub> II 131<sub>8</sub> *hys-fyrde* (< *-firde*) II 77 b<sub>5</sub> 78<sub>9</sub> *vyrdingar* II 77 b<sub>2</sub> *vyrduleghr* IV 114<sub>15</sub> ofl. st.

Merkn. 90. Dōme paa vokalrunding fraa andre gnorske og mnorske brev er:

*å* > *o*: *Bordsson* (< *Bårdsson*) XIV 78<sub>1</sub> (Bergen 1449, utf. av tvo rygske logrettemenn); *seo* v. (< *sía*) VIII 375<sub>1</sub> (1462) *fron* sv. (< *fran*) ibid.<sub>3</sub> *stoor* 3 sp (o: staar) I 918<sub>21</sub> (1477). Skrivemaatarne syner at *å* og *o* hev teke til aa falla saman i talen i sume høve. Sjelve rundingi av lang *a* (*á*) til *å*-ljod er i mange norske maalføre mykje eldre; sjaa *å* for *o* nedanf. under *ø*, Merkn. 99.

*e* > *ø*: *körtisueina* IV 119<sub>22</sub> (1317); *ruf* m. endingslaus dat. for gen. (< *ref*, av *refr*) V 419<sub>11</sub> (1402), *øfter* prp. (< *efter*) XIII 95<sub>5</sub> (1428) *heimole* (< *heimele* < *heimile*) IV 840<sub>15</sub> (1429); *Ingebørgh* nom. IV 913<sub>5</sub> (1449) *Berggol* (< *Bergolf*) IV 957<sub>5</sub> (1465), jfr. Merkn. 76.

*i* < *y*: *þorgylse* dat. II 39<sub>16</sub> (1297)<sup>1</sup>; jfr. *gangsilfri* dsq. I 70<sub>5</sub> (1286); *hyrdmenn* IV 120<sub>3</sub> (Stav. 1317), jfr. *hirdmadr* VII 35<sub>13</sub> (1306). Denne yvergangen er soleis i dette maalvaldet eldre enn 1300, men i skrift vert *y* ikkje vanleg fyrr enn umkr. 1340, og endaa etter den tid ovrar *i* seg no og daa alt inn i 15 hundr. t. d. *wirdelighom* IV 843<sub>5</sub> (1430).

<sup>1</sup> Men *vyrdulægx* i avprentet i diplomataret II 35<sub>5</sub> (1295) er gale; hdsks. hev *virðulægx*.

Andre døme paa vokalrunding utanfor den nemnde stoda er i mnorsk tid: *hvsomen byrghom oc balom* IX 406, (1491), jfr. *husin birgh oc bæll* IV 894<sup>11</sup> (1445); *þrydia* (< *þriðia*) IV 518<sup>3</sup> (Hestbø 1380) *stykkur* pl. (< *stikkur*) IV 806<sup>5</sup> (Sokndal 1418) *skyldo* ptc dsn (< *skildo*, av *skilia*) IV 851<sup>16</sup> (1432) *kyrcke* f. obl. IV 1081<sup>4</sup> (1522). Fraa gnorsk tid kann endaa nemnast *Mykkialsnesso* IV 86<sup>4</sup> (1310). Labiale konsonantar i nærleiken, eller anna konsonantumvære med same labialiserande innverknad paa vokalen, maa vera grunnen til rundingi. I *þrydia* kann *u*-end. ha hjelpt til.

Merkn. 91. Tilhugen til aa runda vide vokalar i visse høve hev sett merke ogso i vaare dagar. Den runda vokalen *y* hev i dette høve som i mange andre (sjaa Merkn. 99 her nedanfor) vorte lægd til *ø* eller *ö* i Ryfylke, men held seg ofte som *y* paa Jederen og jamnast i Dalarne so nær som ute ved sjosida, t. d. *söll*, *sölv*, *vörja* (< *vyrða*), *stör'a* (*styrðr*), jfr. *Gjør* 1666 Mld (< *Gyrðr* IV 515<sup>15</sup> 1379) Ryf., men *syll*, *sylv*, og jamvel *vura*, *styr'a* S Jedr. *jura* v. (< *gyrða*, *gurða*) Dal.

Døme paa runding i andre høve i nymaalet er *byrg'a* (stolt) < *birgr*; *Birgir* Mn er skrive *Byrge* 1664, *Börje* 1626, no utt. *börge*, *börre* Ryf. Jedr., men ogso *bergø* Ryf., utskilt fraa *berg* Mn *Bergr*; *bøl* n. (< *bil*) *klyppa* v. (< *klippa*) *mjydla* (< *mellom*) *myssa* v. (< *missa*), jfr. *mysbyrma* IV 105<sup>2</sup>, 1313, stavanger-vidisse av eit kongebrev; *plytt* m. (attaste tilja i baat, jfr. *plätt* B. st.) < nt. *pligt*; *rynja* v. (< gn. *ringia*) *spydla* v. (< *spilla*); *styrva* f. (gn. \**stirvi* f.) Dal. *vyrtalig(ø)* adj. (< \**virktaligr*); *ödlöva* (< *ellifu*) Lysefj.; *tyssvør* < \**tissvør* (sjaa Merkn. 89 her ovanf.) no skr. *Tysvær* i Ryfylke. — *ei* < *öy* i *löva* v. Ryf. < gn. *leifa*. Som dømi syner, er der helst ein labial konsonant i nærleiken; i *rynja* hev stoda millom *r* og *yj* havt same verknad; i *ödlöva* hev vel den fyrste *ö* sin grunn i utjamning, og hin sumstad sin grunn i *u*-ljodbrigde.

Etter gamall *hu* (*hw*) gjeng *e* yver til *ö* framfor *l* + labial i *kvölp* m. < gn. *huelpr*, og i *kvöva* (ogso *höva*) < *huelfa* N Ryf.; jfr. isl. *hvolpýr* og *hvolva*.

Merkn. 92. I sume høve hev desse maalføri i vaar tid *ju* i staden for *y* < *i* framfor gn. *rð* i ljodsterk staving. Soleis: *jura* v. (< *gyrða*) Dal., der det sumstad heiter *jyra* og *jira* (Sokndal); *ufjura* f. (vanskipnad; uvyrde menneskje) aalm. til gn. *hyrða*, *hirða*, jfr. gn. *hirðir* 3 sp IV 70<sup>10</sup>, 1307; *sjur'a* (< *styrðr* < *stirðr*) Dal. og til deils Ryf. Ogso framfor *rt* i *sjurtá* f. (< *skyrta*) aalm.

I Dalarne, som er eit yvergangsstrok, kann vel sume slike former eiga heima, men til Jederen og Ryfylke hev dei visst flutt inn austanfraa, for Agder og Telemark er næraste heimstaden deira. I Ryfylke og paa Jederen vert det ogso oftare sagt *stör'a* og *styr'a* enn *sjur'a*; ei form som *jura* f. (mjølkeringja; < \**gyrða*) vert i dette maalvaldet knapt bruka utanum Heskestad i Dalbygderne, med di det elles heiter *jyra*, og gn. *hirðingr* heiter i indre Ryfylke baade *hørinn* (rygsk) og *jurinn*, som maa vera innkome fraa Telemark eller Setesdalen. Framfor *ln* hev gn. *y* vorte *iu* i *miulnushit* (< *mylnuhúsit*) i IV 536<sup>23</sup> (1387, bakpaa brevet); jfr. *mölnohus* *ibid.*, der *mölnu* er lægd form av *mylno*, medan den ljodbrotne formi maa vera austanfraa; *kylna* (turkestova) heiter i Ryfylke *kylla*? men paa V Agder *ljuna*, ukjent? paa Jederen, der dei hev *terrø* og *tussa* i staden (sjaa Aasen).

Framfor *ls* hev *y* i ljodlinn staving vorte *ju* i mannsnamnet *tårjuls*, ogso *torjus* (< *þörgyls*) Ryf. ofl. Formi med *ju* finn me alt i mnorsk tid: *þorgjuls* IV 508<sup>2</sup>, Stav. 1378, og IV 849<sup>2</sup> Ryf. 1431, men ho er likevel visseleg innførd austanfraa, medan den rygske form *þorgyls*, som i 1415 er skrive *þyrgyls* (IV 799<sup>1</sup>) og i 1522 *Thøris*, enno liver i det rygske *töröss*, i I Suldal *törjys* (< *þyrgyls*) Bleskest. Det same som her er sagt

um *þorgiuls*, gjeld ogso *mykiuls* I 29<sup>17, 24</sup> (Stav. 1345) og *kyndiuls*-IV 51<sup>20</sup> (1379), *elliufsta* asm. b. form I 426<sup>3</sup> (1374), og mannsnamnet *herjus* (< *Hergyls* < *Hergisl*) Jedr., dei er alle utan tvil austlege.

Merkn. 93. I hovudbrevet II 77<sup>b8</sup> finn me ogso *y* for *i* i *sygurðar* gen., jfr. *Syгурder* IV 49<sup>2</sup> (umkr. 1300). Her er den gutturale spirant + *u* orsaki til yvergangen *i* > *y*. Den ljodrette rygske utviklingi av *Syгурðr* skulde gjeva *søgur*; ei slik form er ikkje funni, men De Fine hev *Segur*, ogso ljodrett form av *Sigurðr*, som kann ha halde seg utan runding einkvar staden i maalvaldet. Umfram *Sigurðr* og *Syгурðr* finn me alt i gnorsk tid ogso her det ljodbrotne *Siughurdr* IV 189<sup>6</sup> (1329; vid. 1345), i 1387 (IV 536<sup>16</sup>) skrive sameleis, som sidan misser sin gutturale spirant, vert samandrege og i 1469 skrive *Sivrdher* (ɔ: *siurder* eller *sjurder*) XVIII 89<sup>2</sup>, i 1512 *Siur* (= *sjur* i Rog. i vaar tid) IV 1058<sup>6</sup>. I eit latinsk brev fraa 1299 (IV, 44) vert det i staden for *Sigurð* skrive *Sigwardo* (abl.). Denne austnorske sideform til *Sigurð* hev me sidan i Rogaland i *Sywardh* II 917 (1481), no ofte i dei fordanska formerne *Syvert* og *Sivert*. Av *Sigurðr* er vel ogso *Sigverd*, vanleg i Rog. umkr. 1620, og *Sjuver* i 17 hundr. (Mid.). — I namnet *Siguater* IV 304<sup>2</sup> (1346) hev sameleis *i* vorte brote til *iu* i gnorsk tid: *Siuguater* IV 288<sup>7</sup> (1345), no i Ryf. *sjovat*, hjaa De Fine *Sjövät*; men dessumfram hev der alt i mnorsk tid vore *Sewather* IX 390<sup>2</sup> (Ryf. 1484), som endaa i 17 hundr. hev vore ikkje so sjeldhøyrte i Ryfylke i formerne *Sevad* 1633, *Sevat* 1664 o. fl. skrive-maatar. — Ogso *Sigvald* hev paa desse kantar sideformi *Seval(d)*. — I dei vanlege rygske namni *Sigbjörn* og *Sigved* (< *Sigviðr*), som ogso vert skrive *Sigve*, hev *Sig-* halde seg.

β—γ. Vidking av runde vokalar.

β. Vidking av ø-ljodar. Lang ø (ø', ø) hev vorte *e* etter labial konsonant i *bredronom* IV 1146<sup>6</sup>. Stutt ø hev vorte *e* etter labial konson. i *smers* II 77<sup>b5</sup> og II 78<sup>10</sup> (diplomataret uretteleg *smørs*); men *smørnæfr* (tilnamn) I 168<sup>5</sup> (sjaa Merknaden her nedanf.).

Merkn. 94. Fraa andre gnorske og mnorske brev er uppteikna: *u'* < *e*: *biscups demes* IV 70<sup>22</sup> (Stav. 1307) *bætte* 3sik (for *bøtte*) IV 71<sup>6</sup> Sokndal 1307). *Bear* II 24<sup>13</sup> (Tolga? 1288), gen. av grdn *Bør*, kann standa for *Biår* eller for *Bør*. — Fra mnorsk tid *kæmæ* 3sik av *koma* III 275<sup>11-12</sup> (Stav. 1351) *toľfret* (ɔ: -røtt) IV 457<sup>54</sup> (Tolga 1366) *neghdæ* 3si (for *nogde*) II 718<sup>11</sup> (Eikeland, 1434); *stedhighare* adv. (*støð*) IV 899<sup>22</sup> (1447) eller til mnt. *stedich*.

Den vanlege formi for ordet *smør* er i diplomati *smør*, sjaa Merkn. 76. — *kømr* 3sp (av *koma*) IV 85<sup>19</sup> (1310) og *kæmr* IV 178<sup>8</sup> (1328).

Merkn. 95. I vaare dagar finn me umfram yvergangen av ø til *e* i *ķem'e* (præs. av *kāma*) *sev'ə* (præs. av *sāva*) ogso yvergang fraa ø' iil *e* i *ķemd* f. (*nātt'ā* va *i ķemd'ā* ɔ: natti heldt paa aa koma) Finnøy.

Av andre ord som her hev *e* og *æ*, medan dei elles i landet oftast hev ø, er nemnande: *ræla* v. (røla, vasa) Ryf. *urækja* f. (uvyrde menneskje) Ryf. *vela* v. (vøla) Jedr. Jfr. ogso *-be* (sjelden) for *-bø* i sisteleden av gardsnamn, t. d. *sør'be* (matr. no. 45 i Høyland paa Jederen).

γ. Vidking av *y* (og *øy*).

*y* held sig i hovudbrevi i ljodlinn staving i *fyrer*, som nokre gonger er heilt utskrive, t. d. II 78<sup>22</sup>, men oftast er avstytt til *fyr<sup>s</sup>* — i diplomataret oppløyst *fyrir* —; II 168 hev berre *f<sup>s</sup>* — i diplomataret oppløyst *firir* —;

i II 77b, som ogsø hev *fyre*, er tvo gonger skrive *fi* (l. 4 og 17) med uviss oppløysing (*fire?*). *ymisom* dpl I 168<sub>13</sub>. Andre dømme er ikkje upp-teikna.

Merkn. 96. Fraa andre gnorske brev: *skildi* 3pki (av *skolo*) IV 18<sub>7</sub> (1297) er vanleg form i alle brev fyre 1300, undt. X 410 (1272–76) som hev *y* i *skyldim* 1pi; formi med *y* finst elles ogsø etter 1300, t. d. *skyldi* II 115 (1313; brev fraa bispen Ketil; men *skulldum* 1pi IV 86<sub>a16</sub> 1310, utf. av d. s.). *pikkir* IV 90<sub>64</sub> (Stav. 1311; vid. Avaldsnes 1314); *herbirghis* IV 18<sub>14</sub> (1297) *herbirggiss* IV 45<sub>8</sub> (1299), men II 54<sub>4</sub> (Stav. 1299) hev *herbærge*, som er den formi me her her helst skulde venta. Fraa mn. brev *hemafilie* (< *heimanfylgia*) XIII 93<sub>8</sub> (1427) *Ryafilke* (< *Ryggafylke*) IV 616<sub>19</sub> (1392). Hertil ogsø *minnum* dpl (av *mynne* n. *mynne*, fjordkjeft, elveos) IV 156 (1322) fraa samansetningar som *Dalsminni*, *Vinuminni* osfr.

Merkn. 97. I maalføri no *førø* Ryf., *førø*, og til deils *fyrø* Jedr.; *ovø* Ryf. Jedr. *yve* Dal., jfr. mn. *yffuer weldæ* IV 95<sub>27</sub>, 1463; *sje* (< *skildi* < *skylda*) Dal. *ske*, *ske* og *sku* Jedr. Ryf.; *tykka* v. Jedr. *tøka* Suld.; *herberjø* Suld. *hærbærg* Ryf.; gn. *ymist* hev vorte *ømmest* Ryf. (*ymist* I Suld.); jfr. *vandöule* n. stakar Suld. (Sand) < *vandyule*, jfr. gn. *vanyfli*.

Merkn. 98. Ogsø i lødsterk staving finn me i gn. og mn. no og daa *i* for *y*: *brilaup* IV 197<sub>7</sub> (1331), *fistha* (< *fyrsta*) IV 777<sub>13</sub> (1409) *Brinildæ* IV 806<sub>13</sub> (1418) *Briniulfuer* IV 825 (1424); *Bilæster* IV 936 (Stav. 1454) *Bilæist* XVIII 94<sub>5</sub> (1472), jfr. *Byleistr* Edda; no *belest* ell. *bellest* Ryf. Kanskje høyrer ogsø hit *Bileifr* Mn. IV 45<sub>11</sub> (umkr. 1299) no *belle* Jedr. (sjaa Lind under *Billeifr*); jfr. *metting* m. (motting) Jedr. < *mitting* (Mandal) < \**mytting* < *mykdunge*. — *øy* (*ey*) > *ei*: *olæifuis* adv. utan løyve (< *óleyfis*) IV 306<sub>24</sub> (1346). I alle desse høvi er der labial konsonant fyre eller etter den *y* som vert *i*. Labiale konsonantar i nærleiken av dei fremre vokalar (*x*, *e*, *i* *ø*, *ø*, *y*, stutte og lange) vil i gammal og ny norsk sporadisk hava assimilerande eller dissimilerande verknad; og same (rundande eller vidkande) verknad paa vokalen kann ogsø eit visst umvære av ymse andre konsonanter hava<sup>1</sup>. Det synest som um denne umstoda ogsø hev verka med *i* slike høve som *fyre* > *fire*(r), *skylda* > *skilde* osfr., med di vokalen i alle desse ordi hev eit konsonant-umvære, som ikkje sjeldan i norsk hev dei nemnde verknader.

ð. Opning og lægging. Den opning eller oftare lægging av dei gamle stutte vokalar som no sermerkjer maalføri paa desse kantar, mest i Ryfyike, finn me ikkje merke etter i hovudbrevi, som er næraste grunnlaget for denne utgreidingi, — naar me tek undan yvergangen av *e* til *x*, sjaa 3 c ovanf.

Merkn. 99. Heller ikkje i dei andre gnorske brevi fraa Rogaland er der trygge merke etter lægging utanum yvergangen *e* < *x*, sjaa Merkn. 19. Det er mogeleg at *vet* 1 pron. dual. II 39<sub>2.3.18</sub> (Stav. 1297) er lægging av *vit*; jfr. *mæt* for *mit* 1 pron. dual. V 357<sub>3.15</sub> (Skjold 1393), nyn. *me* Rog. Men elles er det fyrst burtimot 1400 og serleg i det 15 hundr. at dei nye opne formerne kjem noko fram i skrifti. Fraa denne tid finn me daa:

*e* > *x*: Av dei mange dømme nemner me berre *huzernar* gen. < *kvernar* IV 536<sub>18</sub> (1387).

<sup>1</sup> *hæirdi* (< *heyrði*) IV 197<sub>2</sub> (1331), der *ey* ell. *øy* stend millom guttural + *r*, og i nyn. *geir* m. (*jeir*) verk i handleden av vridning, Dal. = *göyr* (*jöyr*) V Agd. (Aasen og Ross).

- i* > *e* (> *æ*): *sera*, prestatitel (< *sira*) I 580<sub>1</sub> (Hjelmeland? 1492) *telgiot* VII 339<sub>8</sub> (1404) *skelt* ptc (av *skilia*) IV 806<sub>12</sub> (1418) *skrevit* ptc XV 55<sub>12</sub> (1426). *skældho* ptc (av *skilia*) III 786<sub>11</sub> (1445); *Ledwarder* IV 909<sub>3</sub> (1449) < *Liduardr* IV 272<sub>2</sub>, 1343; *leffeandis wetnæ* (< *lifandi vitni*) VI 563<sub>6</sub> (1467?) *wel* 3sp (av *vilia*) I 918<sub>15</sub> (1477) *bescop* I 917<sub>8, 11</sub> (1478), *wekæ* dsg (< *viko*, no *veka*) IV 987<sub>10</sub> (1478); men *midwekædaghen* alt i 1450, IV 917<sub>18</sub>), *Sewather* (< *Siguatr*) IX 390<sub>2</sub> (1484); *Belef Mn.* III 941<sub>18</sub> (1483), jfr. *Bileifr* IV 45<sub>11</sub>, 1299, i latinsk tekst *Beliwarus* IV 45<sub>17</sub> (Stav. umkr. 1299), no *belle* Jedr.; *bespen* (< *biskopenn*) VIII 639 (1530); *seder* komp. (< *sidar-*) IV 1075<sub>7</sub> (1518).
- o* > *å* (oftast skr. *a*): *jamfru* (< *jomfru* < *jungfru*) IV 374<sub>1</sub> (1355); *setstafunne* IV 524<sub>4</sub> (1384; kann vera av *stava*, sideform til *stofa* (jfr. mnt. *stave* og *stove*), men i dipl. fraa denne kanten er den regelrette form *stofa*; *kamunit* (< *kom-*) IV 610<sub>15</sub> (1392), *kaapar kalik* XIII 96<sub>32</sub> (1428), *i taaldo gulle* (∴: *i toldo gulle*?)<sup>1</sup> IV 866<sub>5</sub> (1437), *faqwtæ* (< *fogute*) X 187<sub>15</sub> (1446) *kam* 3si (av *koma*) IV 994<sub>23</sub> (1483); *sa* adv. (< *so* < *sud*) IV 912<sub>12</sub> (1449), *lavadhe* 3si (∴: *lavade* < *lofade*, no: *läva* ell. *lävde*), IV 957<sub>12</sub> (1465); *welbaren* I 917<sub>3</sub> (1477) *paasar* pl. (av *pose* m.) IV 1074<sub>9</sub> (1517).
- u* > *o*: [*boen* ptc nsf (gn. *büen*) IV 616<sub>13</sub> 1392, svensk] *somarneter* pl. (< *sumarnætr*) IV 805<sub>10</sub> (1418) *soomer netter* IV 919<sub>11</sub> (1450) *otthan gardz* III 786<sub>11</sub> (1445) *sporde* 3si (av *spyria*) XII 237<sub>6</sub> (1468); *follan* adj. asm (< *fullan*; no *fodl'a*, Ryf., sume atader *fudl'a*, t. d. N Karrøt) I 918<sub>6</sub> (1477); *Gonulsson* (< *Gunolfsson*) I 917<sub>2</sub> (1477), jfr. nyn. *gonill* Karnt (< *Gunnhild*) = *gonla* I Suld.; *med lothom oc lonnon-dom* IX 390<sub>9</sub> (1484). *u* for *o* i *Rubbert Mn.* IV 909<sub>3</sub> (1449) hev vel sin grunn i villræde i yvergangstidi; i andre brev fraa dette maaltidet *Robert*, t. d. IV 899<sub>3</sub> (1447).
- y* > *ø*: *mølno(hus)* (< *mylno-*) IV 536<sub>8</sub> (1387) IV 537<sub>4</sub> (1387); *skilordi* (< *yrði-*) IV 548<sub>12</sub> (1388) *iaørðhæ* III 648<sub>5</sub> (1419); *Størmær* IV 804<sub>2</sub> (1417), jfr. IV 538<sub>5</sub>, 1387, der namnet paa same mannen vert skrive *Styrmir*; *føre* prp (< *fyrer*) V 696<sub>6, 7</sub> (Utstein 1440?) IX 390<sub>7</sub> (1484); *förra* adj. (< *fyrri*) IV 877<sub>18</sub> (1440) *för* prp. (< *fyr*) IV 914<sub>6</sub> (1449) *øfwer* (< *yfer*; no: *øva*) IV 880<sub>18</sub> (1440) *øfwer* IV 909<sub>3</sub> (1449) *øfer* VI 536<sub>2</sub> (1450); *wørdelighom* dsm (< *vyrð-* < *vird-*) IV 949<sub>5</sub> (1461) *Gøøðæ* (< *Gyða*) VIII 375<sub>3</sub> (1462) nyn. *Gøye* 1676 Dal. *Gjøa* Jedr. 1749; *Gøne* S Ryf. 1626 (Mld); *søndoga* adj. ast (< *syndugr*) IV 987<sub>5</sub> (1478); *møghet* (< *mykit*; no: *møje* Rog.) IV 994<sub>24</sub> (1483).

Merkn. 100. Som dømi i fyrre Merkn. syner, maa vokallæggingi i alle fall sumstad paa Rogaland vera i stor mun gjenomferd i mnorsk tid. I vaar tid er dei gamle stutte vokalar jamnaste lægde framfor stutt konsonant i mesteparten av Ryfylke og fram med havsida aat Jederen og Dalarne. Her er nokre døme fraa Sand i Ryfylke: *bæra* v. *eg* < gn. *bera*, *ek*; *leva* v. *sjen* n. *veka* f. *vet* n. < gn. *lifa*, *skin*, *vika*, *vit*; v. *läva* v. *skåt* n. *stäva* f. < gn. *lofa*, *skot*, *stofa*; *lot* m. *mon* m. < gn. *lutr*, *manr*; *føræ* prp. *møke* (*møje*) Jedr. S Ryf.) adj. *sjøna* v. *øva* prp. *ømmæst* < gn. *fyrer*, *myket*, *skynia*, *yfer*, *yrest*. Framfor lang eller samansett konsonant hev vokalen (helst *e*, *i*, *y*) fulla enno ofte sin upphavlege klang, t. d. (fraa Sand): *edleve* (eldre slegt) < gn. *ellifu*; *bisp* m. *hinn* pron. *ligga* v. *livna* v. *sjifta* v. *tinng* s. (og *tinng*) < < gn. *biskopr*, *hinn*, *liggia*, *lifna*, *skifta*, *ping*; *bygd* f. *fydla* v. < gn. *byggð*, *fylla*. Men ogsa i slik stoda vert vokalen lægd i mange høve,

<sup>1</sup> Mogelegt er det at me i *taaldo* hev ei lengd form av *taldo*, jfr. *iälde* impf (av *telja*) Set., — lengjing av *a* framfor *ld*.

soleis (fraa Sand): *dværg* m. *kvæll* m. < gn. *dvergr*, *kveld*; *gálv* n. *áksø* m. (i smn. *áksahávø*; elles liksom a. st. i Ryfylke jamt *stut* um ukse), *sávna* v. *monn*, *vörja* v. < gn. *golf*, *okse*, *sofna munnr*, *vyrða*; *sönnog* adj. < gn. *synduigr*; serleg gjeld dette um *u*, som i storluten av Ryfylke og Jederen er fallen heilt eller mesta heilt saman med *o*: *godl*, *hogsa*, *þokk'ø*, *som(m)ar* (< gn. *gull*, *hugsa*, *þiukkr*, *sumar*) Sand, liksom *o* hev falle saman med *å*: *hågga*, *kåmma* Sand. Som døme i Merkn. 99 syner, hev læggingi ogso i denne stoda vore i gang i mnorsk tid. I *sámde* (Ryf.) impf. av *symja* hev gn. *u* jamvel vorte lægd til *å* (gn. *sumde*).

Minst vokallægging er der i Dalarne, som i dette stykke skil seg ut fraa Ryfylke; ogso sud paa Jederen og nord i Ryfylke er der mindre lægging. I I Suldal (Bleskestad-kverven) kann ein høyra former som *mýke*, *klyppa*, *nysta*, og S Jedr. og N Karmt hev *fudl'ø*, *gudl* odl. *ymest* S Jedr. (Time).

Merkn. 101. *ø*-ljoden ligg sumstad, helst i Stavanger by og umland, so høgt at han vert *y*, t. d. *kyd(d)* for *kjot*, *hyna* for *høna*, jfr. *hynen* (o: *hønan*) I 918<sub>16</sub> (Ryf. 1477), *Obrysta* 1563 for *Obrösta* (gtr. af *Oprostadum* Fagrsk. Finnur Jónssons utg. s. 108<sub>1</sub>) no utt. *åbröst* (skr. Obrestad i Nærbo, matr. no. 11).

ε. Jamning av vokalar. Merkeleg er den utjamning av vokalarne som der er i *kummun*- II 77 b<sub>4,11</sub> II 78<sub>8</sub> for *kom(m)un*-, jfr. G. Tr. § 86. Hit høyrer vel ogso *falags* I 168<sub>15</sub> for *felags*- (sjaa 16 g ovanf.) og *klykkya* II 77 b<sub>9</sub>, der den siste *y* er innkomen ved paaverknad av *y* i fyrste staving liksom den siste *y* i *mykyt*<sub>6</sub> i same brevet. Som høvi syner er det ikkje berre som i austnorsk stutt vokal i stutt staving som er tiljamna, men ogso lang vokal og stutt vokal i lang staving. Sameleis er det ogso i dei høvi, som nedanfor i merknaderne er nemnde, fraa andre brev eller tider.

Merkn. 102. Fraa andre gnorske brev: *hifvir* (< *hefir* av *hafa*) IV 295<sub>8</sub> (1345) IV 344<sub>6,13</sub> (1349) *fiughur* npl (< *fiogur*) IV 117<sub>16</sub> (1316) ofl. brev. *fiughurra* gpl IV 167<sub>11</sub> (1325; jfr. *fioghurra* IV 374<sub>9</sub>, 1355) *ænskysskyens* IV 156<sub>15</sub> (1322) *mykyt* X 4<sub>14</sub> (1272—1276) *nykkkyng* (< (*h*)*nykkking*) IV 90<sub>78</sub> (Stav. 1311; vid. 1314), *biscups domøss* ibid.<sub>126</sub> *nor-røno* II 54<sub>24</sub> (1299) for *nor(r)øno* ibid.<sub>15</sub> og det mykje vanlege *tuttughu* IV 117<sub>13</sub> (1316), *tutughta* dsn. I 305<sub>11</sub> (1347).

Hit høyrer vel ogso *kunungs* IV 49<sub>14</sub> (1300) av *konungr*, og kanskje *ymisim* dpl II 54<sub>11</sub> (1299), um ikkje dette er misskrift for *ymisom*, som det er skrive I 168<sub>13</sub>.

Sameleis høyrer vel hit *kingill*- i *Kingillstader* grdn IV 167<sub>6</sub> (Stav. 1325), no *kinjesta* (skr. Kingestad, Finnøy matr. no. 6) < \**kengill*. Vandare er det aa segja med vissa kva dette *kengill* av eldre \**kangill* nærast er for eit ord. Tek me berre umsyn til vestnorsk, kann *kengill* vera avleidt beinveges av *kengr* m. (kjeng, krampe) og liksom dette vera eit gamalt tilnamn<sup>1</sup>. Men ymse former baade vestanfjells og austanfjells, som ved sitt bruk, snart i stadnamn, snart i namnet paa kongurvaava (Aranea), synest hava samanheng med denne, slike som austn. *kingill* jamsides med *kangull*, *kangurr*, vestn. *kongull*, *kongurr*, saman med den umstoda at *kingill* er ukjent baade i gamall og ny vestlandsk, so nær som i det um-

<sup>1</sup> Finnur Jónsson: Tilnavne i den islandske oldlitteratur, Kbh. 1908 s. 281. B. Kahle: Die altwestnordischen Beinamen bis etwa zum Jahre 1400, i Ark. XXVI s. 151.

rødde namnet paa Finnøy, gjer det uvisst um dette *kingill* er avleidd beinveges av *kengr*, eller um det er austnorsk og hev eit anna samanheng; jfr. *by* i *hössby*, det gamle Hestbø, paa same øyi. Til ei lengre utgreiding um dette er det ikkje rom her.

Merkn. 103. Døme paa vokaljamning fraa mnorsk tid er *Holormur* Mn VII 339<sub>3</sub> (1404) < *Hallormr*, skr. *Halomer* IV 777<sub>15</sub> (1409), *kyndyls messo* IV 514<sub>18</sub> (1379) *sannanda* gpl IV 797<sub>12</sub> (1414) *Subudale* (< *Sula-*) XIII 94<sub>29</sub> (1428). Jamning er vel grunnen til *hysprøy* (< *húsprøy* < *hus-freyja*) IV 840<sub>21</sub> (1429), og til *Þykrøy* IV 323<sub>35</sub> (1347; bakpaa brevet med nyare hand) < *Eikrey*, jfr. *Eikarøy*<sub>16</sub> i same brev. Serleg merkande er jamningi millom vokalane i fyrste og andre stavingi av ymise personnamn, som byrjar med *þór-*, t. d. *þirgilsa* gen. Mn IV 616<sub>17</sub> (1392) for *þorgilsa*, med genitivendingi *-a* i staden for *-ar*, jfr. *þirgils* nom. *ibid.*; *þerkielsson* IV 532<sub>8</sub> (1386) < *þorkællsson* IV 457<sub>2</sub> (1366), no *terhel* Ned.; *þaraldr* Mn VII 339<sub>5-6</sub> (1404) < *þor(u)ldr*, jfr. *þoralldr* IV 492<sub>3</sub> (1370), no *taral* Ryf. Jedr., og *tadlak* Mn Ryf. < *þorlacr* (toilag S Jedr.); *þarsten* III 786 (1445) < *þorsteinn*; *Tarmodh* II 917 (1481?) og det nyrugske *tarjái* (< *þórgeirr*) I Suld. er vel jamlaga etter *þaraldr* og *\*þallacr*. Jfr. *Salamon* IV 18<sub>8</sub> (1297).

Merkn. 104. Vokaljamning av det slaget som ovanfor er umrødt, er der ikkje so rett lite av i desse maalføri enno. Døme er: *vára* (esse) Ryf. (< *vera*), utskilt fraa *vara* (durare) med lægre, men like lang vokal aa kalla<sup>1</sup>; i *várta* (< *verða*) hev vel yvergangen *e* > *a* framfor *r* + *t* hjelpt til (Merkn. 31); *háðá* ell. *háðá* < *Hákon*; *júttá* grdn (skr. Jaatten i Hetland, matr. no. 16) < gn. *Játún*; *smolog*, *smálág* n. (ein saud ell. ei geit) Ryf. Jedr. Dal. eigenl. eit samandrege plur. *\*smalalog* av kollektiv *\*smalalag*(?), jfr.: »Et Faar. Eit Kydlag Smaallaag 3: Sex Faar.« Kildeskr. 183 (Fjelberg 1743); *ili* Kn < *Elín*, *ilri* Kn < *Eldrið*, *hitt'l* Mn (< *Ketill*) Ryf.; *öröyna* 3: *öröyi*, *hölgöyna* (skr. Helgeoen, millom *sjödnaröyadn*). gn. *Hælgliöy* IV 421<sub>7</sub> (1361) *Helghliöyne* dat. *ibid.*, *hössby* grdn < *Hestby*; *fynnöyná* < *Finney*, skr. *Fynöen* I 917<sub>3</sub> (1477) *Ffönnöenn* III 1119<sub>2</sub> (1529); *obmonn* Mn (< *Oddmundr*) Ryf. *udmun(d)* I Suld.; *ombo* (< *\*Umbom*) öy i Ryf., jfr. *j Umbum* VI 190<sub>12</sub> (1349); *jösöp* Mn (Josef) Suld.

Det kann her vera verdt aa nemna, at dei paa Utsira og paa V Karnt — fraa Sandve til Veavaagen — gjerne legg sterkt ettertrykk ogso paa andre stavingi i tvostavingsord (Siramaal): *övé* (< *yfer*) *havé* (< *hofod*) *tíme* m. (< *tíme*), *mir're* (< *merren*)<sup>2</sup>.

5. For *a* i utljod stend *e* i *bradare* adv. komp. i hovudbrev IV 114<sub>26</sub>; men elles held *a* seg i utljod som i vanleg gnorsk.

Merkn. 105. Sameleis som i hovudbrevet stend *e* i *widare* adv. III 434 (1277—1303) *visure* nsn I 70<sub>2</sub> (Stav. 1280) *sannare* nsn IV 51<sub>14</sub> (Sand 1301) 63<sub>16</sub> (Sand 1306, vid. 1306). Um *e* i *hía uerande* dsm I 63<sub>17</sub> (Stav. 1270) sjaa Merkn. 148 nedanf. I IV 90 (Stav. 1311) stend *æ* for *a* i *annærs*<sub>73</sub> *annæthuar*<sub>72</sub> *Arnæ*<sub>79</sub> *hanæ*<sub>66</sub> pron. *Juæræ*<sub>29</sub> *Valgærd*<sub>29</sub> Mn akk. (skrive *Ualgardr* nom. *ibid.*<sub>124</sub> s. 90). Um *æ* i desse høvi ikkje er paa-

<sup>1</sup> Sameleis er det i SShl, sjaa Nbm XV s. 96, der Ross legg skilnaden berre i vokal lengdi; etter mitt skyn ligg skilnaden mest i vokalhaatten i alle fáll i N Ryf., ikkje berre med umsyn til *é*, *a*, men ogso til *e*, *æ*: *jera* (< *gera*), *jæra* (< *gerða*). Jfr. skrivemaatarne i D. N. IV 54 (Stav. 1302): *giærh*<sub>11</sub> (av *gerða*), *gerð*<sub>133</sub> (av *gera*); tilfellelegt?

<sup>2</sup> Dei hermar etter Sira-buen: *Du ska gå foré me mærr'e á hárr'e, så ska eg kánná tilé me sekþ'en á kær'je* 3: Du skal gaa fyre med merri og horvi, so skal eg koma etter med sekken og korgi. (Upplysn. fra kand. mag. Olav Anda).

verknad fraa austnorsk, som brevet elles ikkje er fritt for, maa han helst vera teikn for ein noko framskoten *a* (*å*). Som dømi syner, stend han her baade etter lang og stutt gnorsk staving, ikkje som i austnorsk berre etter lang. Saman med nokre døme paa svaging millom *a* og *æ* i ljodsterk staving — *tækitt* (< *takit*) 2ppk III 43<sup>5</sup> (umkr. 1290) *ærfæider* ptc (for *arf*·) IV 294<sup>18</sup> (1345) — minner dette um maalføret i Ryfylke no, som hev 2 slag *a*'ar, ein djup eller attdregen burtimot *å* (t. d. *håd* ell. *had* < gn. *hat*), og ein høg eller framskoten burtimot *æ* eller *å* (t. d. *hått* m. = gn. *hottr*). Uttalen er oftast *a*, naar han i nymaalet er lang, men *å*, naar han er stutt; baae vert difor her skrivne *a*, naar det ikkje er sers grunn til at skilja deim i skrifti. Jfr. NVestl. s. 21, Merkn. 45, og Ross i Nbn XV s. 97; Larsen's Oversigt s. 17. Det gamle *Hvaluaagh* II 695<sup>4</sup> (1428) heiter no *kvællvåg* (skr. Kvalvaag, Strand matr. no. 61).

Elles held endingsvokalen *a* seg godt i alle brev som her er i umrøda<sup>1</sup>.

Merkn. 106. I desse maalføri no er der *a* i ei mengd med endingar. Linne kvendkynsord og inkjekynsord, tvo former av adjektivet, infinitiv, mange adverb og mange genitivformer i samansetning endar enno paa *a*, og bøygingsformer paa *-ar* (*-a* Jedr.) er mykje vanlege, t. d.<sup>2</sup> *visa*, *veka* (*vega* Jedr. *viga* Dal.), *öyra*; *dē stora husa*, *dēn stora stāvā*; *dē bästa*; *brota* n. (*broda* Jedr.) < gn. *briōta*, *sāva*; *jēdna* adv. *āfta* (til deils *opta* Karmt); *rettar-bot*, *sjoar-is*, *sjoar-veg*, *fota-fråst*; *sjonar-ās'an*, aas med god utsyn (Hjelmeland); *boka-binnar*; *lia-hest* (*Picus viridis*) I Suld.; *sæla-ba* n. gravel (gn. *sålabad*) I Suld.; *manna-mål*, *alna-mål*, *nesja-fålk*, *lamba-kot*; *madla-för'n*, vadstad ved Madla paa Jederen (for m. < gn. \**förd* = eng. *Oxford*, tysk (*Frank-fürt*), *granna-gar*, *haga-blom*, *jarta-rom*, *öugna-kvarn*, *færa-reken* adj. trøytt av aa ferdast (< \**ferðarrekin*) I Suld.<sup>3</sup>; *steinar* pl. (*-a* Jedr. Dal.) *steinadn(ə)* (*-annə* Jedr. *-an* Dal.); *öyar* (*-a* Jedr. Dal.) *öyadn(ə)* (*-annə* Jedr. *-an* Dal.); *fara te kvēdnar*, *te sjoar*; *han kastar* (*-a* Jedr. Dal.). Dei gamle *a*-endingar hev soleis halde seg godt i dette maalvaldet.

η. *o* i endingar held seg i hovudbrevi; i *þeire same fiske* IV 114<sup>40</sup> stend *same* for *samre*, ikkje for *samo*, sjaa 16 j δ her nedanfor.

Merkn. 107. I dei andre gnorske brevi finn me ogso sjeldan døme paa *e*, *æ* for *o*: *fene* dsg (for *fēno*) I 63<sup>22</sup> (Stav. umkr. 1270) *krostvkæ* gsg (for *·o*) II 24<sup>22</sup> (u. st. 1288); *i gange fastu* (*-e* utydeleg i hds.) II 107<sup>5</sup> (1311).

Merkn. 108. I den mnorske tidi vert yvergangen fraa *o* til *e* (til deils skrive *i*) i visse høve noko meir vanleg, t. d. *tinu mamataleighi* (for *-leighe* < *-leigo* < *-leigor*) IV 524<sup>10</sup> (1384) *hemafilie* asg (for *-fylgio*) XIII 93<sup>8</sup> (Lund 1427), *brefuene* dsg ibid.<sup>12</sup>, *skipreidhe* dsg II 695<sup>6</sup> (1428), *i vaate oc þurro* II 840<sup>18</sup> (Eikersund 1429), *sunnedaghen* II 895<sup>6</sup> (1475; *sunnodaghen* 1395), *sette* 3pi (av *setja*) IV 764<sup>10</sup> (1407), *mellom akersens oc badstofuener* II 134<sup>14-15</sup> (15 hundr.). Men me finn likevel ikkje lite av endingar med *o* i brevi fraa desse kantar heilt inn i den nynorske tid. Um *o* i verbalendingar sjaa Merkn. 154.

Merkn. 109. I dei no livande maalføri hev *o* i utljod og framfor gamall *r* i ljodlette stavingar gjenge yver til *ø* (*e*) t. d. i Ryfylke: *lænne* adv. < *lønno*; *visø-bok*, *vekø-dag*; *visør* (*visø* Jedr.) < *visor*; *fara te hærhø*

<sup>1</sup> Undanteke er sjølvsagt: D. N. IV 227 (Hestbø 1336) som er mesta heilt austnorsk.

<sup>2</sup> Dømi er fraa NRYfylke, naar ikkje annan stad er nemnd.

<sup>3</sup> Det nye rygjaamaal hev ikkje mot noko lengre samansetningar: *sålabafålk*, *kvitmol*, *blåkkēdn*, *morellbakken*, *störsmålgaradn* odl. I Suld.

(*< til kyrkio*); *ynsja te lokka* (ell. *lukka*); *sá'værð* av eldre *sovore*, slik. I nokre ordelag held *o* seg enno som *å*, soleis i Ryfylke; *mę goám* (gn. *með góðu*); *han tēnte hálvå* (*o*: halv tid; *hálvo* S Jedr.); *i snubbsnarám* (i ei snarvending); *ám háustá(m)* (*< un haustom*) ofl., alle dømi uppteikna fraa Sand.

9. Vokal-burtfall. Millomvokalen er burtfallen i *lidne* ptc dsf IV 114<sub>39</sub> for *lidinne*, jfr. umvendt *lidinir* ptc npm i IV 59<sub>3</sub> (Stav. 1305); *nn* hev vel i det fyrste høvet fyrst vorte avstytt til *n*.

Etter *g* og *k* hev konsonantisk *i* falle burt i bøygingi i *Faxstødinga* IV 114<sub>13</sub> (*-gia* *ibid.*<sup>54</sup>) *fatøkom* 78<sub>17</sub>.

I utljod er *a* burte i *haf* (for *hafa*) IV 114<sub>67</sub>. Dette *haf* er fulla mis-skrift; jfr. *haff vndhervisth* X 593<sub>22</sub> (1529), der *haff* vel er opphavet til den nynorske formi *ha*, som soleis fyrst hev vorte avstytt til *hav* framfor vokal, og kanskje helst i den ljodlinne stoda framfor præet. particip.

Merkn. 110. Av døme paa vokalburtfall i andre gnorske og mnorske brev fraa dette maalvaldet skal her berre nemnast: *broðr* (*< bróðr*) IV 59<sub>9</sub> (1305) *modr* min IV 197<sub>9</sub> (Tolga 1331); *teknir* ptc dsf (*< tekinnir*) I 291<sub>10</sub> (1345), jfr. *lidne* ovanfor i eit hovudbrev; desse sistnemnde tvo formerne er so uvanlege at ein maa mesta tru det er mis-skrift. I utljod er *a* burt-fallen i *husprøy* IV 122<sub>2</sub> (Eidsa 1318) *< husprøya* IV 127<sub>2</sub> (1318), *hus-frøy* I 493<sub>6</sub> (1385); *e* er burtfallen i (*af*) *Skyldh* II 699<sub>31</sub> (1429) *< mn. a Skildi* V 357<sub>2</sub> (1393), no skr. Skjold (herad), men uttala *sjöll*, som er eldre *Skyld*; *o* er burtfallen i *þridhi* dsf (*< þridio*) IV 624<sub>20</sub> (1393), og sameleis i dsm b. form i *Sudlandhen* (*< -landeno*) I 1035<sub>8</sub> (1512).

Serleg merkande er burtfallet av *a* i tviljoden *ea* (*iá*) i *þre* akk. pl. m. (*< þrea*, vanleg gn. *þriá*) I 614<sub>13</sub> (1408); *fredag(h)en* (*< freadaghen* IV 550<sub>3</sub> (1388) IV 524<sub>14</sub> (1384) IV 803<sub>30</sub> (1417) IV 952<sub>4</sub> (1463)) ofl. br., men *frædagin* VII 339<sub>12</sub> (1404) kunde vel ha vakse fram av *frædag-* IV 610<sub>12</sub> (1392) etter Merkn. 114.

Fleire døme paa vokal-burtfall i næste Merknad.

Merkn. 111. Som ein vil slutta etter dømi i Merkn. 106 ovanfor, hev samansette tristavingsord med ljodlett midstaving i dette maalføre vore minder ute for samandrering ved burtfall av midstavingi enn i sume andre maalføre, jfr. t. d. G. Tr. § 127—130. Noko av slik synkope er der likevel ogso i Rygjamaalet. Soleis er millomstavingi burtfalli i sume stadnamn, t. d. *försvådl* (no skr. Førsvold, matr. no. 25 i Rennesøy; skr. *Førisuoldt* 1563, *Fyriisuoldt* 1567) *< gn. \*Fyrisvollr*; *jeidrei* (no skr. Gjeitreim, matr. no. 30 i Bjerkreim; skr. *a Gæitarhæimi* IV 323<sub>18</sub> 1347, *j Geitreime* IV 840<sub>16</sub> 1429) *< gn. Geitrheimr*, som soleis berre i den tidi halvljoden — i Dalarne *a* — raadde i dette høve, hev vore tristavingsord; *housje* (no skr. Hausken, matr. no. 16 i Rennesøy) synest hava sitt næmaste opphav i *Hauskeine* dat., paateikning paa IV 849 (1431) med samtidig hand, for *\*Haugskeideno*<sup>1</sup>; *hellann* (no skr. Helland, matr. no. 15 paa Rennesøy) hev me i *a Helgalande* i ei gnorsk runeinnskrift paa ein likstein<sup>2</sup>; *kvys's öynå* (ogso *kviss'öynå*) matr. no. 15 paa Mostrøy (no skr. Kviting sø) *< Qvritisöy* XII 257, s. 224<sub>34</sub> (1490) *< Hutingxøy* XII s. 156<sub>32</sub> (1427), s. 197<sub>11</sub> (1463),

<sup>1</sup> Det eigenlege opphav er vel eit anna, med di namnet er skriva *Ausquenn* i Pav. Nunt. 25, og *a Hauskeim* D. N. IV 1743 (1328), som vel ogso kunde verta *housje*.

<sup>2</sup> N. Nicolaysen: Norske Fornlevn. Kr.a 1862, s. 322.

gn. i *Huitingsøyom* XII 16<sub>5</sub> (1293 Munkelivs brevbok, avskr. 1427); *lólann* (no skr. Løland, matr. no. 47 i Fossan) < \**Lǫðoland*; *nærlann* (no skr. Nærland, matr. no. 3 paa Finnøy; skr. *Nierdland* 1567, a *Niardalande* IV 156<sub>12</sub> 1322, a *Nierdalande* IV 75<sub>12</sub> 1308) < *Niardarland*. *sull dal* < gn. *Súladal*. (*Suladale* dat. II 35<sub>10-31</sub> 1295, IV 86 b<sub>5</sub> 1310 ofl. br.; *Suladall* dat. II 35<sub>8</sub> 1295; *Suladal* IV 52<sub>35</sub> 1384, *Suladale* V 350<sub>6</sub> 1392; *Suldals* gen. XVI 44<sub>1</sub> 1402 (avskr. m. Torm. Torfæi hnd.; i den danske umsetjingi hans: *Svlædals*); men i namnet paa innbuarne er millomstavingi burte alt i gnorsk tid, t. d. *Suldøler* IV 156<sub>13</sub> (1322), ofte ogso *Surdøler*, sjaa nedanf. under i β. Det gamle *Eikundarsund* (*Eikundarsundi* dat. IV 323<sub>16</sub> 1347) er skrive *Eikundasund* 1292 (VI 60<sub>6</sub>); i 15 hundr. maa uttalen ha vore *eiǰonnasund*, som hev vorte mistydt og er skrive *Ekornasvndh* IV 987<sub>7</sub> 1478, fordanska til *Egermsund* 1567, og skrive *Eggersundt* 1570; i 1606 er skrive *Eigersund*, som høver med uttalen *eiǰarsunn* i vaar tid. Den gnorske namneformi kann vera paaverka av namnet paa øyi utanfor, skr. *Eikarøy* IV 323<sub>16</sub> 1347 — med halvljoden *a* — for *Eikrøy*.

Mannsnamn som i gnorsk i genitiv enda paa *-ar*, gjekk i mnorsk meir og meir yver til endingi *-s*, og samansetningarne med dette slag former vart stuttare, t. d. *Asbiarnarson* 1345 (IV 289<sub>7</sub>), og endaa i 1378 *Anbiarnarson* (IV 511), sidan *Asbiornarson* 1403 (II 575<sub>6</sub>), men i 1429 *Herbiornsson* (IV 840), og i 1445 *þorbiornsyne* (IV 894); i eit brev med nærskyldt maalføre *Bjornsson* 1390 (I 522<sub>11</sub>). Nokre sterkbøygde kvinne-namn, som i mnorsk tid fekk sideformer med linn bøyging og endingi *a*, hev sidan til deils vorte samandregne. Soleis fekk *Gunnhildr* (som enno liver i *gonill* Karmt) ei sideform *Gunilda* nom. IV 846<sub>6</sub> 1431, skr. *Gunnelle* I 918<sub>12</sub> (1477) no *gonla* Suld. Sameleis *brǫntla*, *tǫrla* Suld. < *Brynhilda*, *þórhilda*; *Táræn* Kv. Ryf. Dal. er gn. *þórunn* med burtfall av vokalen i siste staving; men *tárán(d)* I Suld.

Ved burtfall av spirantarne *ð* og *g(h)* millom vokalar hev ikkje so faa ord vorte samandregne, t. d. *bror*, *far*, *mor* < gn. *bróðer*, *fader*, *móðer*, sjaa Merkn. 110; *stöðl* N Ryf. *vöðl* m. Ryf. *vöul* d. s. Dal. < gn. *stöðull*, *vöðull*; *ulyöyra* n. ulydig skapning, < gn. *uljóðanseyra* (øyra utan høyrsl), jfr. *oljösöyra* n. (f.) likesælt menneskje Snm.; *dar* pl. (av *dag*) *dor* (*dur* Sand) m. < gn.  *dagar*, *dogorðr* (*-urðr*); *fjortun* tal., skr. *fiurghtan* IV 393<sub>8</sub> (1358) < gn. *fiuqurtán*. Soleis i ymse personnamn: *bol* Kn Ryf. < *Boel* (1750) < *Boduilðr*; *Kjøn* Kn (i eldre folkelistor fraa Dalarne) < *Tjøn* De Fine < *Tjoen* (1743) < gn. *þjóðunn*; *høl* Mn Jedr. Dal. < *Tjøel* De Fine < *þjóðolfr*; *Jol* Mn De Fine < *Liðolfr*; *Velle* Mn 1752 (Mld.), ogso skr. *Vedle* (Mld.), *Velle* De Fine < *Vetríðe*; *sjur* Mn < *Sigurðr*.

I verb av typen *suara*, *suarade*, *suarat* er *a* framfor *ð* og *t* i fortidsformerne ofast burte i notidsmaalet: *svárte*, *svært*. Vokalen er venteleg burtfallen i slutten av 15 hundr. eller fyrr, for me finn *skodhom* I pi 5: *skoddom* (< gn. *skodadom*) IV 1035 (1492). Gamle langstavingsverb hev i notidsmaalet skote ut dentalen etter *a* i dilike former, t. d. *hogsa* (< gn. *hugsa*) heiter i impf. *hogsa* og i prætt. ptc *hogsa*.

Det gn. *mánadarmatr* er alt i sein gnorsk samandregne til *mamater* nom. pl, t. d. IV 308<sub>15</sub> (1346) *mamate* apl ibid.<sub>28</sub>; for *mánada(r)*- *mata(r)leiga* er skrive *mamata lærighu* obl. I 305<sub>5</sub> (1347), og for *mánada(r)mata(r)ból* i tidleg mnorsk *mamatabooll* IV 572<sub>7</sub> (1389) ofl. br.; sameleis i brev fraa Agder t. d. *mamata leigo* XV 21<sub>8</sub> (1358). I 15 hundr. finn me i ryggjabrev avstyttingi *matabool* IV 851<sub>10</sub> (Dal. 1432); — i egdabrev *mataleigo* IV 966<sub>10</sub> (1468). Med di desse ordi i 15 hundr. mesta jamt er avstytte i bygdebrevi — ovsjeldan *manadamatabool* (X 187<sub>4</sub>, 1446) og *monadama-*

*taleigho* (II 575<sup>8</sup>. 14. 17 1403) — synest dette, saman med den ulaglege lengd desse ordi fraa fyrsten hadde, aa tala for at dei ogso hev vore samandregne i talemaalet. — *manadagh(en)* asg er vanleg form i dei gnorske brevi t. d. II 39<sup>15</sup> 1297, II 134<sup>10</sup> 1318, VI 190<sup>13</sup> 1349, og held seg i mnorsk òg; *monadaghen* IV 331<sup>4</sup> (1348) hev vokal fraa *mōnodr*; *manodaghen (-in)* t. d. V 93<sup>5</sup> (1332; vid. 1446) IV 513 (1379); i 1512 kjem det nynorske *mondaghen* IV 1058<sup>4</sup>, skrive *mandaghen* (o: maandagen) VI 684<sup>10</sup> (1523). *odensdaghen* finn me i IV 86 b<sup>4</sup> (1310) II 109<sup>2</sup> (1311) IV 129<sup>6</sup> (1319) I 192<sup>10</sup> (1327), altsaman stavangerbrev aa kalla, og i IV 227<sup>20</sup> (Hestbø 1336, austl. paav.); men i dei andre bygdebrevi fraa Rogaland heiter dagen helst midvikedag, skr. *midviku daghen* III 190<sup>13</sup> (1337) *midwikodaghen* IV 968<sup>3</sup> (1469), enno *mekada'n* (og *meqd'a'n* I Suld. Roaldkv. eldre slegt); fraa Nesflaaten er oppgjeve *mek'dag*. Det gamle *sunnudagr* er i nokre faa mnorske brev, t. d. VI 563<sup>3</sup> (1467? svensk paav.) skr. *syndag*, men elles *sunnudag*, *sunnodag* gnorsk og mnorsk, til deils *sunne* i mn.; sjaa Merkn. 108. Dagnamni no, t. d. paa Jederen, er: *syndag*, *mån'dag*, *tjīs'dag*, *ōns'dag*, *tōs'dag*, *fredl'dag*, *lōr'dag* (Time).

Merkn. 112. Dei gamle gardsnamn paa *-stader* (plur.) hev her lik som i dei fleste andre bygder i landet fenge eintalsform. hev dessutan kasta burt *ð* i *-stad* (sjaa Merkn. 58 ovanf.) og sumstad paa Jederen apokopera endingi *a*. Denne ljodminking synest ha byrja i slike namn som det gamle lange *Myklabolstader*, eit mykje utbreidt gardsnamn i desse bygderne. Soleis vert a *Myklabolstodum* IV 272 (1343) skrive *Mögleboust* i 1610, matr. no. 25 i Høyland, no utt. *myglabäst* og skr. Myklebostad; same namnet i Haaland er skrive *Mögebost* Sk. 20, fulla misskrift for *Möglebost*; \**Audastader*?, matr. no. 35 i Høyland, no utt. *öuästa* og skr. Auestad, *Owstha* DN. IV 1081<sup>6</sup> (1522); \**Fridreksstader*, matr. no. 24 i Klepp, no utt. *frīest* og skr. Fristad, vert skrive *Fridikstad* 1520, medan same gardsnamnet i Ognå vert skrive a *Fristadum* 1465 og *Friesta* 1563; same yvergangen hev me i *Hognestad* Sk. 19, matr. no. 9 i Time, no *håggnest*, skr. Hognestad; a *Oprostodum*, no utt. *åbröst*, sjaa Merkn. 101.

Merkn. 113. I inkjekynsord som *fe*, *kne* fell den etterhengde artikelen *-ə* (< gn. *-et*) sumstad burt, so den bundne formi vert lik den ubundne: *fe* < *fēet*, *kne* < *knēet*, *tre* < *trēet* Ryf. (Sand, Jelsa og venteleg fl. st.). Nokon aksentskilnad millom bundi form og ubundi hev eg ikkje kunna høyra. Jfr. burtfallet av den etterhengde artikel *-ən* i sume mannkynsord (Merkn. 147).

Merkn. 114. Upphavleg konsonantisk *i* (sidan *j*) er burtfallen etter konsonant + *r* i *frālsa* adj. asf IV 818<sup>7</sup> (1422) < gn. *frīālsa*; *þrozko* IV 71<sup>5</sup> (Sokndal 1307), ogso *þriozko* IV 70<sup>11</sup> (1307); *þru* (< *þriū*) IV 505<sup>3</sup> (1377); vel ogso i *frædagin* VII 339<sup>12</sup> (1404) < *frīædaghen* IV 610<sup>12</sup> (1392), jfr. *fredag* av *freadagh* (Merkn. 110). I *frels* adj. (< *frīāls*) IV 899<sup>13</sup> (1447) er vel *i* burtfallen etter han hev verka ljodbrigde, som me ser av *frīelz* IV 745<sup>8</sup> (1405).

Ogso etter *l* hev *i* (*j*) falle burt i *Løtulfuer* IV 777<sup>15</sup> (1409) < gn. *Ljótulfr*.

Dette burtfallet er ikkje sjeldsynt i maalvaldet no. Soleis i Ryfylke: *brotā* v. ell. *brodā* (< gn. *brīōtā*), *brōst* n. (< \**brjōst*, med etterljodbrigde ved *i* av *brīost*); *dropā* v. ell. *drobā* (< *driūpā*) *kropā* v. (< *kriūpā*) *stroga* v. (*striūka*) *trotā* v. ell. *trodā* (< *þriōtā*); sameleis *brodā* Jedr. *brodā* ell. *bro'dā* Dal. *drobā* Jedr. *drobā* Dal. osfr. Ogso etter *fl*, *sm* og til deils etter *l*, *n*, *r* aaleine kann *j* falla burt: *flōtā* v. (< *flīōtā*) *smoga* v. (< *smiūga*) *lotā* v. (*liōtā*) *notā* v. (< *niōtā*) *roka* v. (< *riūka*) N Ryf.

Burtfallet av *j* i *brjōtā* maa vera gjort til aa letta uttalen etter yvergangen av *i* til *j*. Naar ordet i gnorsk byrja med *lj* ell. *rj*, hev *l* og *r*

falle burt av same grunn i *jona* v. (< \**ljóna*) Jedr. *jome* m. *rjome*, *juba* f. *rjupa*, *jovippa* f. (sjaa *rjodvippa* Aasen) ofl. Ryf. Um vokalen i fyrste stavingi av *dropa*, *smoga* ofl. sjaa Merkn. 69 (slutten) ovanf.

I ljodlinn staving er *i* burtfallen til deils i gnorsk tid etter *k* i *vika* inf. IV 323<sup>28</sup> (Stav. 1348) < *vikia*, no *vika*, *viga*. Paa mange stader i Rogaland hev ogso *j* falle burt i *sida* v. (< *sitia*), men *sidja* I Suld. *sidja* Dal. *sifa* N. Ryf.

Merkn. 115. I dei gnorske brevi fell kons. *u* og *v* (upphavleg *u*) burt som vanleg framfor *o*, *u* og *y*. Der som han i bøygingi fekk studnad hjaa andre former, er han likevel oftast innkomen atter ved jamlaging, t. d. *suorot* 2pi IV 178<sub>1</sub> (av *sueria*) 1328; jfr. *soro* 3pi V 162<sub>7</sub> (1343); *wyrði* 3sik (av *verða*) IV 331<sub>10</sub> (1348). *worden* ptc nsm IV 515<sub>12</sub> (1379). — I siste samansetningsled er han burtfallen framfor vokal i *Ranneigh* Kn, XIII 95<sub>8</sub> (1428) < gn. *Ranuæigh* XIV 6<sub>18</sub> (1345; avskr. bl. Apogr. Arn. Magn.); *Botolsoko* obl. IV 972<sub>4.15</sub> (1472), < *Botolfsuoko* IV 594<sub>12</sub> (1391).

*u*. Vokal-innskot. Etter *e* vert det i hovudbrevi ein hende gong innskote ein *i*, naar det kjem ein palatal vokal i næste staving, t. d. *feinge* 3pki (< *fenge*) IV 114<sub>22.35</sub>, men *fengo* ibid.<sub>44</sub> (*gengo* ibid.<sub>65</sub>).

Merkn. 116. Fraa andre brev, helst stavangerbrev, er uppteikna fleire dømme paa innskot av *i* i same høve som i hovudbrev IV 114. Soleis: *eikki*, *heifuin*, *kræifde*, *sæigir*, *teikitt*, alle i II 54 (Stav. 1299); *veinnu* asg IV 70<sub>12</sub> (Stav. 1307) *vheinginglegha* adv. ibid.<sub>12</sub>; *Eighill* IV 147<sub>2</sub> (1321; men *Eghill* IV 129<sub>2</sub> 1319), jfr. isl. uttale *eiðill*, og *eiðel* Ryf., og sameleis nyn. *heigre* m. (*hegri*, fugl) Jedr., og *heigre* grdn. i Høyland (no skr. Heigre, matr. no. 54).

I mnorske brev finn me stundom ogso *i* innskoten etter ein *e*-ell. *x*-ljod i fyrste stavingi, alt um vokalen i næste ikkje er palatal, soleis: *meillium* (< *millom*) IV 959<sub>11</sub> (1465, jfr. *mellium* IV 335<sub>23</sub> 1348), *pæingom* IV 518<sub>14</sub> (1380) *keinnomst ver* II 575<sub>12</sub> (1403) *eingho* pron. dsn IV 851<sub>16</sub> (1432) *geingo* 3pi IV 505<sub>20</sub> (1377) *akeirulaus* IV 916<sub>8</sub> (1450). Av desse formerne tyder *meillium* og *keinnomst* paa *j*-fengen (muljera) uttale av *ll* og *nn* — liksom ogso eit par andre sjeldsynte former: *hæinar* (< *hennar*) IV 197<sub>3</sub> (Tolga 1331) *Ioin* (< *Iönn*) III 1119<sub>3</sub> (Hestbø 1529) —, medan *pæingom*, *eingho*, *geingo* tyder paa tviljoding av *e* framfor *ng*, som der ogso i gamalnorsk rygjamaal er far etter (men sjeldan), t. d. *samteingdom* IV 86<sub>10</sub> (1310). I vaar tid er muljera *ll* og *nn* for gnorsk *ll*, *nn* ingen stad i bruk i det rygske maalvaldet, og nokon uttale til studnad for *ei* i *akeirulaust* er sameleis ukjend. Yvergangen *e* til *ei* framfor *ng* er ogso noko tvilsam, men kann vel i gamall tid ha funnest sumstad i maalvaldet; fraa Suldal er uppteikna nyrygsk *benyk* m. for *benk*, der *ei* likevel kann vera fraa fleirtalet *beinjher*.

Etter *g* og *k* er (mykje sjeldan) innskote *i* framfor palatal vokal, sjaa Merkn. 143 nedanf.

Merkn. 117. Konsonantisk *u* (*v*) er innskoten i *husprøyua* IV 76<sub>14</sub> (1308) < *husprøya* IV 127<sub>2</sub> (1318), *husprøyia* IV 606<sub>14</sub> (1392). Merkelegt er *Rovalds* Mn gen. XVI 44<sub>11</sub> (Suld. 1402) for det vanlege *Roaal(d)s* IV 818 ofl. br., no *roall* Suld.; etter di me i seinare skrift fraa nynorsk tid finn stundom skrive *Rouel*, lyt me gaa ut fraa at ordet i lange tider hev vore uttala med *v* einkvarstad i maalvaldet; men at *v* her er eldegamall er lite rimelegt (frumn. \**Hröþuwaldar*, som paa Vatnsteinen i Sud-Trøndelag — noko etter 700 — er skrive *Rhoaltr* 3: *Hröaldr*). Den uvanlege formi *Haquon* nom. IV 53<sub>12</sub> (1386) for *Håkon*, som me hev i

andre brev t. d. i hovudbrevet IV 114<sup>6</sup>, er vel paaverka av det latiniserte *Haquinus* (sjaa Lind).

### i. Konsonant-yvergangar.

#### a. Skifte innanfor same ljodføringsstad.

*f* > *p* framfor *t* (og *s*), sjaa ovanf. 15 (s. 34) og Merkn. 63—65.

[*f* > (*b*) *m* framfor *n*, sjaa ovanf. 13 og Merkn. 59, 60; um *oml̄*, uvled, i det nye maalet, sjaa Merkn. 122 nedanf.].

*þ* > *t*, *ð* > *d*, sjaa ovanf. 12 og Merkn. 56—58.

*ð* > *t* finst i hovudbrevi nokre gonger i den ljodlinne endingi *-at* for *-að*:

*hundrat* I 168<sub>3</sub>. (7) *kostnat* asg IV 114<sup>22</sup>. Yvergangen hev vel vore *-að* > *-ap* > *-at*; jfr. nisl. *hyndrað*, skr. *hundrad*.

*t* > *ð* i ljodlinn staving i *logþinged*, skrive *loghþingz* I 168<sub>25</sub>, sjaa Merkn. 119 slutten.

*sl* > *tl* er der ikkje dømme paa i hovudbrevi, sjaa Merkn. 118.

*h* + kons. *u* > *kv* framfor vokal viser seg av skrivemaaten *huisl* IV 114<sup>19</sup> for *kuisl*.

Merkn. 118. For *húsfreyja* hev andre brev *husprøya* IV 127<sub>2</sub> (1318) *husprøy* IV 122<sub>2</sub> (1318) *høspreæ* nsg XII 283<sub>8</sub> (1516); jfr. »Hespreien Torden« De Fine s. 22, og Aasen under *Husfrøya*. Formi med *f* finn me enno i 1385: *husfrøy* I 493<sub>6</sub>.

For opphavleg *-ð* i 2pers. plur. av verb hev brevi i den eldste tidi *t(t)*: *þitt tækitt* (o: *takit*) III 43<sub>5</sub> (Stav. 1277—1303) *þitt hafuett* ibid.<sub>6</sub>; men i 1310 er der brev med gjenomförd *-r*, t. d. *gæriv* V 55<sub>16</sub> (u. st.). *-t* og *-d* held seg likevel i skrift, endaa inn i mnorsk tid, *d* helst naar stomnen endar paa *t*: *lated*, sjaa Merkn. 154 her nedanf.

Yvergangen *rd* > *rt* i *varta* v. Ryf. < *verða*, eller *verta*, som det heiter i dei andre bygderne, hev vel byrja i impf. *vard* < *vart*, som er skrive *wart* IV 842<sub>11</sub> (1430), og i imper. *verd* > *vert*. Dei ljodlogrette formerne *var* og *vær* vilde ha falle saman med dei tilsvarande former av *vera*; sjaa I SVestl. tilsv. st. Um *rt* > *rd* i nokre høve i nyare tid, sjaa nedanfor i Merkn. 119.

*sl* og *tl* vert jamnast vel skilde i dei gnorske brevi fraa dette maalvaldet. Men den latinske genitiv *Gitslonis* (IV 154<sub>8</sub> 1322, avskr. etter ei burtkomi berg. hds.) og *Gillæson* (o: *Gihleson*? < *Gislason*) IV 457<sub>3</sub> (1366) tyder paa ein yvergang i 14 hundr. fraa *sl* til *hl*, som sidan hev vorte *tl*; men endaa i 1487 vert skrive *Gisle* IV 1003. *lislu* dsf. b. f. (av *litell*) IV 512<sub>19</sub> (Stav. 1379), og *vthslager* adj. nsm (< *útlagr*) I 975<sub>7</sub> (1492) er utan tvil former fraa austlegare norsk. Fraa den eldste nynorske tid finn me *aargettle men* (< *árgæzlomenn*) III 1134<sub>19</sub> (1534) og *Gijtloug* Kn (< *Gislaug*) VI 733 (1537).

I vaare dagar hev *sl* vorte *tl* yver heile maalvaldet og mesta i alle høve liksom andre stader paa Vestlandet: *hatl* (< *hasl*), *veitla vetla* Suld. (< *veizla*), *vetle* (< *vesle*). Likevel er der nokre undantak i Ryfylke, soleis *beisl* n. (< *beizl*) Finnøy, medan det andre stader heiter *beitl*, *betl*; *breisla*, *bresla* f., *øva*-, *si*- (< *\*breizla*, *yferbreizla*, *\*si*-) Karmt; *grēsla* greidslor, heldor, um kyr (< gn. *greizla*, men ikkje med same tydning) Karmt<sup>1</sup>.

<sup>1</sup> Sjaa Ross: Norske bygdemaal XV, s. 102, der det er fleire dømme.

Millom stadnamn og personnamn er der mange døme paa yvergangen: *steintlann* grdn (i Hjelmeland; *steinslann* i Time; jfr. i *Steinslande* II 78<sub>30</sub>, 1305); *tuntlann* grdn (i Hjelmel. < *Tånsland*); *töttlann* grdn (Hjelmel. < *tosslann* < *torland* < *þorsland*?); *frøytlåg* < \**Freyslog* (matr. no. 38 i Sokndal; no skr. Frøitlog); *jitle*, *jittl* Mn Dal. Ryf. Jedr. < *Gisle*<sup>1</sup>; *jittlaug* Kn Jedr. < *Gislaug* (sjaa her straks ovanfor); fraa 17 og 18 hundr.: *Gitleff* Mn Jedr. < \**Gisleifr*?; *Atleff* Mn (1634); < *Asleifr*; *Ellof* Mn De Fine, < *Isleifr* < *Ísleifr*; *Atleif* Kn (1619); < \**Asleif*; *Gitleff*, *Gilev* Kn (< \**Gisleif*?); *Ritleff* Kn? (< \**Risleif*?). Men mannsnamnet *Atle* (*Atlla* gen. I 193<sub>22</sub> 1327) finn me i Ryfylke i formi *Asle*, *Asdle* (austlandsk); gn. *Aslacr* heiter i Dal. *atlag*, men i Ryf. *aslak*. I Ryfylke hev vel dette avviket samanheng med sum austlandsk paaverknad, som me ogso elles kann ettervisa i dette maalføre fraa umkr. 1300 og frametter.

Gn. *kuísl* hev vorte *kvísl* Ryf. (Sand ofl.) som kann tyda paa tidlegare uttale *kvíhl* ell. *kvíhl*. Fraa Aardal er oppgjeve *kvítl* (Mld).

Yvergangen *h* til *k* framfor *v* (av kons. *u*), som i vaare dagar er gjenomförd yver heile dette maalvaldet, kann paavisast i ymse gnorske og mnorske brev. Liksom i hovudbrevet syner yvergangen seg ogso i andre brev ved samanblanding av ljodarne; for *kuazst* 3si (av *kuæða*) IV 90<sub>57</sub> (1311, vid. 1314) finn me soleis *huozst* 3si IV 288<sub>15</sub> (1345) *huast* 3si IV 515 (1379); *huærn* f. *huærnar* *hus* (< gn. *kuern*, *kuernarhuus*) IV 536<sub>17.18</sub> (1387). Den nye uttalen er skriven i *kuær* pron. (< gn. *huerr*) IV 446<sub>10</sub> (1365) *kuerium* pron. *ibid.*<sub>13</sub> *kuærium* pron. IV 512<sub>14</sub> (1379) *kuar* adv. (< gn. *huar*) I 522<sub>16</sub> (1390) *kuart* aar IV 616<sub>22</sub> (1392).

*kn* > *hn* i *hnutu* cas. obl. (nuta, knut eller beinbrot) IV 90<sub>63</sub> (Stav. 1311). Sjaa Merkn. 130.

*g* > *k* i *kambers klo* (< *gambrs kló*) IV 457<sub>42</sub> (1366); *Kreeb* Mn. for *Greipr* (?) VIII 375<sub>2</sub> (1462).

Merkn. 119. Noko greidt døme paa yvergang fraa klanglaus eksplø-siv til klangfør i ljodsterk staving millom vokalar eller i utljod etter vokal, som no er so vanleg fram med havsida og eit stykke inn i landet fraa midten av Ryfylke til omkring Arendal<sup>2</sup>, er der ikkje i hovudbrevi vaare. Skrive-maaten *regstr* i IV 114<sub>9.22</sub> hev lite eller inkje aa segja, med di *g* her stend framfor klanglaus *s*; ordet vert ogso skrive *rexttr* i same brevet l. 30. Merkande er det likevel at det nettupp i den stoda der me skulde venta yvergangen, ikkje sjeldan i hovudbrevi vert skrive *th* i staden for *t*: *kethil* II 77 b<sub>4</sub> IV 114<sub>31</sub> *fathnese* II 77 b<sub>5</sub> *kathle* *ibid.*<sub>9</sub> *vithnesburdar* gsg

<sup>1</sup> I I Suld. ogso *Gisle*, som sjølvsgt er nyform etter norsk-dansk bokmaal (oppkalling etter Gisle Johnson † 1894).

<sup>2</sup> Av Rogaland hev NRyfylke *p*, *t*, *k* (*gapa*, *bita*, *taka*), SRyfylke og Jederen *b*, *d*, *g* (*gaba*, *bida*, *taga*); Dalarne hev halvt klangføre konsonantar: *b*, *d*, *g* (*gaba*, *bida*, *taga*) Gn. *hvetia*, *setia* og *sitia* hev klangfør dental ogso i Suld.: *kvædja*, *sedja* og *siddja*; jfr. nyisl. Skilet i Ryfylke millom klangføre og klanglause konsonantar er slik: Havøyi Sira (Utsira) hev *p*, *t*, *k*. N Karnt hev sameleis *p*, *t*, *k* so langt sud som til Aadland i Aakra sokn paa vestsida og til Snorteland paa austsida. So vert det *b*, *d*, *g* sudetter til umkr. Sandve og Vikra i Ferkingstad sokn, ei halv mil fraa Skutneshamn (*skuddneshamn*). Sunnanfor desse gardarne er det *b*, *d*, *g*. Dreg me ei lina fraa midten av Karnt vest-etter yver Boknafjorden til Knutsvik i Hjelmeland og lenger vest til inste botnen i Jøsenfjorden, so er der *p*, *t*, *k* nordanfor lina (t. d. Tysvær, Nerstrand, Jelsa, Erfjord), og *b*, *d*, *g* sunnanfor (t. d. øyi Ombo, mesta heile Hjelmeland osfr.). Nærast omkring skillina som paa gardarne inst i Jøsenfjorden er der *b*, *d*, *g*. Paa Knutsvik er der *b*, *d*, *g*, og sameleis paa Bokn.

Um skillina austanfor Rogaland i A Agder sjaa Nbm, Fyrste bolken s. 18.

II 131<sub>6</sub>, *vithnisburðar* II 77 b<sub>16</sub>. Dette er ikkje so vanlegt i gnorske brev fraa andre stader i landet, som no hev klanglause konsonantar, endaa me ogso kann finna det der.

Heller ikkje i andre gnorske brev fraa denne landsluten — og her tek me ogso med Agder — er der trygge døme paa denne yvergangen i ljodsterk staving; skrivemaatar som *veidzslu* II 115<sub>18</sub> (1313) er ikkje sætande. Dei fyrste ovringar i staving med ein grand ettertrykk er *kirkiu sogn* IV 72<sub>2</sub> (Stav. 1307) *kertistigga* apl. (< *kertistika*) IV 457<sub>43</sub>, (Tolga 1366). Elles er det ikkje fyrr enn i det 15 hundr. at slike former ovrar seg noko tidare i brevi. Soleis fraa Ryf. og Jedr.: *styggdotter* gsg. IV 818<sub>9</sub> (1422; no *stigidotter*, *stykdotter*), som forresten heller ikkje veg stort, *noghor annar* IV 866 (Stav. 1437) *Gude Mn* (< *Gaute*) IV 924 (1450); *Sedbergæ* dat. IV 927<sub>21</sub> (1451) < *Setberg*, no skr. *Setberg*, utt. *sebbar*, Aardal matr. no. 11 (um tydingi sjaa Ngn XI s. 32); heller ikkje dette døme veg mykje. *Wiigen* dat. grd i Setesdalen I 817<sub>9</sub> (1451), no uttala *veikei*, skr. Viken, matr. no. 44 i Valle; *slidhom me* (< *slitum mér*) VIII 375<sub>10</sub> (Vinje 1462) [*Kreeb Mn* (< *Greipr?*) *ibid.*]; *kobæ* (< *kápa*) IV 987<sub>17</sub> (1478) *Wdstejn* *ibid.*<sub>16</sub> *lydhen* (liten) *ibid.*<sub>28</sub> *Kraghe Mn* IX 390<sub>2</sub> (1484) *momadabool* *ibid.*<sub>5</sub>; *Sognodaal* II 917<sub>4</sub> (1481) *Sognedals elff* *ibid.*<sub>8</sub>, og endaa *Sognedaal* *ibid.*<sub>12</sub>, no *sokndal* (*sokkndal*) Dal. (Mld). *Sigleigg* IV 994<sub>4</sub> (1483) *then nyæ weden* (∩: veiti, grøfti) *ibid.*<sub>27</sub>. Fraa Agder: *Bygde sonk* (∩: Bykle nok) X 253<sub>7</sub> (1479) *Gawdhesson* IX 387<sub>8</sub> (1483) *heidh* 3si (av *heita*) XV 111<sub>9</sub> (1488) *Leyghnes* VII 507<sub>29</sub> (1491; for Leiknes). — Gn. *betre* hev i tidleg nynorsk tid formi *bere* XI 677<sub>17</sub> (1550), venteleg fyrst etter *t* hadde vorte *d* (*ð*); yvergangen er elles utan tvil eldre, jfr. *Pêtr* til *Peder*, *Pedhr*, *Per* i det 15 hundr. baade aust og vest og nord i landet (*Pær* IX 197<sub>10</sub>, Jämteland 1403)<sup>1</sup>.

I ljodlinn staving kjem yvergangen baade tidlegare og oftare fram i skrifti. Soleis fraa gnorsk tid *uid* pron. (< *vit*) IV 71 (Sokndal 1307) *ad* (< *át*) IV 174<sub>5</sub> (1328); fraa mnorsk: *Froyriglande* XV 21<sub>5</sub> (V Agd. 1358) *mik* og *mig* V 419 (Foss 1402) *sek* og *segh* pron. XIII 95<sub>15-18</sub> (1428) *megh* VI 66<sub>5</sub>, (Hollem 1516). For *þat* og *þet* er skrive *þad* I 580<sub>5</sub> (1402) *þed* *ibid.*<sub>1</sub>, *þodh* konj. (*þó at*) *ibid.*<sub>6</sub> *ad* konj. *ibid.*<sub>2,5</sub>; men her liksom i dei dømi, som er upprekna straks nedanfor, hev vel *d* vore uttala *ð*. — Endingi *t* etter stutt vokal i andre stavingi vert alt i gnorsk tid *-ð*, ofte skriven *-d*: *vitnad* sup. II 35<sub>18</sub> (Stav. 1295) *annad* pron. IV 263<sub>5</sub> (Stav. 1342) *iammykæd* IV 344<sub>12</sub> (Stav. 1349); hertil ogso det etterhengde kjenneordet i neutr. sing. *ported* IV 295<sub>4</sub> (Stav. 1345) *kuelleded* *ibid.*<sub>5</sub> liksom i hovudbr. I 168. I mnorsk sameleis *annad* (< *annat*) *lighid* (< *legit*) *warid* (< *vårit*) ofl. Men skrifti hev her som i gnorsk oftast *-t*.

Yvergangen *rt* < *rd* i nyrygske personnamn som *Berdinus* for *Bertinus*, *Dordei* (*Dordi* De Fine) for *Dorothea* er vel jamlaga etter namnepar som *Bertor* og *Berdor*.

<sup>1</sup> Am 307 fol., ei gnorsk avskrift av landslogi (Gulatingsslog) paa eit sudvestlandsk-egdisk maalføre fraa umkr 1350, syner at yvergangen *k* > *g* osfr. er eldre enn dei noko sparsame gnorske diplom i fraa dette stroket opplyser oss um. I Am 307 finn me: *vagnar* pte npf bl. 21 b < *rekuar*, *skraghvitnum* 62 a < *skrøkvitnum*, liksom *Kamparar* m. npl 64 b1 < *kambarar*, *dupla* v. 59 a (for *dubla* ell. *dufla*), og ikkje faa skrivemaatar som *lima ladz* 21 b, *skipsbrods* 41 a ofl. ber vitne um uro paa deune kanten av konsonantverket. Paa bl. 21 a (2dre teigen l. 6) les me: *þui skal douren huæritna til bera ennes drauga* (∩: til den betre ell. beste sida) *at þeir vitu iannuist huartueggia*, der hovudhandskrifti (Ngl II s. 6218 19) hev: *þui skal domem huæritna til hins bætra forra ef þeir vitu bæde iannuist*. Etter dette skriv yvergangen *betre* > *bere* seg i dette stroket fraa sein gnorsk tid.

Merkn. 120. Framfor *m* og *d* gjeng *f* (*b*) stundom yver til *b* i nynorsk tid, t. d. *vebmål* Ryf. Jedr. < gn. *vefmål* (i Sand *vedmål*, blandform av gn. *vadmål* og *vefmål*); *håbdaløus* adj. (for *hovdalaus* ∴ hovudlaus) Jedr. < gn. *hofudlaus*; jfr. *håvda* grdn paa Finnøy (no skr. *Hovda*, matr. no. 40; skr. i *Hofða* I 70<sup>17</sup> umkr. 1286, *Hobde* 1563, *Hobde*, *Hoffde* 1567); gn. *stodva* v. som paa Jederen ved metatese hev vorte *stövda*, hev i Dal. vorte *stobda*. I Dal. kann jamvel gn. *f* millom vokalar og i utljod stundom verta *b*, t. a. *roba* v., sjaa Ross under *rova* v. a. s. 614, og *klob* s. 403.

### β. Skifte av ljodføringsstad.

*l* > *r* i *Surdoler* m. pl. IV 114<sup>17-23-36</sup> ofl. st., innbuar i *Suldal* (i *Suldale* IV 114<sup>10</sup>). Same formi finn me i andre brev t. d. *Surdoler* IV 51<sup>5</sup> (1301) *Surdolom* dat. ibid.<sup>14</sup> IV 155<sup>5</sup> (1322), medan der ogso er brev som hev *l*: *Suldol(er)* IV 156<sup>13</sup> (1322) *Suldolom* II 35<sup>12</sup> (1295; brevet brukar *d* og *ð* regellaust). Dei tvo *l*'ar i *Suldol*- førde til dissimilation. Um namnet paa dalen sjaa Merkn. 111 ovanf.

Av andre døme paa skifte av ljodføringsstad i hovudbrevi er berre uppteikna den vanlege yvergang av *nn* til *ð* framfor *r* som i *madr*, *odrom* (II 77 b<sup>16</sup>).

Merkn. 121. Fraa hine gnorske og mnorske brev er uppteikna nokre fleire skifte:

*p* > *k* i *vakna lane* (< *vápnaláne*) IV 45<sup>5</sup> (Stav. 1299). Jfr. nyn. *váknhus* Vestl. (< *vápnhús*), og færøysk *vákn* for *vápn*. Same dissimilation hev eg høyrte paa Island i *voknafjörðyr* (< *Vopnafjörður*).

? *m* > *n* etter vokal i ljodveik staving: *sæn* pron. (< *sem*) XIII 93<sup>17</sup> (1427); kann vera misskrift, men *sen* for *sem* finn me ogso i ein randmerknad (færøysk) i den norske loghandskrifti C 20 Stockh. kgl. bibl. paa foten av bl. 11 a med skrift fraa slutten av 15 hundr.; jfr. dativendingi i plur. *-un* (*-on*) i færøymaalet for gn. *-um*, og *Viljen* Mn Dal. (Matr. 1906) for \**Viljem* < *Vilhjálmr*?

*ð* < *l* i *forællis* (< *forrædes*) V 357<sup>12</sup> (1393).

*dd* < *ll* i *Hallingsstadhom* IV 912<sup>15</sup> (1449) grdn, no utt. *hadlingsta* (skr. *Hallingstad* matr. no. 65 i Vikedal) < gn. *Haddingsstadom* IV 90<sup>98</sup> 1311, vid. 1314. Fyrsteleden hev vel fylgt uttalen i det kjende dalnamnet, skr. *Haddengiadale* dat. V 55<sup>7</sup> (u. s. Ryf.? 1310) *Haadngiadale* IV 526<sup>2</sup> (Aal 1385) ofl. br. Skrivemaaten med *d* held seg til 1500 (*Hadingedall* II 1014 Kjøberg 1500; vid. 1518). Men alt fraa 14 hundr. kjem det upp former som tevlar: *Handinghadall* IV 452<sup>5</sup> (Oslo 1365) *Handengudale* V 330<sup>7</sup> (Bergen 1383) *Hafdindale* (Aa 11412) *Hallinge daal* VIII 426<sup>21</sup> (1490) *Halingdal* XI 14 (1329, avskr. fraa slutten av 17 hundr.). Grunnen til yvergangen kann vera dissimilation (*-dd-* *dal*, jfr. uttalen *Gullbrandsdalen* for *Gudbrandsdalen*), men kunde vel ogso hava samanheng med yvergangen fraa gn. *ll* til *dd*, som i eldre tider i alle fall sporadisk maa ha vore meir utbreidd enn no, daa det er avgrensa til Telemark og nokre bygder i Agder<sup>1</sup>. Daa atterslaget kom med utjamning av *dd* til *ll*, vart paa sume

<sup>1</sup> Fraa Ryfylke er der slike døme som *fjådda* f. *tadd* m. *tadda* v. (sjaa Ross, og Nbm XIV s. 76 note). Falsk *ll* (for gn. *dd*) er der i *hådda*, *hodda* Røld. (< *holla* for gn. *hadda*).

stader ogso slike ord til deils rivne med, som i gnorsk hadde havt *dd*. At denne strauem kan ha havt innverknad ogso paa *dd* i *Haddingiadal* er ikkje umogelegt.

*r* < *l* i *Cantelberghe* dat. Canterburg (jfr. *Kantarabyrge* Thomas 180<sub>19</sub>) IV 1074<sub>20</sub> (1517); det nyrugske *håmmålsbot* f. (*hommålsbot* I Suld. *hummålsbot* Jedr. Mld) knesbot (< gn. \**hamarbót*) er vel utvilsamt austnorsk.

*r* > *n* i *manghom* dpl II 748<sub>5</sub> (1442), *mangha* IV 968<sub>6</sub> (1469) utan tvil ved paaverknad fraa svensk og dansk, som hadde *n* fraa urnordisk (got. *manags*); enno i 1442 *morghum* dpl (IV 883<sub>5</sub>).

*margr* i gnorsk hev vel sin grunn i dissimilation, som kann ha teke til i samansetningar, som byrja med *m*, t. d. *margmæltr*.

*l* > *n*: i *VI samfun ar* (o: samfull aar) IV 1081<sub>7</sub> (1522).

*g* > *w*: *fowyta* obl. IV 861<sub>18</sub> (1436) *byfowyte* IV 867<sub>3</sub> (1437) *fowet* nsg IV 1058<sub>2</sub> (1412), no *fut* N Ryf. *f<sup>u</sup>D* Dal. *fud* S Ryf. Jedr.

*g* > *ng* (o: *ŋ*) framfor *n*: *Anghnstodum* grdn. IV 272<sub>8</sub> (1343) < \**Agnstodom*? *æingnar* gsg (*eignar*) IV 393<sub>15</sub> (1358) *saalagangx* (gn. \**sålagagns* = *sålugagns*) II 699<sub>33</sub> (1429) *fiskebygning* IV 1035<sub>6</sub> (1499); jfr. nyn. *bygning*, *rična* v. (*rična*) Dal.; paa Jederen og i Ryfylke: *bygning*, *rična*, *ågn* n. *ågn* (omn) osfr., men framfor dental er det ogso her *ŋ*: *riçnde*, *riçnt* (< *riçnde*, *riçnt*).

*h* + kons. *i* (*j*) maa alt i fyrste helvti av 14 hundr. ha vore uttala mykje likt med *þ* + kons. *i* (*j*), med di *h* og *þ* i denne stoda kann verta forbytte: *þiuninum* (for *hiuninum*) XIV 61<sub>7</sub> (1345), og umvendt i eit brev med nærskyldt maalføre a *Hiorom* IV 174<sub>2</sub> (1328) for *å þiörom*, lat. *de Thiorom* IV 176 (1297) o. fl. br., no uttala *þora* (skr. Tjore matr. no. 10 i Haaland). Døme fraa mnorsk tid: *j þia* (< *i hjá*) IV 421<sub>4</sub> (1361) 616<sub>12</sub> (1392) 818<sub>3</sub> (1422) o. fl. br. *þiaranda* Mn gen. (< *Hiarranda*) XV 552 (Suld. 1426) *Tierensson* (< *Hiarrandsson*) IV 1075<sub>3</sub> (1518).

I dei nye maalføri er:

gn. *hj* > *j* i nokre vanlege ord som *jedd* m. isbru yver elv (< *hjallr*) Ryf. Røld. *jerta* (*hiarta*) *jelpa* v. (*helpa* Dal.) *jul* n. (*hiöl*); ogso i *jaldná* i talemaaten *vera på jaldná* Ryf., um me her hev gn. *hiörn* n. sjaa Merkn. 80 ovanfor.

*hj* (< *sj* eller) *sj* i præp *i sjá* (< *i hiá*) skrive *j ssija* VI 684<sub>3</sub> (Vikedal 1523); jfr. Shetland < Hjetland < Hia(l)tlund.

*hj* (< *þj* (*tkj*)) i *þedd* m. (brett, hylla) Ryf. Jedr. (< *hiallr*); *þelm* m. (høystakk) Ryf. Jedr. Dal. (< *hiálmr*); *þelma* v. (mogna, um korn) Ryf.; *þelmelann* grdn i Ryf. Sand matr. no. 8; skr. *Hjelmeland* Sk. 19, no skr. *Tjelmeland*; *þer(r)ann* Mn Ryf. (< *Hiarrande*, -dr); *Tjervald* Mn De Fine (< *Hiorualdr*); *Tjervard* Mn 166<sub>4</sub> Mld (< *Hioruardr*); *þupa*, *þuba* f. (frukt av *Rosa villosa* og *Rosa canina*) Ryf. Jedr. (< \**hiupa*); *þölt* n. (trote med knutar paa hesteføter, sjaa *hjölt* hjaa Aasen og Ross); *þelta* grdn i Haaland paa Jederen (matr. no. 28, no skrive *Tjelte*), venteleg av *Hialtvin*, same namn som *Hjelten* (utt. *jællti*) i Brunlanes i Vestfold matr. no. 49, 50, med same yvergang elles som i *dalva* grdn i Nerstrand i Ryfylke matr. no. 56, skrive *Dollvin* (1313) *Daluinn* (1567) *Dalffue* (1602), no skr. *Dalve*. — Jfr. med denne yvergangen den nysislandske uttalen av *hj* som *k*: *þadlyr* < *hiallr*.

*þ* + kons. *i* eller *þj* > *k*, t. d. *þervá* adj. (smaklaus) Ryf. < *þiarfr*; *þo* n. (paa ljaa) Jedr. < *þiö*; *þor* m. < *þiörr* (hertil *þörför* a Dalb. = *þörbyrg* a Ryf.); *þjokk* a, *þukk* a adj. < *þiukkr*.

Ljoden *þ*, som *hj* og *þj* hev gjenge yver til, fell oftast saman med uttalen no av gamall palatal *k* i ord som *þenna*, *þista* (gn. *kenna*, *kista*). For *þ* segjer sume *k* (*þenna*, *møþe*) helst omkring byarne.

*gi* etter vokal maa ha vore uttala som *gi*, *gji* eller sumstad *j*, i alle fall i slutten av 14 hundr., som me ser av skrivemaatarne *Ryiafylke* IV

550<sub>2</sub> (Eidsa 1388) ofl. *Rydhiafylke* II 638<sub>2</sub> (Ryf. 1416) for eldre *Rygia-fylke* (II 35<sub>5</sub> 1295: *Rygia fylki*), og umvendt *tugio*, *tighio* (for *tiu*, num.) IV 806<sub>6,7</sub> (1418). No er uttalen av det gamle *gi* ell. *ge* i denne stoda helst *j*: *seija* eller *seia* (segja), og framfor denne *j* held den gamle stutte vokal seg endaa ofte stutt eller renn saman med *j* til ein tviljod (*ei*, *ai* osfr.) eller triljod (*eij*, *aij* osfr.), der vokalen framleides er stutt, ikkje berre i desse maalføri, men ogso sunnanfor fram med sjøsida av Agder, og nordanfor i synste luten av Sunnhordland, likesom paa Island. Er det vokalen *e* som gjeng fyre *gi* eller *ge*, er denne ovringi her i landet endaa meir utbreidd. Gn. *hage* m. *fegenn* adj. *boge* m. vert paa dei ovanfor nemnde stader med smaa avbrigde *håje* (*haije*, *haie*) *fején* (*feijen*, *feien*) *høje* (*boije*, *boie*). Det er vel denne uttalen som er meint, naar dei skriv *Eighill* IV 147<sub>2</sub> (1321) *Aldinnghs haige* IX 289<sub>5</sub> (1443 etter vid. av 1605) *dayghy* dsg (< *degi*) II 910<sub>2,3</sub> (Lista 1479). Fleire dømme fraa Ryf. i nyare tid er »go *daijén*« (isl. *gouðan daijin*) *sleije* ptc (< *sleget*) *láije* ptc (< *loget*) *trái'jə* n. (troget) »*bát'n lág i sái'jə*« (s: soget, dragsudi). Hjaa De Fine finn me *Laje* Mn (*Lai* Jedr.) < *Lage*, og eit dømme med *u* til stomnvokal: *Hoie* Mn < *Huge* (ogso skr. *Huje*, *Huj*, *Hoje*, *Höye* i 17 hundr.). Ord med lang vokal i stomnen kann verta med i yvergangen. Soleis *lögjen* (*löyen*, *löjen*) adj. *løgjen* (< \**hloginn*); ogso *haug* m. i dei former som i gamall eller ny tid hev palatal vokal etter *g*; *au* hev vorte til stutt *o* eller *å*, som saman med *j* fær noko av ein diftongisk svip: *hå'jən*, *håj'jən* (eller *håj'jen*) Ryf. S Shl. Det er utvilsamt denne uttalen som ligg til grunn for skrivemaaten *hoyghe* dsg (< *haugi*) i II 910<sub>8</sub> (Lista 1479); jfr. nyn. *uppå hö'jə* dsg b. f. Nhl., der ordet i nsg u. f. heiter *hau(g)*<sup>1</sup>.

I fyrstningi av ord vert i vaar tid i dei fleste bygder i Ryfylke og paa Jederen *g* framfor gamall palatal vokal uttala *j*, liksom det er vanlegt i landet elles. Men i Dalarne (Hellelands pgd og Heskestad) og i Gjestal paa Jederen vert i dette høve sagt *d* (*dj* eller *dj*), t. d. *djedna* (< *gerna*) *dill'e* (< *gildir*), men *jamn*, *ja*. Paa dei staderne, der palatal *g* vert uttala *d*, vert ogso gnorsk *dj* uttala soleis, t. d. *darv'a* < *diarfr*, medan dei elles i Rogaland segjer *jerv'a* eller *jarv'a*.

Etter dette hev daa i mesteparten av maalvaldet gamall palatal *g* og *dj* falle saman til ein ljod med *j* (som i *ja* = gn. *já*), og sume vanlege ord med *hj* hev gjort fylgje: *jill'a*, *jarv'a*, *jerta* < *gildir*, *diarfr*, *hiarta*. Gamall *hj* (i sume ord), *þj* og sameleis *tj* hev falle saman til ein ljod *þ*: *þedl*, Jedr. Ryf. *þokk'a*, *þödn* f., *þenna* < *hiallr*, *þiukkr*, *þiorn*, *kenna*, so her er det no ein ljod mot fire i det gamle maalet. Same maalkokstren som i Dalarne hjaa oss i dette stykke finn me att paa Færøyarne; berre at *d* der burte paa dei fleste stader ligg noko næmare *dž*, og *þ* noko nærre *tš* (*tsj*), t. d. *džarna* (< *giarna*) *džarvür* (< *diarfr*), men *jæa* (= norsk *ja*) og *jarta* (< *hiarta*); *tšadliur* (*hiallr*) *tšökleiur* (*þiukkr*), *tšödn* (*þiorn*) *tšenna* (< *kenna*).

Samanfallet av *hj*, *þj* og *tj* synest ha vore gjennomført i Rogaland i andre helvti av 15 hundr. etter yvergangen av *þ* til *t* (*Tiærwndh* VI

<sup>1</sup> Det er fulla gjenom ein slik uttale (*hö'jən* *hå'jən*) at fleire maalføre hev fenge si bundne form *hå'jən* Sfl. I Sogn ofl. og sume maalføre sidanetter ei ny ubundi form i eintal: *håg* Ofoten. *hög* S Helg. ofl. *hög*, *hög'a* Nfl. Sfl.

I N Ryf. og S Shl. hev ord som *sauðr* fare same vegen, etter det fekk formen *saug* — anten ved yvergang *ð* > *g*, som kann ha byrja i dat. plur. *sauðum* > *saugum*, eller rimelegast ved utviding av *au* etter burtfallet av *ð* (jfr. *þaug* pron. < *þau* — Merkn. 140); i bundi form heiter dette ordet no *såj'ən* (eller *såj'jən* i dei tvo nemnde bygder; sameleis hev *dauðinn* vorte *dåj'jen*).

563<sub>1</sub> Ryf. 1467<sup>2</sup>, same namn som *piaranda* gen. 1426 < *Hiarranda*, sjaa sid. 60). Samanfallet av desse ljodarne med *kj* (gn. *ki*) kann vel vera noko yngre. I dei nye maalføri er ogso gnorsk *sj*, *skj* og *stj* falne saman til ein ljod *sj*, *sj*, t. d. *sjārta* f. (< gn. *skyrta*) Dal. *sjödn* f. (< *stiörn*) styring Suld. med same *sj* som i *sju* num. < *siau*.

Merkn. 122. Fraa notidsmaalet er framleides nemnande: *f* > *t* i *tröusk* m. (frosk) Jedr., *trösk* Ryf. Um upphavet sjaa Falk-Torp Etym. Wörterb. — *þj* > *fj* i *fjona* v. stella, »pusle« Ryf. < *þiöna*; jfr. gn. *þjós* = *fjós* hjaa Fritznar. — For gn. *úlfliðr* m. uvled ell. midled millom hand og arm er sagt *om'le* (< *umliðr*) Ryf. Jedr. Av dei mange former for fyrsteleden i dette ordet synest *um-* nærast ei opphavsform \**umd-*, jfr. Noreen<sup>3</sup> § 162: *undorn*.

*sömjo* Mn Suld., etter Aasens Navnebog s. 85 avvik av Simon, Si-meon, er ljodlogrett gn. *Simian* (-*án*); jfr. *steffo* Mn Suld. < *Steffán*), etter Lind's citat bruka austanfjells i 14 hundr. I Ryfylke eit *Sifuean* Mn I 168<sub>3</sub> (1322, hovudbr.), som ogso finst i Sogn i 14 hundr. (sjaa Lind). Millom desse former maa der vera samanheng (jfr. vanl. nyn. *syvjug*, i Lom *symjug*, og sjaa Noreen<sup>3</sup> § 229, 2). *sömjo* i Rogaland synest daa innkome austanfraa etter 1400.

*g* > *d* i *vidlaik* Mn (< *Vigleikr*) I Suld. (dissim.).

#### γ. Fyrejamning (regressiv assimilation).

*rn* > *nn* i *albünne* II 77 b<sub>16</sub> (jfr. *albirne* II 77 a<sub>16</sub>); *Anbiorn* (o: *Arn-*) II 131<sub>8</sub>; *omnolfe* (< *ornolfe*) II 77 b<sub>15</sub>; *Sion* (< *Siörn*) II 78<sub>16</sub>, skr. *Siorn* IV 421<sub>4</sub> (Helgøy 1361); *pauanner* npl II 77 b<sub>12</sub>; *nokon* IV 114<sub>66</sub>.

*rs* > *ss* i *oskurð* IV 114<sub>42-46</sub> for *osskurð* av *orskurð*; I 168<sub>24</sub> hev *ørskurðr*; elles held *rs* seg i *fyrst* II 77 b<sub>3</sub> IV 114<sub>14</sub>.

Merkn. 123. I andre gnorske og mnorske brev finn me mange døme paa yvergangen *rn* til *nn*: *Siannar kirkju* (< *Siarnar-*) I 70<sub>14</sub> (umkr. 1286); *fonre* dsf (< *fornre*) IV 63<sub>10</sub> (1306); *Fennom* IV 85<sub>9-43</sub> (1310), *Fernom* ibid.<sub>22-38</sub>; *kons* (< *korns*) XIV 6<sub>16</sub> (1345; arnam. avskr.) IV 308<sub>29</sub> (1346); *Anbiannar* (< *Arnbiarnar*) IV 288<sub>2</sub> (1345); *domaranner* II 54<sub>25</sub> (Stav. 1299); *iliannar* apl IV 295<sub>3</sub> (Stav. 1345); *brødenner* (< *brøðrner*) III 116<sub>11</sub> (Stav. 1319) IV 344 (Stav. 1349); *korsbrøðunner* IV 335<sub>4-17</sub> (Stav. 1348); *iardennar* apl III 116<sub>7</sub> (Stav. 1319) *iardennar* pl. IV 152<sub>21</sub> (Stav. 1322) ofl. br. *øigninnar* apl V 55<sub>10</sub> (1310); *okan* pron. asm II 48<sub>15</sub> (1299). Endaa fleire døme er der sjølv sagt fraa mnorsk tid. Denne jamningi er skuld i den umvende skrivemaaten *þærnamn* pron. asm (< *þennan*) I 193<sub>30</sub> (1327).

Sameleis er der mange døme paa jamningi av *rs* til *ss*. Soleis fraa gnorsk: *Josalalandz* IV 85<sub>18</sub> (1310) *kosbrøðrom* II 13<sub>5</sub> (1266; diplomataret uretteleg *kors-*); *stosto* npm b. f. II 35<sub>17</sub> (1295); *þosteini* dat. I 63<sub>17</sub> (umkr. 1270). Fraa mnorsk: *j Fists kirkiosohn* I 522<sub>15</sub> (1390; jfr. *j Fvrstra* I 78<sub>4</sub>, Valders 1308); *Fosse* V 419<sub>13</sub> (1402; a *Forse* I 426<sub>5</sub>, 1374); *þosdaghen* IV 512<sub>19</sub> (1379; *Þorsdaghen* II 54<sub>4</sub>, 1299); *hwess* pron. gsm (< *hvers*) IV 968<sub>7</sub> (1469). — Dette er vel grunnen til at me ogso stundom finn *rs* for *ss*, t. d. *midforstu* V 162<sub>14</sub> (1343); *þerssu* I 291<sub>26</sub> (Stav. 1345); *þerss* IV 335<sub>18</sub> (1348); *tyrsdaghen* III 89 (1310); *tyrsdagh* (< \**tyrssdag* < *týsdag*) IV 340<sub>9-1</sub> (Stav. 1348), jfr. *týsdagen* II 48<sub>26</sub> (1299).

Merkn. 124. I det nye maalet hev *rn* i Ryfylke gjenge yver til *dn* (etter stutt vokal = *ddn*) i alle høve: *büdn* < *barn*, *bjödn* < *biörn*, *küdn*

(og *kádn*) < *korn*, *sjödnaröyadnə* (ogso *sjydnaröyadnə*) < \**Siornar-eyjarner* (\**Siornar-* for *Siarnar-* etter nomin. *Siorn*), *tędna* f. (fuglen) < *þerna*; *hestadn(ə)* < *hestarner*, *naledn(ə)* < *nälernar*. Ogso paa Jederen og i Dalarne hev *rn* vorte *dn* i ordstommen, t. d. *bádn*, *bjödn*, *kodn*, men *nn* i bøygningsendingar, t. d. *hestan(n)ə*, *nálen(n)ə* Jedr. *hestan* Dal. Med di upphavleg *nn* baade i Ryf. og paa Jedr. hev vorte *dn* etter gamall lang vokal, t. d. *hüdn* m. (halvplanke) < *hünn* (mastertopp), *steidn* (*stæidn*) < *steinn*, men halde seg *nn* etter stutt vokal, t. d. *finna*, ligg det nær aa slutta at der paa yvergangstidi fraa *rn* til *nn* hev vore nokor lengjing av vokalen framfor *rn* ogso i bøygningsendingarne i Ryfylke, og at denne lengjingi hev fylgt med, til dess yvergangen *nn* til *dn* gjekk for seg. Enno er i Ryfylke vokalen lang i mange av dei ordi som hev *dn* for gnorsk *rn*, soleis ikkje berre i *bádn* og *bádn* (Sand), som hev lang vokal ogso paa Jederen, men jamvel i *kvędn* (< *kuern*) N Ryf., *hádn*, *kádn* (< *horn*, *korn*) Sand. Og medan eit ord som gn. *hornskęid*, som vel alltid hev halde vokalen stutt i fyrste stavingi, enno vert uttala *hánnsjęi* Ryf. N Jedr. *honnssjęi* S Jedr.<sup>1</sup>, so hev det gn. *tonn* f. (dens), som i Ryfylke hev fenge lang vokal, her (N Ryf.) vorte *tádn*, liksom gn. *annat* pron., som paa Jederen fekk lang vokal, der (Jedr.) hev vorte *ádna*. Vilkoeret for yvergangen *rn* > *nn* > *dn* synest soleis i desse bygder ha vore ei viss lengjing av vokalen i fyrevegen. Naar Jederen hev *-annə*, *-ennə* i bøygningsendingar, kann daa dette syna, at Jederen ikkje hev havt lengjing av vokalen framfor *rn* (eller *nn*) i dette høve, men i regelen berre i stavingar med sterkt ljodtrykk, alt med den fyresetnad at *-annə*, *-ennə* er egt gamle former paa Jederen, ikkje innkomne i noko sein tid austanfraa. Skrivemaaten *ludhnęndum* (for *lunnęndum*) II 575<sub>9</sub> (Dal. 1403) kann hava sin grunn i vokallengjing framfor *nn* sumstad ogso i dette ordet liksom i det nemnde *ádna* Jedr., og syner samstundes at yvergangen til *dn* i alle fall er so gamall som fraa umkr. 1400. *ádnig*<sup>ə</sup> Karmt, *odnog*<sup>ə</sup> N Ryf. (< *ęnnugr*) hev daa venteleg ogso eingong havt vokallengjing framfor *nn*, liksom sume faa andre ord her og der i maalvaldet, som i gnorsk hev stutt vokal. *þórný* Kn er skrive *þonne* VI 399<sub>5</sub> (V Agd. 1418) *Todne* VI 615<sub>7</sub> (Stav. 1492)<sup>2</sup>, no *tödni* Jedr. *toni* Dal. Naar me so sjeldan finn skrive *dn*, er det vel fordi dei gamle hev halde *rn* for nettupp aa vera skriftteiknet for *dn*, liksom dei gjer paa Island den dag i dag.

Um eit par sjeldsynte skrivemaatar *hęinar* og *Join* sjaa Merkn. 116 ovanf.

Gn. *nokorn* heiter no *nákən*, *nągən* Ryf. *nogən* Jedr. Dal. (*ę*); *rn* hev vel vorte tidleg jamna til *nn* i denne ljodlinne stavingi og vorte *-n*. *rs* > *ss* er det vanlege yver heile maalvaldet, t. d. *fąss* Ryf. *foss* Dal. S Jedr. (< gn. *fors*); *fysst* N Ryf. (Karmt), Dal. *fęsst*<sup>ə</sup> Ryf. Sand, < *fyrst*; *tęsdag* < *þęrsdagr*; *stęst* < gn. *stęrst*.

Merkn. 125. Av fyrejamning i andre høve er uppteikna fraa hine gnorske og mnorske brevi: *mp* > *pp*: *cuppanom* II 542<sub>6</sub> (Stav. 1299), men i same radi ogso *cumpara*. — *ft* ell. *pt* > *tt* i mnorsk og nynorsk, sjaa Merkn. 64 ovanf. — *ts* > *ss* i *sestofunne* dsg (< *setstofunne*) IV 504<sub>11</sub> (1375—76). — *rt* > *t* (supradental?) i ljodlinn staving i *huaret tuęggia* (< *huáręr tuęggia*) IV 86 a<sub>6</sub> (1310) *okkat* (< *okkart*) IV 711<sub>0</sub> (1307) 86 b<sub>8</sub>; paa supradental uttale tyder likeeins *Badar-* i *Badarson* (< *Bárdarson*)

<sup>1</sup> Sameleis hev dei mange konsonantar etter *e* i *kvęrnhus* halde vokalen *e* stutt i Ryf., so det heiter *kvęnnhus*, men paa Jedr., der *h* fall burt, hev vokalen fenge lengjing og ordet vorte *kvędnus* Time; jfr. fær. *bandoęme* < *barndęme*, men *badnagwaman* < *barnagaman*.

<sup>2</sup> Fraa andre stader tidlegare med *dn*; sjaa I S Vestl. tilsv stad.

IV 421<sub>3</sub> (1361). — *nk* > *kk*: *canuk* XII 283<sub>2</sub> (1516), men også *kanunk*-X 187<sub>16</sub> (1446). — *rl* > *ll*: *Kalls* gen. (< *Karls*) IV 70<sub>2</sub> (1307) *Ellinghs* (< *Erlings*) IV 289 (1345). — *gm* > *mn*: *Ommunder j Hæsbø* IV 49<sub>2</sub> (umkr. 1300), skr. *Ogmundr j Hæsbø* IV 54<sub>3</sub> (1302).

Merkn. 126. *ll*, av eldre *ll* og til deils av *rl*, hev i dette maalvaldet mesta jamt vorte *dl* (*ddl*) liksom mange andre stader paa Sudvestlandet. Skrivemaaten *Eidlan* grdn IV 100<sub>28</sub> (1487) < *Eirlander* IV 650<sub>6</sub> (1395), no *ēdlann* (skr. *Eidlan*, *Gjestal* matr. no. 2) syner at yvergangen er fraa mnorsk tid. Døme: *fjēdl* (< gn. *fiall*): *hadle* Mn Ryf. (< *Halle*), men *Hallbjør(g)* 1624, *Halldis*, likevel *Hadlev* 1664 < *Halleifr*, og *Hadvar* (< *Hallvardr*) i eldre skrifter fraa nyn. tid (Mid); *Edlen* Mn Jedr. 1664 (< *Erlendr*); *edlinn* Mn (< *Erlingr*); *Jadle* Mn (< *Jarle*) De Fine; *todlag* Mn (< *þórlagr*) Jedr.; *tådleiv* Mn (< *þórleifr*); i gardsnamn: *bjēdlann* (i Sokndal) < *Bjelland* < \**Bialland* < \**Biarland* < \**Biárland*, til *bør*; *brádl* (i Bjerkreim), skr. *Brally* (o: *Bráll*) 1616 < \**Brárlid* < *Brúarlídh* IV 611<sub>20</sub> (1429); *hēdlann* m. st. (no skr. *Kjelland*) < *Kjællande* dat. IV 323<sub>17</sub> (1347) < \**Kiarrland*(?). Undantak er *koll*es (også *kolls*) adv. N Ryf. = gn. *hueria leid* (Suld.: *koss* < *huersu*); *erla* f. (fuglen) I Suld.

#### ð. Etterjamning (progressiv assimilation).

For *lr* og *nr* etter lang vokal i ljodsterk staving og etter stutt vokal i ljodlinn hev hovudbrevi i dei dømi som er uppteikna, *l* og *n*, som etter den skriveskikk brevi fylgjer utan tvil er aa taka for *ll* og *nn*, t. d. *heil* nsm II 77 b<sub>2</sub> 78<sub>3</sub> *kethil* nom. II 77 b<sub>4</sub> *Ion* nom. I 168<sub>2</sub> *mn* pron. nsm II 77 b<sub>2</sub> *min* ibid.<sub>10</sub>.

Um bruket av stutt konsonant for lang i utljod i desse brevi, sjaa nedanfor under 1 a.

Merkn. 127. I hine gnorske brevi fraa maalvaldet finn me: *hæill* nsm II 24<sub>28</sub> (umkr. 1288) *heill* IV 85<sub>2</sub> (1310) *Pall* IV 18<sub>12</sub> (1297) *Eghill* IV 129<sub>2</sub> (1319) *døll* nsg I 291<sub>13</sub> (Søgne 1345; utf. av stavangerbispen Gut-torm) *Sveinn* I 63<sub>12</sub> (umkr. 1270) *Kolbeinn* ibid.<sub>11</sub> *þorsteinn* I 70<sub>17</sub> (umkr. 1286); ikkje sjeldan er også skr. einskild utljodskonsonant, soleis ofte *hæil* nsm i IV 90 (1311; vid. 1314). I bøygingi held *l* + *r* seg i *sælvar* gsf IV 119<sub>20</sub> (1317) liksom i former av *alr* (*albre* dsf II 115<sub>9</sub> 131<sub>3</sub>, *allra* gpl ibid.<sub>22</sub>, sjeldan *alla* gpl I 193<sub>6</sub>, 132<sub>7</sub>), medan *s* + *r* er jamna i *fríalsæ* dsf III 190<sub>8</sub> (1336), skrive med ein *s* liksom i *værlaus*, som er utan dynevær, nsm IV 457<sub>16</sub> fraa tidleg mnorsk tid (1366).

*son* ell. *sun*, som i dei gnorske brevi aldri hev *r* i nominativ eintal, finn me i formi *ssonor* nsg IV 904<sub>6</sub> (1448).

Medan hovudbrevi berre hev former som *vit* og *ver* for 1 pers. pron. i dual. og plur., finn me i dei andre gnorske brev fraa dette maalvaldet også *mít* t. d. II 109 (1311) og *mer* t. d. IV 174 (1328), framkomne ved etterjamning av *m* + *v* i ordelag som *viliom vit*, *hofom vér*; men *v* held seg i *tvæim vegium* X 4<sub>20</sub> (umkr. 1275).

Merkn. 128. Medan det vanlege i maalføri også paa desse kantar no er at nemneformi av mannkynsord er lik den gnorske reine ordstomn utan merke etter den gamle *r* i nominativ eintal, t. d. *bát* < gn. *bátr*, hev dei ordi som i gnorsk enda paa *ll* og *nn* etter lang vokal i nom. sing., jamnaste i dette maalvaldet — baade i Ryfylke, paa Jederen og i Dalarne — halde uppe den gamle nominativ som nemneform med uttalen *dl* av gn. *ll* og *dn* av gn. *nn*, t. d. *ádl* (aal) *sídl* (seint menneskje) *hódl*

(haug) *stödl* (stol) *krýðl* (pukkel) *hædl* ell. *hædl*; *hüdn* (halvplanke) *röüdn* (raun-tre) *steüdn* (stein) < gn. *áll*, *\*sáll*, *höll*, *stöll*, *\*krýll*, *hæll*, *hünn*, *\*raunn*, *steünn*. Dei gamle adjektiv med denne ljodhaatten, t. d. *háll*, *heüll* *sæll* heiter derimot i mannkyn (og kvendkyn) *hála*, *heüla*, *sæla*.

Ogso i ljodlinn staving etter vokal som i gnorsk var stutt, hev eldre *ll* uttalen *dl* i mannkynsord paa mange stader, t. d. *apadl* ell. *abadl*, *asadl* (Sorbus Aria), *sjevedl* (skaven stokk) *hevedl* (honk) *ijedl* (igle) *jokædl* ell. *jogædl* (jökul, istapp) *løkedl* ell. *løgedl* (lykel) av *\*apall* *\*asall* *\*skefill* *hefill* (lykkja) *\*igill* *jokull* *lykill*; ogso *dl* i *tröskådl* ell. *tråskådl* (treskald, dørstokk) N Ryf. *troskål* Dal. Ryf. som av eit *\*þreskollr*? Nokor samanblanding av *ld* og *ll* maa der vera i *vesádl* f. (vesalt menneskje) Ryf. og *vesálda* d. s. Skjold i Ryfylke; jfr. ogso *jerádl* m. (aal med stort hovud) Jedr. og Aardal i Ryf., og *jeráll* m. (liten makrel) Finnøy i Ryf., som vel kunde vera same ordet (sjaa *Gjeralaal* og *Gjeröld* hjaa Ross). Ogso adjektiv paa *adl* er der i maalvaldet: *gam(m)adla*, *vesadla* (ogso *væsadla*) Ryf. < gn. *gamall*, *vesall*. Um gn. *ld* > *\*ll* > *dl* sjaa Merkn. 129.

Merkn. 129. Av onnor etterjamning i dette maalvaldet er nemnande: *ld* > *ll* i *lanzskyl* IV 331<sub>9</sub> (Stav. 1348), og fraa mnorsk tid: *forn-gilla* adj. apf IV 518<sub>11</sub> (Hestbø 1380; svensk paaverka), *Brimillæ* (< *Bryn-hildir*) IV 804<sub>7</sub> (Sokndal 1417; svensk paav.) *gillar* adj. < *gildar* ibid.<sub>9</sub> *Gunnell* I 918<sub>16</sub> (Bø 1477) *skulle* 3si (av *skolo*) XII 237<sub>13</sub> (1468) *skul* f. IV 987<sub>40</sub> (1478) *Thielten*, namn paa eit horn, venteleg kalla so etter fuglen tjeld (< gn. *tjaldr*) ibid.<sub>15</sub>. Naar me tek undan det nordlegaste av Ryfylke, der *ld* ein hende gong kann høyrast, t. d. *ald(a)r* Karmt, er gn. *ld* yver heile maalvaldet no uttala *ll* etter stutt vokal, t. d. *káll* adj. *kvell*, *jüll*, *gonill*, (Karmt) *sküll*, *sýlllog*; *stolle* m. I Suld.: *áin svær* *stolle* (kvik gamall kar); *kvell*, *halla* osfr. (men *kvöld*). — I *tröskådl* m. ofl. (sjaa Merkn. 128) og *höustadl*<sup>1</sup> m. sveinkall (< gn. *haukstaldr*) Ryf. hev vel *ld* so tidleg gjenge yver til *ll* at *ll* vart med i yvergangen *ll* > *dl*.

*nd* > *nn*: *Annor* (< *Andor*) X 187<sub>15</sub> (Ryf. 1446) *sammen* (< *sannend*) IV 515<sub>17</sub> (Stav. 1379) *Høyland* V 306<sub>4</sub> (1378) *Eidlan* IV 1002<sub>3</sub> (1487). I vaar tid held *nd* seg til deils framfor vokal nord i Ryf.: *land* > *landet* (gn. *hland* > *lánn*) Karmt, *sand* *en*, *hánd* *o* I Suld., men hev for det meste her og allstad paa Jedr. og i Dal. vorte *nn*; *bönde* heiter *bon* Ryf. *bunne* Dal. *fundenn* > *fö* *n* og *fönn*; *Thron* Mn De Fine < *þróndr*. Yvergangen synest ha byrja i andre samansetningsled i tidleg mnorsk og maa sumstad ha vore gjennomført fyre nynorsk tid (*landskyllen* I 1035<sub>15</sub>, 1512).

## j. Konsonant-burtfall.

α. *h* fell burt i dei vanlege høve — framfor *l*, *n*, *r* — i fyreljod, t. d. *lutena* IV 114<sub>53</sub>; sameleis er *h* burtfallen i *okul* for *hokul* i det samansette *messo okul* II 78<sub>6</sub>.

*g* er burtfallen framfor *n* i *noğdezst* 3si IV 114<sub>43</sub>.

Merkn. 130. I gnorske og mnorske brev er der fleire opplysningar. *h* stend framfor *n* i *hnutu* cas. obl. IV 90<sub>63</sub> (Stav. 1311), jfr. isl. *hnútu*; i brevet, som er heller langt, bid der ikkje merke etter isiansk. *hn* (3: klanglaus *n*) finst enno sporadisk for gn. *kn* i ord som *kne*, *kniv* paa Je-

<sup>1</sup> I ei innskrift fraa Kjølevik i Strand (Ryf.) paa frumnordisk fraa midten av 6 hundr. (Bugge) finn me *hagustadan* Mn (for *hagustaldan*). Um dette ordet, som synest hava samanheng med det nyrugske *höustadl*, sjaa Norg. Indskr. m. d. æ. Runer I 346—47.

deren (Time): *han hnut* (Varhaug). — Med burtfallet av *h* i *messo okul* kann ein samanlikna *handafue* adj. npm (for *handhæfe*) IV 335<sub>6</sub> (1348) og setningar i Ryfylke i vaare dagar som: *me du æ'er* (ɔ: medan du er her) der *er* hev lite ljodtrykk. I gardsnamn og personnamn, der andre samansetningsleden byrjar med *h*, er han ogso ofte burtfallen: *Skerfheimi* dat. II 80<sub>2</sub> (1306; *Skerfheimi* IV 106<sub>2</sub> 1313) *Spaneimi* IV 85<sub>1</sub> (1310) *Brynildr* V 50<sub>2</sub> (1305) ofl. Som det ikkje er sjeldsynt elles i gnorsk, finn me ogso her ein hende gong *æitta* IV 306<sub>13</sub> (1346) (med tydingi lova) < *heita*. Fraa mnorsk tid er der mange dømme av same slaget, soleis *Yzstusum* (for *-hūs*) IV 753<sub>6</sub> (1405) *Hjorsseime* IV 764<sub>5</sub> (1407) *Ragnildæ* dat. IV 919 (1450); *Waraughe* dat. IV 957<sub>1</sub> (1465) *Waraugz* *ibid.*<sub>9</sub>, jfr. *Varhaugs kirkusokn* IV 227<sub>9</sub> (1336); *æitir* 3 sp (< *heitir*) I 580<sub>4</sub> (Hjelmel. 1402). Merkeleg er burtfallet av *h* i framljod i *Akee* Mn XIII 95<sub>23</sub> (1428), skr. *Hake* i same brevet l. 10.

I det nye maalet held *h* seg godt framfor vokal. I namn paa *-heimr* og *-hūs* er han burte. t. d. *kullseim*, *grødei* (< *Griðtheimr*), *østūs* (< *ýztahūs*) *hårkūs* (< *kirkihūs*), men elles held han seg ofte ogso i andre samansetningsleden baade etter vokal og konsonant, t. d. i gardsnamn som: *fārähälmen* (Høle) *mēdhödl* (Haaland, Mld) *nälhöuadnø* (Tysvær) *kvilhöug* (Skutnes); *üdlannhöu* (skr. Ullenhaug i Hetland matr. no. 24), ogso kalla *ülhöu*; *trännshödl* (Høyland matr. no. 44, skr. Tronsholen) Mld, *-hödlen* Rygh. — Gn. *heita* er framleides *heita* ell. *heida*.

Dei nye maalføri hev ikkje mothug mot *gn* i fyrstningi av ordet: *gnaga*, *gneiste* Ryf., *gnög*<sup>2</sup> Jedr. Ryf., men stundom gjeng *gn* yver til *kn*, t. d. *knaga* (for *gnaga*) Ryf. Røldal. *knag* n. (= *gnag*) sms; *knetta* v. (= *gnetta* »rokke« Aasen), *kniga* v. (for *gnika*) Dal. I gardsnamnet *narravikå* (skr. Narravik, Tysvær matr. no. 38) maa likevel *n* vera gamall *kn* (*knarravrik*), um ein skal døma etter skriftformi Knareuig 1602.

Merkn. 131. Av andre konsonantburtfall i framljod i maalføri no skal berre nemnast:

*v* framfor *r* er jamnast burte som i vanleg norsk utanum Sud-Austlandet. Sud paa Jederen og i Dalarne finn me likevel *vr* i nokre ord: *vrängg'*<sup>2</sup> adj. (= *rängg'*<sup>2</sup> Ryf.), *vreist* m. (stoppar); *vrigla* v. (*rikla*, eng. *wriggle*) Dal.; *vrina* v. Jedr. Dal., sjaa Ross: Nbm XV, s. 101. Fraa Suldal er uppteikna *vrål* Mn, som i Ryfylke maa ha vore i bruk i alle fall ei nokre hundrad aar, sidan De Fine hev *Vrol* og eldre skrifter hev *Wroll*, *Vrold* (1673 Mld), same namn som *Roaldr*. *vr* i desse høvi er visst innkome i maalvaldet austanfraa. I dei eldste skrifter er der ikkje merke etter det, og heller ikkje fraa mnorsk er former med *vr* uppteikna. Hjaa De Fine finn me ogso den vanlege vestnorske formi *Roald* (< *Hróaldr*), som er den dei rygske brevi hev, t. d. *Roalder* XIII 94 Suld. 1428, ogso i gong *Rovalds* gen. (sjaa Merkn. 117 ovanf.)

*m* er burtfallen framfor *j* i *jás'an* (Haaland) < *Mjúsund*.

*n* er i dette maalvaldet liksom i S Hordland stundom burtfallen framfor *j* i *jēdl* Mn, ogso med *n*: *njēdl* (i Suldalen: *njēdl*) < *njādl* < *Niāll*. Namnet som enno er i fullt bruk vert no gjerne skrive *Njeld*, *Njæld*. *r*, *l* er stundom burtfallen framfor *j* som nemnt i Merkn. 114. Fleire dømme: *joa* grdn (skr. Rjoa i Haaland matr. no. 34), gn. a *Rioðom* I 63<sub>6</sub> umkr. 1270; *jos'*<sup>2</sup> adj. Ryf. < *liöss*, *jā* m. (ljaa) Ryf. (Sand; den eldste slegt *ljā*), jfr. *Jødel* Mn De Fine < *Liötolfr*(?).

β. Millom konsonantar hev konsonant falle burt i nokre høve i hovudbrevi: *nemdr* ptc (< *nemndr*) IV 114<sub>62</sub> ofl. st. *iamt* II 131<sub>6</sub> (< *iamnt*).

Merkn. 132. Fraa alle tidebil er der dømme paa denne vanlege ljodlogi. Her nemner me nokre:

fraa gnorsk: *samtendum* I pi IV 71<sub>10</sub> (1307) for *samtengdom* (III 89<sub>9</sub> 1310); *Berþors* (< *Bergþors*) IV 29<sub>46</sub> (1345); *opnemfdan* asm IV 34<sub>012</sub> (1348) < *opt*-; —

fraa mnorsk: *Ausbø* (< *Austbø*) IV 51<sub>46</sub> (1379) *engilss sklædæ* (< *engilsk klæde*) IV 80<sub>6</sub> (1418) *halth* (< *halft*) XIII 93<sub>16</sub> (1427) *smaakislar* (< *-kistlar*) IV 457<sub>69</sub> (1366); *Wørster* (sokn) IV 92<sub>78</sub> (1451), skr. *Wørnstær* 1448, *Warmnstabø* 1375<sup>1</sup>, no *våstær* grd. (skr. *Voster*, i Strand matr. no. 5);

fraa nynorsk: *håffjor* m. det gamle *Hafrsfjorðr*; *kært'n* < \**Karmtenne* for \**Kørmtenne*; *kærtalanda* < \**Karmtarlandet*; *kærsonn* < *Karsundt* VI 79<sub>12</sub> (1558) < *Karmsund-* III 190<sub>13</sub> (1336) < *Karmtsvnd* Cod. Fris. 63<sub>17</sub>. Namnet *kært'n* er no helst bruka um nordluten av øyi, sjaa Ross under *Kartabu*.

γ. I utljud fell burt i hovudbrevi:

*r* i nom. eint. i *sun* IV 114<sub>6.16</sub> II 131<sub>2.7</sub> *son* I 168<sub>3.11</sub> *Hakon* IV 114<sub>6.15</sub> *byskop* (avstytt *þp*).

Med ein *r* vert skriven nom. sing. mannkyn *huar* (< *huárr*) II 77 b<sub>11</sub> *huer* (< *huerr*) II 78<sub>24</sub> *annar* II *ibid.*<sub>20</sub> o. fl. st. *nokor* I 168<sub>23</sub>.

*r* er burtfallen i endingar etter vokal i *kirkiunna* gsg IV 114<sub>20</sub> *mata bol* II 77 b<sub>5</sub> o. fl. st. *erfingia* npl II 77 b<sub>6</sub> (jfr. *-ar* II 77 a). *sifskapa* I 168<sub>17</sub> er vel gpl.

Merkn. 133. Fraa hine gnorske brevi er uppteikna *Sigurd prest* nom. IV 71<sub>2</sub> (1307). Her kann dei mange konsonantar omkring ha drive burt *r* i *Sigurd*. Elles held *r* seg godt i nom. sing. i gnorsk tid. Ogso i kvendkynsord som *Brynilldr* V 50<sub>2</sub> (Karnt 1305). Berre i kvendenamn paa *-riðr* er *r* burte som vanleg i gnorsk endaa i 13 hundr<sup>2</sup>. Døme fraa dette maalvaldet er *Gudrið a Fralle* IV 76<sub>12</sub> (1308) *Astrid* I 193<sub>21</sub> (1327). Um *r* i nom. sing. i Rygjamaalet er elles skrive ovanfor under 8 og Merkn. 34—36.

Burtfall av *r* i endingar etter vokal er i dei andre brevi liksom i hovudbrevi ikkje sjeldsynt. Soleis i gnorsk tid: [*Eikundasund* VI 60<sub>6</sub> (1293; sjaa § 24, 3 b note) IV 46 (Oslo 1299; lat. br.) for *Eikundarsund*, jfr. *Eikundarsund-* IV 323<sub>26</sub> 1347]; *þesse goder menn* IV 90<sub>123</sub> (1311), *fyrnæmfdrar jarda* gsg. IV 308<sub>19</sub> (1346), *jarde* apl i same br. l. 13, *tiuu vette* npl (for *vetter*) I 305<sub>6</sub> (1347), *fyrnæmfdra Sighridar* IV 344<sub>15</sub> (1349). I mnorsk tid vert burtfallet sjølvsagt vanlegare; me nemner: *albra loghrettona* gsg III 275<sub>14</sub> (1351) *Warmnstabø* (for *Warmstar-*) IV 50<sub>43</sub> (1375—76); *henna* pron. gsg IV 518<sub>10</sub> (1380) heiter no *hinna*, men ogso *henar*, 'nar (N. Ryf.), = *hænna* IV 80<sub>411</sub> (1417); *þe* for *þei* < *þeir* pron. XIII 93<sub>12</sub> (Dal. 1412) = *the* IV 883<sub>1</sub> (Dal. 1442); *med iaørðhæ Gunildha eygina kono minna* III 648<sub>5</sub> (1419); *firnemde men* npl XIII 93<sub>10</sub> (1427) *skyldoghe* npm II 699<sub>17</sub> (1429); *alle þeira eftirkomandhe* npl IV 896 (1445); *þewa* gsf XIV 78<sub>6</sub> (1449); *tessæ goodæ men* npl IV 916<sub>12</sub> (Jedr. 1450);

<sup>1</sup> Eldste skrivemaate *Bonstrar* (sokn) i ei avskrift i Munkelivs brevbok 1427 etter eit brev fraa 1338, venteleg misskrift for *Vonstrar*.

<sup>2</sup> *Sigridr*, uppført hjaa Lind som nom. fraa D. N. III s. 131<sub>18</sub>, er paa den nemnde staden gen. for *Sigridar*. *Gudrida* nom. hjaa Lind fraa D. N. X s. 82<sub>17</sub> (Ignebakk 1403) kunde vera *Gudridar* nom. (austl. for *Gudriðr*), men rimelegast er det ei ny form paa *a*; jfr. *Gudridu* gen. D. N. IV 227<sub>11</sub> (Hestbø 1403; austn. maal) og den latinske formi *Gudridam* akk. D. N. III 119<sub>7</sub> (1320).

*fyore laupar* npl VI 550<sub>8</sub> (1455); *me* pron. pl. (< *mér* = *vér*) VIII 375<sub>10</sub> (Vinje 1462); *i Siernarøya* pl. IV 987<sub>8</sub> (Stav. 1478). — Det er sjølvsagt at dette burtfall av *r* kunde stundom føra til at *r* i skrift vart innsett uretteleg etter vokal der han ikkje aatte heima, t. d. *innan þeira tuægga manadar* V 180<sub>13</sub> (1345); *Jardar breff kannukannar j Dolonom* IV 323 (paa baksida og utvilsamt yngre enn sjølve brevet, som er fraa 1347); *j Mallar kirkju sokn* (for *Malla* av *Mallar* pl.) I 305<sub>5</sub> (1347); *þriar lester* apl IV 511<sub>7</sub> (1378); *firir saal mina ok minnar kvinnor* (for *minnar kvinnor*) IV 764<sub>8</sub> (1407)<sup>1</sup>; *i samar handharbande* IV 836<sub>12</sub> (1429); *konor sinnar* gsg (for *kono sinnar*) IV 904<sub>8</sub> (Jedr. 1448); *ek hafder isi* (av *hafu*) IV 936<sub>23</sub> (1454). I einskilde høve er vel ogso *r* innkomen i talen etter falsk jamlaging som der enno er merke etter i maalføret, t. d. *kåma te husar* (for *te husa*) Ryf. *jera te viljar* (gn. til *vilia*) N Ryf. Nbm XV, s. 108.

Burtfallet av *r* i endingar etter vokal maatte valda skipling i det gamle bøygningsverk, med di former som fyrr var vel skilde i ljod, no vart mesta eller heilt einsljodande. Soleis:

gnorsk asg: *kirkiona*      mnorsk: *kyrkiona*  
 — gsg: *kirkionnar*      — *kyrkionna*;

jfr. ordfellingar som *fyrr* — *retvisona skuldh* XIV 78<sub>5</sub> (1449). Paa Jederen vilde ogso nom. og akk. plur. *kyrkiornar* etter yvergangen av *rn* til *nn* koma til aa heita *kyrkionna*, i Ryf. derimot ei tid *kyrkjodna(r)*. Me hev her eit dømme paa korleis ljodloger, som me finn opphavet til alt i gnorsken, fylgjestrengt laut føra til samanblanding av former og dermed til eit analytisk maal, endaa utan mykjen framand paaverknad.

Merkn. 134. I vaare dagar er *r* burte i endingar etter ljodlinn vokal paa Jederen og i Dalarne: *hesta* pl. *nåle* pl. *vise* (ø) pl. *kasta* v. præs. sing. (< gn. *kastar*) *henna* pron. gen., ja endaa *tårja* Mn (< *þorgeirr*, (*vilje* Mn < *Vilgeirr*?), men held seg etter vokal i bøygings-endingar i mesteparten av Ryfylke — *hestar*, *nålar*, *visar*; *kastar*; *henar* (og *hinna*); *te kvædnar*, *te tår* —; *þeir* hev vorte *dei* alle stader; 1 pers. pron. i plur. heiter *me* og *mi*, som er gnorsk *mid*, *mit* (dualis), men som sumstad maa ha falle saman med *mér* i yvergangstidi, sjaa VIII 375, der *mer* og *me* skifter i same brev; præs. og impf. av *vera* heiter *æ* (e) og *va* (< gn. *er* og *var*).

Etter dette dreg me ut at burtfallet av *r* etter vokal i ljodlinn staving hev byrja omkring 1300, eller endaa noko fyrr, og daa som no maa vel maalet paa Jederen havt mest av det. Naar Ryfylke — liksom Hardanger i I SVestl. — hev halde paa *r*, kann dette hava nokon samanheng med den samfersl det hev vore millom desse vestlandsbygder og Telemark paa dei gamle vegar yver Haukelid.

Merkn. 135. Av andre konsonantburtfall i utljod er merkande i brevi utanum hovudbrevi og i maalføri no:

*m* i ljodlinn staving etter vokal; den burtfalne *m* hev truleg fraa fyrstonne ei tid etterlate nasalitet hjaa vokalen. Dømi er fraa mnorsk tid og henta fraa dei gamle dativformer paa *-om*: *j reidhu peninghom* IV 511<sub>8</sub> (Jedr. 1378) *kirkjuvardheno* dsg II 575<sub>3</sub> (Dal. 1403); *firir hveriu manne* IV 898<sub>10</sub> (Ryf. 1446); *a Jadreno* III 786<sub>4</sub> (Jedr. 1446) *manghum adraa godum mannum* II 817<sub>8</sub> (Sokndal 1481?). Um endingi *-om* i verb, sjaa her nedanfor Merkn. 154.

I dei nye maalføri er dativ oppgjeven, men nokre gamle former paa *-om* med burtkasta *m* hev halde seg i sume ordelag, so som *am kvella*,

<sup>1</sup> mistydt i innholdsnoten yver brevet i diplomataret, som tek *minnar kvinnor* som plur. og umset mine „kvinder“ i staden for mi „kona“.

*ãm høustå, ãm vårå*, Ryf. *go kveldå* (o: god kveld!) Ryf. Jedr. (ogsø: *go kvellan* Jedr.), til deils enno med halden *m*: *sidja i fudlom fre Dal. me goãm* Ryf. Jedr. (= gn. *med godo*; *m* er innkomen i *goãm* ved jamlaging etter dsm), i NRyf. ogsø *me goå*, liksom *me vondå, åv nyom* I Suld. *m* held seg ogsø i præp. *jønãm* (< *gegnum*) Dal. (*jønå* Ryf.). Av gardsnamn som lødrett er komme av gnorske dativformer i fleirtal paa *-om*, er der ikkje mange i desse bygder. Dei som er (mest i NRyf.), hev kasta burt *m*, t. d. *sønnståkkå* i Avalsnes (matr. no. 1, skr. *Stokke søndre*) < *Sunstokkom* II 147<sup>29</sup> (1322); *høugo* i Skaare (matr. no. 28, skr. *Hauge*) < *Haugum* Flateyb. I 48<sup>16</sup> ofl. I det 16 og 17 hundr. er der merke etter nokre fleire: *Leda* 1616, *Risaa?* 1602, *Rioaa* 1567, *Widaa* 1567. Men dei fleste av dei namni me skulde venta med denne endingi i vaare dagar, endar no paa *a*, t. d. *åkra* (Skutnes, *a Akrom* 1301); *bausta* (Nerstrand, *a Baustom* 1318); *hesja* (Tysvær, *pa Hessom* Sk. 19); *joa* (Haaland, *a Riodom* 1270); *þora* (Haaland, *a þiorom* 1270); *lea* (Høyland, *a Lædom* 1270) *madla* (Haaland, de *Mollom* 1298 i eit lat. brev); *randa* (Fister, de *Rondom* 1299 i eit lat. brev); *riska* (Hetland, *a Riskum* 1313); *tåsta* (Hetland, *a Tostum* 1343); *vadla* (Aardal, *a Waulom* 1299); *vaula* (Strand, i *Waatlom* 1436); *væsåbda* (Eikersund, i *Veshofdom* 1303), venteleg ogsø *risa* (Rennesøy) *vea* (Skutnes) ofl. Desse former kann ikkje vel hava sitt opphav av gamle dat. plur. — imot det strider m. a. stomvokalen i mange av namni —, heller ikkje av nom. plur., med di det er uskynelegt, kvifor dei daa hev kasta burt endingi *-r* i Ryfylke, der maalet elles nettupp held paa *-r* i nemneformi i plur., som svarar til baade nom. og akk. i gnorsk.

Den eldste formi som er uppteikna med endingi *a* av dette slaget er *aa Vinea* XIII 94<sup>25</sup> (1428 *a Vinia* XIII 95<sup>2</sup> *j Vinia* VIII 375<sup>13</sup> (1462), namnet paa prestegarden i Suldal. Ordet synest i gnorsk tid ha vore eintalsord, jfr. *j Vinear sokn* IV 764<sup>6</sup> (1407), men ha gjenge yver til fleirtalsord umkr. midten av 15 hundr., jfr. *prester a Vinom* IV 898<sup>2</sup> (1446)<sup>1</sup>. So underlegt det endaa kann synast, er det mest likt til at det er genitivformi *Vinia* som hev vorte lausrivi fraa ei velkjend samansetning *Vinia sokn* og sidan vorte sjølvstendig namneform, som ikkje lenger vart bøygð. Det er eit utslag av den tilhug me ogsø elles finn i mnorsk til aa faa ei ubrigda form for alle høve av sernamn, utan umsyn til vanleg bøygjing eller stoda i setningi. Soleis alt i 1380: *Syorn kirkio sokn* (jfr. *Siannar kirkio* I 70, umkr. 1286); *j Aabø þingstodh* XIII 94<sup>6</sup> (1428); og sameleis *prester aa Vinea* XIII 94 liksom *Vinea sokn* i same brevet. Denne vegen kann daa ogsø *åkra* (*Akra kirkia*) *þoru* (*þiåra k.*) *madla* (*Malla k.*) ha fare. Sidan hev straumen drege fleire namn med seg. Dei mange stadnamn paa *a* av gamle dativformer av *an*-stomnar hev utan tvil fremda denne vokstren, slike namn som *barka* (Strand, *j Barka* 1305); *goa* (Hetland, *Gvda skipreida* 1414); *galta* (Rennesøy); *haga* (Høyland, Skutnes ofl. *a Hagha* 1288); *hana* (Høyland); *håvda* (Finnøy, *j Hofda* 1280); *jålsa* (*a Jalsa* 1340); *sola* (Haaland, *a Sola* 1270 o. fl. st. i kongesogorne); *soma* (Høyland, *a Soma* 1300) o. fl. — *litla svela*, skr. *Svele lille*, i Bjerkreim, matr. no. 31, skr. *a Svila* 1329, *i litlu Svulum* 1313; svagar i eldre tid millom eintal og fleirtal. At alle dei nemnde ordi etter præp. til (*til Vinia, til Sola*) i gnorsk maatte enda paa *a* hev vel ogsø hjelpt fram desse former.

Endingi *a* i dei fleirtalsordi som ovanfor er nemnde, finn me til deils i det 16 og 17 hundr. som *Vodla* 1537, *Busta* 1563, *Risa* 1606,

<sup>1</sup> *Vinje* paa Voss (matr. no. 97, 98) hev gjenge same vegen, vore eintalsord i gn. tid og sidan vorte fleirtalsord. Sjaa Ngn XI s. 541.

*Thasta* 1610, *Weya* 1610, *Leija* 1610, *Ryffua* (*Riðdom*) 1668, *pa Randa Sk.* 19<sup>1</sup>.

I stadnamn paa *-heim* hev *-m* falle burt i Dalarne og paa Jederen, t. d. *jeidrei* (i Bjerkreim) < (*i*) *Gæitarheim(i)* IV 323<sub>18</sub> (1347); *njærei* (i Nærbo) skr. *Nairdhome* (for *Niardheim-* av *Niardarheim-*) III 786<sub>16</sub> (1445). I Ryfylke held *m* seg enno i vaar tid i denne samansetning, t. d. *bjøreim* (i Strand), skriv *Biorheimum* IV 147<sub>26</sub> (1321).

For det spyrjande pronomen »kven« segjer dei eldste folki i I Suldalen *kvæi* (< *hueim*): *kvæi va så for der?* — No heller *kvenn* ell. oftast *kenn*. Sameleis er *m* burtfallen i det rel. pron. *så, so*, sjaa Merkn. 152.

*t* i utljod er burtfallen i ljodlinn staving etter vokal tidleg i nynorsk tid: *vere* (< *veret*) ptc av *vera*, X 593<sub>14</sub> (1529) *fare* (< *faret*) ptc VIII 633<sub>6</sub> (1530). Fraa svensk er vel *t* komen inn i *luarket* konj. II 699<sub>6</sub> (1429), sjaa Merkn. 140. — I vaar tid er *t* i slike høve burtfallen yver heile maalvaldet, ogso i smaaord som *de, dæ* (< gn. *þæt, þet*); *ka* til deils *kva* (< gn. *huat*) Ryf. i Dal. *ko*, paa Jederen *kæ*, som anten er samandrege av *ka æ* < *huat er*, eller framvakse av *huat* med høg rygsk *a* (*å*).

*n* hev teke til aa falla burt i ljodlinn staving etter vokal i det 15 hundradaaret. Soleis i endingi *-an*, nsg b. f. av linne kvendkynsord — *øn*-stomnar —, venteleg paa den maaten at nasaliteten av *n* hev gjenge yver paa vokalen. Den nye nasalera vokalen *ã* maa ha vore nær burtimot *å* — jfr. uttalen av *a* i fransk *enfant* — og hev sidan av grunnar, som me straks nedanfor skal nemna, sume stader vorte *å* og andre stader *o, o*. I skrifti fraa Rogaland i det 15 aarh. syner han seg som *o* i *þionosto* (< *þionostan*) II 699<sub>7,9</sub> (Stav. 1429). Det er elles sjølv sagt at me i skrifti jamt finn den eldre skrivemaaten med *an* og i slutten av hundradaaret endaa den danske skriftform *en*. Samstundes med burtfallet av *n* trengjer nominativformene seg fram til bruk ogso for dei oblike kasus, t. d. *alla halfua* asg III 648<sub>3</sub> (Stav. 1419); *skipreidha* dsg IV 818<sub>5</sub> (Ryf. 1422); *eghne kona minna* gsg IV 919<sub>3</sub> (Stav. 1450). I staden for den gamle bøygning i ubunde eintal: nom. *visa, fiara*, og obl. *viso, fioro* (eller *visu, fiору* sumstad) fekk desse maalføri no smaaft um senn utanfor genitiv i samansetningar berre ei form i ub. eintal: *visa, fjæra*, eller med stommvokal fraa dei gamle oblike kasus *fiøra*. I bundi form fekk dei sameleis berre ei ending *å* eller *o*: *viså* (ell. *viso*) *fjæå* (ell. *fjoro*) — umfram ei uklaar ending paa *-ona* (*-onna, -onne, -enne*), samanblanding av dei tri oblike former i gnorsk, som vel mest hev vorte bruka som dativform til burtimot nynorsk tid, um ikkje noko lenger sume stader. Ved denne maalvokstren fekk daa Ryggjamaalet sistpaa ei ending ogso i dette høve i staden for *4* i gamalnorsk tid. Det er desse tvo former som i vaar tid raader yver heile maalvaldet. Med umsyn paa valet av *å* eller *o* i den bundne formi synest det mest rimelegt, at endingi hev vorte *å* i dei bygder som i gamalnorsk tid hadde *o* i dei oblike kasus i ubundi form (*viso*), og at endingi hev vorte *o* eller *o* i

<sup>1</sup> Etter jamlaging med slike namn som i utgreidingi ovanfor er nemnde og ved ljodlogrett yvergang av andre endingar til *a*, hev ei uvanleg mengd med stadnamn i denne landsluten fenge denne endingi. Jamvel stadnamn med opphav i gnorsk nom. plur. av kvendkynsord med endingi *-er* hev stundom vorte med i straumen. Soleis heiter det gamle *Bjarger* paa Rennesøy, matr. no. 26, no *bjærja*, skr. Bjerger. *bjærja* høver til *Biarger*, so nær som i endingi *a*. *j* framfor denne *a* syner at *a* her ikkje er opphavleg; — *bjærja* kann soleis ikkje vera nokon opphavleg genitiv. Fyrr endingi vart *a*, maa der etter *g* ha vore palatal vokal. Med di ordet i notidsmaalet hev tvostavings tonelag, kann det ikkje vera nokon nom. sing. som ligg til grunn, men eit *bjærg'er* > *bjærj'er*, som sidan ved jamlaging etter andre namn hev teke endingi *a*.

dei bygder, som i gnorsk tid hadde *u* i desse same kasus (*visu*)<sup>1</sup>. Endelyktn paa denne maalkvokstren hev daa vorte at Ryfylke i den bundne formi hev fenge *å* (*viså*), so nær som Røldal, Suldal, Skaare og N Karmt som hev *o*; Jederen hev sameleis *å* (*viså*), so nær som Klepp, Time, som hev *o*, og Gjestal, som hev *o*; Dalbygderne hev *å* (og *o*, *o* Sokndal).

Ogso i andre ord paa *an* finn me burtfall av *n* i det 15 hundr. t. d. i adverb.: *vnda* (for *undå*? < *undan*) II 578<sub>11</sub>, Stav. 1404. I det nye maalet hev slike adverb til deils gjenge same vegen som dei straks ovanfor umrødde linne kvendkynsord, soleis *siå* Ryf. (*sia* Suld.) < *sidan*; *utta*. Karmt < *uttan* I 168<sub>14</sub> (Avaldsnes 1322, hovudbr); *fårutta* Ryf. (Jelsa). Men elles held *n* seg paa ymse stader i mange høve, t. d. *sian* Dal. Jedr.; *mēan* (< *medan*) Ryf. Jedr., *mēn* Ryf., *noran-te*, *vestan-te* osfr. *uttan-āt*, *åvan-te* ofl. Karmt, Jedr., *himan-te* Karmt, *heiman-te* Jedr.; gnorsk *undan* heiter no *unna* S Jedr. *onna* Ryf. N Jedr. *onda* Karmt; *saman* Jedr.

Endingi *-en* i bundi form av sterke kvendkynsord som gn. *byggden* hev sume stader — venteleg alt i den eldste nynorske tid (*jorde* VI 782<sub>18</sub> Stav. 1554) — vorte *e*, *ē* (< *ē* < *en*), soleis *skålē* Utsira, N Karmt, og Ognå i Dal., *skålē* Helleland, Heskestad og Eikersund i Dal., og eit stykke av Ognå paa Jederen. Røldal hev *a*: *skåla*. Men elles hev Jederen og mesteparten av Ryfylke i denne formi same ending som i dei linne kvendkynsord, soleis at dei segjer *skålå* der som dei segjer *viså*, og *byggō* der som dei segjer *visō*. I den fyrste yvergangstidi synest den vokalen som hadde vakse fram av *-en* ha vore uklaar og svagande millom *e* og *a* — jfr. *dōmde wij sama iordt under . . . . Getlog Suensdotter . . . . for sama lousna som jorde kopt war* VI 782<sub>18</sub> Stav. 1554 — og denne svagingi er vel grunnen til dei ulike former no, so ei bygd fekk *å* og andre *e*, medan storflokken berga seg ut or villrædet med *aa* taka upp same endingi som for dei linne kvendkynsord: *å* eller *o*<sup>2</sup>. Desse sistnemnde formerne er nemleg utan tvil jamlaga etter dei linne kvendkynsord, men hev vel fenge studnad ogso fraa ei onnor sida, som straks nedanfor skal verta nemnd.

Den gamalnorske endingi *-en* i den bundne formi i fleirtal av sterke inkjekynsord (*hūsen*) hev her som annarstad i landet oftast fare same ferdi som *-en* i sterke kvendkynsord, so *husen* (*-in*) hev vorte *husē*, *huså* (*o*). Den sistnemnde formi kann elles her liksom paa fleire andre stader ha vakse fram sjølvstendigt etter jamlaging med neutralt *an*-stomnar i plur. som gn. *augon* (*-un*). Denne sistnemnde formi skulde ljodlogrett i dette maalføre enda paa *-å* (*-o*, *-o*), men dei faa ordi av dette slaget hev i nyare tid gjenge yver til same bøyging som dei linne kvendkynsordi (*-ar*, *-adu* Ryf. *-a*, *-anne* Jedr.). Med di ogso dativ plur. etter burtfallet av *-m* ljodlogrett maatte faa endingi *-å* (*-o*, *-o*): *huså* (*-o*), fekk endingsvokalen *å* (*o*) eit sterkt yvertak i maalføret, som kanskje ogso hev gjort sitt til *aa* hjelpa fram den merkelege endingi *-å* (*o*) i den ovanfor nemnde bundne eintalsform av sterke kvendkynsord (*byggå*)<sup>3</sup>.

<sup>1</sup> Andre umstende kann elles ogso ha gjort seg gjeldande, t. d. i maalføre som hev havt former i gnorsk som *visō* obl. eintal, men *visar*, *visum* i fleirtal. Ogso akkusativendingi *-ona* (*-una*) med si utvikling kann ha havt meir *aa* segja enn det no er lett *aa* sjaa.

<sup>2</sup> i Skaare og Torvastad likevel *byggå*, men *visō*.

<sup>3</sup> At ogso dei merkelege bundne fleirtalsformer: *brōd'nå*, *fāl'nå* *dād'nå*, *skō(d)'nå*, *jāed'nå* av *bror*, *fat*, *dag*, *sko*, (*thjå*) ofl. Ryf. hev sitt opphav fraa jamlagingar, som hev samanheng med det her utgreidde, held eg for utvilsamt. I N Ryf. skifter dei nemnde former med andre som endar paa *ē*: *brōd'ne*, *fāl'ne* osfr. alt etter som bygdemaalet hev *byggå* eller *bygg'e*. Paa same maaten gjeng det til deils med sterke kvendkynsord i plur. t. d. *krōd'nå* av *kro* (kraa). Den same ovringi finn me i Sunnhordland: *bror'no*

I Dalarne, der dei sterkbøygde kvendkynsord i bunde eintal hev *ē* (*skāl'ē*) hev ogso dei sterke inkjekynsord (t. d. *h<sup>us</sup>*) i bunde fleirtal oftast *ē*: *h<sup>us</sup>ē* som me skulde venta. Men jamsides med *h<sup>us</sup>ē* høyrer ein her, og helst i Lunde, som i maalvegen i vaar tid fell mest saman med Lista, ogso ei form *h<sup>us</sup>'an*. Denne endingi *an* er endaa meir utbreidd ved havsida i V Agder. Fraa Mandalskanten til omkring Lillesand raader ho saman med endingi *an(ə)* i ord av alle kyn: *bādan(ə)* *skālan(ə)* *jentan(ə)* *husan(e)*. Desse formerne vert gjerne for heile Sørlandet liksom for Nordland, der det ogso finst *-ann* ell. *an(n)* i bunde fleirtal av inkjekynsord, forklaara som jamlaging etter fleirtal av regelrette mannkynsord<sup>1</sup>. Med umsyn paa Dalarne er likevel aa merka at endingarne i bunde fleirtal ikkje er dei same for ord av alle kyn; sjaa Nbm. XIV s. 79—80. Dertil kjem at medan dei regelrette mannkynsord hev tvostavingstonelag (*bā'dan* Dal.), hev inkjekynsordi einstavings (*h<sup>us</sup>'an*). Tonelag og ending fell derimot saman med fleirtalsendingarne av ord som *fo<sup>u</sup>d* m. (< *fōtr*) og *klo<sup>u</sup>n* f. (o: *klō*), og det ikkje berre i bundi form, men ogso i ubundi.

Soleis: *fo<sup>u</sup>d* i ub. plur. *fōd'a* (< gn. *fōtar* < *fōtr*) i b. plur. *fōd'an*  
*klo<sup>u</sup>n* — *klōdn'a* — *klōdn'an*  
*h<sup>us</sup>* — *h<sup>us</sup>'a* (ogso *h<sup>us</sup>*) — *h<sup>us</sup>'an* (oftast *h<sup>us</sup>'ē*)  
*kne* — *knēdn'a* (og *knen'a*) — *knē(d)n'an*.

Det er daa likt til at det er berre dei einstava fleirtalsformer, som hev vore mynstret, ikkje mindre kvendkynsordi enn mannkynsordi. Grunnen til at maalvokstren i Dalarne hev teke denne stemna, kann vera paaverknad utanfraa, t. d. fraa dei austlege sjøbygder som er nemnde ovanfor, der samanblanding av fleirtalsformer synest vera heller gamle, jfr. *byrsanne* (av *byrsa* f.) XV 117<sub>31</sub> (Otrenes 1492). Men Dalarne hev ikkje blindt fylgt denne vegen, men stelt seg paa sitt eige vis. Dessutan kann der i dei egdske grannebygder — jamvel i sjølve Dalarne, som vel fraa ovleg gamall tid liksom no hev havt eit yvergangsmaal — ha funnest ei onnor eller andre former i dette høve som me ikkje no hev fullvissa um, og som kann ha fremda den umrødde maalvokstren. Soga aat dei bundne fleirtalsformerne av inkjekynsord er i det heile i ymse norske maalføre noko innfløkt. Um utgangspunktet eingong i tidi hev vore det same for alle, so hev vegarne fram til notidsformerne vore ulike. Og spursmaali kann difor ikkje løysast paa same vis for alle. Med di emnet er forvitnelegt, set eg hit nokre former, mest fraa vestnorsk maalvald, som vil syna dette: *hus'a*, *epl'ä* Nfj. Sfj.; *hus'o*, *epl'o* Num.; *bla'in*, *epl'in* Aaseral (jamsides *bla'æ*, *epl'æ*); *húsini*, *eplini* Fær. I Numedal hev gnorsk *byggðin* vorte *byggd'ē* (og gn. *visan* > *visa*), og me skulde difor ha venta at gn. *húsini* her hadde vorte *hús'ē*; naar det likevel heiter *hus'o* (eller *hu'so*), maa denne formi her vera etterlaga etter bøyggingi av neutrale *an*-stomnar, som i maalføret no hev *-o* i bunde fleirtal av gn. *-un*: *augun* > *augo*, og deretter *hus'o*, *epl'o*. Dativ plur. b. f. heiter her ljoglogrett *hus'o*, so nom. og dat. er berre skilde ved tonelaget; dette kann vel noko vera grunnen til at ein ogso til deils høyrer *hus'o* i nemneformi. I Nfj. og Sfj. hev gnorsk *byggðin* vorte *byggd'a*, og *visan* hev vorte *vis'a*; me skulde daa her venta *hus'a*; naar gn. *húsini* likevel i desse bygder no heiter *hus'a*, er vel ogso denne formi etter jamlaging med det bundne gnorske fleirtal i nom. og akk. *augun*, som her ljodlogrett no heiter *äu'ä*<sup>2</sup>.

(ell. *brōd'no*) *fōt'no*, *bōnd'no*, og endaa *rōt'no*, *næ't'no*, *kjyd'no*, *klōd'no* ofl. for brøderne, føterne, bønderne, røterne, næterne, kyrne, klørne. Paa Jedr. er desse regelrette: *kræ'd'no* (av *kraa*), *brōr'no*, *fōd'no*, *bōm'no*, *rōd'no*.

<sup>1</sup> Soleis Ivar Aasen: Norsk Grammatik § 173.

<sup>2</sup> Den nye sideformi *äuin'no* (etter *visin'no*) hev her inkje aa segja.

Det er soleis likt til at dei neutrale *an*-stomnar, som fulla ikkje er mange, men som er tidt bruka, hev havt innverknad sume stader paa den bundne fleirtalsformi av sterke inkjekynsord. Um den færøyske formi *húsini* er aa segja, at det alt i gnorsk finst merke etter ei ending paa *i* i nom. og akk. plur. neutr. av adjektiv, og i dei same kasus ei utvida form paa *i* av adjektivartikelen *hin(n)*, t. d. *híni heidnu gud* Hauksb. 161, *híni olmo dyr* 163<sup>10</sup>. Det kann vel ikkje vera tvil um at den færøyske formi hev sin grunn i denne same endingi: *hús(h)ini*. Og vel heller ikkje større tvil um at formi i Aaseral hev det same opphav, med di *-in* her er ei ljodrett avstyting av *-ini*. At der soleis i V Agder hev vore i noko eldre tider ei bundi inkjekynsform i fleirtal som hev enda paa *-n*, er mykje trulegt. Um der er nokon samanheng millom ei slik form og *heus'an* i Dalarne no, kann ingen ting segjast med det som fyre ligg.

Endingi *an(ə)* i dei egdske austlege sjøbygder og *-an -ann* i Nordland (ogso i Ytre Namd., i Fosna og paa Røros) er ikkje forklara med delte. Dei hev vel ogso si serskilde saga.

Gn. *en* hev halde seg i *openskå* adj. (som ligg ope, vindbert) Ryf. og vorte *a* i *obaskått* n. adv. Dal. Jedr. < gn. *openskått*. Gn. *systkin* hev vorte *sösjä, sysjä* (o) Karmt, *sösja* i Suld.

Ogso i propria hev *n* i utljod falle burt etter vokal, t. d. *nådå* grdn (matr. no. 1 i Finnøy, no skr. Naaden) < *Natunn* Sk. 19; *jättå* grdn (matr. no. 16 i Hetland, no skr. Jaatten) < *Jatun* IV 122; (1318); *kvællbei* grdn (matr. no. 19 i Ogna, no skr. Kvalbein) < *a Hvalbeinom* II 748<sup>13</sup> (1442); *håka* eller *hagu* < *Håkon* (Karmt) ofl.; *guro* < *Gudrån* I Suld.; *Aadru* De Fine < *Oddrån*; *Eli, Ilå* Ryf. < *Elín*.

Av gardsnamni paa *-vin* hev sume berre kasta burt *-n* og lægt *i* til *e (ə)*: *sannve* (matr. no. 26 i Ogna, no skr. Sandve) < *Sandvin* II 109<sup>12</sup> (1311); ogso i Høyland og Skutnes er der gardar med dette namnet. Sameleis *barkve* (i Strand) *figgve* (i Høyland). Andre hev fenge *a* for *-in*: *dalva*, skr. *Dalunn* 1567 (matr. no. 56 i Nerstrand); *helta*, skr. *Tixeltha* 1567, av *\*Hialtvín(?)* (matr. no. 28 i Haaland). Til *vin*-namni høyrer vel ogso *væje*, skr. *Regenn* Sk.<sup>19</sup> *a Rækene* II 39<sup>16</sup> (1297; matr. no. 17 i Haaland); *tine* (Jederen), skr. *a þimíni* IV 304<sup>3</sup> (1346). Kann me døma etter skrive-maaten *Fichued* 1567 (o: *Figgve*), er yvergangen gjennomförd i tidleg nyn. tid, men dei eldre skrivemaatar held seg gjerne lenger.

s fell stundom burt etter *st* i gnorsk: *haust ok vars* IV 263<sup>8</sup> (1342) IV 90<sup>13</sup> (1311; vid. 1314) < *hausts ok vårs*; *præstens* IV 156<sup>23</sup> (1322); *at sins soknarprest* IV 306<sup>25</sup> (1346). *l* er i mnorsk burtfallen i utljod etter vokal i ljodlinn staving i *te* prp. < *tíl* i samansetningarne *Inthebrødher* (< *inn til brøðra*, namn paa St. Olavs minoritkloster i Vaagsbotnen i Bergen) IV 987<sup>26</sup> (1478), *Wthebrødher* (< *út til brøðra*, namn paa prædike-brødreklostret i Bergen) *ibid.*<sup>26</sup>. Ogso i nymaalet *te* for *tíl*, jamvel i smn, t. d. *té'færd* (gjort ferdig) Ryf. Jedr. Sameleis hev *l* falle burt i *det* nye maal i *ve* (< gn. *vil*) *ska* (< gn. *skal*).

Merkn. 136. I dei gamle mannsnamni paa *-olfr* (ell. *ólfr*), *-ulfr* (ell. *-úlfr*) hev *f* i nyn. i dette maalvaldet gjerne falle burt og *o* (ell. *u*) vorte slakk *e (ə)*. Alt i 1465 finn me *f* burte i *Börggol* (< *Bergolfr*) IV 957<sup>5</sup>. Som det synest er det mest i sjøbygderne at *l* soleis hev halde seg inn i nynorsk tid, og her eig daa slike former heima som *börril* (skrive *Börrild* Matr. 1906), *Boddel* De Fine (< *Bótolfr*), *Jödel* (1664) < *Ljótolfr*, *Leiel* < *Leidolfr*, *Øyelsson* VI 680<sup>2</sup> (1520) < *Øyulfsson*. Andre stader, helst i dei indre bygderne, hev *l* framfor *f* falle burt: *Gunnuf* De Fine < *Gunn-úlfr*, og enno er namn som *Sandof* (< *Sandólfr*) og *Tjostof* (< *þiostólfr*) i bruk i Saude i Ryfylke. I dei nye maalføri her fell *v* (= gn. *f*) ofte burt i utljoden etter *u* og *o*: *Bjönnu*, *Björgu*, *Gunnu*, *Steimu* (men

*stainulv* I Suld. um *Strix bubo*) *Tjosto*, *Toro*, *Oyu* < *Biornúlfr*, *Biorgúlfr*, *Gunnúlfr*, *Steinúlfr*, *Þiostúlfr*, *Þorólfr*, *Óyúlfr*<sup>1</sup>; jfr. *nakklöu* Rog. for *nakklauf* < gn. *lagklauf* (ved dissim.). Men *u* eller *o* kann ogso i namn med burtfalle *lf* verta *e* (ø), og me fær former som *Gunne* (< *Gunnolfr*) *Ljöde* ell. *Jöde* (< *Ljótolf*) *Sonne* (< *Sondolfr*), *Eie* Dal. < *Eyulfr*. Naar me i nannelistor fraa vaar eigi tid (t. d. i Norges matr.) finn folkenamn fraa desse bygderne som *Brynjulf*, *Randulf* osfr., er slike former anten ny-upptekne eller hev halde seg i sume høve ved di dei hev vore bruka i skrift gjennom tiderne, liksom hjaa De Fine *Brynulf*, *Steinulf*, *Thorulf* og namn som *Torbjörn*, *Sigurd* o. m. fl. Paa denne maaten hev det av eit namn ofte vorte mange, t. d. *Torgils*, *Törres*, *Torjuls*, *Torjus*, *Truls*, som alle er i bruk no snart her snart der i maalvaldet. Av namni paa *-uw* kann sume vera komne austanfraa. Um vokalen i endingi *-olfr* og *-ulfr* sjaa Merkn. 46. Um burtfall av *l* i fleire dilike høve, sjaa Merkn. 138.

#### ð. Andre konsonant-burtfall.

*r* hev falle burt i adjektivendingi *-re* i dat. sing. fem. i þeire *same* (o: *samre*) *fiske* IV 114<sub>40</sub>: *samr* er her bøygt sterkt, jfr. *þessa sama fiske* asg *ibid.*<sub>46</sub>. Av andre gnorske brev fraa same landsluten ser me at *samr* snart hev sterk bøyging og snart linn i dilik stoda; døme paa linn bøyging er: *þeirra somu husa* X 4<sub>12</sub> (Stav. 1272—76), paa sterk: *j þui somu brefue* V 180<sub>8</sub> (Stav. 1345), *a þeire samre iaurd* IV 344<sub>16</sub> (Stav. 1349).

Merkn. 137. I dei andre gnorske brevi — og ikkje mindre i mnorske — er der fleire døme paa burtfallen *r* i den ovanfor nemnde stoda. Det kann mykje naturleg ha byrja i høve, der det framfor *r* kom ein konsonant som hadde lett for aa jamna seg med *r* (*sr* > *ss*) og i høve som *fullkomne* dsf for *fullkommre* (med *fullkomne gjoef* IV 85<sub>20</sub> 1310), og sidan ha breidt seg. Burtfallet hev raaka ikkje berre dativendingi *-re*, men ogso *-rar* i gen. fem. og *-ra* i gen. plur. Døme: *fríalsæ* dsf (< *fríalsre*) III 190<sub>8</sub> (Karnit 1336) *hænni hæilvitade* I 193<sub>27</sub> (Stav. 1327); *fríalsar* gsf (< *fríalsrar*) I 291<sub>8</sub> (1345), *adernemfdar* gsf IV 457<sub>9</sub> (Tolga 1366); *i fullo vmbode alla korsbrødra* (soleis hds) I 193<sub>6</sub> (Stav. 1327), *annara dughanda manna* IV 167<sub>15</sub> (Stav. 1325) = *annara dughandra* (!) *manna* IV 117<sub>25</sub> (Stav. 1316), *fyrnemfda* gpl IV 457<sub>10</sub> (1366); *alra heilagha messo* IV 511<sub>13</sub> (u. s. Rogal. 1378), jfr. nyn. helgamessa. Naar so *r* i ljodlinn staving fall burt etter vokal kunde ei form som gn. *fyrnefnndrar* gsf i mnorsk jamvel verta *fyrnemda* XIV 78<sub>12</sub> (Bergen 1449; utf. av tvo rygske lagrettemenn), og gsf, asf og gpl falla saman. Paa grunn av usemja millom skrift og tale kunde endaa *r* koma inn i asf: *pratnempdra* asf IV 550<sub>15</sub> (Eidsa 1388), og jamvel i andre former: *optnempdrom* dsm *ibid.*<sub>17</sub>; dette er likevel sjeldsynt. Ljodlogrette former er mesta heilt eineraadande i gnorsk og er dei vanlege i mnorsk; men eldre og nyare former er i mnorsk ofte samanblanda i skrifti.

Merkn. 138. Av ymse andre konsonantburtfall, som ikkje fyrr er umtala, er nemnande fraa brev utanfor hovudbrevi:

*f* (*m*) er burte framfor *n* i *suænhus* (< *suefn-* eller *suemnhús*) IV 263<sub>13</sub> (1342); hev skrivaren meint *suæmn*, kann det henda at han berre hev gløymt striket yver *æ* (*æ* = *æm*).

<sup>1</sup> Dei namni som det her ikkje er nemnt kjelda for, er som elles etter Torkel Maulands uppteikningar fraa dokument og skrifter i det norske riksarkiv fraa 17 og 18 hundr.

*t* burtfallen i nyn. tid i *bere* < *betre*, sjaa Merkn. 119.

*n* er burte framfor *g* i namnet *Klægger Oddsson* IV 308; (1346) — strik gløymt yver *æ*? —, utan tvil missskrift for *Klænger*, som same mannen er kalla i 3 andre diplom, t. d. *Klænger Odzsson* IV 340<sup>3</sup> (1348). Manns-namnet *Klænger* (< *Klœingr*) synest hava heimstaden sin i Ryfylke, der det er mykje vanlegt den dag i dag i formi *klængg*<sup>1</sup>, no skr. Kleng, i eldre skrifter fraa nyn. tid *Kleng*, *Kling*(Mld.); sjaa Aasen's Navnebog, og De Fine s. 242. Namnet hev ogso vore mykje i bruk paa Island, men er no sjeldhøyrte der.

*l* hev stundom falle burt framfor labial og guttural konsonant og framfor *s*, t. d. i ljodsterk staving: *Hausnu* IV 90<sub>8</sub> (Stav. 1311; vid. 1314) < *Holsnu*? *friaslegga* IV 147<sub>33</sub> (1321) < *fríalslega*, *Wagurðsson* IV 616<sub>8</sub> (1392) < *Falgardz* IV 77<sub>17</sub> (Stav. 1308); *alleghomesso* IV 777<sub>17</sub> (1409) for gn. *allra heilagra messo* IV 531<sub>12</sub> (1386); *Rofslanthe* (< *Rólfs*-) IV 904<sub>3</sub> (1448); i ljodlinn staving: *kyndismesso* (< *kyndils*-) V 357<sub>16</sub> (1393), nyn. *kyndesmöss* Suld., men enno *lynnelsmessa* Jedr.; jfr. *kyjesta* grdn paa Finnøy < *Kingillstader* 1325. *l* hev vel i denne stoda umkr. 1300 og frametter til umkr. midten av 15 hundr. — i alle fall sume stader — vore klanglaus liksom i mange høve paa Sudurlandet paa Island i vaare dagar og dermed havt lett for aa falla burt. Ved villrædet millom skrift og tale i denne tidi hev han vorte skriven i *paalska viku* (for *páska viku*) IV 548<sub>16</sub> (1388); ved villrædet i yvergangstidi hev han kome inn paa gale rom i *talyøber* Jedr. for det vanlege nyn. *taagebær*. Paa denne vegen synest det ogso som eit \**Ósgodreid* hev vorte til *olsgorēi* Dal. (Lund) og med burtfall av *s* millom tvo kons. til *olgorēi* Dal. (Helleland), sjaa Maal og Minne 1912, s. 84. Um *l* + *f* i namn paa *-olfr* osfr. sjaa Merkn. 136.

#### k. Konsonant-innskot.

*r* hev kome til i *mædr* II 77 b<sub>18</sub> laga etter *viðr*, som vert skrive so II 77 b<sub>12</sub> (*viðr* II 78<sub>23</sub>); elles vert oftast skrive avstytt *m̄*, som ein maa løysa upp *með*, eller annarleis um brevet hev ei onnor heilt utskrivi form.

*ŋ* er innkomen ved jamlaging med andre former i *margt* IV 114<sub>50</sub>.

Merkn. 139. Fyre 1300 vert i hine gnorske brevi skrive *með* og *mæð*; sidan kjem *meðr*, *mædr*, *medr* i bruk. I dei mnorske brevi er formi med *er* mykje vanleg, skrivi: *medher*, *meder*, *mæder*, *mædr*, *mædher*. I gnorsk tid finn me ikkje so sjeldan *r* innskoten millom *ð* og etterfylgjande *s* eller *l*: *gvðrs* II 24<sub>26</sub> (1288) *gvðrs* IV 232<sub>16</sub> (1338) ofl. *Gudrleiks* IV 129<sub>3</sub> (1319) *gardzliðrsens* II 134<sub>5</sub> (1318) *odrle* dsg II 115<sub>9</sub> (1313; *odle* IV 167<sub>10</sub> 1325); i seinare gnorsk, sjeldan i eldre, og i mnorsk *er* eller berre *e* (*i*, *u*): *radessens* IV 155<sub>8</sub> (1322) *ymboders men* IV 340<sub>10</sub> (1348) *guders* IV 537<sub>2</sub> (1387) IV 344<sub>2</sub> (1349) *gudes* IV 605<sub>3</sub> (1392); *gudes* finn me elles alt i III 43 (1277—1303) *gudis* IV 524<sub>16</sub> (1384) *gudus* V 306<sub>12</sub> (1378) IV 536<sub>3</sub> (1387). Ogso etter berre *ð*: *j vædher* n. (< *veð*, pant) VII 339<sub>10</sub> (1404).

Merkn. 140. Av konsonantinnskot elles i diplom utanfor hovudbrevi er nemnande:

*f* er stundom (sjeldan) innskoten millom *m* og *n*, t. d. *kompner* ptc (av *koma*) I 192<sub>8</sub> (1327), jfr. *mfn* for *mn* i ord som *nemfna* (= *nefna*,

<sup>1</sup> Naar Lind (under *Klœingr*) um Kleng Oddsson meinar, at „dopnamnet antyder, att han är til börden isländing“, hev Lind fulla ikkje kjent til det utbreidde bruket av namnet i Ryfylke.

*nemna*). Like eins er *f* komen inn millom *m* og *r* i *samfre* adj. dsf (< *samre*) IV 227<sub>14</sub> (Hestbø 1336 austn.), utt. *sambre*(?).

*p* er innskoten millom *m* og *t* i *Kornpt* IV 624<sub>13</sub> (1393); skrivemaaten *fimftan* (< *fimtán*) IV 374<sub>10</sub> (1355) for *fimptaun* tyder paa at glideljoden framfor *t* ogso i dette høve hev vore spirantisk. Innskot av *p* millom *t* og *n* er der i *vitpnisburdar* gsg II 54<sub>30</sub> (1299).

*t* er stundom innskoten millom *s* og *n*, t. d. i *aptrlaustn* VII 35<sub>13</sub> (1306) *aflaustnar* IV 119<sub>9</sub> (1317) o. fl. br., ogso millom *p* og *n* i *optno* dsn (av *openn*) IV 118<sub>11</sub> (1316). I utljod etter ljodlinn vokal er *t* innkomen i *hwarket* konj. (korkje) II 699<sub>6</sub> (1429) IV 842<sub>27</sub> (1430) o. fl. br.; denne *t* hev knapt noko sinn vore uttala i rygjamaalet, no *infæ kortæn* Ryf.

*n* er innkomen ved jamlaging etter andre former i bøygingsmynstret i *andra* apm (for *adra*) IV 896<sub>23</sub> (1445); i ljodlinn staving etter vokal i *hwarken*, svensk paav. konj. (korkje) IV 866<sub>30</sub> (1437) og sameleis i *enghen* (ingen) IV 335<sub>15</sub> (1348).

*g* hev vakse fram av den velare vokal i *au* i mnorsk tid i *þaug(h)* pron. (< *þau*) IV 515<sub>14</sub> (1379) 606<sub>14</sub> (1392), *twaugh* num. (< *twau*) IV 525<sub>17</sub> (1384) o. fl. br. *siaug* num. (< *siau*) IV 538<sub>4</sub> (1387); nirygsk *þog*, *jau*, < gn. *jaur*, der endingskonsonanten *r* fyrst hev fälle burt; jfr. den nyn. yvergangen fraa gn. *-aud* til *-eug* (*aug*) t. d. i *döugæ* (< *daudr*) N.Ryf. (Karmt), der *g* kann ha vakse fram etter burtfallet av *ð*, liksom i *áugunn* Mn Suld. eig. austmanns namn? < *Audhun* XIII 95<sub>6</sub> (1428); jfr. *daughen* (< *daudenn*) i eit brev med austnorsk-vestnorsk blandingsmaal III 293<sub>6</sub> (1358) fraa Hallingdal, som den tid høyrde til Stavanger bispedøme. — I *eig* IV 949<sub>16</sub> (1461) for *ei* (= *eigi*) synest ogso *g* innskoten. — Sameleis er *g* i mnorsk tid innkomen i *hog* adj. (gn. *hór* = *hár*): *til hogæ altaret* IV 987<sub>31</sub> (1478); jfr. *hæg* (av *hár*) Tel.; no i Ryf. og paa Jedr. *hog* liksom i mesteparten av landet, kanskje etter komparativ *hogre*; jfr. *sø(r)* (sud) etter *syðri*. Formi med *ö* er uppt. fraa V Agd. 1465: (*hoon*) *stod ekki vp vm morghone efter fyr en høgt var sool vppa* (VI 561<sub>15</sub>). *g* (*gh*) hev ogso vakse fram millom *á* og *o* (*u*) i *sagom* (o: *sághom* < *sáom* 1 pi av *siá*) IV 607<sub>9</sub> (1392) *saghom* II 575<sub>5</sub> (1403) ofl. br. eldre *sao* 3 pi IV 906<sub>3</sub> (1311, vid. 1314). *lugh* 3 si (av *liggia*) IV 926<sub>4</sub> (1451).

*k* er innkomen ved jamlaging i *sökte* 3 si (av *sökra*) IV 294<sub>22</sub> (1345). Eit tilnamn *fitill* IV 18<sub>11</sub> (1297)<sup>1</sup> er skrive *fiçitill* IV 45<sub>5</sub> (1299).

## I. Konsonant-lengd.

*a.* For stutt konsonant vert det i hovudbrev: stundom (ikkje ofte) skrive lang konsonant: *villia* inf. IV 114<sub>56-61</sub> *skilliazst* ibid.<sub>61</sub> *Munkklifi* ibid.<sub>41</sub> *þusshunndrat* I 168<sub>7</sub> *kunnickt* ibid.<sub>6</sub> *vettr* IV 114<sub>4</sub> *vettrom* ibid.<sub>18</sub> *vettra* IV 114<sub>4</sub> II 131<sub>3</sub> (2gg; *væter* ibid.<sub>4</sub> *vætr* I 168<sub>5</sub>) *lutt* dsf I 168<sub>20</sub> *vttan* ibid.<sub>14</sub> IV 114<sub>43-65</sub>.

Lang *l* og *n* (*ll*, *nn*) framfor *d* finn me berre i I 168: *þorallde*<sub>4</sub> *skyllduga*<sub>6</sub> *þusshunndrat*<sub>7</sub>, elles alltid *ld* og *nd*, t. d. *halda* II 77 b<sub>13</sub> II 78<sub>11</sub> (*vald* II 77 b<sub>3</sub>) *þoralda* II 77 b<sub>8</sub> *lande* II 77 b<sub>5</sub> IV 114<sub>68</sub>.

*þ.* For lang konsonant vert ofte skriven stutt. Soleis etter lang vokal: *atian* II 131<sub>4</sub> (*fæk* I 168<sub>20</sub> *fek* IV 114<sub>36</sub>) *ein* asm II 77 b<sub>8</sub> IV 114<sub>62</sub> *heal* adj.

<sup>1</sup> Eit anna tilnamn *niolen* i same dipl. er i diplomataret skrive *molen* IV 45<sub>5</sub>, og Kahle meinte i Ark. XXVI B. s. 245, at *niolen* var mistak for *molen*, men hds hev ogso her *niolen*.

nsm II 77 b<sub>2</sub> II 78<sub>3</sub> *Halgeir* nom. IV 114<sub>1</sub> *míne* pron. dsf II 77 b<sub>17</sub> *þeira* IV 114<sub>59</sub> *þeiri* ibid.<sub>67</sub> ofl. *beidezst* 3si ibid.<sub>31</sub> (*beiddozst* ibid.<sub>51.57</sub>); etter stutt vokal: *nidrleghe* 3spk IV 114<sub>59</sub> *han* IV 114<sub>38</sub> *þan* ibid.<sub>37.38</sub> *fan* 3si ibid.<sub>32</sub> *annare* dsf I 168<sub>11</sub> *alre* dsf IV 114<sub>20.33</sub> *kethil* II 77 b<sub>4</sub> 114<sub>31</sub> ofl. *kumunsens* II 78<sub>3</sub> *en* adv. IV 114<sub>19</sub> ofl. *men* plur. ibid.<sub>7</sub> ofl. *Audfin* asg ibid.<sub>61</sub> *in* adv. I 168<sub>25</sub> *sin* asm II 131<sub>6</sub> I 168<sub>25</sub> *min* nsm II 78<sub>19</sub> *Odz* (for *Odds*) I 168<sub>10</sub>; *kunikt* II 131<sub>2</sub> IV 114<sub>3.13</sub> (diplomataret hev *kunnikt*); *vp* II 77 b<sub>7</sub> II 78<sub>11</sub> IV 114<sub>19</sub> o. fl. st. *fyrsgahdo* I 168<sub>27</sub> *fyr* komp. IV 114<sub>53</sub> II 131<sub>10</sub> *ber* 3sp (av *bera*) IV 114<sub>55</sub> *Nokore* dsf IV 114<sub>39</sub> *os* pron. IV 114<sub>48</sub> *mit* pron. poss. II 77 b<sub>2</sub> ofl. II 78<sub>3</sub> ofl. 131<sub>7</sub>.

Merkn. 141. For det vanlege nyn. *oss* (nobis) vert det i Sand i Ryfylke sagt *ús* ɔ: *ás* (paa same staden *foss* av gn. *foss*); dette *ás* (< gn. *os*) ser ut som eit kompromis millom gn. *ós* og *oss*, jfr. *os* IV 114<sub>48</sub>, *oos* IV 616<sub>9</sub> (1392). Sameleis *ás* Karmt og truleg fl. st. jamsides med *áss*.

Merkn. 142. I dei andre gnorske brevi er tilstandet med skrivaarten av lang konsonant noko det same som i hovudbrevi, likevel soleis at der i hine brevi i det heile er noko færre undantak etter maaten fraa den regel at lang konsonant skal skrivast dubbel.

Serskilt er nemnande at me stundom finn ein tilhug til aa skriva lang *t* etter *n* og *r*, til deils (sjeldan) ogsó etter *m* og *p*, t. d. *fanttr* IV 45<sub>4</sub> (umkr. 1299) *kantr* ibid.<sub>5</sub> *brentt* IV 106<sub>2</sub> (1313) *gortt* IV 147<sub>40</sub> (1321) 263<sub>15</sub> (1342) *varrt* pron. I 192<sub>9</sub> (1327); *dømtt* ptc I 476<sub>10</sub> (1383) *epttir* III 275<sub>8</sub> (1351); jfr. lang *n* i *Bjornn* IV 117<sub>2</sub> (1316).

### m. Ymse konsonanthøve.

*k*-ljoden vert i hovudbrevi skriven *k*; lang *k* er skriven *kk*: *skipan* II 78<sub>26</sub> *skolo* II 77 b<sub>8</sub> *klokko* ibid.<sub>9</sub>; *ch* i *Nicholas* IV 114<sub>2</sub>.

Upphavleg *v* vert i regelen skriven *v*; etter *h*, *k*, *s*, *t*, *þ* hev hovudbrevi alltid *u*: *vinattosamleggha* IV 114<sub>59</sub> *være* II 78<sub>3</sub> *huer* ibid.<sub>24</sub> *kuadozst* IV 114<sub>60</sub> *sua* ibid.<sub>55</sub> ofl. *tua* ibid.<sub>55</sub> *þui* I 168<sub>13</sub>. Framfor vokal inne i ord vert helst skriva *u*: *samuizko* II 78<sub>2</sub> *Sunniuu* II 131<sub>9</sub> *Bjorguin* IV 114<sub>32.61</sub> *miduiku* ibid.<sub>4</sub> *Jonsuoku* I 168<sub>8</sub> (men *Hundvoku* IV 114<sub>45</sub>) *æuenlægrar* IV 114<sub>60</sub> (ogsó *æfenlægrar*) II 78<sub>22</sub> II 77 b<sub>12</sub>); for *v* stend *w* i *Gunvor* I 168<sub>14</sub>. Elles vert *v* ofte bruka for *u*, t. d. *vnder*, *vttan* osfr.

Upphavleg labial spirant vert oftast skriven *f*: *hafa* IV 114<sub>61</sub> *gæf* II 78<sub>5</sub>; men ogsó *fu* fínt framfor vokal, t. d. *halfuo* I 168<sub>11</sub> og oftast *w* i *stauangre* II 77 b<sub>1.7</sub> ofl. II 78<sub>20</sub> ofl. IV 114<sub>7</sub> II 131<sub>4</sub> (ogsó *stauangre* II 77 b<sub>1.11</sub>, liksom *huazsæmd* ibid.<sub>17</sub> *juazsæmd* II 78<sub>26</sub>).

*z* = *ds*: *Sanz* IV 114<sub>25</sub> *Steinslanz* II 131<sub>5</sub>; *z* = *s*: *alz* (ɔ: *alls*) IV 114<sub>7</sub> *sanz* II 77 b<sub>16</sub> IV 114<sub>68</sub> II 131<sub>6</sub> (skr. *sandz* I 168<sub>26</sub>, i diplomataret urretteleg *sandz*). Merkande er skrivemaaten *loghmandz* I 168<sub>24</sub> som synest visa at uttalen ei tid hev vore *-mants*.

zs i superlativ og refleksivendingi *-azst* hev vel vore uttala som lang s: *sidozstom* II 77 b<sub>13</sub>.

Merkn. 143. I dei andre gnorske brevi finn me mykje godt same skrivemaatarne som i hovudbrevi, til deils likevel *ck* for *kk*, t. d. *myckit* IV 56<sub>4</sub> (1302) *ockr*, *ockor*, *ockrom* ofl. IV 122<sub>10-14</sub> (1318).

For *z* er ein hende gong skrive *zt*: *til sanz vitniskburdar* IV 72<sub>11</sub> (1307). Uvanleg er skrivemaaten *Olauer* nom. IV 45<sub>8</sub> (Stav. umkr. 1299), *hafude* 3<sub>8i</sub> (av *hafa*), *krafuder* (av *krefja*) partic. nfm IV 306<sub>12-15</sub> (1346); i IV 45 *Olafuer*, men *Bileifr*<sub>11</sub>; *fu* i desse høvi skal vel merkja uttalen *v*. *Stauvangr* (med *w*) er i desse brevi liksom i hovudbrevi den vanlege skrivemaaten til omkring 1325, og vert bruka mykje alt inn i den nynorske tid (X 720, 1544: *Sstauvanger*); men elles skriv dei etter 1325 ogso *fw*, *ffw*, *fu*, *u* eller berre *f* i dette namnet. [*Vighnalldzson* IV 429<sub>14</sub> (1362) skal vera *Vighualldzson* (sjaa Lind); misskrift i opphavsbrevet, som her hev tydeleg *n* for *u*.; dette brevet er skrive paa eit nærskylt maalføre].

Palatal *g* og *k* i framljod vert sumtid skriven *gi*, *ki* t. d. *giært* (sup. til *gerða*) IV 54<sub>11</sub> (1302) *Kjællande* IV 323<sub>17</sub> (1347).

n. Metatase er der ikkje uppteikna dømme paa ifraa hovudbrevi.

Merkn. 144. Heller ikkje fraa andre brev er uppteikna mange dømme. *aatnaghada lausa* adj. asg (< *ámálgadalausa*) IV 122<sub>10</sub> (1318). *þorgils* er i brevi den eldste formi me finn (I 63<sub>8</sub>, 1170) for *þorgisl*. Som fyrr nemnt hev dette namnet vorte mykje brigda gjenom tiderne og hev kløyvt seg i mange. Einstavingsformi *Truls* i nymaalet minner um den latinske formi *Trugillus* (1272, for *þorgisl*), som synest fyresetja ei norsk form med konsonantumsetjing (*þrogisl* ell. *þrogils*) alt i 13 hundr. Fraa mn. tid er *kirkju sonk* (< *-sókn*) IV 548<sub>5</sub> (1388) o. fl. br. *-korss* < *kross*) IV 1035<sub>4</sub> (1499).

Fraa det nye maal: *silde* (< *siglde*); *grest* adj. n. gildt (< *girækt*?) I Suld., sjaa *gresk* hjaa Ross; *bellna* v. (< *bendla*) *vallna* v. (< *vondla*) ofl. *kygla* f. (»strækølle«) N Ryf. Karmt<sup>1</sup> < \**kyvla*? < gn. *kylfa*.

## 17. Ordformer.

a. Substantiv. *legghenom* dat. II 43<sub>4</sub> burde etter den vanlege skrivemaaten i diplomataret ha vore skrive *Legghenom*, med di det er namnet paa Suldalselvi, no *lújen* Suld. — Sameleis er *lagaræns* gen. IV 51<sub>6</sub> (1301) og *læghinum* ibid.<sub>16</sub> namn paa same elvi. — Fraa hovudbrevi er dessutan merkande svagingi millom *-ga* og *-gia* i *Faxstöðinga* IV 114<sub>3</sub> og *-gia* ibid.<sub>54</sub>. Linne mannkynsord paa *a* i nom. sing. er *herra* II 78<sub>19</sub> *sira* IV 114<sub>3</sub> o. fl. st., *sira* dsg ibid.<sub>35</sub>.

Merkn. 145. Fraa andre gnorske brev er nemnande: *þonn* asg b. f. (< *þœnn*) II 24<sub>20</sub> (umkr. 1288); *presti* dsg I 63<sub>1</sub> (1270), men *prest* dsg III 43<sub>2</sub> (2gg; 1277—1303); *smid* dsg IV 27<sub>3</sub> (1343); *þorer* Mn nom. IV 147<sub>4</sub> (1321) o. fl. br. *þores* gen. IV 289<sub>8</sub> (1345); jfr. *Aalfuers* son IV 288<sub>7</sub>, 1345, og i tidl. mnorsk *þorers* IV 421<sub>5</sub>, 1361); *malavæxstom* dpl IV 117<sub>21</sub> (1316) med *e* (o: e) for *g* etter dsg eller npl, jfr. *vatna uæxstir* II 35<sub>17</sub>

<sup>1</sup> Upplysning fraa kand. mag. Olav Anda.

(1295); *korsbrodrom* dpl I 193<sub>29</sub> (1327). *Endridar* gen. (for *-ða*) II 107<sub>3</sub> (1311); og umvendt *endi* n. nsg IV 288<sub>12</sub> (1345). *herra Anbiorn abote* IV 55<sub>3</sub> (umkr. 1302). *herra Arne biscop* IV 50<sub>1</sub> (1301). *sira Eiriks* III 43<sub>3</sub> (1267—1303). *Skana* gen. V 180<sub>5</sub> liksom av nom. *Skáni*. *Snare Aslaks son* nom. IV 107<sub>2</sub> (1314); jfr. *Snara Aslaksson* nom. IV 65<sub>17</sub> Konghelle 1306, vid. til IV 67, Stav. 1306). *sengear* gsg IV 90<sub>67</sub> (1311; vid. 1314), *akrræinonne* dsg *ibid.*<sub>58</sub>; *husprøyo* gsg *ibid.*<sub>3</sub>, dsg *ibid.*<sub>116</sub>. *fru* dsg II 107<sub>7</sub> (1311). *þ miolfue ok smiolfue* I 311<sub>7</sub> (1348); *kuelled* IV 295<sub>5</sub> (1345) *ported* *ibid.*<sub>1</sub>; *hoggen* apl (av *hogg* n.) IV 90<sub>108</sub> (1311; vid. 1314).

Merkn. 146. Fraa mnorske brev er merkande:

*vár* n. hev vorte mannkynsord: *vm varen* IV 650<sub>4</sub> (1395); men same brevet hev *haustid*<sub>17</sub>; *hausthet* endaa i 1475 (II 895<sub>7</sub>). *sannend* f. IV 505<sub>15</sub> (1377). — Kvendkynsord paa *-an* finn me endaa umkr. midten av 15 hundr.: *eftertalan* IV 900<sub>13</sub> (1447). — *prest* dsg 525<sub>23</sub> (Stav. 1384; *prest eptir prest*).

Yvergangen fraa sterk til linn bøygging dreg i dette tidebilet med seg mange kvendenamn, t. d. *Ingebiorgu* gen. IV 550<sub>14</sub> (1388) *Ingebiorga* nom. XII 283<sub>7</sub> (1516) *Raghneido* gen. II 575<sub>7</sub> (1403) *Gunilda* nom. IV 846<sub>6</sub> (1431); *Bodwildha* nom. IV 959<sub>12</sub> (1465), jfr. *Bøðvildr* Edda (finst knapt andre stader); *Unna* nom. (for gn. *Unnr*) IV 1002 (1487) *Brynielda* (for *Brynhildr*) XII 283<sub>6</sub> (1516). Dativformerne paa *-o* (*-u*) i *ō*-stomnarne i gnorsk og dativbruket i mnorsk for genitiv hev sjølv sagt fremda yvergangen. Dei eldre former utan *a* i nom. held seg elles jamsides med dei nye, og sume som *Astríd*, *Gudríd*, *Gyríd*, *þuríd*, *Gudrún* held seg sterk-bøygde.

*in*-stomnar gjeng til deils yver til same bøygning som *ōn*-stomnar: *mōdho* asg. (for gn. *mōði*) IV 803<sub>27</sub> (1417).

Det ovrar seg nye ordformer etter mykje ulike mynster; mange av deim livde berre ei stokkut tid. Dei hadde mist det gamle fotafeste, og det nye ramla undan. Her er nokre døme, skipa etter kausbøyggingi:

nom. sing. *biscop* IV 918<sub>7</sub> (1450) for det vanlege gamle *byskop* ell. *biskop*; *presten* nsg IV 616<sub>25, 28</sub> (1392; jfr. *prester* — nsg — *eftir prest* *ibid.*<sub>20</sub>) *loghmannen* II 370<sub>21</sub> (1361; i eit nærskyldt maalf.); *vmboðsman* IV 550<sub>12</sub> (1388), og *mann* IV 605<sub>5</sub> (1392), men *aargezlo madher* V 694<sub>3</sub> (umkr. 1440), *sire Arnulph* IV 914<sub>12</sub> (1449), *sir Eriker* IV 916<sub>13</sub> (1450), i akk. *sire* X 187<sub>15</sub> (1446); *her Halsthen* (< *herra Hallsteinn*) IV 1003<sub>5</sub> (1487).

gen. sing. *Anbernar(son)* IV 505<sub>8</sub> (1377); *Herbiornsson* IV 840<sub>2</sub> (1429); *þoverson* IV 843<sub>10</sub> (1430), der nominativs *r* heng att i genitiv; *sonars sins* IV 842<sub>15</sub> (Stav. 1430); *sons mins* IV 900<sub>1</sub> (1447); *modher hennar Ingebergo* IV 818<sub>10</sub> (1422).

dat. sing. *Biorne* IV 605<sub>7</sub> (1392) etter nom. og akk. sing.; *Asbianne* IV 805<sub>3</sub> (1418) etter gen.; *siri Tronde* VI 550<sub>6</sub> (1455) *siri Trondæ* *ibid.*<sub>18</sub>; *Hakee* Mn XIII 95<sub>7</sub> (1428). — Um *-enom* for *-eno* i dsg b. f. sjaa under adjektiv her nedanfor.

nom. plur. *hyllier*, *hyllior* (av *hytr*, kulp i elv), venteleg skrive-maatar av uttalen *hyljar* (for gn. *hyler*) IV 1075<sub>10, 13</sub> (1418); jfr. fleirtals-formi: *hølja* Shl. *hylja* Voss, *hyljar* Hard., *hiljar* Fær. *sambrodrer* IV 952<sub>6</sub> (1463); *munlaughu* (for *-ur*) IV 457<sub>40</sub> (1366; jfr. sv. dial. *mullöga*); *alterana* II 699<sub>13</sub> (1429).

dat. pl. *hvsomen* IX 406<sub>5</sub> (Stav. 1491, utf. av domkapitlet) er ei svensk form.

Merkn. 147. Fraa maalføri no kann her berre nemnast: *örn* f. pl. *örnar* Suld. *þōdn* f. < gn. *tiorn*. Ryf. *fiŋŋ* m. (< *fiŋgr*), pl. *fiŋŋrar* Ryf. *nāgl* (f. liksom paa Austl., sameleis Isl. Fær.). *kvell* n. Dal., andre stader m.

Namnet paa aastiderne synest allstad i maalvaldet no vera mannkynsord. — *bue* m. ibuar, hev i smn vorte *bu*: *jærbu*, *sansbu* (fraa Sand), *souabu* fraa *soua* (skr. Saude).

Mannkynsord paa *dl* og *dn* etter gamall lang vokal i ljodsterk staving eller stutt vokal i ljodlinn fær inkje tillag av artikkel (-*en*) i den bundne form, men brigdar gjerne *l* og *n*, som i ubundi form er klangføre, til klanglaus *l* og *n* (*l*, *n*); i ubundi form: *hēdl*, *stēidn*, *lōjedl*, i bundi: *hēdl* ell. *hēdl*, *stēidn* (ɔ: *stēiddn*) og *lōjedl*<sup>1</sup> N Ryf. og S Jedr. Den bundne formi er tvillaust framkomi ved burtfall av artikkelen '*n*', som i denne stoda maa ha vore klanglaus. Jfr. med dette bøygingi av »eld« og »kveld« i Sand; i ub. form: *æll kvæll*, i bundi form: *æll kvæll*; jfr. ogsø *kne* n. i bundi og ubundi form (Sand), sjaa Merkn. 113 ovanf.

Merke etter dativ: *smalen går på gra'se* (ɔ: paa beite) N Ryf.; *bera hånd'a i fatt'e* (gn. *fetill*, dsg. *fatle*), Karmt; *av hus'e*.

Merke etter genitiv: *fara te kvēdnar*, *kāma te tiar*, *driva te lygnar* ell. *te lygnars* (jfr. mn. *sonars* Merkn. 146), *te heltar(s)* gn. *helfð f.*; *te fjörja* (< gn. *til kyrkio*), *ynsja te lokkø* (< *til lukko*). Fleire døme i Merkn. 133 ovanf.

Merke etter dat. plur. sjaa Merkn. 135 ovanf. Hjaa De Fine (1745) finn me nokre fleire døme: paa *Trevæggau* dpl 230, etter samanhengen fulla for *tre veggjå*; *mæ Sadlaa* dpl (av *sadl*) 233. Men forfattaren er upaalitande, naar det gjeld norske bøygings-endingar.

**b. Adjektiv. Kompar. neutr. endar paa *e* i *vono bradare* IV 114<sub>26</sub>.** Sjaa Merkn. 105.

Merkn. 148. Dat. sing. neutr., som i gnorsk enda paa *o* (*góðo*), hev i mnorsk etter jamlaging med dat. sing. mask. til deils endingi *om*, der *m* truleg hev vore klanglaus (jfr. isl. og fær.), so ei samanning av desse former kunde lett gaa for seg, t. d. *meder silki vere halvesaumadom* IV 457<sub>17</sub> (Tolga 1366) *meder minom jnsigle* IV 914<sub>13</sub> (1449) *med minom* (ɔ: med mitt) IV 927<sub>21</sub> (1451) *sancte Olaff koninges blod i eynom sylffkare* IV 1074<sub>16</sub> (Stav. 1517). Skal ein døma etter formi *brefuenom* — *j sialfuu stefnu brefuenom* IV 294<sub>11</sub> (Stav. 1345) —, maa denne ljodrørsla ha byrja alt i slutten av den gnorske tidi, og hev kanskje nettupp byrja i den sers ljodlette bundne inkjekynsformi paa *-eno*, som hev vorte samannblanda med *-enom*; døme fraa mnorsk tid er *heil at vitenum* IV 525<sub>22</sub> (Stav. 1384). Med det aalmenne burtfall av *m* etter vokal i ljodlinn staving (sjaa Merkn. 135 ovanf.) vart alle endingar paa *om* til *o* og sidan til *ø* (*e*), so nær som i nokre einslege ordelag. Jfr. Færøymaalet, der *um* (no oftast utt. *un*) sameleis hev trengt inn i dat. sing. neutr.: *húsinum* (gn. *húsinu*), *vid góðum*, med det gode, = *mę góðm* Ryf. Jedr. enno.

I dat. sing. fem. er adjektivendingi *e* ofte undantrengd av *o* i mnorsk tid baade i dette maalvaldet og i V Vgder, t. d. (fraa Rogal. og V Agd.): *af æino halfuo* IV 777<sub>6</sub> (1409) *af einno hafuo* VIII 258<sub>6</sub> (Gyberg 1417) *af firnempdo kirkiu* XIII 96<sub>5.20</sub> (Stav. 1428) *fra þeiro storo hellonne* IV 877<sub>23</sub> (1440).

*o* kunde ogsø trengja ut *a* i akk. sing. fem. *till þesso giof* IV 842<sub>22</sub> (1430) *till meyro wisso* *ibid.*<sub>32</sub> ofl. br. *æino picho* I 843<sub>5</sub> (Agder 1457). Her hev vel *ø* i dei bundne adjektivformer verka med.

<sup>1</sup> Olav Anda nemner som døme fraa Karmt: „*eg har sleijð meg*“. „*Korhelst*“ „*l hēdh*“.  
— Dei opplysningar som elles fyreligg um denne ovringi, er annarleis. Am. Larsen meiner i Oversigt over de norske bygdem, s. 71, at baee former er uttala eins; soleis hev eg funne det berre i I Suldal (Roaldkv.), der det er *stāidn* og *hēdl* i b. og ub. form. Noten hjaa Ross i Nbm. XV s. 106 (under teksti) segjer det motsette av det som eg hev høyr. Ovringi er soleis ikkje heilt opplyst.

Ved desse yvergangar og brigde kunde dei gnorske dativformer *einom*, *einne*, *eino* alle verta *eino* i mnorsk tid. Endaa pron. *þeira* (gpl) kom inn i denne straumen og kunde verta bøygt som eit adjektiv, t. d. *þau breff som weer firir þeirom* (o: dei) *jordhom hafðhom XIII 96<sub>2,4</sub>* (1428); *þeim oc þeirom* (o: deira) *efterkomandom* *ibid.*<sub>12</sub>; *War þet þa vnder þeoro handerbande VI 498<sub>8</sub>* (V Agd. 1446); *i iord þeira* asg IV 909 (1449) er kanskje og aa taka paa same vis (= *i iord þá*).

Nom. plur. neutr., som i gnorsk var utan ending, syner seg med endingi *æ* (o: e) i eit brev fraa 1450: *sinæ jnsciglæ* apl IV 916<sub>15</sub>; *waare foreldræ I 1035<sub>12</sub>* (1512). No er endingi *e*.

I siste fjordepart av 14 hundr. kjem det upp adjektiv med nom. sing. mask. og fem. paa *-ligen*: *logligen IV 525<sub>20</sub>* (1384) *adrnemder heiderlighin herre I 493<sub>19</sub>* (1385; svensk-lita), *byskeydelighen* nsm I 817<sub>5</sub> (1451) *skellighen* nsf IV 913<sub>5</sub> (1449).

Komparativ er bøygd sterkt i *till meirar stadfestu IV 457<sub>104</sub>* (1366).

Naar præs. ptc. stend adjektivisk, endar det i gnorsk tid paa *-ande* i alle dei former det er uppteikna, so nær som i dat. plur. der det hev *-om*. Soleis nsm: *firirbiðande IV 54<sub>13</sub>* (1302); dsm: *hia uerande I 63<sub>17</sub>* (umkr. 1270); npm: *dugande IV 51<sub>7</sub>* (1301); gpl: *dughande IV 156<sub>10</sub>* (1322); dpl: *verandom X 4<sub>2</sub>* (1272—76); apm: *dugande IV 51<sub>8</sub>* (1301); apf: *gangande I 63<sub>18</sub>* (umkr. 1270); asn: *vattande IV 63<sub>14</sub>* (1306); dsn: *hanghandede IV 54<sub>9</sub>* (1302). I dat. sing. m. kann det likevel ogso enda paa *-om*: *hiauerandom IV 90<sub>6</sub>* (1311; vid. 1314), og i gen. plur. paa *-a* eller *-ra*: *dughanda II 115<sub>14</sub>* (1313), *dughandra IV 117<sub>25</sub>* (1316). — I staden for *-ande* (*dugande menn IV 51<sub>7,8</sub>*, 1301) finn me stundom *-andes* med same aktive tydning, soleis npm: *dugandes menn IV 63<sub>5</sub>* (1306). — I dei mnorske brevi, som ogso hev endingi *ande*, t. d. *dughande kona* nsf IV 515<sub>12</sub> (Stav. 1379) *dande kono* dsf I 522<sub>10</sub> (1390; nærskyldt maal, jfr. *samþykkiande* dsf II 370<sub>22</sub> 1362), *æigande* npn I 426<sub>13</sub> (1374), og i dpl: *neruerande V 306<sub>7</sub>* (1378), kjem endingi med *s* (*-andes*, *-endes*, *-indis*) tidare fram, t. d. burtimot nynorsk tid npm: *liffwandes I 1035<sub>18</sub>* (1512) *aahorandes* *ibid.*<sub>23</sub> *werindis IV 1074<sub>2</sub>* (1517) ofl.

Naar præs. ptc. er substantiv, endar det i nom. plur. paa *-andar*, *-ander*, t. d. *eftirkomandar I 426<sub>14</sub>* (1374), *eptirkomander II 115<sub>19</sub>* 1313). I dat. plur. held *-om* seg lenge i mnorsk tid, t. d. *efterkomendom IV 917<sub>7</sub>* (1450). Avløysingi med *-ande* ogso i dette høve kann i nom. plur. paa-visast i sein gnorsk tid: *eftirkomande IV 263<sub>12</sub>* (1342).

I det nye maalet endar præs. ptc paa *-annæ* ell. *-annes* (i NRyf. til deils *-anda*, *-andes*): *riann(es)* (*-andes*). Um præs. ptc i dei tvo garde-namni: *hågganvik* (matr. no. 69 i Vikadal) < *Hogguanderuik IV 90<sub>30, 99</sub>*, og *hågganvik* (matr. no. 5 i Saude), sjaa Norske Elv. (Rygh) s. 91 og 105.

Um ei verbalform paa *-ande* med passiv tydning, sjaa Syntaks nedanfor i slutten av I S Vestl.

**c. Pronomen.** *æk* II 77<sub>b2</sub> o. fl. st. II 78<sub>17</sub> o. fl. st.; berre naar ordet hev stor fyrstebokstav, er det i desse tvo brevi skrive med *e*; *ek* II 131<sub>4</sub>. *vit* dual. IV 114<sub>2</sub>; *ver* plur. *ibid.*<sub>13</sub> I 168<sub>8</sub> o. fl. st. — *os* dpl IV 114<sub>48</sub>. — *hena* asg IV 114<sub>68</sub>. — *sek* pr. refl. I 168<sub>10</sub>; akk. sing. av 1 og 2 pers. finn me ikkje i hovudbrevi. — *þeima* dsm IV 114<sub>10</sub>; *þæssare* dsf II 77<sub>b17</sub> *þæssare* II 78<sub>15, 26</sub> II 131<sub>9</sub>.

[*en* rel. partikel *þa æn* II 77<sub>b2</sub> *þa en* I 168<sub>7</sub> og berre *en* *ibid.*<sub>9</sub>. Elles vert baade *er* og *sem* bruka til rel. part.].

Merkn. 149. I andre gn. brev finn me ofte *æk* (sjaa Merkn. 19), i plur. baade *ver* og *mer*. I dei eldste brevi alltid *ver*, soleis II 133 o. fl. st. (1266) III 438 (1277—1303) X 43 o. fl. st. (umkr. 1275) II 35 (1295: *ver*<sub>8</sub> og *vær*<sub>5</sub>) II 54 (1299) IV 54 (1302) IV 59 (1305) II 80 (1306) IV 72 (1307); *mer* IV 72<sub>9</sub> (1307) V 162<sub>5</sub> (1343) II 286 (1347). Sameleis *vit* i dei eldste brev, t. d. *vet* II 39 (1297) *vit* VII 35 (1306) *mit* II 109 (1311). I gnorsk tid maa det soleis ha vore bruka former baade med *v* og *m* av desse pronomen. I den mnorske tidi fær formerne med *m* — *mid*, *mer* — yvertaket. I denne tidi vert ogso (mykje tidleg) tvotalsformer samanblanda med fleirtalsformer. Alt i eit brev fraa 1380 (IV 518<sub>1</sub> Hestbø) finn me soleis *okkars* for *vårs*, og i eit anna brev fraa 1392 (IV 606, Stav.) vert baade *meer*<sub>3</sub> og *mid*<sub>19</sub> bruka um tvo. Umkring midten av 15 hundr. ser det ut til at tvotalsformerne hev sigra og trengt undan dei gamle fleirtalsformer. I ikkje faa brev, t. d. XIII 93 (1427) IV 849 (1431) IV 869 (1438) IV 880 (1410) IV 904 (1448) IV 943 (1459) IV 968 (1469) vert soleis *mit* og *okkar* bruka um fleire enn tvo; i det sistnemnde brevet vert tvotalsformerne fylgiestrengt bruka for fleirtal: *mydh uorum*, *uorum midh*, *skiftho midh*, *som okko tötthe likasthe wæra*, *hengiom midh okkar jnsigle for thetta breff*. Dette svarar heilt til formerne paa S Jederen i vaare dagar: *me* eller *mi* nom., *okkæ*<sup>1</sup> dat. akk., *okka* gen. Um det hev gjenge same vegen i Ryfylke, er ikkje so visst. Ogso her heiter det no *me* i nom., som kann vera baade gn. *mēr* og *mit*; i dat. og akk. *æss* og *ås* (Merk. 141), og for gen. vert bruka eigepronomenet *vår*. Dei sistnemnde former kann tala for at det er dei gamle fleirtalsformer som her hev vunne; sameleis *me* (*slidhom me*) i VIII 375<sub>10</sub> (Vinje 1462), som elles berre hev *meer*, *os* og *vaar*. Men dette brevet er ogso det siste fraa Ryfylke, som brukar *meer* i millomnorsk tid. Brevi etter denne tid kjenner berre *mit*, *midh* og *wii* for fleirtal; og dei nye formerne *dokkæ*, *dakkær* osfr. i dat. og akk. for 2 pers. fleirtal i maalføret no — av *dykker*, gn. *ykker* (III 435, 1277—1303) — med vokal fraa *ockr* IV 122<sub>10</sub> (1318)<sup>2</sup> og sameleis *dækka*(s) gen. talar sterkast for at det ogso her er tvotalsformerne som fyrst hev sigra, og at *ås* og *vår*, som ogso alltid maa ha vore kjende — soleis fraa det religiøse maal — helst i seinare tider hev trengt undan *okkær* og *okkar*. Dette er i samhøve med maalvokstren baade i største luten av Norig og paa Island og Færøyarne<sup>3</sup>.

Um formerne for *mik* og *sik* i dette maalvaldet i dei gnorske brevi, utanfor hovudbrevi, og i dei mnorske brevi, sjaa Merkn. 53. — Samanfall av dat. og akk. sing. i desse pronomen viser seg i tidleg mnorsk: *mik* (for *mēr*) IV 500<sub>9</sub> (Stav. 1371) XIII 94<sub>11</sub> (Suld. 1428), *seg* for *sēr*) XIII 95<sub>18</sub> (1428). Der er likevel grunn til aa tru, at den serskilde dativform i dette høve hev halde seg lenge i talen i bygderne.

Det 1 pers. pron. i vaar tid i Rogaland hev desse former: nom. sing. *æg*, *eg*, og utan ettertrykk ofte *æ*; akk. og dat. *mæg*, *mæg*, *mæ*; nom. plur. *me* Ryf. *me*, *mi* Jedr. *mi* Dal.; akk. og dat. *okkæ* (*åkkæ*) Jedr. Dal. *ås* Ryf. *æssær*, Stav. *ossæ* Jedr. (til deils); *æssær* i Stavanger er vel laga etter 2 pers. plur. *dakkær*, og *ossæ* paa Jederen etter *okkæ*; gen. *okka*, *åkka* Jedr. *okkå*, *okka* Dal.

<sup>1</sup> *okkæ* hev allstad (?) tvostavings tonelag, som venteleg er yverført fraa *okkar*. Umogleg er det elles ikkje at *okkæ* av eldre *okko* kann vera eit endaa eldre *okkom* med den vanlege dativending *-om* liksom i fær. *okkum* utt. *okkun*.

<sup>2</sup> Sjaa Nordvestl. s. 26, Merkn. 56. Men citatet der etter Bangs Norske Hexeformularer er fraa ei kjelda, som er utrygg, og det bør gaa ut.

<sup>3</sup> Sjaa Sproglige og hist. afhand. viede Sophus Bugges minde (Kristiania 1908) sid. 216 ff.

Merkn. 150. Fraa Ryfylke finn me i eit svensklita brev *jak* VI 563 (1467?) og *iegh.*, *jee* i brev fraa 1513 (IV 1061) og etter den tid. — Fraa Jederen finn me *iak* i V 694 (1440?) *jagh* i II 917 (1481?). I stavangerbrevi les me *jach* alt i 1385 (I 4936); dette brevet, som drottseten Ogmund Finnsson hev utferda, hev ogso *ek*<sub>3</sub>; *iek* i IV 919<sub>1,2</sub> (1450).

For *mér* eller *vér* finn me *ver* og *wy* IV 803 (1417; utferdar bispen Haakon) *wi* IV 846 (Stav. 1431); men elles er denne formi sjeldsynt fyrr enn i slutten av 15 aarh.

Merkn. 151. Det 2 personlege pronomen heiter i plur. *þer* II 48<sub>14,17</sub> ofl. (1299) IV 71<sub>2</sub> (1307); i denne formi og i nom. dual. *þit* (*þitt* III 43<sub>5</sub>, 1277—1303) maa *þ* ha trengt seg inn fraa verbalformerne paa *þ* i mykje gamall tid. Seinare hev dentalen ogso trengt inn i dei oblike kasus og del tilsvarande eigedomspronomen. Formi *þydan* asm (< \**þydarn* < gn. *yðarn*) XIII 118<sub>18</sub> (fraa Lista 1449) syner at dentalen maa vera komen inn, medan han endaa var spirant eller i noko tidleg millomnorsk. Samstundes med dette lyt me tenkja oss at *þ* hev kome inn i \**þykk* og \**þykkar* av gn. *ykk* og *ykkar*.

2 pers. pron. heiter no i sing. *du* Ryf. Jedr. *du*, *d̥u* Dal.; dat. og akk. *dæg* osfr. (sameleis som *mæg* osfr., sjaa Merkn. 149 slutten); nom. pl. *de*, *di* (liksom *me*, Merkn. 149); akk. og dat. *dåkkær* Ryf. *dåkkæ*, *dokkæ* Jedr. *dåkk'æ*n Ryf. (Sand); gen. *dåkka*(s) Ryf. *dåkka*, *dokka* Jedr.

Merkn. 152. Av demonstrative pronominalformer fraa gnorsk tid i brevi utanfor hovudbrevi er merkande: *þi* dsn (umfram det vanlege *þui*) I 63<sub>22</sub> (umkr. 1270) I 193<sub>30</sub> (1327); *þeima* dsm IV 122<sub>11</sub> (1318); *þærnann* asm I 193<sub>30</sub> (1327) = *þennan* I 311<sub>13</sub> (1348), jfr. nyisl. *þennan*; *þessor jord* nsf XVI 6<sub>11</sub> (1341; soleis hds, ikkje *þesser jordr*); *þesse* dsf II 13 (1266) *þærsare* I 70<sub>15</sub> (1286) *þessare* IV 85<sub>20</sub> (1310) ofl.; for vanlegt *þetta* les me *þatta* I 63<sub>16</sub> (umkr. 1270); *þisa* dsn I 193<sub>28</sub> (1327) for vanlegt *þesso*, t. d. II 13<sub>14</sub> (1266). *þesse goder men* IV 90<sub>123</sub> (Stav. 1311, vid. 1314).

Fraa mnorsk tid: For *su* (IV 288<sub>15</sub>, 1345) finn me *þen* IV 457<sub>73</sub> (1366) *þan* XIV 78<sub>10</sub> (1449); for *þá* asg stend *þee* IV 866<sub>34</sub> (1437) *þen* V 93<sub>22</sub> (1446; vid. 1332). For *þú* apm stend *þee* IV 868<sub>15</sub> (1437) og *þeim* V 419<sub>13</sub> (1402) IV 846<sub>20</sub> (1431) II 638<sub>10</sub> (Ryf. 1416, brev paa nærskyldt maalføre); *þi* dsn IV 446<sub>10</sub> (1365) IV 536<sub>13</sub> (1387; jfr. *þilika* apm ibid.<sub>16</sub>) *þy* IV 525<sub>4</sub> (1384), *þui* ofte, ogso i IV 446<sub>11</sub> som hev *þi*<sub>10</sub> *þwi* IV 957<sub>11</sub> (1465); for *þau* apn stend *þeim* (*wppa þeim husin*) IV 849<sub>7</sub> (1431); for *þeira* stend *þeirras* IV 861<sub>11</sub> (1436) *þeirras* 866<sub>9</sub> (1437). Um *þeiro*, *þeirom*, sjaa Merkn. 148.

I maalføre no *deiras*, *deira*; ogso *döyra*, *döyras* N Ryf. (Karmt). — For *þesse* nsm stend *þennæ* IV 823<sub>2</sub> (1424); for *þesse* nsf II 13<sub>7</sub> (1266) stend *þenna* IV 616<sub>30</sub> (1392) *þenne* IV 912<sub>9</sub> (1449); *þessor* apn IV 499<sub>7</sub> (1371). Fraa maalføri no *denn*(ð), *denne*, *dette*, *desse*; lengst nord paa Karmt: *dinna*, *dinna*, *ditta*. *desse*. Merke etter gsn i *te dëssar* (< gn. *til þessa*).

<sup>1</sup> Gustav Neckel hev i Beitrage zur Geschichte der deutschen Sprache etc. XXXVIII Band, 3 Hefte (1913) u. 459—500 gjeve ei forvitneleg utgreiding um samansetjingi av den stockholmske homilibok (Cod. Holm. 15 qv.). Neckel etterviser at maalskilnaden millom ikkje faa stykke i den boki skriv seg fraa fyreleggi og ikkje fraa det at dei ymse avskrivarar hev havt ulike maalføre eller ulike skrivevanar. Fraa skipnaden av preikorne sluttar han, at ho er samansett av ymse kjeldor, og at preikorne er fraa ymse samlingar. Likevel vil ein ikkje i noko tilfelle kunna avgjera, um ikkje alt dei einskilde kjeldor hev lege for skrivarane i sekundære tilskipingar.

<sup>2</sup> *Patrologiæ cursus completus* etc. Tomus CLXXII. Petit-Montrouge 1854. Denne opplysningi hev eg stipendiat Olav Kolsrud aa takka for. Honorius Augustodunensis skreiv i fyrste mannsalderen av 12 hundr.

Soleis finn me **es** ɔ: *ēs* 2 pers. pron. npl paa ein stein fraa Sele, Bore sokn i Klepp paa Jederen, fraa kring 1100<sup>1</sup>. Umkring 100 aar etter hev det formi *ēr* Hom. III a 207<sub>30</sub>, og sidan i det 13 hundr. vert det *þēr* D. N. II 48<sub>14</sub> ofl. st. (Stav. 1299). Sele-steinen hev ogso **es** rel. part. som i 12 hundr. vart *er*, og **holt** for *hálft*, som syner lengjing av *a* framfor *lf*. *ok* heiter her enno **auk** (konj.), jfr. nyrygsk *ōu* adj. Jedr. (< *aug* < *auk*), og *og* adv. N Ryf. Um *e* ~ *i*, *o* ~ *u* i endingar kann innskrifti ikkje gjeva trygg opplysning, med di ho er fraa ei tid, daa serskilt runeteikn for *e* enno ikkje hadde fest seg<sup>2</sup>, og døme paa *o* er der ikkje.

Ein stein fraa Mid-Helleland i Haaland fraa 11 hundr.<sup>2</sup> hev **biafa** (< *Biálfa*) som tyder paa vokallengjing framfor *lf*.

Mykje opplysande er ei innskrift paa ein likstein fraa Tjora i Haaland, no paa Bergens museum. Etter ei avskrift eg tok i 1903, samanhaldi med opplysn. fraa Magnus Olsen, stend der: **artipa dahr** (ɔ: *dagr*) **biarnar ulfkæis sunar er tuæim notom fyrer mario-(messo)**. Merkande er **dahr** med **h** for spirantisk velar *g*, som ogso i nordvestlandsk skrift vart skriven *h* i det 12 hundr.; jfr. N Vestl. s. 31, 14 og s. 32 § 15 Merkn. og sameleis Innl. s. 12—13. Merkande er ogso **ulfkæis**; um det er misskrift for *ulfkæils*, vilde dette vera ei yvergangsform fraa eldre *\*ulfkettill* til *ulfkell*, den einaste nominativformi me kjenner fraa bokheimen (dat. *ulfkattle*). Men **ulfkæis** kann likso snart vera misskrift for *ulfkæls*. Merk ogso **sunr** — liksom i dei eldste rygske diplom, og endingsvokalarne *e* og *o*. Innskrifti er ei framifraa god prøva paa rygjamaal, som me lyt tenkja oss det ikkje lenge etter midten av 12 hundr. Eldre kann ho ikkje vel vera, med di ho hev **er** for eldre *ēs*; men skal ein døma etter maalbunaden, er ho knapt yngre heller.

Etter velviljuge opplysningar fraa professor Magnus Olsen viser ogso dei andre runeinnskrifterne fraa Rogaland, det vil segja dei som er fraa ei slik tid at runeteiknet *e* hadde fest seg i bruket, *e* og *o* i endingarne. Soleis hev ein likstein fraa Bore kyrkja I **notom** (*nóttom*), og ein fraa Klepp etter gamle teikningar (steinen er burtkomen): **fyrer, hialbe** (ɔ: *hiálpe*), **kerer, æpter, messo**; ein likstein fra Aardals kyrkja hev **æine** (ɔ: *einne*) dsf, **bruse Mn, æfter, -mæso** asg. Ei innskrift fraa Tolga kyrkja hev **kirkio þæsse** dsf (paa grunn av runeformerne ikkje eldre enn slutten av 12 hundr.). Ein burtkomen stein fraa Hauske kyrkja hadde **osolfs, lante** (ɔ: *lande*) **feoro(m)**. Ein derring fraa Fister kyrkja hev . . . **ssso** (ɔ: *messo*). Ei innskrift fraa Skadberg i Haaland hev **ræisto stæin**.

<sup>1</sup> Sophus Bugge i Arkiv XVI, 328 flg. Eg held meg her til hans tyding.

<sup>2</sup> Opplysning fraa prof. Magnus Olsen. — Bore-Steinen hev *gaet* (ɔ: *gæd*) 2 pers. pl. imper., men ogso *ofli, skili, uili*.

Ogso fraa Huseby i Vanse paa V Agder er der ei innskrift paa rygja-maal: **her skibter mørkenne.**

Berre ei av dei runeskrifterne, som er fraa ei slik tid at dei gjorde skilnad millom *e* og *i*, hev endingsvokal *i*. Det er ei innskrift fraa Utsteins kyrkja, som hev **biþir firir**. Men um den segjer professor M. Olsen, at »**þ** **e** ikke forekommer i denne innskrift, og den er ikke saa tydelig, at man med sikkerhed kan udtale, at der oprindeligt ikke kan have staaet **þ** **e** i sidste stavelse av **biðir firir**.«

Um alderen for dei innskrifter som er nemnde ovanfor <sup>1</sup>, meiner professor M. Olsen, at dei »tilhører nærmest 13 aarh.; meget eldre eller yngre kan de ikke være. Som de ældste bør ansees innskrifterne fra Tjore, Aardal, Bore og Hauske, som kan være fra 2den halvdel af 12te aarh. eller c. 1200.« Gjeng me ut fraa dette, byggjer daa dei yngre av dei fyrrnemnde runeinnskrifterne ei bru millom maalet i Hom. III a og maalet i dei brevi fraa fyrste helvti av 14 hundr., som hev vore umhandla ovanfor i denne utgreidingi, medan dei eldste rekk endaa lenger upp i tidi enn Hom. III og peikar inn i 2dre helvti av 12 hundr. Og alt speglar av ein og same maaltypen: det gamle rygjamaal.

<sup>1</sup> So nær som innskrifterne paa Selesteinen og den fraa Mid-Helleland som baee er eldre.

### Stutt utsyn.

§ 24. 1. Ryger (lat. *rugii*; *rugi* Jordanes) er ei gammal germansk folkegrein. Dei er nemnde alt hjaa den romerske sogeskrivaren Tacitus umkr. 100 etter Kr. Det budde paa den tidi rugi ved Øystresjøen i Pomern umkr. osen av Weichsel. Austanfor var dei næraste grannar gotarne. Den gotiske sogeskrivar Jornandes (umkr. midten av 6 hundr.) fortel at gotarne, som han segjer kom fraa Scadinavia (d. e. Skaane og landi der nordanfor), dreiv burt Holmrygerne (Ulmerugi) fraa øyarne utanfor Weichselosen. Sidan er rugi ikkje sjeldan nemnde saman med gotar og erular millom dei germanar som var med i dei store folkevandringar. Procopius (6 hundr.) kallar rugi eit gotisk folk. Det er fortalt at dei hev skipa eit rike i Karpatarne som Langobardarne øydelagde (477—478).

Jordanes reknar upp ymse folk i Scadinavia, og millom deim finn me ogso rugi. I opprekingi gjeng han austanfraa vestetter og nordetter, og rugi kjem straks fyre *arochi* (for *arothi* ɔ: *harudi*, *hordar*). Me torer av dette slutta, at rygerne i Norig i 6 hundr. etter Kr. hadde bustaden sin liksom no sunnanfor hordarne.

Merkeleg nok vert rygerne ogso i Norig stundom i mykje gamle kvæde kalla *holmrygir* (t. d. Fm I s. 7). Namnet kann høva like godt paa baae stader; men der er visst einkvar nærre samanhangen enn berre namnelikskapen.

Der som Rogaland<sup>1</sup> og Hordaland møtest laag i gamle dagar *Fløka-varde* (Fm I s. 235). Det er utan tvil same staden som no heiter Ryvarden (utt. *ryvaræn* < \**Rygiavardenn*, jfr. Ryfylke < *Rygiayfylke*), ein gard ute ved havet tett attmed amtsgrensa i Sveio herad, S Hordland (sjaa Ngn XI s. 109). Ryvarden maa ha vore grensepunkt nordpaa for Rogaland. Sørpaa hev, som fyrr nemnt, i historisk tid aai Sira jamt vore grensa. Men lenger aust der som A Agder (Nedenes amt) og Grenland (Bratsberg amt) møtest, ligg der eit nes, som no heiter Gjernes, men som i gammal tid

<sup>1</sup> Denne eldste formi *Rogaland* (ell. *Rugaland* Fagrsk.) er namnet paa landet, der folkegrnini var busett (ættarlands-namn); *Rygiayfylke* er yngre og namn paa landet som ein lut av riket (riksinndeilings-namn). Jfr. *Hålogaland* (ættarlands-namn), *Håleygia-fylki* (riksinndeilings-namn).

heitte *Rygiar-* eller *Rygiabit*. Det kann vel ikkje vera tvil um at dette eingong hev vore grensepunkt for rygerne sitt land i aust. Rogaland hev i so fall ei tid umfata ogso heile Agder, og dei rygerne, som budde her, maa sidanetter ha fenge namnet egder etter landsluten dei budde i.

I det forhistoriske Rogaland hev vel maalet lenge vore det same allstad. Men i gnorsk tid skil egdamaalet seg i ymse maatar noko ut fraa det me her kallar gamalt rygjamaal, og i vaar tid er ulikskapen millom rygjamaal og egdamaal endaa større.

2. Etter det bilætet av maalet i Rogaland som me fær av minneskrifterne omkring 1200 og frametter til umkr. 1350 — Hom. III a, runeinnskrifter og diplom (hovudbrevi) — skil det gamle rygjamaalet seg ut fraa nordvestlandsk og endaa meir fraa trøndsk. Medan nordvestlandsken t. d. hev ljodsamhøve millom endingsvokalarne  $e \sim i$ ,  $o \sim u$ , hev rygjamaalet einforma endingar  $e$  og  $o$ : nvestl. *lande, brotet, syni, hefir, mínium*; rygsk: *lande, brotet, syne, hefer, mínom*. Nordvestlandsken hev *þen* og *þet* (sumstad), og *þan, þat* (annarstad), medan formerne med  $a$  er eineraadande i rygsk. Nordvestlandsken hev *mn* i ord som *stemna, stemnu*; rygsk hev *mfn (fn): stæmfna, stæmfno*. Nordvestl. hev *hin, hit* (adjektivartikel); rygsk hev *en, et*.

I alt dette og sameleis med umsyn til lengjing av  $a$  og  $o$  framfor *lf* osfr. (rygsk: *fólgen, halfo* (ɔ: *hálfo*) ell. *holfo* (ɔ: *hólfo*), som i nordvestl. ikkje er paavist, gjeng nordvestlandsk mykjegodt saman med trøndsk. Men trøndsk skil seg dessutan ut fraa rygsk ved det, at det ikkje hev  $u$ -ljodbrigde av  $a$  framfor halden  $u$ , trøndsk: *handum, mannum, faður, allu, annur, kalladú(-o), komandum, síðastum*; rygsk: *hondom, monnom, fōður, ollo, ðnnor, kolloðo, komondom, síðostom*. I dette stykke fylgjer nordvestlandsken rygjamaalet, berre at det hev  $u$  for  $o$  i endingarne: nordv. *hondum, fōður* osfr. Og so hev trøndsk  $ó$ - (sjeldan  $ú$ -) til priv. præfiks, medan rygjamaalet hev  $ú$ - (sjeldan  $ó$ ): tr. *ósiúkr*, rygsk: *úsiúkr*; i dette stykke fylgjer sumt av Nordvestlandet trøndskan, og sumt rygskan.

3. Endaa rygjamaalet i det heile held uppe sine vigtugaste serdrag, som er nemnde under 2 ovanf., i heile den gamalnorske tid, finn me at ymse former brigdar seg i dei 150 aar eller noko meir, som me kann følgja maalet i skrift. Soleis er nemnande:

a. Vokalverket. I slutten av det 13 hundr. hev verknaden av  $u$ -ljodbrigdet minka.  $a$  trengjer seg inn i staden for  $o$ , og  $á$  i staden for  $ó$  i visse høve (*kallad* ptc f.; *skipan*; *hundrað* pl., ogso *hundrað*; *sál* f.;

*vúro*); i andre høve held ljodbrigdet seg langt inn i mnorsk tid (*etterkomondom*), og i ikkje faa høve er der enno i vaar tid verknader aa sjaa i maalet etter denne merkelege ljodlogi (sjaa Merkn .3, s. 13 ovanf.). Etterljodbrigde av *j* er der far etter umkr. 1300 (*a Jedre*); men det er sjeldsynt i gnorsk tid. Umkr. 1300 gjeng ogso *i* yver til *y* framfor *lf*, *ls* og *rð* (*sylfr*, *þorgylse* 1297, *vyrdolegs*). Tilhug til aa lægja stutt vokal, som no er so vanleg i maalet paa N Jderen og i mesteparten av Ryfylke, viser seg ved *e* (og *i*?) alt i slutten av 13 hundr. (*gæfr* 3sp 1286, *æh* 1305; *vet* pron. 1297 < *vit* (?)), ved dei andre vokalar fyrsta i mnorsk tid (*telgiöf* (< *tilgiöf*) 1404, *kamunet* 1392, *somar* 1418, *mólnohus* 1387); i Dalarne, paa S Jderen, i S Suldal og paa Karmt er denne yvergangen enno ikkje heilt gjennomført. Vokalframskot er der merke etter i gnorsk tid ved stutt *a* i stomnen (*ærfleider*, ptc nsm 1345). Halvljod viser seg ved slutten av 13 hundr.; han er oftast *e* (*videren*), men rettar seg stundom etter vokalen i fyrevegen.

Ved vokalyvergangarne — dei mange lægjingar — i den mnorske tidi vart grunnstødet (basis) for rygjamaalet noko lægre enn det hadde vore i det gnorske tidebilet. Tidlege merke til ein slik maalkvokster kann me timja alt i den eldste skrifti. Sjølyve endingsvokalarne *e* og *o* er slike merke, um me kann fyresetja at dei eingong hev vore *i* og *u* ogso i Ryfylke.

Av endingsvokalarne held gn. *a* og *e* seg i det heile godt radt fram til vaar dag (*messa*, *hava*, *minner* 3sp, *bøner*); men endaa so tidleg som fyre 1300 er der teikn til yvergang av *o* til *e* (*fene* 1270, *krostukæ* 1288), og i mnorsken breider denne yvergangen seg sterkt. I vaar tid er det faa merke att i rygjamaalet etter *o* i desse høvi. Ved burtfallet av *m* i endingi *-om* (gn. *hålfom* > nyr. *hålvø*, *-o*), yvergang av *-an* til *o* i bundne linne kvendkynsord i eintal (gn. *vísan* > nyr. *víso*), og etter jamlaging med ymse former *-en* > *-o* i sterke kvendkynsord (*skálen* > *skál'o*) hev maalet likevel den dag i dag same endingsvokalarne som for meir enn 700 aar sidan: *a*, *e*, *o*.

Med endingsvokalarne i norsk skrift i det heile er det elles aa merka at det etter 1350 vert mykje regelløysa i bruket av *e* og *i*, og sameleis av *o* og *u*. Men det gjeng i den leidi at det veks med *e* og *o*, og minkar med *i* og *u*. Det er ikkje vandt aa sjaa at der er eit aalment drag fram imot eit norsk skriftmaal med dei tri endingsvokalar *a*, *e*, *o*. Dette ser me baade av vanlege brev og av kongebrevi (Kong. s. 21 under *j*, og s. 33 under *j*). Same stemna fylgde ogso det svenske riksmaal paa denne tidi; ogso det hadde fyrr noko *i* og *u*, men etter andre reglar enn norsk. At skriftformi i Norig med sitt nye drag hev fenge studnad ved paaverknad

fraa svensk riksmaal, er mykje rimelegt. I nysvensk bokmaal hev denne lina sigra, og sameleis i nynorsk, der det berre er nokre reint faa undantak.

**b.** Konsonantverket. *þ* vert omkring 1450 til *t*, som me ser av samanblandingi av ljodteikni (*þolgo* 1446 for *Tolgo*). *ð* held seg etter *f*, *g*, *lg*, *r*, og etter *l*, *m* i stutt staving endaa ei tid etter 1300 (§ 15, 12 s. 31 flg). *þj* og *hj* byrjar falla saman til *þj* i fyrste mannsalderen av 14 hundr. (*Hiorom* 1328 for *þiðrom*), og i mnorsk er der fleire merke etter dette; i det nye maalet hev *tj* og *kj* for det meste sleget lag med *þj* og *hj*, og alle desse 4 ljodar hev vorte *lj* eller oftare *lj* (klanglaus spirantisk midgomeljud). Den merkelege yvergangen  $p > b$ ,  $t > d$ ,  $k > g$ , som no raader i S Ryfylke og paa Jederen og til deils i Dalarne, kann ikkje paa-visast i gnorsk tid i diplom, men fyrst i andre helvti av 14 hundr. (Merkn. 119). Truleg er yvergangen likevel eldre. Som fyrr nemnt (Merkn. 119) hev grensebeltet millom klanglause og klangføre konsonantar gjerne halvt klanglause. I Suldal, som hev gjennomført heil klangløysa, raakar me paa nokre faa undantak: *kvédja*, *sédja*, *sídja* for *kvétia*, *setia*, *sítja*; *meggelfru*, namn paa lang-taai, for *mikilfrú*?; *dilligarø* adv. dihellur, < *þi líkare*; *mégda'n* (den eldste slegti) for *mekóda'n* (yngre slegt); jfr. ogso *gápriel* Mn Suld. Sumt av dette, og mest det foraldra *mégda'n*, og so *dilligarø*, som no knapt er i bruk utanfor Suldal og Røldal, kann tyda paa at klangløysa hev raade yver eit større strok fyrr enn no. Men med di me saknar paalitlege opplysningar um det eldre tilstandet i denne vegen, kann det ikkje segjast noko med vissa um slik yvergang korkje her eller annarstad i Rogaland. *sl* og *tl* synest ikkje ha falle saman i dette maalføret i gnorsk tid; no hev *tl* breidt seg i dei allerfleste høvi (t. d. *hattl*). *hv* hev vorte *kv* straks etter 1300, og yvergangen hev venteleg vorte heilt gjennomført i mnorsk tid. *rn* > *nn* viser seg i slutten av 13 hundr. (*Siannar* < *Siarnar* 1286, *domarannar* 1299); sidan vert denne *nn* til *dn* i alle høve i Ryfylke, men i Dalarne og paa Jederen berre i stomnen (*hodn*, men *hestan(n)ø* Jedr.); jfr. *Todne* (< *þórny*) VI 615; 1492. *ld* > *ll* umkr. 1350 (*lanzskyl* 1348), *nd* > *nn* kanskje noko seinare (*Höylan* 1378). *hn* for gnorsk *kn* finst (sjeldan) i gnorsk tid og skal enno til deils verta sagt paa Jederen (*hnud* for *Knut*).

I utljod tek *r* til aa falla burt etter ljodlinn vokal umkr. 1300 (*Eikundasund* 1292)<sup>1</sup> og er no det vanlege so nær som i sjølve Ryfylke, der han

<sup>1</sup> Sjaa Merkn. 133. Av dei tvo latinske brevi som der er nemnde, synest skrivemaaten i alle fall i VI 60, som er utferda i Rom 5 febr. 1292 og vedkjem *ecclesia sancte Marie de Eikundasund*, aa hava sitt upphav fraa Stavanger presteskap. Av fleire døme paa burtfall av *r* fyre 1300 er nemnande *artida halzs* II 244 (1288) = *artidar halzs* *ibid.*<sub>30</sub>.

held seg i mange høve (*bådar, skåler* Ryf.). Sameleis hev *m* falle burt etter ljodlinn vokal i mnorsk tid (*kirkiugardheno* 1403). *-an* i linne kvendkynsord til *o* er vel fraa tidleg nynorsk tid.

c. Ordformer. Til grunn for plur. av 1 og 2 personlege pronomen i nyrugsk (*me, de*) ligg dei gnorske dualisformer *mit* og *þit*, som i andre fjordeparten av 15 hundr. ofte vert bruka for plur. Relative pronomen i gamalrygsk er *en* (i bruk fraa 1200—1500), og *er*, som synest ha gjenge or bruk noko fyrr, og *sem* (fraa 1380 ogso *som*).

2 pers. plur. av verb endar umkr. 1200 paa *-ð*, omkring 1300 paa *-t* (ogso skrive *-d*), som held seg til umkr. 1370; men straks etter 1300 kjem det upp i skrifti ei ny ending *-r*, som me sidan kann fylgja inn i 15 hundr. (jfr. nyr. 2 pers. imper. plur. *taþe* I Suld.).

4. Paaverknad utanfraa er paaviseleg gjennom heile brevriket fraa Rogaland. Fyrst og fremst fraa det norske kancellimaalet, som med umsyn paa rettskrivning hev vore mynster for dei allerfleste brevi i Rogaland. Dinæst er der nokon paaverknad fraa austlandsmaal og agdermaal: *Assur, Asle; listu* dsn 1379; *Aalfuers* IV 288, 1345 av austn. *Aluer* med vestn. lengjing av *a* framfor *lv*; *huar* pron. for *huerr*; *þorgiuls*; nyr. *uþura, hæmmålsbot; föyg* for *fauk* i Stav. ofl. Sumt av dette kann vel ha kome gjennom skrift, men mykje maa vera kome gjennom talemaalet, noko paa sjøvegen og noko paa ferdavegarne fraa V Agder, Setesdalen og Telemark. Dei aarlege marknader, der rygerne (eller nordmennerne, som dei vart kalla austanfjells) møtte med sine varor og fjellbønderne med sine, hev vel ogso verka med beinveges og umveges. Ein slik marknad var i 18 hundr. halden i Røldal<sup>1</sup>, og etter segni møttest dei i endaa eldre tid i Bykle<sup>2</sup> øvst i Setesdalen. I det 14 hundradaaret, og endaa meir i det 15de, er der — liksom i andre norske diplom — ikkje faa merke etter svensk; det hev sjølv sagt sin grunn i det politiske sambandet, men ogso i religiøst og kyrkjelegt samarbeid. Daa Benkt Arvidsson paa bisp Nielis i Vexiö sine vegner i 1436 og 1437 var i Stavanger og kravde inn pengar til opphelde paa kyrkjemøtet i Basel og offer til *the Græca vmuendelse*

<sup>1</sup> Sjaa kgl. rescript til Kjøpenhamns univers. 14 april 1747.

<sup>2</sup> I eit fragm. av „en ældgammel Beskrivelse over Sætersdalen“ i det antiqv. topogr. arkiv i Kph. les me etter ei avskrift i det norske Kildeskriftfond (no. 197, s. 17):

„En Miil fra Bykle staær en gammel Boe kaldet Koup-mands Bua, der synes Nordmændene og Sæterbyggerne at have mødt hvert Aar med sine Warer at sælge. Nordmændene med Salt, Heste, Klæder, Lærret, Fisk og andet saadant, Sæterbyggerne med Bueskab, Huder og Skind.“

till Roomaræ kirkio lydhne, vart kvitteringarne som Benkt utferda, skrivne paa norsk (venteleg av stavangerklerkar). Maalet i deim er sterkt blanda med svensk, og etter den tid kjem det ogso meir svenske flekker inn i andre brev fraa Stavanger, sjaa D. N. IV 861 (Stav. 1436) 864 (Vexiö 1437, svensk) 865 (Vexiö 1437, svensk) 866 (Stav. 1437, bland-maal) 867 (Stav. 1437) 868 (Stav. 1437). Umkring 1500 tek det danske straumdraget til aa verka og løyser av svensken. Innverknaden paa tale-maalet fraa baee desse straumarne synest mest ha vore den at dei hjelpte til med samanfallet og oppløysingi av det gamle formverk med sine mange endingar, som ikkje lenger hadde studnad i ei fast heimleg skriftform. I ordfanget i brevi finn me ikkje so faa nedertyske ord. Dei er innkomne paa ymse vegar, helst gjennom svensk, men utan tvil ogso gjennom samferdsli med det hanseatiske Bergen. I maalføri no hev mange av desse ordi falle burt — sume hev vel endaa ikkje nokor tid vore kjende utanfor smaa krinsar —, men paa hi sida finn me i dei livande maalføri sume framande ord, som evelaust er noko gamle paa desse kantar, endaa um me ikkje nettupp finn deim bruka i den brevbundelen, som er berga fraa gamall tid. Slike ord er t. d. *fallera* v. gjeva etter, gaa til atters, jfr. gn. *fallera*, -ast, mnt. *falleren*; *ögn* (omn) sv.; yngre er sjølv sagt ord som *kantor* n. holl.; *travla* v. slita og stræva, jfr. fr. *travailler*, og *tropp* adv. i ordlaget: *eg likar de tropp så gott*, vel so godt, I Suld. Dei tvo sistnemnde ordi kann vel soldaten ha ført med seg heim fraa utferderne sine.

Men i det store og heile er ordfanget i rygjamaalet enno i vaare dagar av norrøn rot.

## Maalprøvor og skriftprøvor.

### a. Rygske brev fraa millomnorsk tid.

No. 1, 2, 3, 4 og 5 er her prenta etter upphavsbrevi i Den arna-magnæanske handskriftsamling i Kjøbenhavn. No. 8 er etter upphavsbrevet i Bergens museum. No. 6 og 7 etter upphavsbrevi i Riksarkivet. Eg hev jamført avskrifterne med avprenti i Dipl. Norv. og i merknader under kvart brev gjort merksam paa dei vigtugaste avviki.

I maalprøvorne er utfyllingarne ved oppløysingar — liksom i avprentet av hovudbrevet s. 8—9 — prenta med antiqva, medan dei bokstavarne som brevi hev er prenta med kursiv. Bokstavformerne er ikkje etterlikna i maalprøvorne; men 4 av desse vil ein finna autotypera attast i boki.

#### 1. Um skogen i Lyse. Stavanger <sup>27</sup>/<sub>6</sub> 1368.

Etter upphavsbr. paa pergament i Am, Stav. fasc. 35 no. 18. Prenta D. N. IV 473.

1. *Ollom monnom þeim sem þetta bref sea æðr heyra Senda þorstein  
hawardzson korfbroder ij*
2. *stawangre vikinggher þorghyllsson maghnus jonsjon ok klaws klokku  
staupare. Quedio Guðs ok sína yder se*
3. *kunníght at þa en lidit var fra burdar tijd vars herra jhū xpi þus-  
hundrat ára þriu*
4. *hundrat sextighír ok atta av // a tyrðaghinn nešta fyrer peters voku  
varom mer j steinðuhalle /*
5. *nne j byscops garðe j stawangre sam ok høyrdom ai En þeir helghe  
ormsson ok Eiriker bíarnarjon hel /*
6. *ldu j hond vars vírdulighs herra ok andulighs foður herra Botolfs  
medr guðs mískun byscops j fyr*
7. *nefndum stæð ok festu honom þan vítinþurð at kirkuunnan j stawangre  
ai allan laufuádar-skoghen meðr*
8. *jordenne fra fossanne ok til kallalidar ai meðr jydre trondenne j  
lyse En vaar herra konongherenn*
9. *a allan barvaden // ok þat kuadust þeir víllia sveria þeghar en þeir  
verda til krafder // ok til*

10. *fannenda her vm settum mer var jnzfighli fyrer þetta bref en gort  
var deghî ok are sem fyr*
11. *seghîr*

Merkn. For *e*- ell. *æ*-ljod hev upphavsbr. 3 teikn: *o*, *e* og *æ* (sjaa Facs. II, rad 1: *soom, ædr, þorstein*). Um *o* i dette brevet er teikn for *æ* liksom i eldre rygske brev (Facs. I) eller for *e*, som det gjerne er lese i andre brev fraa tidi omkring 1350 liksom i avprentet i D. N. og her, er tvilsamt. Aldri prikk yver *o*. *ok* er fullt utskrive l. 9; paa dei andre staderne er bruka den vanlege avstyttingi av lat. *et*. For *kirkian*, hev hds *kkuuan*; skrivaren synest fyrst ha vilja bruka ei ordfelling med *kirkian* i dat. (*karkuun fylger* ell. dilikt), hev so tenkt seg um og valt eit anna ordelag med *kirkian* til subjekt, men hev gløymt aa underpriikka *vü.en*<sub>10</sub> rel. pron. hds (D. N. hev *er*).

Bakpaa brevet stend med gamall hand: *Vm skogen j lyfe.*

## 2. Eit gardsal paa Jederen. Lyg <sup>12/9</sup> 1395.

Etter upphavsbr. paa pergament i Am, Stav. fasc. 38 no. 7. Prenta D. N. IV 650.

1. *Ollom monnom þæim sæm þetta breff<sup>1</sup> sæa æder høyra senda þorftæin  
halkælfson prestes [a þymmænes kirknu bodhvar koolfson<sup>1</sup>*
2. *þorolfuer svertlinghs son ok hoskoller ormns son Quedru Gudes ok  
sina kunnikt ghærande at mæer varom a sunnodaghen*
3. *vm varenn næstan æfter krosmeffo j [gestala kirknu garde<sup>1</sup> En  
bodhvar virderkendist at han hafde sælt jordh sina eir ||*
4. *lander sæm liggher j gestala kirknu sokn ok klæps [skipreidu paalæ  
gunnars syni<sup>1</sup> fyrer mork ghulzs j ghodom pæninghom sæm honom*
5. *veel likade frialsade þa fyrnæmfder bodhvar fyrfaghda iordh fyr sæer  
ok sanna møder ok ollom hans æfterkomandom mæder ollo þi*
6. *sem til ligger ok til hæfuir læghit fra forno ok nyo [siugura<sup>1</sup> stafstoda  
j mellum til ævirdulgrar eighnar frialsa ok agh*
7. *ongholaufa honom ok hans ervingrom til frials forrædes ok vbrighdu-  
lighrar stadfæsto viderkenæst ek ok fyrnæmfder bodhvar*
8. *at ek hæfuir pæningh ok offta ok alla þar j mællom æfter okro  
kaupe ok skilorde Ok til sanynda her vm settom mæer*
9. *war vsfighli fyr þetta bref er ghiort var a lyghe sunnodaghen  
næstan fyr krosmeffo vm haustad Anno domni M<sup>o</sup>ccc<sup>o</sup>*
10. *Nonagesimo quinto*

Merkn. Brevet er skriva med ei veltamd grann hand; den eldre skrifti er brunvori, den yngre svart. Ikkje sjeldan er der yver ein vokal eller nasal sett ein tarvlaus vatsrett strik ( ¯ ), som her er utelaten, soleis:

<sup>1</sup> Fraa [hev ei yngre hand friska upp den eldre skrifti, som til deils enno sting fram under den yngre. Ved oppfriskingi er kanskje *breff* innkome i fyrste lina i staden for *bref* (jfr. l. 9); men elles hev den yngre skrivaren fylgt dei eldre skriftdragi so vidt det er raad til aa sjaa.

*þkvi* l. 4, *erwingrom* l. 7, *settom* l. 8, *Añño* l. 9, *i* (*í*) vert i upphavsbr. skriven snart *z*, snart *i* med prikk) liksom i avprentet her. *Ok* er heilt utskrive l. 8; elles avstytt lat. *et*. 1. *Ollm mōm* hds er oppløyst *Ollum monnom* D. N.; men brevet hev elles berre endingar med *-om* eller avstyting *-ō* (o: *om*), og daa maa *o* ogso brukast i dei fyrste tvo ordi: *Ollom monnom*, som dermed ogso fær den formi me skulde venta i Rogaland. Um der ved oppløysingarne i avprenti av dei gamle diplom i hadde vore teke umsyn til dette, vilde der ha vorte mindre mistak og regeløysa, og maalføri vilde ha vore lettare aa skilja ut — 1. *þymmæns* ell. *þymnæns* hds (jfr. *a þimni* IV 189, 1329, vid. 1345; *j þimins kirkiu sokn* IV 512, 13 1379). — 3. *virderkendist* for *vider-*. — 5. *veel* hds? (*veel* D. N.). *f<sup>s</sup>næfdr* hds er i D. N. oppløyst *fyrnæfnder*, og *f<sup>s</sup>* hds er i D. N. oppløyst *firir*; desse avstytingar bør i rygske brev med slik maalform som her oppløysast *fyrnæmfder*, *fyr(er)*.

### 3. Eit gardsal i Vikedal. Utan stad <sup>26/7</sup> 1422.

Etter upphavsbr. paa pergament i Am. Stav. fasc. 40 no. 3. Prenta D. N. IV 818.

1. *Ollom monnom þeim þem þetta bref þea ædher hœra .þender eivinde  
þugurðar þþon barder þvein þþon*
2. *logreto men quedio guds ok þina kunnit gerande ad mad varom i  
þia hœrdom a ad afþiorn*
3. *gunnar þþon þovar eivindar þþon þeldo vord þa en haland heiter  
nœrdre þom ligger z sanda*
4. *þokn z vikadal þkipreidha þtem þelde han ok afþiorn fyrnemder vi  
mamato bool mædher fullo za*
5. *ok handarbande afþridho ellenz dottor minnar eignar kono fralja  
akœrolausa firir kve*
6. *rium manne þtem þelde ok þovar z fyrnemd haland iii mamato bol  
z fullo ok loglagho vmbodhe ingeber*
7. *go þtygdottor þinnar varo þau ok z handarband von modher fadher  
hennar ingebergo ok helga*
8. *modher hennar ingebergo ok arne fadher brodher hennar ingebergo  
þtem þeldo þer ok han*
9. *afþiorn ok han þovar hena haland fyrnemda fra þer ok þinom efter-  
komandom ok til hans roals þu*
10. *gurðar þþon ok hans efterkomandom ok til œverdelagnar eignar  
mædher holte ok haga votnom*
11. *ok veidheftodhom lutom ok lunnendom ok alt þat til hennar ligger  
ok lighid hever fra þonno ok nyo*
12. *vttan garz ok innan engo vndan tekno þtem kendoft ok þer han  
afþiorn ok han þovar ad þer hof*

13. *do vþborit fyrsta sal ok öfta ok ol þar i mellnum efter þwi som i  
kaup þeira kom jtem skal hon ungeber*
14. *go leifa after ef hon vil iii mamata bol i fyrnemd haland som han  
fovar lagdhe ut ok til fannenda her*
15. *vm setom mid okor in cygle asþiorn gunnar sson ok ion mædher  
þeira fyrnemdra godra*
16. *manna inciglom firir þetta bref en gort var a sunnodaghen nesta  
firir olafs meþjo aftan*
17. *anno domini M<sup>o</sup> cd<sup>o</sup> xx<sup>o</sup> secundo*

Merkn. Tydeleg svart skrift med faa avstyttingar. Prikk er i hds sett yver i paa same staderne som her. 1. *Ollom monnom* (D. N. *Ollum monnum*), sjaa Merkn. til prøva fraa 1395. 3. *fovar* (D. N. hev *Svvar*); skrivaren hev byrja paa *v*, men retta til *o*. 4. *mamato* hds; paa dei tvo andre staderne l. 6 og l. 14 er lesingi av dei tvo millombokstavar eller midparten av ordet utrygg.

#### 4. Gaavebrev for aartidehald. Stavanger <sup>6/8</sup> 1451.

Etter opphavsbr. paa pergament i Am, Stav. fasc. 44 no. 2. Prenta D. N. IV 926.

1. *Ollom monnom þeim sem þetta bref sea æder høyra sender Iwar  
ormsson oc Hanes reimarsson Quedio*
2. *gudhz oc sinæ kunnukt gørendhe at mith waarom j oyo þa er  
sampsøn phalippusson gud hans*
3. *saall hafwe | lagh j ofste sottarsengh sinne heal j samwithe sino þo  
at han war kranker*
4. *till sin likam | hørdhom mith þa at han gaf vnder Canunka bordith  
j stafwangre jordh*
5. *sina wordlandh sem legger j fangn j sæbiar skipredho | med ollom  
þeim luthom oc lunnendom*
6. *sem till hennar legger oc legit hafer fra forno oc nyo vttan gardz  
oc innan eingho vndan*
7. *skuldho | segh till æverdeligith artidahaldh med fullo ja oc samþykt  
brynildar olafsdotter*
8. *eignarkono sinnar || fra segh oc sinom erwinghiom oc vnder Coors-  
brøder j fyrnempdho*
9. *stafwangher oc þeira efterkomendhæ þeim till æverdeligre ægho oc  
altz ofwerrædis Oc till*
10. *meire vissjo oc fannindhe her vm þa setthom okkar incigle fyr þetta  
bref er giorth war*

11. *Stafwangher dominica infra octavas ascensionis domini Anno incarnationis eiusdem Mcd quinquagesimo*

12. *primo:*

Merkn. For *oc* er bruka avstytingsteikn allstad so nær som i næst-siste ord i l. 9: *Oc*.

Bakpaa brevet stend: *bref* fyrer *vardland* allæ *j fynøy* (okn. Gardsnamnet *wordlandh* er skrive *Vorland* Sk. 19, *Varland* Sk. 20, *Varland* 1602, er no uttala *vårland* (skr. *Varland*, Finnøy matr. no. 33).

5. Husi paa Hopaldstad vert verdsette. Hopaldstad <sup>9</sup>/<sub>4</sub> 1459.

Etter opphavsbr. paa perg. i \*Am, Stav. fasc. 44 no. 13. Prenta i D. N. IV 943.

1. *Ollom monnom þeim sem þetta bref sea ædher høyra senda steinar þorgeirsson endrudher erikj*
2. *son joon heriulfsson liduarder marteinsson oc aflaker þronðafon quedio guds oc sína kunnikt giorande at in*
3. *Anno domini Mcdlix vaarom midh a nordhusom j hopalstadhom j rennesøyne a manadaghen nestan*
4. *fyrer sumarneter loghleggha tilkræfder at mæta lucs þarstædz af heiderlighom manne síra brodde joonssyni*
5. *koorfbrodhor j stauangre maatom wer þa x kyrlogh ok ein laup vp oll þaugh hus sem þar ero ok*
6. *þessjo væl ok holltelægho vplogdo a þa syntest os so at þaug ero þa birg oc væl leighofør. tall san*
7. *nanda her vm settom midh okkor incighla fyrer þetta breff er gjort j stadh degli ok aare sem fyr*
8. *þeighir*

Merkn. 4. *síra*; hds hev *sv* med ein liten boge uppetter fraa siste draget paa *r*; kanskje heller *sira* (D. N. *sira*). 6. *a* (æ: á *húsin*) er utelate i D. N.

Paa dei granne seglreimarne kann ein lesa den fyrste lina av utkastet til brevet og sumt av andre lina, skrive med same handi som sjølve brevet. Utkastet er sameleis som brevet, men hev *høyra* (for *høyra*) og prikk yver *i* i *þorgeirj* og *erikj*.

6. Ei semja. Stavanger <sup>20</sup>/<sub>6</sub> 1482.

Etter opphavs brevet paa pergament i norsk riksarkiv. Prenta D. N. II 920.

*Ollom monnom theim som thetta breff se eller høra Sender torær torkeljon logman j stauanger frænde ingarjon rad man j berffin gunnar arnason karl toduljon erik saluafon*

oc /iugurdh tormodh/son /sworne logrettes men /i ryafylke quedio  
 5 gudes oc /ina kun gorandes at kom for meg oc alla logrettona  
 /i krikenom /i /tauanger to/ffdagen nest effter botoloko  
 Anno domini Medlxxx /ecundo torkel orm/son oc hawardh  
 (to)/teinson som talade til michel /uerm/son vm thet at han haf  
 de leget med theira ver/ystor . bødth tha michel fornemd at han  
 10 vilde göra henne /o mikenn hæider som han haffde  
 gjort henne væro . vordo vi oc /o off(u)er eins med  
 alle logretten /amptykt at michel /skal giffa torkel  
 oc hawardh /ij mark huciorom theira oc ther med  
 ena dande manzs bøn, som han oc gjorde, oc /skal han  
 15 fe/ta henna, oc /udan taka arf effter fader oc moder  
 oc hennar barn som andra hennar /y/ftar . til /an her  
 vm hengra vi var insigle for thetta bref som gjort  
 var /stad dag oc ar som for /eiger.

Merkn. Skrifti i dette brevet er noko slurvut og paa sume stader  
 utydeleg. Der som det i dette avprentet er sett prikk yver *v*, stend det  
 ogso i opphavsbrevet *v*; paa sume stader er han vel utmaadd. Alle skilje-  
 teikn er burtslitne i opphavsbrevet og er tilsette her.

2. *frænde* er mannsnamn. 3. *berffin* < *Bergvin* (Bergen). 6. *i krikenom*  
 v: i garden Kriken. 6. *botoloko* v: Botolsvoka (Bolsok), som er 17 juni;  
 Dipl. Norv. hev *Betoloko*. 11. *væro* v: *úæro*, vanæra. 12. *alle logretten*,  
 mnorsk dat. for genitiv. 13. *huciorom* for *hveriom*, her = *hvårom*. 14. *dande*  
*manzs bøn*, egteskaps-tilbod. 16. *san* akk. av gn. *sannr* m. sanning, sann  
 vitnesburd.

7. Gaavebrev fraa bispen Eiliv. Stavanger <sup>15/7</sup> 1512.

Etter opphavsbr. paa pergament i norsk riksarkiv. Prenta D. N. I 1035.

1. *Vy Eliff med gudz naad byscop /i Staffwangher göra allæ men  
witherliget med the/so*
2. *waaro opno breffwe at aar effther gudz burd Mdxij Jp/so die  
translacion/ /sancti /wittun/*
3. *at wij thet ly/the fore mongha dannemen ock danne/wæne /i waart  
mack ath wi wnth*
4. *haffwa ock med tetha waart breff vnnæ ock laghghe gaffwæ Jon Elif/son  
ock han/ff /wiftru*
5. *Sigridth ændredz dotther ock there/ff eckthe barn alt thet godz baade  
litthed oc mycked som*
6. *er effwæ som laggher /i Ryggroff /olkn ock effwæ godz /i /wrdlandhen  
som off/ arfflaghe*
7. *til komed er med lutthom ock luvindom med watn ock weide/stade  
/skogha ock mylnor*

8. ock med allom thy som ther til ligger ock leyed haffuer ffraa forno  
ock nyo wtthan gardz
9. ock jnnan thet fræslige eigha brucka ock byggia effther thy som  
waare foreldræ giort haffua
10. aamaghelowt fore hwarom manne ingho j thy godze wndan/skult  
wtthan ij gaarda som
11. Rodhestade heitha som waar domkirckæ her j Staffwangher skal  
fræslighe effter fylha
12. til thess at land/skyllen løysser gaardanæ j gen om thet werder  
icke fyr løyft fore the
13. iij c dan/ke mark som wt waare giffnæ fore Jon Elifson Kenneff  
wii ock at inghe ære
14. waare nærmeire ærffwinghe nw liffwandel en fornempde Jon Elifson/  
æthe barn Till
15. sanind her om bedhe wij effterscreffne heiderlighe men Mesther Hoskold  
hoskoldsson Archedene
16. her Olaff botwidsson officialis her Olaff tor/thensson her Peder  
hansson Canickæ ock Orm ericksjon
17. aff wapn hengæ sin jnsigle med wart fore tetha breff thy at the  
aahorandes neer
18. waaro tha tessje for/screffnæ gærd ock lyfning gort war off them  
laglige til kreffwendes
19. Screffwed j Staffwangher Dagh ock aar Som ffore Segher.

Merkn. Tydeleg, romleg skrift. Med di »med« i brevet stundom er skrive m̄ og stundom med, kann det vera spursmaal um ikkje thz burde uppleysast thed i staden for thet som her er gjort. 12. I landskyllen og løysser er underlengdi av y utmaadd.

#### 8. Gardsal i Vikadal. Sunnanaa <sup>26</sup>/<sub>1</sub> 1523.

Etter upphavsbr. paa perg. i Bergens museum, no. 70. Prenta D. N. VI 684.

1. Thet bekendes wij effther sscriffnee men jwar karlsson sjonkne presth  
i wikadall endrith
2. halwardsson oosmundh helliesjon ath wij j sija wore j wikadal aa  
sfunanaú oc ssa
3. gvm á handarbandh tteyrass aff eyno halwo sswendh sswrdhsson /  
sfoldhe
4. sfornehmdo endrith eywlfsson en jordha parth sson han erffidhe  
effther ssin
5. sfadher sson laggher j wormestrandh oc j becke oc j dyfsee sfore  
en iij lodh
6. skey en kv oc viii sfoodher sfráú sseeg oc ssinom erwingom oc  
rndher endhrith



### Rettingar og tillegg.

Sid. 8, 2dre teigen. I brevet II 77 b stend det nokre stader *i* i staden for *i* (*heil<sub>2</sub> min<sub>3</sub> þeim<sub>7</sub>*); opphavsbrevet hev aldri prikk yver *i*, sjaa s. 12 note 1 nede paa sida. For *æ* er i same avprentet bruka *æ*, *æ* og *æ*, medan det allstad burde vera *æ*; *hafa<sub>12</sub>* skal vera *hafa*. *korsbædr* s. 9 rad 14 nedanfraa skal vera *korsbædr*.


- 13 rad 13 nedanfraa stend *hálvo*, som bør gaa ut, og likeeins *holfo* i rad 12.
  - 15 — 9 — — *tāgna*, les *fāgna*.
  - 20 — 12 — — *Liðolfr*, les *Liðolfr*
  - 22 — 23 — — *uhymen*, les *uhynen*,
  - 26 — 14 — — ejeldan, les sjeldan
  - 27 — 16 ovanfraa — Gjestdal, les Gjestal,
  - 27 — 20 — — Jelse, les Jelsa.
  - 29 — 2 nedanfraa — Hestby, les Hestbø.
  - 48 — 24 ovanfraa — *Gonulsson*, les *Gonulsson*.
  - 54 — 7 nedanfraa — *bríost*, les *bríost*.
  - 56 — 7 ovanfraa; legg til: Jfr. *Haquonarsunar* gen. D. N. X 51 Jamtl. 1345.
  - 59 Merkn. 121. Millom eldre namneformer for „Hallingdal“ burde vera medteke: *Hallingadall* D. N. IV 9934 (Syndrol 1483).
- Misprentingar som: dessuten 1715 ogsaa 1723 ikke 3214 sig 3217 vil vonleg ikkje vildra nokon.











**T**u Eiliv med godes Naad bispop, Stavangeris goza alla me vottpligt my thoff  
 waars opno breffere at aar effter godes bænd ayd en iud die translacore in fællthum  
 At eni thy lystige for nuongfya Danemen ock Danefebane, waart maet Atz en wintz  
 kaffera ock med thya waart bress vuna ock laghlyge guffes Jon Eiliff ock Hanss Guff  
 Sigridz andredz dothz ock therss ebllye barn alt thy godz haad litleg oc nycked som  
 er effera som liggher i Ryghhoff sobu ock effera godz i fædlandhen som off arfflyghe  
 til bomec er med leetthz ock humdomy med wate ock wæd stude skogha ock mylnar  
 ock med allom thy som tiz til liggher ock leged kaffera ffrar somo ock ayo wittyan gætz  
 ock nuna thy fællte ruffa bækka ock byghya effter thy som waaz foredra gort kaffun  
 namagheleost for hwarom manne inghe i thy godz esdastalt wttan in faarda so  
 zodhesind thulya som waaz don buba her i Stavangeri skal fælllyge ock fællha  
 til thoff at landstæ wæ loffez gærdanx i en eni thy wædd utz for loffz som me  
 ike dæstemaet som est waaz effra fore Jon Eiliff benniss eni ock at myghe wa  
 waad manne arffomlyge uck liferand en sompde Jon Eiliffon ætlye barn dill  
 fænd som bedlye eni effterlyne hendlyge men æstlye hofheld hofholdff dæfudun  
 h wæll botendff wffrahe h wæll tæstlyghe ty pædr Hanss Cambe ock dem æstlye  
 aff wæpne hænne som iustlye med wæst fore thya Guff thy at thya atz dærand me  
 waars thya tæst fore hænne gærd ock hofmætt gort wæz off thym laghlyge til breffere  
 kaffera i Stavangeri. Sægtz ock aar som fore hænne Guffez.

Gaavebrev fraa bispen Eiliv. Stavanger 1512.

nr 4-7

1914

BIBLIOTEKA  
UNIwersytecka  
Gdańsk

C III 18251